DIGITALES ARCHIV

ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft
*ZBW – Leibniz Information Centre for Economics*

**Periodical Part**

# Kulturstatistikk / Statistisk Sentralbyrå ; 2019

**Provided in Cooperation with:**
Statistics Norway, Oslo

*Reference:* Kulturstatistikk / Statistisk Sentralbyrå ; 2019 (2020).
https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/_attachment/406670?_ts=17039b1d668.

This Version is available at:
http://hdl.handle.net/11159/6148

**Kontakt/Contact**
ZBW – Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft/Leibniz Information Centre for Economics
Düsternbrooker Weg 120
24105 Kiel (Germany)
E-Mail: *rights[at]zbw.eu*
https://www.zbw.eu/econis-archiv/

**Standard-Nutzungsbedingungen:**
Dieses Dokument darf zu eigenen wissenschaftlichen Zwecken und zum Privatgebrauch gespeichert und kopiert werden. Sie dürfen dieses Dokument nicht für öffentliche oder kommerzielle Zwecke vervielfältigen, öffentlich ausstellen, aufführen, vertreiben oder anderweitig nutzen. Sofern für das Dokument eine Open-Content-Lizenz verwendet wurde, so gelten abweichend von diesen Nutzungsbedingungen die in der Lizenz gewährten Nutzungsrechte.

https://zbw.eu/econis-archiv/termsofuse

**Terms of use:**
*This document may be saved and copied for your personal and scholarly purposes. You are not to copy it for public or commercial purposes, to exhibit the document in public, to perform, distribute or otherwise use the document in public. If the document is made available under a Creative Commons Licence you may exercise further usage rights as specified in the licence.*

ZBW Leibniz-Informationszentrum Wirtschaft
Leibniz Information Centre for Economics

Mitglied der Leibniz-Gemeinschaft

Statistisk sentralbyrå
Statistics Norway

# Kulturstatistikk 2018



TAL SOM FORTEL

STATISTISKE ANALYSAR / STATISTICAL ANALYSES

163

Statistiske analysar

# Kulturstatistikk 2018

**Statistisk sentralbyrå • Statistics Norway**
Oslo–Kongsvinger

I serien Statistiske analysar vert det publisert analyser av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske tilhøve til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane òg kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller tilverkingsmetodar.

© Statistisk sentralbyrå
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen
skal Statistisk sentralbyrå verta oppgjeven som kjelde.

Forsidebilde: Guro Trøseid Gjerstadberget og Håkon Sigernes i ein scene i vandreteateret "Denna hell are sida" på Kongsvinger festning.
Foto: Torbjørn A. Tjernsberg

Publisert 12. desember 2019
Rettet 12. februar 2020: tabell 5.6, side 81

ISBN 978-82-587-1028-5 (trykt)
ISBN 978-82-587-1029-2 (elektronisk)
ISSN 804-3221

| **Standardtegn i tabeller** | **Symbol** |
|---|---|
| Tal kan ikkje førekoma | . |
| Oppgåve manglar | .. |
| Oppgåve manglar førebels | … |
| Tall kan ikkje offentleggjerast | : |
| Null | - |
| Under 0,5 av den brukte eininga | 0 |
| Under 0,05 av den brukte eininga | 0,0 |
| Førebelse tal | * |
| Brot i den loddrette serien | — |
| Brot i den vassrette serien | \| |
| Desimalteikn | , |

# Forord

Kulturstatistikk 2018 gjev i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete av ulike kulturområde, tal for offentlege utgifter, informasjon om sysselsetjing og føretaksdemografi i kulturnæring samt oversikt over deltaking i ulike kulturelle aktivitetar. Føremålet med publikasjonen er å skildra og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg.

Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon som frå 1975 til 2008 har vore publisert i serien Noregs offisielle statstikk, unnateke frå åra 2004 og 2005 då den var i serien Statistiske analysar. Alle utgåver er digitalt tilgjengelege på Statistisk sentralbyrå sine internettsider. Frå 2009 har publikasjonen Kulturstatistikk vore publisert i serien Statistiske analysar, og den er tilgjengeleg i pdf-format under adressa: http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/kulturstatistikk.

Publikasjonen er utarbeidd ved Seksjon for utdanningsstatistikk. Beate Bartsch har vore koordinator for publikasjonen. Elisabeth Haraldsrud, Hilde Sofie Frydenberg, Hossein Moafi, Line Gjermshusengen, Per Torstein Tuhus og Øyvind Solli Bolsgård har vore medforfattarar.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer òg på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen er finansiert av Kulturdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 2. desember 2019

Ann-Kristin Brændvang

# Samandrag


Denne publikasjonen presenterer oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Føremålet med publikasjonen er å skildre og gje ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike kulturområde i Noreg. Dette er nokre hovudresultat for 2018 innanfor temaområda i publikasjonen:

**Offentlege utgifter til kultur**
Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets budsjett i 2018 var 14 milliardar kroner, dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på 1,6 milliardar kroner, og dei kommunale utgiftene var på 12,9 milliardar kroner.

**Sysselsetjing og føretak i kulturnæring**
3 prosent av dei sysselsette i Noreg hadde hovudjobben sin i kulturell og kreativ næring. Fylka som omfattar dei største byane, det vil seie Oslo, Rogaland, Hordaland og Trøndelag, sysselset til saman 63 prosent av totalen. Oslo er klart størst med 41 prosent av alle sysselsette i kulturell og kreativ næring.

**Kulturelle tiltak og vederlag**
I 2018 vart det løyvd 949 millionar kroner frå Norsk kulturfond til ulike kulturføremål. Musikkføremål var det største hovudområdet under kulturfondet og utgjorde 40 prosent. Statens kunstnarstipend delte ut 1 761 stipend i 2018, 37 færre enn året før. Biletkunstnarar var den desidert største gruppa og tok imot 541 stipend.

**Musikk og scenekunst**
I 2018 gav musikkinstitusjonane over 1 300 konsertar for til saman 639 000 tilhøyrarar. Ved teater og opera var det til saman 2,2 millionar tilskodarar. Dette var ein auke på 5 prosent samanlikna med året før.

**Museum**
I 2018 var storleiken på samlingane i norske museum på 57,4 millionar objekt og fotografi. Samla vart det registrert 10,9 millionar besøk i musea i Noreg.

**Bibliotek**
Det vart lånt ut 11,9 millionar bøker frå folkebiblioteka i 2018. Utlån av bøker utgjorde i gjennomsnitt 2,2 bøker per innbyggjar. I 2018 var det om lag 60 000 arrangement i folkebiblioteka som er ein auke på nær 10 000 frå året før.

**Film og kino**
Samla var det 12,1 millionar besøk på kino i 2018. Det var ein oppgang i kinobesøket mot førre året då det var 11,8 millionar besøkande på norske kinoar. Besøkstalet svarar til 2,3 kinobesøk per innbyggjar. Bygdekinoane hadde òg høgare besøkstal, med vel 133 000 besøk dette året, over 10 000 fleire enn i 2017.

**Lyd og bilete**
I 2018 høyrde 50 prosent av befolkninga på radio ein gjennomsnittsdag, og dette er 14 prosentpoeng mindre samanlikna med 2017. Vanleg lineær TV-sjåing på ein gjennomsnittsdag har hatt ein nedgang frå 80 prosent i 2008 til 60 prosent i 2018.

**Idrett**
Ved utgangen av 2018 var det drygt 1,9 millionar ordinære medlemskapar i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité. Talet på ordinære idrettslag har gått opp frå året før og talde over 8 000 lag ved utgangen av 2018. I alt var det nærare 57 000 idrettsanlegg i drift i 2018.

**Born og unge**
I 2018 var 13 prosent av alle born mellom 6 og 15 år elevar på kommunale kulturskular. I samband med Den kulturelle skulesekken var det i grunnskulen nærare 47 000 einskildarrangement og i den vidaregåande skulen over 3 400 einskildarrangement i 2018.

# Abstract

This publication provides updated figures and information on culture. The main purpose of the publication is to present an overview of available statistics on various aspects of culture in Norway. A selection of some main results within culture in this publication is given below.

**Public expenditure**
Governmental expenditure on cultural purposes in the Ministry of Culture's budget for 2018 was NOK 14 billion. The corresponding figure in the county authorities and local authorities was NOK 1.6 billion and NOK 12.9 billion respectively.

**Employment and enterprises in cultural industries**
A total of 3 per cent of all employed persons in Norway had their main job within the cultural industries in 2018. Oslo has the largest share by a large margin, with 41 per cent of all employment in the cultural and creative industries.

**Cultural policy instruments**
In 2018, Arts Council Norway allocated NOK 949 million from the Norwegian Cultural Fund to several cultural purposes. Music received the most; 40 per cent of the Norwegian Cultural Fund. In 2018, visual artists made up the largest group of recipients under the Government Grants for Artists scheme, receiving a total of 541 grants.

**Music and theatre**
Theatre, opera and dance are still popular attractions within the field of performing arts. In 2018, music institutions held over 1 300 concerts for a total of 639 000 audience members. A total of 2.2 million people went to the theatre and/or opera. This was an increase of 5 per cent from the previous year.

**Museums**
In 2018, about 10.9 million people visited Norwegian museums, which had a total of about 57.4 million objects.

**Libraries**
In 2018, a total of 11.9 million books were loaned from public libraries, with an average of 2.2 loans per capita.

**Films and cinemas**
In 2018, a total of 12.1 million cinema visits were registered. This is an increase from the previous year, when 11.8 million people visited Norwegian cinemas. The cinema visits correspond to 2.3 per capita.

**Sound and vision**
On an average day, the share of the population who listened to the radio in 2018 was 50 per cent. The share of the population who watched ordinary TV was 60 per cent, whereas in 2008, the share was 80 per cent.

**Sports**
At the end of 2018, 1.9 million memberships were registered with the Norwegian Olympic and Paralympic Committee and Confederation of Sports. The number of teams has increased, and is now over 8 000.

**Children and youth**
In 2018, 13 per cent of all children aged 6-15 were pupils at culture schools. In connection with the Cultural School Bag, 47 000 events were held at primary and lower secondary schools, while upper secondary schools hosted 3 400 events.

# Innhald

**Forord** ... **3**

**Samandrag** ... **4**

**Abstract** ... **5**

**Innhald** ... **6**

**1. Offentlege utgifter** ... **8**
1.1. Nokre resultat ... 8
1.2. Offentlege utgifter – stat ... 8
1.3. Offentlege utgifter – fylkeskommunar ... 9
1.4. Offentlege utgifter – kommunar ... 12
1.5. Om statistikken ... 14

**2. Friviljug innsats** ... **25**
2.1. Nokre resultat ... 25
2.2. Om statistikken ... 26

**3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk** ... **37**
3.1. Nokre resultat ... 37
3.2. Sysselsetjing ... 37
3.3. Føretak ... 40
3.4. Om statistikken ... 42

**4. Kulturelle tiltak og vederlag** ... **59**
4.1. Nokre resultat ... 59
4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane ... 62

**5. Musikk og scenekunst** ... **71**
5.1. Tal på konsertar og tilhøyrarar ... 71
5.2. Statlege utgifter til musikk- og scenekunstføremål ... 75
5.3. Om statistikken og dei ulike musikk- og scenekunstorganisasjonane ... 76

**6. Museum og samlingar** ... **85**
6.1. Samlingar ... 85
6.2. Utstillingar og andre aktivitetar ... 86
6.3. Besøk ... 87
6.4. Universell utforming ... 89
6.5. Økonomi og drift ... 89
6.6. Om statistikken ... 91

**7. Bibliotek** ... **102**
7.1. Nokre resultat ... 102
7.2. Bibliotekbruk ... 102
7.3. Pliktavlevering ... 107
7.4. Om statistikken ... 108

**8. Arkiv** ... **119**
8.1. Ivaretaking ... 119
8.2. Avlevering ... 119
8.3. Publisering ... 120
8.4. Digitalt skapte arkiv ... 120
8.5. Digitalisering ... 120
8.6. Arkivbesøk ... 121
8.7. Om statistikken ... 121

**9. Bøker** ... **126**
9.1. Utgjevingar ... 126
9.2. Språk ... 126
9.3. Omsetnad ... 127
9.4. Opphavspersonar ... 129
9.5. Lesing ... 129
9.6. Om statistikken ... 130

**10. Aviser, vekepresse og fagpresse** ... **140**
10.1. Aviser ... 140
10.2. Vekepresse ... 141
10.3. Fagpresse ... 141
10.4. Lesing av aviser ... 142
10.5. Om statistikken ... 143

**11. Film og kino** ... **150**
11.1. Nokre resultat ... 150
11.2. Kinobesøk og framsyningar ... 150

11.3. Kinodrift ... 153
11.4. Produksjon og forvaltning av film ... 154
11.5. Om statistikken ... 155

**12. Lyd, video og allmennkringkasting ... 161**
12.1. Nokre resultat ... 161
12.2. Bruk av lyd- og videomedium ... 161
12.3. Allmennkringkastarane: Radio og fjernsyn ... 163
12.4. Radio ... 163
12.5. Fjernsyn ... 165
12.6. Kringkastingskrav ... 167
12.7. Om statistikken ... 168

**13. Idrett og friluftsliv ... 177**
13.1. Medlemskap ... 177
13.2. Treningsaktivitet ... 178
13.3. Idrettsanlegg ... 179
13.4. Finansiering ... 180
13.5. Om statistikken ... 180

**14. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja ... 188**
14.1. Nokre resultat ... 188
14.2. Om statistikken ... 193

**15. Kultur for born og unge ... 201**
15.1. Kulturskular ... 201
15.2. Den kulturelle skulesekken ... 202
15.3. Om statistikken ... 203

**Figurregister ... 210**

**Tabellregister ... 212**

# 1. Offentlege utgifter

## 1.1. Nokre resultat

*2 600 kroner per innbyggjar til kultur*

Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets (KUD) budsjett omfattar utgifter til kulturføremål, friviljug føremål, medieføremål og løyvingar til Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn. I 2018 var desse utgiftene over budsjettet til saman på nær 14 milliardar kroner, eller 2 600 kroner i gjennomsnitt per innbyggjar. Sidan 2013 har utgiftene auka kvart år og kultur har fått ein noko større prosent statlege midlar sjølv om delen har flata ut dei siste åra. Dei fylkeskommunale driftsutgiftene til kulturføremål har gått noko ned frå 2014 til 2017, men i 2018 steig dei litt og ende på 1,6 milliardar kroner. Kommunane sine netto driftsutgifter til kultur har auka jamt dei siste åra og for 2018 beløp dei seg til 12,9 milliardar kroner.

**Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur[1]**




[1] Utgifter til Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn er ikkje medrekna her.
Kjelde: Kulturdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

## 1.2. Offentlege utgifter – stat

*0,8 prosent av tildelingane over statsbudsjettet gjekk til kultur*

Løyvingane til ulike føremål innanfor kulturbudsjettet var til saman på 14 milliardar kroner i 2018, ein auke frå året før på 257 millionar kroner eller 1,9 prosent. KUDs samla utgifter i 2018 utgjorde 0,8 prosent av dei samla statlege utgiftene. Det er same del som i dei fire føregåande åra, sjå tabell 1.1.1.

I 2017 vart Den norske kyrkja (Dnk) fristilt frå staten og i samband med utskiljinga fekk Dnk blant anna tilført tilskot for å dekke eigne pensjonsutgifter, samt eingongstilskot til eigenkapital. Sum tilskot til Dnk i 2018 utgjorde 2,3 milliardar kroner eller 16,6 prosent av dei statlege midlane, mot 2,5 milliardar eller 18,2 prosent i 2017. Tilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja i 2018 utgjorde 0,4 milliardar kroner eller 2,6 prosent av rekneskapen.

*2,8 milliardar kroner til musikk- og scenekunstføremål*

Løyvingane til musikk- og scenekunstføremål vart samla i eit kapittel i budsjettet frå og med 2017. Dette føremålet fekk 2,8 milliardar kroner av midlane i 2018, noko som utgjorde 20 prosent av dei totale utgiftene, same del som året før. Kategorien friviljuge føremål, som famnar det som tidlegare heitte samfunnsføremål, fekk i 2018 tilført 1,8 milliardar kroner eller 13 prosent av midlane. Museumsføremål og visuell kunst er eit kapittel i rekneskapen og fekk 1,6 milliardar kroner, som utgjorde 12 prosent av midlane i 2018.

Justeringane som vart gjort frå og med rekneskapen 2017 innebar òg at tilskot til nasjonale kulturbygg vart tatt inn under kapittel bygg og offentlege rom, medan tilskotet til Nasjonalmuseet finst under kapittel museum og visuell kunst, sjå tabell 1.1.1.

I 2018 vart det løyvd 1,2 milliardar kroner til Kulturrådet, som inkluderer avsetninga til Norsk kulturfond. Løyvinga utgjorde 8,4 prosent av dei totale utgiftene over Kulturdepartementets budsjett.

*Halvparten av spelemidlane til idrettsføremål går til idrettsanlegg*

Speleoverskotet frå Norsk Tipping AS vert fordelt til kultur- og idrettsføremål, og til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. I 2018 gjekk 2,8 milliardar kroner til idrettsføremål, ein auke på 228 millionar kroner eller 9 prosent frå året før. Overføringane av spelemidlane til idrettssektoren har auka opp gjennom åra og det er idrettsanlegga som får den største delen av tilskota. Omlag halvparten av midlane har gått til idrettsanlegg dei siste åra og same del vart òg gjeve i 2018. Tilskotet til idrettsanlegga ende på 1,6 milliardar kroner og utgjorde 55 prosent av alle spelemidlane som vart delt ut til idrettssektoren, sjå tabell 1.1.2.

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) har sidan 2010 fått godt over 30 prosent av midlane, men dei siste åra har delen vorte gradvis mindre. I 2018 låg delen på 25 prosent og tilskotet til NIF ende på 711 millionar kroner, ein auke på 27 millionar samanlikna med året før. Dei siste fire åra har 13 prosent av midlane gått til lokale lag og foreiningar, og tilskotet i 2018 var 367 millionar kroner, ein auke på 30 millionar kroner frå 2017.

*Snautt 800 millionar kroner frå spelemidlane til kulturføremål*

Kultursektoren og dei ulike føremåla fekk tildelt 794 millionar kroner frå spelemidlane i 2018, ein auke på 64 millionar kroner frå året før. Av dette utgjorde delen til Den kulturelle skulesekken (DKS) 36 prosent eller 285 millionar kroner. Frifond fordelar midlane vidare til born og unge som driv med friviljuge aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar. Frifond fekk tildelt 199 millionar kroner til sine føremål i 2018, same beløp som året før.

## 1.3. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

*309 kroner per innbyggjar til kulturføremål i fylkeskommunane*

Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane var på 1,6 milliardar kroner i 2018 ifølgje KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Det var ein auke på 193 millionar kroner eller 13 prosent frå året før. Det vart brukt i snitt 309 kroner per innbyggjar til ulike kulturføremål i fylkeskommunane, sjå tabell 1.2.4. Dei tre fylkeskommunane som brukte mest per innbyggjar er Sogn og Fjordane, Troms og Trøndelag med høvesvis 569, 552 og 519 kroner per innbyggjar.

Som dei tre føregåande åra gjekk største delen av pengane til museum og kunstformidling, med høvesvis 453 millionar og 407 millionar kroner. Til saman utgjorde dette 52 prosent av netto driftsutgifter i fylkeskommunane i 2018, sjå tabell 1.2.1. Idrett fekk minst, 97 millionar kroner, men det var likevel ein markant auke frå 2017, då fekk idrett 24 millionar.

**Figur 1.2. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane. 2018**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Den største auka frå 2017 til 2018 var innan andre kulturaktivitetar med 128 millionar kroner meir og som utgjorde 323 millionar kroner av dei totale netto driftsutgiftene. Det var òg ein auke innanfor idrett og museum, med høvesvis 74 og 5 millionar kroner. Samstundes har det vore ein reduksjon på til saman 12 millionar kroner til bibliotek, kunstformidling og kunstproduksjon frå 2017 til 2018, sjå tabell 1.2.1 og figur 1.3.

**Figur 1.3. Netto driftsutgifter til ulike kulturføremål i fylkeskommunane**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Samla sett syner utviklinga frå 2010 til 2018 at netto driftsutgifter har auka, men det har vore fleire år med reduksjon innimellom. Til dømes i åra frå 2014 til 2017 var det ein reduksjon i netto driftsutgifter kvart år og totalt med 137 millionar kroner. Derimot var det frå 2017 til 2018 ein auke på 193 millionar. Dei ulike føremåla har hatt ulik utvikling i desse åra og figur 1.3 visar at områdane idrett og andre kulturaktivitetar har hatt dei største svingingane.

Frå og med 2018 er Sør- og Nord-Trøndelag fylkeskommune slått saman til Trøndelag fylkeskommune. Der gjekk 4 prosent av netto driftsutgifter til kulturføremål, sjå tabell 1.2.4. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av utgiftene til kultur då Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer som begge delar. Sjølv om det kan vere uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbeltrapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å leggje saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene.

**Figur 1.4. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane. 2018**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Fordelinga til dei ulike føremåla eller funksjonar i fylkeskommunane varierer ein del. I nokre fylke viser tala at netto driftsutgifter til idrett var på minussida. Det vil seie at desse fylkeskommunane hadde større inntekter i høve til utgifter på denne funksjonen. Trøndelag og Hordaland hadde dei største netto driftsutgiftene til kulturføremål, med respektive 240 og 222 millionar kroner, sjå tabell 1.2.1. Hordaland hadde høgast netto driftsutgifter til idrett og andre kulturaktivitetar med høvesvis 54 og 51 millionar kroner. Trøndelag hadde dei største netto driftsutgiftene til kunstformidling og museum med høvesvis 89 og 66 millionar kroner, sjå tabellane 1.2.1 og 1.2.2.

Fylkeskommunanes brutto investeringsutgifter til kulturføremål i 2018 var 4,3 millionar kroner, ein nedgang frå 12,3 millionar førre år, medan i 2016 var investeringsutgiftene på 30,7 millionar kroner. Investeringsnivået for 2009 og 2012 skil seg ut som særs høge dei siste ti åra med høvesvis 168 og 114 millionar kroner. Ser ein på snittet for dei siste tre åra, 2016-2018, har fylkeskommunane brukt 16 millionar kroner til brutto investeringsutgifter. Akershus og Nordland hadde høvesvis 5,7 og 4,8 millionar kroner i brutto investeringsutgifter i snitt denne perioden, sjå tabell 1.2.3.

## 1.4. Offentlege utgifter – kommunar

*4 prosent til kultur i kommunane*

Tala for utgiftene i kommunane er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2018 viser at netto driftsutgifter til kultur i kommunane låg på 12,9 milliardar kroner. Oslo er inkludert og tala gjeld kommunen som konsern, sjå delkapittel 1.5. Omgrep og definisjonar, rekneskapsomfang. Auken i netto driftsutgifter til kultur frå 2017 var på 773 millionar, eller 6 prosent. Delen av utgiftene som gjekk til kultur var 4 prosent i 2018.

**Figur 1.5. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern. 2018**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Idrett var som i tidlegare år den høgaste kulturutgifta i kommunane samla sett i 2018. Kommunane brukte totalt 4,3 milliardar kroner til idrett, ein auke på 160 millionar kroner, eller 4 prosent, samanlikna med 2017. Netto driftsutgifter til idrett utgjorde 33 prosent av utgiftene til kultur, sjå tabell 1.3.3.

Posten andre kulturaktivitetar var på 3,1 milliardar kroner i 2018, ein auke på 119 millionar, eller 4 prosent frå året før. 1,6 milliardar kulturkroner gjekk til folkebibliotek, ein auke på 86 millionar, eller 6 prosent, samanlikna med 2017. 1,55 milliardar gjekk til kulturskular, ein auke på 96 millionar, eller 7 prosent, samanlikna med året før. 39 millionar kroner gjekk til kino og det var 2,3 millionar, eller 5 prosent, mindre enn i 2017, sjå tabell 1.3.2.

Delen som går til ulike kulturføremål har vore ganske stabil sidan 2010, men delen som går til kunstformidling har auka noko frå 2017 til 2018, sjå tabell 1.3.3 og figur 1.6.

**Figur 1.6. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

Akershus var den kommunen som hadde høgast vekst i netto driftsutgifter til kultur med 157 millionar kroner, eller 13 prosent. Oppland og Sogn og Fjordane hadde lågast vekst i netto driftsutgifter til kultur med 2 millionar kroner kvar, sjå tabell 1.3.1.

**Figur 1.7. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. 2018**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

*2 428 kroner per innbyggjar til kultur*

I gjennomsnitt brukte kommunane 2 428 kroner per innbyggjar til kulturføremål i 2018, noko som var 131 kroner meir i høve til året før. I ei rekkje år har det vore kommunane i Finnmark som bruker mest til kultur per innbyggjar, slik var det òg i 2018, med 3 411 kroner per innbyggjar. Kommunane i Østfold, Vestfold og Møre og Romsdal brukte minst til kultur i 2018, med respektive 1 832, 1 852 og 1 968 kroner per innbyggjar.

*4 prosent av totale utgifter til kulturføremål*

Som nemnt over brukte kommunane i Noreg 4 prosent av totale utgifter til kulturføremål i 2018. Kommunane i seks fylke brukte over gjennomsnittet til kultur: Oslo, Telemark, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, Trøndelag og Finnmark. Oslo brukte 2 milliardar kroner på kultur i 2018, og brukte dermed mest av fylka, medan kommunane i Rogaland brukte mest pengar på kultur målt i prosent av totale netto driftsutgifter – 4,8 prosent, sjå figur 1.8 og tabell 1.3.1.

**Figur 1.8. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. Prosent av totale netto driftsutgifter**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

## 1.5. Om statistikken

Dei statlege utgiftene viser i hovudsak utgifter over Kulturdepartementet sitt budsjett slik det går fram av proposisjonen til Stortinget som vert lagt fram i oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter tek utgangspunkt i rekneskapane deira som kvart år vert handsama av KOSTRA-systemet. Tala vert publiserte hos Statistisk sentralbyrå (SSB) på www.ssb.no på KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

*KOSTRA (kommune-stat-rapportering)*

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemd. Informasjon om fylkeskommunale og kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde vert registrert og samanstilt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både

nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gjeve grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data berre vert rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike føremål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane 15. mars, og retta tal 15. juni. I nøkkeltala vert data sette saman, både tal som vert rapporterte direkte frå kommunane til SSB og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane hatt høve til å rette feil og manglar i dataa sine og SSB har gjennomført kvalitetskontrollar og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

## Omgrep og definisjonar

*Spelemidlane*

Kvart år sidan 1948 har speleoverskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunns-nyttige føremål. For speleoverskotet i 2018 frå Norsk Tipping gjaldt følgjande fordelingsnøkkel: 52 prosent gjekk til idrettsføremål, 15 prosent til kulturføremål og 15 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar (Kultur-departementet, 2009). Spelemidlane til idrettsføremål og kulturføremål utanfor statsbudsjettet vart fordelte av Kongen. Midlane til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar vart fordelte etter forskrift 12. juni 2009 nr. 640, sjå tabellane 1.1.2 og 1.1.3 for fordeling av tippemidlane i 2018.

*Rekneskapsomfang og om konsern i KOSTRA*

Føremålet med publiseringa i KOSTRA er å vise ressursbruken og tenesteproduk-sjonen uavhengig av korleis denne er organisert i den einskilde (fylkes)kommune. I tillegg til å produsere tenesta sjølv kan (fylkes)kommunen velje å organisere heile eller delar av tenesteproduksjonen innanfor dei einskilde sektorane/tenesteområda i eigne organisatoriske einingar (særbedrifter). Desse særbedriftene fører eigne rekneskapar. For å rette seg etter den aukande graden av utskiljing av teneste-produksjonen i eigne einingar, er det difor nødvendig å etablere konserntal for alle tenesteområda i KOSTRA-publiseringa.

Konsern i KOSTRA omfattar dei organisatoriske einingane som juridisk sett er definerte innanfor (fylkes)kommunen som juridisk person. Det vil seie at (fylkes)kommunerekneskapen, (fylkes)kommunale føretak (KF/FKF), samt i tillegg desse som ikkje er ein del av (fylkes)kommunen: inter(fylkes)kommunale selskap (IKS) og inter(fylkes)kommunale samarbeid etter kommunelova § 27, fører særrekneskap.

Særrekneskapane vert rapporterte enkeltvis til SSB og konsolideringa til konsern vert gjort av SSB. Mellom (fylkes)kommunen og KF/FKF er eigarforholdet alltid ein-til-ein, medan fleire kommunar/fylkeskommunar eig IKS saman. Den einskilde (fylkes)kommune sin eigardel i IKS vert fordelt etter registrerte eigardelar i Føretaksregisteret i Brønnøysund. § 27-einingane vert behandla likt med kommunale føretak. (Fylkes)kommunal verksemd som er organisert, som aksjeselskap og stiftingar, inngår ikkje i konsernomgrepet.

*Netto driftsutgifter totalt*

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivingar etter at drifts-inntektene, som blant anna inneheld øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylkets, eller kommunens, prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

*Brutto driftsutgifter*

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivingar korri-gerte for dobbeltføringar som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto

driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter vert korrigerte for artane A710 sjukelønsrefusjon og AD729 kompensasjon mva. tillagde i driftsrekneskapen. Tilsvarande korreksjonar vert ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter vert korrigerte for art AI729 kompensasjon mva. tillagde i investeringsrekneskapen. For nærare informasjon, sjå fagleg rettleiing på nettsidene til KOSTRA, https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra.

*Brutto investeringsutgifter*

Brutto investeringsutgifter viser investeringsutgifter korrigerte for fordelte utgifter og internsal. For å syne prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar vert det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar.

For fleire definisjonar brukt i KOSTRA, sjå fagleg rettleiing på https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra.

*Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – fylkeskommunar*

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling[1]
- 722 Kunstproduksjon[2]
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar[3]

*Rekneskapsfunksjonar til kulturføremål – kommunar*

- 231 Aktivitetstilbod til born og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
- 383 Kommunale kulturskular
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg[4]
- 386 Kommunale kulturbygg

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380, og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårleg rapportering på desse funksjonane etter at dei vart innførte i kommunerekneskapen frå 2008.

## Samanlikningar

*Samanlikningar over tid og stad*

KOSTRA-tala omfattar tal frå 1999, då kommunane kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølve prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikkopplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1. januar 2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærare forklaring viser ein til fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B–2E. Større brot i tidsseriar kan finnast. Tala i tabellane frå 2007 gjeld kommunekonsern. Tal i Statistikkbanken på www.ssb.no kan avvike frå eldre tal i tabellar i kapittelet, dette har si årsak i oppdateringar av eldre tal i Statistikkbanken.

[1] Utgifter og inntekter knytt til formidling av kunst og kultur til skuleverket og andre.

[2] Støtte til produksjon av profesjonell kunst innanfor teater, musikk, biletkunst, litteratur, i knutepunkts- og landsdelsinstitusjonar og andre institusjonar.

[3] Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utoverretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærkringkasting eller anna lokal medieverksemd.

[4] Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kulturdagar og hendingar som vert drivne av eller er baserte på friviljug medverknad.

## Referansar

Kulturdepartementet (2017): For budsjettåret 2018 – Utgiftskapitler: 300–342 Inntektskapitler: 3300–3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2016-2017). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20162017

Kulturdepartementet (2018): For budsjettåret 2019 -- Utgiftskapitler: 300–342 Inntektskapitler: 3300–3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2018-2019). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20182019/id2613191/

Kulturdepartementet (2009): Forskrift 12. juni 2009 nr. 640 om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner fra spilleoverskuddet til Norsk Tipping. https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-05-04-678?q=tilskudd%20til%20samfunnsnyttige%20og%20humanit%C3%A6re

Norsk Tipping (2019): Års- og samfunnsrapport 2018. https://2018.norsk-tipping.no/året-2018/statistikk/

## Meir informasjon

Frivilligregisteret: https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/registrering-i-frivillighetsregisteret/

Statistisk sentralbyrå: KOSTRA, kultur, barne- og ungdomstiltak. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/kultur_kostra

Statistisk sentralbyrå: KOSTRA, offentleg sektor. https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra

Medietilsynet: https://medietilsynet.no/

Norsk Tipping: https://www.norsk-tipping.no/selskapet

**Tabell 1.1.1. Utgifter over Kulturdepartementets budsjett. Rekneskapstal, løyvingar. Millionar kroner og prosent**

| | Millionar kroner | | | | | | Prosent | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| **I alt** | **10 614** | **12 460** | **12 791** | **13 150** | **13 694** | **13 951** | **100** | **100** | **100** | **100** | **100** | **100** |
| Administrasjon m.m. | 120 | 144 | 139 | 144 | 166 | 174 | 1,1 | 1,2 | 1,1 | 1,1 | 1,2 | 1,2 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Friviljuge føremål** | **1 231** | **1 644** | **1 770** | **1 755** | **1 597** | **1 820** | **11,6** | **13,2** | **13,8** | **13,3** | **11,7** | **13,0** |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Kulturføremål i alt** | **7 810** | **7 251** | **7 308** | **7 607** | **7 808** | **8 096** | **73,6** | **58,2** | **57,1** | **57,9** | **57,0** | **58,0** |
| Allmenne kulturføremål | 227 | 219 | 261 | 324 | 481 | 477 | 2,1 | 1,8 | 2 | 2,5 | 3,5 | 3,4 |
| Kulturrådet/Norsk kulturfond | 978 | 987 | 960 | 1 069 | 1 100 | 1 178 | 9,2 | 7,9 | 7,5 | 8,1 | 8 | 8,4 |
| Kunstnarføremål | 424 | 449 | 467 | 491 | 507 | 526 | 4 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 3,7 | 3,8 |
| Bygg og offentlege rom | 329 | 301 | 316 | 309 | 233 | 215 | 3,1 | 2,4 | 2,5 | 2,4 | 1,7 | 1,5 |
| Musikk- og scenekunstføremål | 3 444 | 2 730 | 2 826 | 2 799 | 2 709 | 2 825 | 32,4 | 21,9 | 22,1 | 21,3 | 19,8 | 20,2 |
| Språk, litteratur og bibliotekføremål | 717 | 786 | 717 | 735 | 807 | 826 | 6,8 | 6,3 | 5,6 | 5,6 | 5,9 | 5,9 |
| Museumsføremål og visuell kunst | 1 320 | 1 391 | 1 387 | 1 483 | 1 566 | 1 623 | 12,4 | 11,2 | 10,8 | 11,3 | 11,4 | 11,6 |
| Arkivføremål | 372 | 387 | 375 | 398 | 404 | 426 | 3,5 | 3,1 | 2,9 | 3 | 3 | 3,1 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Film og media m.m.** | **1 207** | **1 224** | **1 241** | **1 294** | **1 300** | **1 366** | **11,4** | **9,8** | **9,7** | **9,8** | **9,5** | **9,8** |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Den norske kyrkja og andre trussamfunn m.m. i alt** | **246** | **2 197** | **2 333** | **2 349** | **2 824** | **2 669** | **2,3** | **17,6** | **18,2** | **17,9** | **20,6** | **19,1** |
| Den norske kyrkja[1] | | 1 913 | 2 050 | 2 041 | 2 488 | 2 310 | . | 15,4 | 16 | 15,5 | 18,2 | 16,6 |
| Andre trus- og livssynssamfunn | 246 | 284 | 283 | 308 | 336 | 359 | 2,3 | 2,3 | 2,2 | 2,3 | 2,5 | 2,6 |
| **Prosent av statlege midlar i alt[2]** | **0,6** | **0,8** | **0,8** | **0,8** | **0,8** | **0,8** | **.** | **.** | **.** | **.** | **.** | **.** |
| **Prosent av BNP i alt** | **0,3** | **0,4** | **0,4** | **0,4** | **0,4** | **0,4** | **.** | **.** | **.** | **.** | **.** | **.** |

[1] I perioden frå 2012 til og med 2013 høyrde Den norske kyrkja til under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. I 2017 ble Den norske kyrkja fristilt frå staten og skilt ut som eit eige rettssubjekt. I samband med utskiljinga frå staten vart Den norske kyrkja blant anna tilført tilskot for å dekke eigne pensjonsutgifter, samt eingongstilskot til eigenkapital m.m. [2] Prosenten er rekna av statsbudsjettets samla utgifter i alt medrekna folketrygda.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. Millionar kroner**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **1 250** | **1 418** | **1 558** | **1 559** | **1 559** | **1 564** | **1 641** | **1 860** | **2 263** | **2 423** | **2 597** | **2 825** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Idrettsanlegg | 695 | 690 | 688 | 750 | 736 | 757 | 801 | 929 | 1 131 | 1 275 | 1 440 | 1 566 |
| Nasjonalanlegg/ spesielle anlegg | 13 | 20 | 26 | 27 | 29 | 13 | 17 | 44 | 82 | 60 | 16 | 34 |
| Forskings- og utviklingsarbeid | 24 | 20 | 10 | 20 | 20 | 20 | 21 | 23 | 27 | 26 | 28 | 31 |
| Spesielle aktivitetar[1] | 41 | 41 | 48 | 50 | 51 | 52 | 57 | 62 | 94 | 87 | 93 | 116 |
| Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité | 352 | 354 | 354 | 556 | 566 | 566 | 580 | 593 | 636 | 660 | 684 | 711 |
| Tilskot til lokale lag og foreiningar | 125 | 125 | 125 | 156 | 156 | 156 | 164 | 209 | 294 | 315 | 337 | 367 |
| Overgangsmidlar | - | 168 | 308 | - | - | - | - | - | - | - | - | - |

[1] Spesielle aktivitetar omfattar antidopingarbeid, fysisk aktivitet og inkludering i idrettslag og friluftstiltak for born og ungdom.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.1.3. Hovudfordeling av spelemidlar til kultur. Millionar kroner**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **416,7** | **500,1** | **494,8** | **636,5** | **681,4** | **730,5** | **794,4** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Den kulturelle skulesekken (DKS) | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 167,0 | 200,0 | 197,9 | 210,2 | 210,2 | 270,0 | 285 |
| Frifond[1] | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 125,0 | 150,0 | 148,4 | 148,4 | 180,9 | 199,3 | 199,3 |
| Kulturbygg i alt | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 124,7 | 135,1 | 133,0 | 102,5 | 63,7 | 47,0 | 51,7 |
| Den kulturelle spaserstokken[2] | - | - | - | - | - | - | 14,9 | 15,4 | - | - | - | - |
| Arkiv-, bibliotek- og museumsføremål[3] | . | . | . | . | . | . | . | . | 78,8 | 83,8 | 84,8 | 86,8 |
| Musikkføremål[4] | . | . | . | . | . | . | . | . | 63,0 | 66,0 | 74,9 | 75,4 |
| Seglskipa[5] | . | . | . | . | . | . | . | . | 22,2 | 22,6 | 23,0 | - |
| Andre kulturføremål | . | . | . | . | . | . | . | . | 11,4 | 54,2 | 31,5 | 79,6 |

[1] Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping AS og gjeve til born og ungdom som driv med friviljuge aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.
[2] Ordninga med Den kulturelle spaserstokken er frå 2015 vidareført gjennom ein auke i fylkeskommunane sine frie inntekter. [3] Tilskot til prosjekter som fordelast av Arkivverket, Nasjonalbiblioteket og Kulturrådet. [4] Omfattar tilskot til Musikkutstyrsordninga, ordninga for kjøp av musikkinstrument for skulekorps og barne- og ungdomsorkester, landsomfattande musikkorganisasjonar og aktivitetsmidlar for kor. [5] Tilskot til seglskipet Statsraad Lehmkuhl, skuleskipet Christian Radich og fullriggaren Sørlandet.

Kjelde: Kulturdepartementet.

**Tabell 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Millionar kroner**

| | Netto driftsutgifter i alt | Bibliotek | Museum | Kunst-formidling | Kunst-produksjon | Idrett | Andre kultur-aktivitetar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 873,8 | 116,5 | 230,1 | 262,8 | 47,0 | 85,9 | 131,5 |
| 2007 | 943,7 | 124,4 | 264,9 | 268,7 | 56,0 | 59,9 | 169,8 |
| 2008 | 972,6 | 118,5 | 242,2 | 249,5 | 62,9 | 89,1 | 210,5 |
| 2009[1] | 1 022,3 | 126,6 | 306,7 | 280,8 | 59,0 | -8,3 | 257,5 |
| 2010 | 1 127,2 | 132,3 | 316,9 | 325,0 | 70,0 | 60,4 | 222,7 |
| 2011 | 1 218,6 | 164,3 | 328,6 | 334,2 | 95,0 | 67,0 | 229,4 |
| 2012 | 1 257,5 | 142,7 | 354,3 | 365,7 | 94,0 | 82,4 | 218,3 |
| 2013 | 1 327,9 | 148,5 | 375,1 | 361,9 | 104,6 | 103,8 | 234,1 |
| 2014 | 1 587,2 | 147,5 | 386,0 | 399,2 | 116,3 | 250,2 | 288,0 |
| 2015 | 1 499,9 | 141,9 | 400,9 | 396,1 | 167,9 | 157,1 | 236,1 |
| 2016 | 1 481,2 | 145,6 | 432,9 | 426,3 | 164,4 | 11,0 | 301,1 |
| 2017 | 1 449,8 | 152,2 | 448,2 | 414,1 | 216,5 | 23,8 | 194,9 |
| 2018 | 1 643,0 | 150,5 | 452,8 | 407,4 | 212,5 | 97,4 | 322,5 |
| | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | |
| Østfold | 65,7 | 6,2 | 19,9 | 24,5 | 9,2 | -5,5 | 11,5 |
| Akershus | 153,9 | 15,4 | 27,3 | 19,5 | 8,2 | 20,0 | 63,5 |
| Oslo | -39,4 | 1,8 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -41,2 | 0,0 |
| Hedmark | 61,5 | 5,8 | 18,6 | 34,3 | 0,8 | -17,2 | 19,2 |
| Oppland | 38,6 | 7,7 | 13,7 | 7,0 | 13,2 | -24,0 | 21,0 |
| Buskerud | 71,0 | 8,0 | 24,0 | 20,1 | 0,4 | 6,1 | 12,5 |
| Vestfold | 92.0 | 7,3 | 34,5 | 18,8 | 1,1 | 7,8 | 22,5 |
| Telemark | 55,2 | 5,0 | 15,5 | 6,2 | 6,1 | 6,2 | 16,2 |
| Aust-Agder | 58,1 | 5,1 | 18,5 | 12,8 | 5,6 | 8,5 | 7,5 |
| Vest-Agder | 83.4 | 4,5 | 17,9 | 40,4 | 0,0 | 15,1 | 5,6 |
| Rogaland | 147,0 | 6,6 | 44,9 | 12,7 | 50,6 | 22,8 | 9,3 |
| Hordaland | 221,8 | 9,1 | 56,3 | 51,6 | 0,0 | 53,6 | 51,2 |
| Sogn og Fjordane | 62,5 | 6,7 | 16,9 | 14,1 | 11,6 | 3,3 | 9,9 |
| Møre og Romsdal | 94,7 | 11,4 | 23,8 | 28,2 | 16,1 | 8,9 | 6,3 |
| Trøndelag | 239,6 | 17,0 | 66,1 | 88,9 | 0,3 | 39,4 | 27,8 |
| Nordland | 120,3 | 14,1 | 33,6 | 9,1 | 47,6 | -1,7 | 17,7 |
| Troms Romsa | 92,3 | 11,0 | 15,6 | 12,8 | 36,3 | 5,2 | 11,3 |
| Finnmark Finnmárku | 24,8 | 7,7 | 5,8 | 6,3 | 5,3 | -9,8 | 9,4 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 12064.

**Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturføremål i fylkeskommunane, etter fylke. Prosent**

| | Bibliotek | Museum | Kunst-formidling | Kunst-produksjon | Idrett | Andre kulturaktivitetar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 13,3 | 26,3 | 30,1 | 5,4 | 9,8 | 15,0 |
| 2007 | 13,2 | 28,1 | 28,5 | 5,9 | 6,3 | 18,0 |
| 2008 | 12,2 | 24,9 | 25,7 | 6,5 | 9,2 | 21,6 |
| 2009[1] | 12,4 | 30,0 | 27,5 | 5,8 | -0,8 | 25,2 |
| 2010 | 11,7 | 28,1 | 28,8 | 6,2 | 5,4 | 19,8 |
| 2011 | 13,5 | 27,0 | 27,4 | 7,8 | 5,5 | 18,8 |
| 2012 | 11,3 | 28,2 | 29,1 | 7,5 | 6,6 | 17,4 |
| 2013 | 11,2 | 28,2 | 27,3 | 7,9 | 7,8 | 17,6 |
| 2014 | 9,3 | 24,3 | 25,2 | 7,3 | 15,8 | 18,1 |
| 2015 | 9,5 | 26,7 | 26,4 | 11,2 | 10,5 | 15,7 |
| 2016 | 9,8 | 29,2 | 28,8 | 11,1 | 0,7 | 20,3 |
| 2017 | 10,5 | 30,9 | 28,6 | 14,9 | 1,6 | 13,4 |
| 2018 | 9,2 | 27,6 | 24,8 | 12,9 | 5,9 | 19,6 |
| | | | | | | |
| **2018** | | | | | | |
| Østfold | 9,4 | 30,2 | 37,2 | 14,0 | -8,4 | 17,5 |
| Akershus | 10,0 | 17,8 | 12,7 | 5,3 | 13,0 | 41,3 |
| Oslo | -4,6 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 104,6 | 0,0 |
| Hedmark | 9,4 | 30,2 | 55,8 | 1,3 | -28,0 | 31,3 |
| Oppland | 19,9 | 35,5 | 18,2 | 34,3 | -62,1 | 54,3 |
| Buskerud | 11,3 | 33,7 | 28,3 | 0,6 | 8,6 | 17,5 |
| Vestfold | 8,0 | 37,5 | 20,5 | 1,2 | 8,5 | 24,4 |
| Telemark | 9,1 | 28,0 | 11,3 | 11,1 | 11,2 | 29,3 |
| Aust-Agder | 8,8 | 31,9 | 22,1 | 9,6 | 14,7 | 12,9 |
| Vest-Agder | 5,4 | 21,4 | 48,5 | 0,0 | 18,1 | 6,7 |
| Rogaland | 4,5 | 30,6 | 8,6 | 34,4 | 15,5 | 6,3 |
| Hordaland | 4,1 | 25,4 | 23,3 | 0,0 | 24,2 | 23,1 |
| Sogn og Fjordane | 10,7 | 27,0 | 22,5 | 18,6 | 5,3 | 15,9 |
| Møre og Romsdal | 12,0 | 25,1 | 29,8 | 17,0 | 9,4 | 6,6 |
| Trøndelag | 7,1 | 27,6 | 37,1 | 0,1 | 16,4 | 11,6 |
| Nordland | 11,7 | 27,9 | 7,5 | 39,5 | -1,4 | 14,7 |
| Troms Romsa | 12,0 | 16,9 | 13,9 | 39,4 | 5,6 | 12,3 |
| Finnmark Finnmárku | 31,2 | 23,5 | 25,3 | 21,4 | -39,5 | 38,1 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 12064 omrekna til prosent av totale netto driftsutgifter til kulturføremål.

**Tabell 1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturføremål. Fylkeskommunar. Millionar kroner**

| | Netto driftsutgifter | Brutto driftsutgifter | Brutto investeringsutgifter |
|---|---|---|---|
| 2003 | 781,7 | 1 639,3 | 38,4 |
| 2004 | 788,8 | 1 624,3 | 44,0 |
| 2005 | 735,1 | 1 625,5 | 56,7 |
| 2006 | 873,8 | 1 772,2 | 38,4 |
| 2007 | 943,7 | 1 856,9 | 15,5 |
| 2008 | 972,6 | 1 920,0 | 64,5 |
| 2009[1] | 1 022,3 | 2 290,0 | 168,3 |
| 2010 | 1 127,2 | 2 271,0 | 64,3 |
| 2011 | 1 218,6 | 2 362,5 | 62,1 |
| 2012 | 1 257,5 | 2 477,1 | 114,2 |
| 2013 | 1 327,9 | 2 663,7 | 65,4 |
| 2014 | 1 587,2 | 3 056,8 | 25,0 |
| 2015 | 1 499,9 | 3 140,8 | 5,6 |
| 2016 | 1 481,2 | 3 287,2 | 30,7 |
| 2017 | 1 449,8 | 3 264,4 | 12,3 |
| 2018 | 1 643,0 | 3 611,9 | 4,3 |
| | | | |
| **Gjennomsnitt 2016-2018** | | | |
| Heile landet | 1 524,7 | 3 387,9 | 15,8 |
| Østfold | 57,3 | 157,9 | 0,5 |
| Akershus | 135,2 | 296,2 | 5,7 |
| Oslo | -27,1 | 82,0 | 0,0 |
| Hedmark | 80,6 | 146,2 | 0,6 |
| Oppland | 48,2 | 124,0 | 0,2 |
| Buskerud | 72,9 | 160,7 | 0,1 |
| Vestfold | 79,9 | 162,0 | 0,0 |
| Telemark | 54,0 | 113,2 | 0,3 |
| Aust-Agder | 53,3 | 117,9 | 1,5 |
| Vest-Agder | 61,4 | 136,1 | 0,0 |
| Rogaland | 97,5 | 273,6 | 0,0 |
| Hordaland | 167,5 | 316,7 | 0,0 |
| Sogn og Fjordane | 64,3 | 135,8 | 1,7 |
| Møre og Romsdal | 116,2 | 217,0 | 0,0 |
| Sør-Trøndelag | . | . | . |
| Nord-Trøndelag | . | . | . |
| Trøndelag | . | . | . |
| Nordland | 123,3 | 252,1 | 4,8 |
| Troms Romsa | 90,1 | 195,3 | 0,0 |
| Finnmark Finnmárku | 34,2 | 94,8 | 0,3 |

[1] Frå 2009 gjeld konserntal for fylkeskommunane.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå. Basert på Statistikkbanken, tabell 12064.

**Tabell 1.2.4. Netto driftsutgifter for fylkeskommunar til kultur, etter fylke**

| | Netto driftsutgifter. Millionar kroner | | Kroner per innbyggjar | | Endring 2017/2018. Kroner per innbyggjar | Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | | 2017 | 2018 |
| I alt | 1 450 | 1 643 | 274 | 309 | 35 | 1,5 | 1,6 |
| | | | | | | | |
| Østfold | 43 | 66 | 147 | 221 | 74 | 1,5 | 2,1 |
| Akershus | 109 | 154 | 178 | 247 | 69 | 1,8 | 2,5 |
| Oslo[1] | -8 | -39 | -12 | -58 | -46 | 0,0 | -0,1 |
| Hedmark | 70 | 61 | 357 | 311 | -46 | 2,9 | 2,5 |
| Oppland | 48 | 39 | 251 | 204 | -47 | 1,9 | 1,6 |
| Buskerud | 71 | 71 | 252 | 251 | -1 | 2,5 | 2,4 |
| Vestfold | 86 | 92 | 347 | 366 | 19 | 3,4 | 3,5 |
| Telemark | 54 | 55 | 314 | 318 | 4 | 2,8 | 2,7 |
| Aust-Agder | 45 | 58 | 382 | 494 | 112 | 3,1 | 3,9 |
| Vest-Agder | 24 | 83 | 128 | 445 | 317 | 1,1 | 3,6 |
| Rogaland | 103 | 147 | 218 | 309 | 91 | 2,0 | 2,7 |
| Hordaland | 154 | 222 | 294 | 423 | 129 | 2,5 | 3,4 |
| Sogn og Fjordane | 59 | 63 | 537 | 569 | 32 | 2,6 | 2,6 |
| Møre og Romsdal | 117 | 95 | 440 | 366 | -74 | 2,9 | 2,3 |
| Sør-Trøndelag | 124 | . | 385 | . | . | 3,3 | . |
| Nord-Trøndelag | 96 | . | 695 | . | . | 4,2 | . |
| Trøndelag | . | 240 | . | 519 | . | . | 4,0 |
| Nordland | 120 | 120 | 495 | 494 | -1 | 2,6 | 2,5 |
| Troms Romsa | 89 | 92 | 534 | 552 | 18 | 3,1 | 3,1 |
| Finnmark Finnmárku | 44 | 25 | 579 | 330 | -249 | 2,9 | 1,6 |

[1] Tal for Oslo viser berre ein del av utgiftene til kultur då Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer som begge delar.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 1.3.1. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke**

| | Netto driftsutgifter. Millionar kroner | | Kroner per innbyggjar | | Endring 2017/2018. Kroner per innbyggjar | Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 | | 2017 | 2018 |
| I alt | 12 165 | 12 938 | 2 297 | 2 428 | 131 | 4,0 | 4,0 |
| | | | | | | | |
| Østfold | 523 | 545 | 1 771 | 1 832 | 61 | 3,3 | 3,3 |
| Akershus | 1 238 | 1 395 | 2 017 | 2 235 | 218 | 3,8 | 4,0 |
| Oslo | 1 886 | 1 997 | 2 800 | 2 932 | 132 | 4,5 | 4,5 |
| Hedmark | 416 | 464 | 2 113 | 2 348 | 235 | 3,6 | 3,8 |
| Oppland | 426 | 428 | 2 245 | 2 259 | 14 | 3,7 | 3,6 |
| Buskerud | 588 | 636 | 2 088 | 2 245 | 157 | 3,8 | 3,9 |
| Vestfold | 426 | 465 | 1 709 | 1 852 | 143 | 3,2 | 3,4 |
| Telemark | 432 | 461 | 2 492 | 2 659 | 167 | 4,1 | 4,2 |
| Aust-Agder | 257 | 283 | 2 191 | 2 403 | 212 | 3,8 | 3,9 |
| Vest-Agder | 507 | 510 | 2 719 | 2 718 | -1 | 4,6 | 4,4 |
| Rogaland | 1 288 | 1 329 | 2 721 | 2 795 | 74 | 4,9 | 4,8 |
| Hordaland | 1 132 | 1 225 | 2 166 | 2 335 | 169 | 3,9 | 4,0 |
| Helse | 11,0 | 3,0 | 6,5 | 1,8 | 4,2 | 4,4 | 5,8 | 3,5 |
| Sosiale tenester | 6,7 | 9,1 | 3,1 | 15,0 | 7,9 | 7,1 | 16,2 | -0,9 |
| Miljøvern | 10,4 | 29,9 | 3,0 | 39,4 | 10,1 | 4,2 | 6,2 | 2,3 |
| Lokalmiljø og bustad | 10,9 | 15,7 | 6,1 | -23,0 | 31,4 | -10,3 | -28,9 | 5,7 |
| Politiske organisasjonar og interesseorganisasjonar | -0,6 | 14,3 | 2,5 | 10,8 | 5,1 | -10,5 | 10,2 | 13,0 |
| Friviljugsentralar | 10,5 | 7,6 | 2,7 | 3,4 | 3,3 | 5,6 | 0,7 | -4,8 |
| Internasjonale organisasjonar | -17,7 | -10,2 | 7,7 | -9,3 | 9,4 | 2,6 | 18,3 | 11,1 |
| Religion | 8,6 | 12,5 | 10,6 | 12,7 | 5,2 | 3,2 | 6,8 | 9,8 |
| Yrkes-, bransje- og fagforeiningar | 4,6 | 7,2 | 1,7 | 5,9 | 1,0 | 7,2 | 4,1 | 5,6 |

Kjelde: Satellittrekneskap for ideelle og friviljuge organisasjonar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 2.8. Gratisarbeid for idrettslag og friluftsorganisasjonar dei siste 12 månadene, kjønn, alder og landsdel. Prosent**

| | Gratisarbeid for idrettslag | | | Gratisarbeid for friluftsorganisasjonar | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2011 | 2014 | 2017 | 2011 | 2014 | 2017 |
| **Begge kjønn** | **16** | **16** | **16** | **3** | **2** | **2** |
| 16-24 år | 15 | 14 | 15 | 1 | 2 | 2 |
| 25-44 år | 23 | 22 | 21 | 3 | 2 | 1 |
| 45-66 år | 16 | 16 | 18 | 3 | 3 | 3 |
| 67 år eller eldre | 3 | 5 | 4 | 2 | 2 | 2 |
| | | | | | | |
| **Menn i alt** | **20** | **19** | **18** | **4** | **3** | **3** |
| 16-24 år | 19 | 17 | 17 | 2 | 2 | 2 |
| 25-44 år | 23 | 24 | 20 | 4 | 2 | 1 |
| 45-66 år | 22 | 20 | 22 | 5 | 4 | 3 |
| 67 år eller eldre | 6 | 9 | 7 | 3 | 4 | 4 |
| | | | | | | |
| **Kvinner i alt** | **13** | **13** | **13** | **1** | **1** | **1** |
| 16-24 år | 11 | 12 | 13 | 1 | 1 | 1 |
| 25-44 år | 23 | 21 | 21 | 2 | 2 | 1 |
| 45-66 år | 10 | 12 | 13 | 1 | 2 | 2 |
| 67 år eller eldre | 1 | 2 | 1 | 1 | 0 | 1 |
| | | | | | | |
| **Heile landet** | **16** | **16** | **16** | **3** | **2** | **2** |
| Oslo/Akershus | 15 | 13 | 13 | 2 | 2 | 2 |
| Austlandet elles | 17 | 18 | 18 | 4 | 3 | 3 |
| Agder og Rogaland | 14 | 16 | 16 | 2 | 2 | 2 |
| Vestlandet | 17 | 16 | 16 | 2 | 2 | 2 |
| Trøndelag | 21 | 21 | 16 | 2 | 2 | 1 |
| Nord-Noreg | 17 | 16 | 15 | 2 | 1 | 3 |

Kjelde: Levekårsundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

# 3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk

## 3.1. Nokre resultat

*3 prosent jobbar innanfor kulturell og kreativ næring*

I 2018 arbeidde 3 prosent av dei sysselsette i Noreg i kulturell og kreativ næring. Av desse var 80 prosent sysselset i *privat sektor og offentleg eigde føretak,* medan *offentleg forvaltning* utgjorde 20 prosent. Halvparten av dei sysselsette var kvinner. Kvinnedelen har vore nokså stabil dei siste åra.

Oslo er det klart største fylket med 41 prosent av alle sysselsette innanfor kulturell og kreativ næring. Fylka som omfattar dei største byane i Norge, det vil seie Oslo, Rogaland, Hordaland og Trøndelag, sysselsette til saman 63 prosent av totalen. Sysselsetjingsstatistikken omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande inkludert offentleg forvalting.

Over 43 600 føretak var registrerte aktive per 1. januar 2018 i kulturell og kreativ næring. Omsetnaden i kulturnæringane i 2017 var på 89 milliardar kroner.

## 3.2. Sysselsetjing

*80 600 jobbar i ei kulturnæring*

I perioden 2014 til 2016 var det ein nedgang i sysselsette i kulturell og kreativ næring, men talet steig att i 2017 og 2018. I alt var det 80 600 sysselsette i 2018, ein auke med 5 500 eller sju prosent frå 2017. Frå 2014 til 2017 var det ein nedgang på ein prosent sysselsette i alle næringar. Til samanlikning gjekk talet på sysselsette i alle næringar opp med to prosent frå 2017 til 2018, sjå tabell 3.1.

Sysselsette omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Inndelt etter kulturområde fordeler sysselsette seg som vist i figur 3.1 og tabell 3.3. Det er ei overvekt av dei sysselsette som jobbar innanfor næringane kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd, sjå delkapittel 3.4. Omgrep og definisjonar. Tabell 3.4 viser òg ein inndeling av kulturnæringane på eit meir detaljert nærings-nivå og eit skilje på offentleg forvaltning, privat sektor og offentleg eigde føretak.

I 2018 jobba om lag 21 prosent av dei sysselsette innanfor kulturell og kreativ næring i eit einskildpersonføretak. Delen einskildpersonføretak gjekk ned frå 20 prosent i 2014 til 16 prosent i 2017. Delen aksjeselskap har gått noko ned frå 62 i 2017 til 60 prosent i 2018, sjå figur 3.5.

*Stadig nedgang for forlagsverksemd*

Forlagsverksemd omfattar utgjeving av bøker, e-bøker, brosjyrar, ordbøker, leksikon, atlas, landkart og sjøkart, lydbøker m.m. på CD-rom. Medrekna er òg verksemder i samband med utgjeving av aviser, vekeblad og andre magasin samt utgjeving av dataspel for alle plattformer. Informasjonen kan gjevast ut på trykk eller i elektronisk form, medrekna på internett. Området hadde 10 000 sysselsette i 2018, ein nedgang på 2 840, eller 22 prosent, sidan 2014, sjå tabell 3.6.

**Figur 3.1. Sysselsette i kulturell og kreativ næring etter kulturområde[1], 15-74 år**




[1] Sjå Omgrep og definisjonar i delkapittel 3.4. Om statistikken.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

*Stadig auke i sysselsette innanfor produksjon av film, video og fjernsyn*

Næringa film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak dekker produksjon av kommersielle og ikkje-kommersielle spelefilmar på film, video eller DVD til direkte framvising i kinoar eller til TV-overføring og tenester i tilknyting til dette som filmredigering, klipping, ettersynkronisering og så vidare. Kulturområdet omfattar òg distribusjon av spelefilm og andre filmproduksjonar til andre bransjar samt framsyning av spelefilmar og andre filmproduksjonar. Kjøp og sal av distribusjonsrettar til spelefilmar og andre filmproduksjonar er inkludert. Næringa omfattar òg lydopptak, til dømes produksjon av originale lydinnspelingar, utgjeving, marknadsføring og distribusjon av desse, musikkutgjevingar samt lydopptak i studio eller andre stader. Datastraumtenester av musikk er ikkje inkludert, denne tenesta ligg under datahandsaming, datalagring og tenester i tilknyting til slik verksemd.

I 2018 auka talet på sysselsette med fem prosent eller 333 personar samanlikna med året før. Det var snautt 6 500 personar sysselsette innanfor dette området. Det har vore ein jamn auke i talet på sysselsette sidan 2014, sjå tabell 3.7. Tabell 3.4 viser ei fordeling av sysselsette etter kulturområde og sektor på 5-siffer næringsnivå.

*Auke i talet på sysselsette innanfor radio- og fjernsynskringkasting*

Radio- og fjernsynskringkasting omfattar produksjon av innhald eller kjøp av rettar til å distribuere innhald og påfølgjande utsending av t.d. radio-, TV- og dataprogram innanfor underhaldning, nyhende, talkshow og liknande. Dataoverføringa, vanlegvis integrert i radio- eller TV-overføringa, er òg inkludert. Overføringa kan gå ved hjelp av forskjellige teknologiar som trådlaust, via satellitt, kabelnettverk eller internett. Næringa omfattar òg produksjon av spesialiserte program (til dømes nyhende, sports-, undervisnings- og ungdomsprogram) på abonnements- eller honorarbasis til tredjeperson med tanke på overføring til folk flest seinare. Radio- og fjernsynskringkasting hadde ein auke på 477 sysselsette, eller ni prosent frå 2017 til 2018. Talet på sysselsette gjekk ned i perioden frå 2014 til 2017, men gjekk opp att til 5 922 sysselsette i 2018, sjå tabell 3.8.

*6 700 sysselsette innanfor arkitektverksemd*

Arkitektverksemd inkluderer arkitektrådgjeving, bygningsteikning og prosjekteringsarbeid, byplanlegging og landskapsarkitektur. Dette området hadde 6 719 sysselsette i 2018, ein auke på sju prosent frå 2017, sjå tabell 3.9.

*Fleire sysselsette innanfor spesialisert designverksemd*

Spesialisert designverksemd omfattar designverksemd innanfor tekstil, klede, sko, smykke, gull- og sølvvarer, møblar og andre interiørartiklar og motevarer. Kulturområdet inneheld òg varer til personleg bruk og til bruk i hushaldet, grafisk design og interiørarkitektverksemd og dessutan industriell design. Næringa omfattar òg fotografverksemd og omsetjings- og tolkeverksemd. Det var nær 10 200 sysselsette i 2018, ein auke på 10 prosent samanlikna med året før, sjå tabell 3.10.

*19 prosent fleire sysselsette innanfor kunstnarleg og underhaldningsverksemd*

Kunstnarleg og underhaldningsverksemd omfattar drift av fasilitetar og tenester innanfor kultur og underhaldning, det vil seia produksjon, fremjing av og deltaking i liveframsyning, hendingar og utstillingar for folk flest, utvikling av kunstnarlege, kreative eller tekniske emne til produksjon av kunstnarlege produkt og live-framsyning. I liveframsyning inngår teaterframsyningar, konsertar, operaer samt dans og anna sceneframsyning. Frå 2014 til 2017 gjekk talet på sysselsette ned med 10 prosent, men frå 2017 til 2018 var det ein auke på 19 prosent, og talet på sysselsette på dette kulturområdet enda på 17 400, sjå tabell 3.11.

*Stabilt tal på sysselsette innanfor drift av bibliotek, arkiv, museum*

Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd omfattar bibliotek og arkiv, drift av museum av ein kvar art, botaniske og zoologiske hagar, drift av naturfenomen av historisk, kulturell eller interesse for relevante utdanningar (til dømes verdskulturarv). Kulturområdet har hatt stabile tal på sysselsette i perioden frå 2014 til 2018. Frå 2017 til 2018 var det ein oppgang på to prosent, og talet på sysselsette var 8 900, sjå tabell 3.12.

*41 prosent av sysselsette i kulturell og kreativ næring arbeidar i Oslo*

18 prosent av alle sysselsette i alle næringar i landet arbeidar i Oslo, medan det for kulturell og kreativ næring er 41 prosent av alle sysselsette som arbeidar i Oslo, sjå tabell 3.14 og figur 3.2. I Oslo hadde over 33 000 personar hovudarbeidet sitt i ei kulturnæring i 2018, sjå tabell 3.5. Oslo, Hordaland og Trøndelag huser til saman 57 prosent av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring i Noreg i 2018.

**Figur 3.2. Del av sysselsetjing i kulturell og kreativ næring, etter fylke**




Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

Ved å samanlikne sysselsetjinga i kulturell og kreativ næring i fylket med den overordna sysselsetjinga i fylket, får vi eit bilete av innverknaden og omfanget av

kulturen i dei einskilde fylka. I Oslo hadde 6,9 prosent av alle sysselsette hovudjobben sin i ei kulturnæring i 2018. Hordaland, Finnmark, Vest-Agder og Trøndelag hadde sysselsetjingsprosent på 2,5 prosent eller over, men jamvel under heile landet som låg på tre prosent. For dei andre fylka var sysselsetjingsprosenten lågare, sjå figur 3.3.

**Figur 3.3. Del av alle sysselsette i fylket som er sysselsett i kulturell og kreativ næring**




Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

*Kvinner utgjer halvdelen av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring*

Rundt halvdelen av dei sysselsette med hovudjobb i kulturell og kreativ næring i 2018 var kvinner, og denne delen har vore stabil sidan 2008.

Innanfor dei ulike kulturområda er det store skilnader i kjønnsfordelinga. Høgast del kvinner var det i kulturområdet drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd med 64 prosent kvinner. Lågast del kvinner var det i kulturområdet film, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak med 36 prosent. Skilnaden i dei ulike områda har vore relativt stabil sidan 2014, sjå tabell 3.16.

*Innvandrarar i nokre utvalde kulturnæringar*

Delen med innvandrarbakgrunn varierer i dei ulike næringsgruppene. Høgast del med innvandrarbakgrunn hadde næringane drift av museum og sjølvstendig kunstnarisk verksemd, med høvesvis 13,3 og 12,7 prosent. Næringa radio- og fjernsynskringkasting hadde lågast del med innvandrarbakgrunn, med 5,9 prosent, sjå tabell 3.17 og delkapittel 3.4. Om statistikken.

## 3.3. Føretak

*43 600 kulturføretak*

I alt var det 43 600 føretak innanfor kulturell og kreativ næring i 2018. Kulturområdet med flest føretak var kunstnarleg verksemd og underhaldning med 20 600 føretak. Totalt var det 17 400 sysselsette på dette området og 56 prosent av dei var sysselsett i einskildpersonføretak.

Innanfor spesialisert designverksemd var det 10 700 føretak, medan det var 4 100 føretak innanfor film- og TV-produksjon og musikkutgjeving. I tabell 3.18 og 3.23

finst det fleire tal på føretak og sysselsette innanfor dei ulike kulturnæringane, samt meir detaljert næringsgruppering.

**Figur 3.4. Talet på føretak i kulturell og kreativ næring. Per 1. januar**




Kjelde: Føretak, Statistisk sentralbyrå.

I kulturell og kreativ næring vart det etablert 9 700 nye føretak i 2018. Samanlikna med 2017 var det ein auke på to prosent.

Som i 2017 var òg tre av fire nye kulturelle og kreative føretak etablert innanfor to område i 2018. Innanfor spesialisert designverksemd, samt kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd var det høvesvis 2 500 og 4 600 nyetableringar, sjå tabell 3.18.

*89 milliardar kroner i omsetnad*

Dei 37 600 føretaka i kulturell og kreativ næring i 2017 stod for ein omsetnad på 89 milliardar kroner, unnateke dei offentlege forvaltningsføretaka som ikkje er med i statistikken. Omsetnaden er høgare i høve til 2016, då omsetnaden var på 85 milliardar kroner. Over halvparten av omsetnaden i kulturell og kreativ næring var i Oslo, med 51 milliardar kroner. Den høgaste omsetnaden i 2017 og dei føregåande åra, var i føretaka innanfor området forlagsverksemd, som omsette for nærare 22,5 milliardar kroner i 2017, sjå tabellane 3.19 og 3.21.

I 2018 jobba 60 prosent av dei sysselsette i kulturell og kreativ næring i aksjeselskap, ein liten nedgang frå 2017 då delen var 62 prosent. Samstundes var det 21 prosent som jobba i einskildpersonføretak i 2018, noko som var fem prosentpoeng høgare i høve til året før, sjå tabell 3.23 og figur 3.5.

**Figur 3.5. Sysselsette i kulturell og kreativ næring etter organisasjonsform. Prosent**




Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

## 3.4. Om statistikken

*Registergrunna sysselsetjingsstatistikk*

Den registergrunna sysselsetjingsstatistikken omfattar busette personar i alderen 15-74 år, som har utført arbeid som varar minst ein time i referanseveka.

For sysselsette med fleire arbeidsforhold i referanseveka vert det fastsett eitt som det viktigaste. Opplysningar om jobb- og bedriftsrelaterte kjennemerke til personane gjeld det viktigaste arbeidsforholdet. Sysselsette omfattar lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande.

Registergrunna sysselsetjingsstatistikk er frå og med 2015 grunna på eit delvis nytt datagrunnlag for lønstakarane. Hovudkjelda fram til og med 2014 var Nav sitt Arbeidsgjevar-/arbeidstakarregister (Aa-registeret). I 2015 vart rapporteringa til dette registeret samordna med rapporteringa av løns- og personelldata til Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå (SSB). Det felles rapporteringssystemet vert kalla a-ordninga (SSB 8. mars 2018). A-ordninga gjev generelt eit betre datagrunnlag ved at det er meir korrekt på individnivå, samt at det dekkjer fleire lønstakartilhøve samanlikna med Aa-registeret.

*Føretak, omsetnad og sysselsetjing*

Statistikken er avgrensa ut frå næringa, organisasjonsforma og sektorkoden til føretaka. Føretaksdemografien omfattar statistikk over talet på føretak per 1. januar, nye og nyetablerte føretak, avslutta og nedlagde føretak. Tabellane i denne publikasjonen omfattar føretak innanfor kulturnæringar unnateke offentleg forvalting. Tala per 1. januar i statistikkåret skal omfatte alle føretak med aktiv verksemd i Noreg det føregåande året. Som nyregistrering og nyetablering i statistikkåret vert berre føretak med opplysningar som tilseier at dei vil drive næringsverksemd, rekna med. Det vil seia at einskilde organisasjonsformer vert haldne utanfor demografidelen av statistikken.

Føretak med omsetnad og sysselsetjing (årgangspopulasjonen) er ein årleg strukturstatistikk med omsetnad og sysselsetjing for føretak i alle næringane unnateke offentleg forvalting.

Det er noko uvisse knytt til tala fordi det er mange sjølvstendige i kulturell og kreativ næring. Sjølvstendig næringsdrivande vert identifiserte ved hjelp av informasjon frå skattestatistikk for personar. Grunna rapporteringstidspunkt ligg

opplysningar om næringsverksemda frå året før til grunn for utarbeiding av statistikken. Som følgje av denne forskuvinga i tid kan personar dermed feilaktig verte klassifiserte som sysselsette, dersom dei avslutta verksemda det føregåande året.

Dei viktigaste kjeldene for denne statistikken er Einingsregisteret (ER) og Verksemd- og Føretaksregisteret (VoF). Tal på tilsette vert henta frå rapporteringssystemet a-ordninga. Omsetnad og sysselsetjing er innhenta gjennom SSBs strukturundersøkingar og frå administrative kjelder (SSB 20. september 2019).

## Omgrep og definisjonar

*Næringsgruppering*

Den norske standarden for næringsgruppering SN2007 (SSB januar 2009) er grunna i den europeiske næringsklassifiseringa NACE rev. 2. Næringsstandarden gjeld frå og med statistikkåret 2008 (SSB januar 2009). Hovudformålet med standarden er å gje reglar og retningslinjer for næringsklassifisering og eintydige definisjonar av dei statistiske einingane. Standarden er framfor alt ein statistisk standard. Han dannar grunnlaget for koding av einingar etter den viktigaste hendinga i VoF og for einingar i ER. Han er ein av dei viktigaste standardane i økonomisk statistikk og gjer det mogleg å samanlikne og analysere statistiske opplysningar både nasjonalt og internasjonalt, samt over tid.

*Kulturområde og næring*

Ein standard for kulturnæring kan nyttast til å sortere ut kultur frå annan økonomisk aktivitet i Noreg. Kulturnæringsstandarden tek utgangspunkt i eit allereie eksisterande system for næring. Systemet for kulturnæring er henta frå eit europeisk samarbeid for kulturstatistikk, Europeisk statistisk systemnettverk for kultur, ESSnett-Kultur (ESSnet-Culture 2012). Kulturnæring er identifisert gjennom arbeid i næring kategorisert som kulturnæring etter SN2007-standard.

Kulturell og kreativ næring inndelt etter kulturområde:

**1. Forlagsverksemd**
58.11 Utgjeving av bøker
58.13 Utgjeving av aviser
58.14 Utgjeving av blad og tidsskrift
58.21 Utgjeving av programvare for dataspel

**2. Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak**
59.11 Produksjon av film-, video- og fjernsynsprogram
59.12 Etterarbeid i tilknyting til produksjon av film-, video- og fjernsynsprogram
59.13 Distribusjon av film-, video- og fjernsynsprogram
59.14 Filmframvising
59.20 Produksjon og utgjeving av musikk- og lydopptak

**3. Radio- og fjernsynskringkasting**
60.10 Radiokringkasting
60.20 Fjernsynskringkasting

**4. Arkitektverksemd**
71.111 Plan- og reguleringsarbeid
71.112 Arkitekttenester i samband med byggverk
71.113 Landskapsarkitekttenester

**5. Spesialisert designverksemd**
74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd
74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign

74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd
74.200 Fotografverksemd
74.300 Omsetjings- og tolkeverksemd

**6 . Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd**
90.011 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innanfor musikk
90.012 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innanfor scenekunst
90.019 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd ikkje nemnd annan stad
90.020 Tenester i tilknyting til underhaldningsverksemd
90.031 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor visuell kunst
90.032 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor musikk
90.033 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor scenekunst
90.034 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor litteratur
90.039 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd ikkje nemnd annan stad
90.040 Drift av lokale i tilknyting til kunstnarleg verksemd

**7. Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd**
91.011 Drift av folkebibliotek
91.012 Drift av fag- og forskingsbibliotek
91.013 Drift av arkiv
91.021 Drift av kunst- og kunstindustrimuseum
91.022 Drift av kulturhistoriske museum
91.023 Drift av naturhistoriske museum
91.029 Drift av museum ikkje nemnd annan stad
91.030 Drift av historiske stader og bygningar og liknande som er sjåverdig

**8. Andre næringskodar**
47.61 Butikkhandel med bøker. Omfattar alle typar bøker
47.62 Butikkhandel med aviser og papirvarer
47.63 Butikkhandel med innspelingar av musikk og video
63.91 Nyhendebyrå
73.11 Reklamebyrå
77.22 Utleige av videofilm, DVD og liknande
85.521 Kommunal kulturskuleundervisning
85.522 Undervisning i kunstfag
85.529 Anna undervisning innanfor kultur

*Innvandrarar*

SSBs sysselsetjingsstatistikk for innvandrarar tek utgangspunkt i hovudsak på personar som er fødde i utlandet av to utanlandsfødde foreldre. I statistikken inngår òg norskfødde med innvandrarforeldre (SSB 5. mars 2019).

For personar med innvandrarbakgrunn vert det nytta to kategoriar. Dei frå EU-/EFTA-land, Nord-Amerika, Australia og New Zealand som ein kategori og dei frå Europa utanom EU/EFTA, Asia (med Tyrkia), Afrika, Sør og Mellom-Amerika og Oseania utan Australia og New Zealand som den andre kategorien. Innvandrarar vert plasserte i ei av desse to kategoriane. Dersom foreldra er frå ulike land, vert personen plassert i landgruppa for fødelandet til mora.

## Referansar

ESSnet-Culture (2012): Europeisk statistisk systemnettverk for kultur. https://ec.europa.eu/eurostat/documents/341465/3199631/essnet-culture.pdf/a6518128-69b3-4d89-82b8-060a3ad0d1d5

Statistisk sentralbyrå (20. september 2019): Føretak. Årleg, føretak etter omsetning og sysselsetting. https://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og-regnskap/statistikker/foretak/aarleg-omsetning-og-sysselsetting

Statistisk sentralbyrå (5. mars 2019): Sysselsetting blant innvandrere, registerbasert. https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/innvregsys

Statistisk sentralbyrå (25. februar 2019): Sysselsetting, registerbasert. https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/regsys/aar

Statistisk sentralbyrå (Januar 2009): Standard for næringsgruppering (SN). http://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/6

Statistisk sentralbyrå (14. oktober 2008): Standard for innvandrargruppering. http://www.ssb.no/omssb/om-oss/nyheter-om-ssb/ny-innvandrergruppering

**Tabell 3.1. Sysselsetjingsvekst[1] i kulturnæringane og alle næringane, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kulturnæringane | 78 795 | 74 892 | 73 519 | 75 062 | 80 586 |
| Alle næringane | 2 649 990 | 2 587 703 | 2 591 902 | 2 625 550 | 2 681 955 |

[1] Sysselsetjing omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.2. Sysselsette[1] i kulturell og kreativ næring, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| I alt | 78 795 | 74 892 | 73 519 | 75 062 | 80 586 |
| | | | | | |
| Forlagsverksemd | 12 873 | 11 138 | 10 576 | 10 197 | 10 030 |
| Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak | 5 617 | 5 694 | 5 833 | 6 142 | 6 475 |
| Radio- og fjernsynskringkasting | 6 202 | 5 780 | 5 574 | 5 445 | 5 922 |
| Arkitektverksemd | 5 993 | 5 893 | 5 976 | 6 277 | 6 719 |
| Spesialisert designverksemd | 8 362 | 8 734 | 8 762 | 9 201 | 10 167 |
| Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd | 16 314 | 14 484 | 14 072 | 14 608 | 17 394 |
| Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd | 8 645 | 8 428 | 8 520 | 8 754 | 8 926 |
| Andre næringskodar[2] | 14 789 | 14 741 | 14 206 | 14 437 | 14 953 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. [2] Sjå Omgrep og definisjonar i delkapittel 3.4. Om statistikken.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.3. Sysselsetjingsvekst[1] i kulturell og kreativ næring, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal. Prosent**

| | 2014-2015 | 2015-2016 | 2016-2017 | 2017-2018 |
|---|---|---|---|---|
| I alt | -5,0 | -1,8 | 2,1 | 7,4 |
| | | | | |
| Forlagsverksemd | -13,5 | -5,0 | -3,6 | -1,6 |
| Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak | 1,4 | 2,4 | 5,3 | 5,4 |
| Radio- og fjernsynskringkasting | -6,8 | -3,6 | -2,3 | 8,8 |
| Arkitektverksemd | -1,7 | 1,4 | 5,0 | 7,0 |
| Spesialisert designverksemd | 4,4 | 0,3 | 5,0 | 10,5 |
| Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd | -11,2 | -2,8 | 3,8 | 19,1 |
| Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd | -2,5 | 1,1 | 2,7 | 2,0 |
| Andre næringskodar[2] | -0,3 | -3,6 | 1,6 | 3,6 |

[1] Sysselsetjing omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. [2] Sjå Omgrep og definisjonar i delkapittel 3.4. Om statistikken.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.4. Sysselsette[1] i kulturell og kreativ næring, etter kulturområde og sektor, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2017 | | | 2018 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Alle sektorar | Offentleg forvalting | Privat sektor og offentleg eide føretak | Alle sektorar | Offentleg forvalting | Privat sektor og offentleg eide føretak |
| **I alt** | **75 062** | **16 043** | **59 019** | **80 586** | **16 430** | **64 156** |
| | | | | | | |
| **Forlagsverksemd** | **10 197** | **-** | **10 197** | **10 030** | **-** | **10 030** |
| 58.110 Utgjeving av bøker | 1 956 | - | 1 956 | 1 904 | - | 1 904 |
| 58.130 Utgjeving av aviser | 5 843 | - | 5 843 | 5 732 | - | 5 732 |
| 58.140 Utgjeving av blad og tidsskrifter | 2 285 | - | 2 285 | 2 240 | - | 2 240 |
| 58.210 Utgjeving av programvare for dataspel | 113 | - | 113 | 154 | - | 154 |
| | | | | | | |
| **Film-, video- og fjernsynsproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak** | **6 142** | **385** | **5 757** | **6 475** | **400** | **6 075** |
| 59.110 Produksjon av film-, video- og fjernsynsprogram | 3 717 | 5 | 3 712 | 3 897 | 6 | 3 891 |
| 59.120 Etterarbeid i tilknyting til produksjon av film-, video- og fjernsynsprogram | 355 | - | 355 | 340 | - | 340 |
| 59.130 Distribusjon av film-, video- og fjernsynsprogram | 109 | - | 109 | 110 | - | 110 |
| 59.140 Filmframvising | 1 291 | 380 | 911 | 1 397 | 394 | 1 003 |
| 59.200 Produksjon og utgjeving av musikk- og lydopptak | 670 | - | 670 | 731 | - | 731 |
| | | | | | | |
| **Radio- og fjernsynskringkasting** | **5 445** | **3** | **5 442** | **5 922** | **-** | **5 922** |
| 60.100 Radiokringkasting | 424 | 3 | 421 | 410 | 3 | 407 |
| 60.200 Fjernsynskringkasting | 5 021 | - | 5 021 | 5 515 | - | 5 515 |
| | | | | | | |
| **Arkitektverksemd** | **6 277** | **-** | **6 277** | **6 719** | **-** | **6 719** |
| 71.111 Plan- og reguleringsarbeid | 315 | - | 315 | 359 | - | 359 |
| 71.112 Arkitekttenester i samband med byggverk | 5 681 | - | 5 681 | 6 058 | - | 6 058 |
| 71.113 Landskapsarkitekttenester | 281 | - | 281 | 302 | - | 302 |
| | | | | | | |
| **Spesialisert designverksemd** | **9 201** | **133** | **9 068** | **10 167** | **133** | **10 034** |
| 74.101 Industridesign, produktdesign og anna teknisk designverksemd | 1 527 | - | 1 527 | 1 783 | - | 1 783 |
| 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign | 2 511 | - | 2 511 | 2 794 | - | 2 794 |
| 74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentverksemd | 961 | - | 961 | 1 107 | - | 1 107 |
| 74.200 Fotografverksemd | 1 903 | - | 1 903 | 2 216 | - | 2 216 |
| 74.300 Omsetjing- og tolkeverksemd | 2 299 | 133 | 2 166 | 2 267 | 133 | 2 134 |
| | | | | | | |
| **Kunstnarleg verksemd og underhaldning** | **14 608** | **4 093** | **10 515** | **17 394** | **4 222** | **13 172** |
| 90.011 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innanfor musikk | 3 334 | 516 | 2 818 | 4 333 | 535 | 3 798 |
| 90.012 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd innanfor scenekunst | 3 340 | 2 323 | 1 017 | 3 620 | 2 348 | 1 272 |
| 90.019 Utøvande kunstnarar og underhaldningsverksemd ikkje nemnt annan stad | 244 | - | 244 | 291 | - | 291 |
| 90.020 Tenester i tilknyting til underhaldningsverksemd | 2 143 | 277 | 1 866 | 2 468 | 285 | 2 183 |
| 90.031 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor visuell kunst | 1 894 | 129 | 1 765 | 2 411 | 124 | 2 287 |
| 90.032 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor musikk | 341 | 6 | 335 | 436 | 5 | 431 |
| 90.033 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor scenekunst | 364 | 235 | 129 | 419 | 258 | 161 |
| 90.034 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd innanfor litteratur | 1 716 | - | 1 716 | 2 107 | - | 2 107 |
| 90.039 Sjølvstendig kunstnarleg verksemd ikkje nemnt annan stad | 88 | - | 88 | 95 | - | 95 |
| 90.040 Drift av lokale i tilknyting til kunstnarleg verksemd | 1 144 | 607 | 537 | 1 214 | 667 | 547 |
| | | | | | | |
| **Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd** | **8 754** | **7 874** | **881** | **8 926** | **8 024** | **902** |
| 91.011 Drift av folkebibliotek | 2 645 | 2 645 | - | 2 667 | 2 667 | - |
| 91.012 Drift av fag- og forskingsbibliotek | 878 | 868 | 10 | 828 | 817 | 11 |
| 91.013 Drift av arkiv | 626 | 587 | 39 | 654 | 610 | 44 |
| 91.021 Drift av kunst- og kunstindustrimuseum | 751 | 573 | 178 | 754 | 565 | 189 |
| 91.022 Drift av kulturhistoriske museum | 2 780 | 2 328 | 452 | 2 889 | 2 453 | 436 |
| 91.023 Drift av naturhistoriske museum | 316 | 266 | 50 | 346 | 288 | 58 |
| 91.029 Drift av museum ikkje nemnt annan stad | 41 | 24 | 17 | 44 | 18 | 26 |
| 91.030 Drift av historiske stader og bygningar og liknande som er sjåverdig | 718 | 583 | 135 | 744 | 606 | 138 |
| | | | | | | |
| **Andre næringskodar** | **14 437** | **3 555** | **10 882** | **14 953** | **3 651** | **11 302** |
| 47.610 Butikkhandel med bøker. Omfattar alle typar bøker | 3 117 | - | 3 117 | 2 984 | - | 2 984 |
| 47.620 Butikkhandel med aviser og papirvarer | 11 | - | 11 | 8 | - | 8 |
| 47.630 Butikkhandel med innspelingar av musikk og video | 185 | - | 185 | 163 | - | 163 |
| 63.910 Nyhendebyrå | 292 | - | 292 | 286 | - | 286 |
| 73.110 Reklamebyrå | 6 486 | - | 6 486 | 6 945 | - | 6 945 |
| 77.220 Utleige av videofilm, DVD og liknande | 16 | - | 16 | 7 | - | 7 |
| 85.521 Kommunal kulturskuleundervisning | 3 551 | 3 547 | 4 | 3 651 | 3 645 | 6 |
| 85.522 Undervisning i kunstfag | 726 | - | 726 | 849 | - | 849 |
| 85.529 Anna undervisning innanfor kultur | 53 | 8 | 45 | 60 | 6 | 54 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.5. Sysselsette[1] i kulturell og kreativ næring, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **78 795** | **74 892** | **73 519** | **75 062** | **80 586** |
| | | | | | |
| Østfold | 2 445 | 2 346 | 2 324 | 2 414 | 2 644 |
| Akershus | 5 868 | 5 139 | 5 097 | 5 101 | 5 375 |
| Oslo | 30 687 | 30 011 | 29 662 | 30 591 | 33 337 |
| Hedmark | 1 821 | 1 641 | 1 644 | 1 618 | 1 770 |
| Oppland | 1 880 | 1 727 | 1 664 | 1 667 | 1 838 |
| Buskerud | 2 565 | 2 464 | 2 426 | 2 372 | 2 430 |
| Vestfold | 2 224 | 2 111 | 1 944 | 2 075 | 2 233 |
| Telemark | 1 623 | 1 437 | 1 407 | 1 420 | 1 531 |
| Aust-Agder | 948 | 870 | 833 | 832 | 907 |
| Vest-Agder | 2 229 | 2 202 | 2 027 | 2 081 | 2 268 |
| Rogaland | 4 794 | 4 721 | 4 642 | 4 839 | 4 924 |
| Hordaland | 7 019 | 6 567 | 6 483 | 6 595 | 7 003 |
| Sogn og Fjordane | 1 007 | 947 | 961 | 938 | 1 002 |
| Møre og Romsdal | 2 325 | 2 100 | 1 993 | 2 000 | 2 168 |
| Sør-Trøndelag | 4 759 | 4 333 | 4 328 | 4 432 | . |
| Nord-Trøndelag | 1 203 | 1 099 | 1 083 | 1 075 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 5 779 |
| Nordland | 2 453 | 2 494 | 2 415 | 2 437 | 2 524 |
| Troms Romsa | 1 841 | 1 660 | 1 600 | 1 632 | 1 823 |
| Finnmark Finnmárku | 1 073 | 994 | 953 | 910 | 996 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.6. Sysselsette[1] i kulturområdet forlagsverksemd, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **12 867** | **11 134** | **10 576** | **10 197** | **10 030** |
| | | | | | |
| Østfold | 326 | 235 | 244 | 239 | 239 |
| Akershus | 580 | 498 | 420 | 377 | 367 |
| Oslo | 6 117 | 5 367 | 5 190 | 5 170 | 5 141 |
| Hedmark | 372 | 289 | 289 | 260 | 235 |
| Oppland | 281 | 280 | 266 | 284 | 304 |
| Buskerud | 291 | 264 | 248 | 229 | 208 |
| Vestfold | 238 | 228 | 270 | 246 | 231 |
| Telemark | 265 | 190 | 169 | 158 | 158 |
| Aust-Agder | 139 | 130 | 127 | 119 | 119 |
| Vest-Agder | 274 | 216 | 207 | 201 | 186 |
| Rogaland | 632 | 562 | 502 | 486 | 440 |
| Hordaland | 996 | 861 | 795 | 760 | 726 |
| Sogn og Fjordane | 151 | 137 | 141 | 125 | 123 |
| Møre og Romsdal | 426 | 346 | 320 | 287 | 278 |
| Sør-Trøndelag | 550 | 480 | 434 | 396 | . |
| Nord-Trøndelag | 232 | 199 | 192 | 178 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 560 |
| Nordland | 431 | 358 | 319 | 275 | 288 |
| Troms Romsa | 315 | 236 | 207 | 193 | 205 |
| Finnmark Finnmárku | 251 | 258 | 230 | 208 | 216 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.7. Sysselsette[1] i kulturområdet film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **5 617** | **5 691** | **5 833** | **6 142** | **6 475** |
| | | | | | |
| Østfold | 126 | 163 | 167 | 176 | 197 |
| Akershus | 364 | 286 | 320 | 337 | 378 |
| Oslo | 2 997 | 3 132 | 3 222 | 3 500 | 3 662 |
| Hedmark | 99 | 81 | 82 | 97 | 105 |
| Oppland | 65 | 74 | 74 | 70 | 85 |
| Buskerud | 145 | 142 | 140 | 124 | 119 |
| Vestfold | 126 | 126 | 107 | 98 | 116 |
| Telemark | 80 | 81 | 93 | 79 | 83 |
| Aust-Agder | 65 | 62 | 70 | 90 | 84 |
| Vest-Agder | 123 | 116 | 114 | 99 | 113 |
| Rogaland | 267 | 289 | 318 | 326 | 277 |
| Hordaland | 429 | 403 | 390 | 425 | 408 |
| Sogn og Fjordane | 35 | 46 | 31 | 35 | 34 |
| Møre og Romsdal | 104 | 97 | 102 | 89 | 132 |
| Sør-Trøndelag | 238 | 226 | 218 | 219 | . |
| Nord-Trøndelag | 59 | 73 | 80 | 83 | . |
| Trøndelag. | . | . | . | . | 353 |
| Nordland | 106 | 91 | 89 | 93 | 103 |
| Troms Romsa | 129 | 148 | 169 | 159 | 177 |
| Finnmark Finnmárku | 60 | 55 | 44 | 41 | 48 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.8. Sysselsette[1] i kulturområdet radio- og fjernsynskringkasting, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **6 202** | **5 780** | **5 574** | **5 445** | **5 922** |
| | | | | | |
| Østfold | 99 | 67 | 69 | 56 | 65 |
| Akershus | 49 | 48 | 47 | 9 | 9 |
| Oslo | 3 858 | 3 632 | 3 479 | 3 503 | 3 924 |
| Hedmark | 13 | 15 | 21 | 24 | 27 |
| Oppland | 131 | 116 | 101 | 92 | 93 |
| Buskerud | 98 | 94 | 101 | 96 | 100 |
| Vestfold | 46 | 33 | 32 | 46 | 46 |
| Telemark | 62 | 66 | 61 | 61 | 57 |
| Aust-Agder | 9 | 10 | 11 | 10 | 7 |
| Vest-Agder | 85 | 81 | 78 | 85 | 78 |
| Rogaland | 136 | 117 | 112 | 93 | 99 |
| Hordaland | 697 | 636 | 624 | 557 | 571 |
| Sogn og Fjordane | 58 | 50 | 53 | 49 | 55 |
| Møre og Romsdal | 71 | 66 | 56 | 56 | 56 |
| Sør-Trøndelag | 298 | 286 | 277 | 274 | . |
| Nord-Trøndelag | 37 | 27 | 25 | 22 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 301 |
| Nordland | 197 | 201 | 186 | 190 | 200 |
| Troms Romsa | 105 | 91 | 95 | 89 | 90 |
| Finnmark Finnmárku | 153 | 144 | 146 | 133 | 144 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.9. Sysselsette[1] i kulturområdet arkitektverksemd, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **5 991** | **5 891** | **5 976** | **6 277** | **6 719** |
| | | | | | |
| Østfold | 163 | 156 | 168 | 175 | 175 |
| Akershus | 314 | 302 | 342 | 249 | 257 |
| Oslo | 2 554 | 2 587 | 2 649 | 2 976 | 3 286 |
| Hedmark | 140 | 163 | 161 | 168 | 168 |
| Oppland | 121 | 109 | 111 | 113 | 133 |
| Buskerud | 188 | 183 | 157 | 175 | 159 |
| Vestfold | 188 | 202 | 218 | 212 | 230 |
| Telemark | 128 | 114 | 122 | 131 | 137 |
| Aust-Agder | 73 | 68 | 62 | 77 | 73 |
| Vest-Agder | 119 | 117 | 113 | 120 | 111 |
| Rogaland | 425 | 397 | 383 | 381 | 380 |
| Hordaland | 531 | 547 | 544 | 559 | 600 |
| Sogn og Fjordane | 93 | 92 | 92 | 89 | 102 |
| Møre og Romsdal | 192 | 177 | 171 | 154 | 164 |
| Sør-Trøndelag | 522 | 426 | 438 | 444 | . |
| Nord-Trøndelag | 76 | 78 | 75 | 78 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 559 |
| Nordland | 59 | 61 | 64 | 69 | 65 |
| Troms Romsa | 81 | 87 | 77 | 75 | 90 |
| Finnmark Finnmárku | 24 | 25 | 25 | 29 | 26 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.10. Sysselsette[1] i kulturområdet spesialisert designverksemd, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **8 362** | **8 734** | **8 762** | **9 201** | **10 167** |
| | | | | | |
| Østfold | 403 | 408 | 446 | 453 | 473 |
| Akershus | 1 150 | 954 | 964 | 959 | 994 |
| Oslo | 2 623 | 3 153 | 3 154 | 3 230 | 3 668 |
| Hedmark | 168 | 129 | 116 | 122 | 162 |
| Oppland | 157 | 140 | 144 | 151 | 178 |
| Buskerud | 375 | 310 | 332 | 319 | 366 |
| Vestfold | 370 | 351 | 276 | 297 | 337 |
| Telemark | 156 | 130 | 131 | 171 | 177 |
| Aust-Agder | 94 | 82 | 78 | 55 | 92 |
| Vest-Agder | 283 | 422 | 332 | 384 | 425 |
| Rogaland | 591 | 735 | 756 | 923 | 823 |
| Hordaland | 683 | 615 | 679 | 711 | 834 |
| Sogn og Fjordane | 78 | 85 | 83 | 91 | 117 |
| Møre og Romsdal | 250 | 212 | 191 | 207 | 233 |
| Sør-Trøndelag | 503 | 455 | 508 | 547 | . |
| Nord-Trøndelag | 100 | 69 | 71 | 76 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 748 |
| Nordland | 173 | 321 | 351 | 352 | 346 |
| Troms Romsa | 155 | 109 | 107 | 104 | 133 |
| Finnmark Finnmárku | 50 | 54 | 43 | 49 | 59 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.
Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.11. Sysselsette[1] i kulturområdet kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **16 307** | **14 481** | **14 072** | **14 608** | **17 394** |
| | | | | | |
| Østfold | 511 | 434 | 416 | 438 | 582 |
| Akershus | 1 236 | 1 038 | 983 | 1 042 | 1 317 |
| Oslo | 6 700 | 5 980 | 5 904 | 6 144 | 7 078 |
| Hedmark | 301 | 278 | 308 | 278 | 367 |
| Oppland | 287 | 223 | 210 | 225 | 310 |
| Buskerud | 489 | 509 | 484 | 475 | 587 |
| Vestfold | 495 | 450 | 392 | 437 | 482 |
| Telemark | 338 | 277 | 275 | 258 | 322 |
| Aust-Agder | 164 | 141 | 133 | 126 | 180 |
| Vest-Agder | 545 | 509 | 488 | 470 | 588 |
| Rogaland | 998 | 920 | 886 | 939 | 1 164 |
| Hordaland | 1 603 | 1 422 | 1 389 | 1 434 | 1 689 |
| Sogn og Fjordane | 144 | 120 | 113 | 110 | 146 |
| Møre og Romsdal | 344 | 288 | 275 | 301 | 368 |
| Sør-Trøndelag | 940 | 847 | 851 | 865 | . |
| Nord-Trøndelag | 200 | 188 | 169 | 175 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 1 166 |
| Nordland | 362 | 358 | 327 | 355 | 385 |
| Troms Romsa | 460 | 364 | 326 | 391 | 494 |
| Finnmark Finnmárku | 190 | 135 | 140 | 140 | 165 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.12. Sysselsette[1] i kulturområdet drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **8 635** | **8 428** | **8 520** | **8 754** | **8 926** |
| | | | | | |
| Østfold | 197 | 211 | 221 | 223 | 234 |
| Akershus | 537 | 505 | 521 | 549 | 546 |
| Oslo | 1 604 | 1 595 | 1 604 | 1 625 | 1 702 |
| Hedmark | 328 | 292 | 297 | 285 | 310 |
| Oppland | 424 | 400 | 394 | 390 | 400 |
| Buskerud | 323 | 310 | 316 | 327 | 339 |
| Vestfold | 247 | 242 | 235 | 246 | 250 |
| Telemark | 205 | 224 | 225 | 231 | 240 |
| Aust-Agder | 152 | 151 | 146 | 164 | 155 |
| Vest-Agder | 297 | 271 | 272 | 271 | 294 |
| Rogaland | 663 | 650 | 665 | 658 | 672 |
| Hordaland | 1 044 | 1 027 | 1 052 | 1 084 | 1 060 |
| Sogn og Fjordane | 196 | 193 | 199 | 207 | 199 |
| Møre og Romsdal | 311 | 303 | 304 | 311 | 335 |
| Sør-Trøndelag | 769 | 753 | 761 | 873 | . |
| Nord-Trøndelag | 206 | 177 | 188 | 187 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 1 017 |
| Nordland | 699 | 682 | 674 | 686 | 704 |
| Troms Romsa | 237 | 236 | 230 | 240 | 241 |
| Finnmark Finnmárku | 196 | 195 | 203 | 187 | 216 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.13. Sysselsette[1] i kulturområdet andre næringskodar[2], etter fylke, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt[3]** | **14 783** | **14 741** | **14 206** | **14 437** | **14 953** |
| | | | | | |
| Østfold | 620 | 672 | 593 | 654 | 679 |
| Akershus | 1 638 | 1 508 | 1 500 | 1 579 | 1 507 |
| Oslo | 4 234 | 4 565 | 4 460 | 4 443 | 4 876 |
| Hedmark | 400 | 394 | 370 | 384 | 396 |
| Oppland | 414 | 385 | 364 | 342 | 335 |
| Buskerud | 656 | 652 | 648 | 627 | 552 |
| Vestfold | 514 | 479 | 414 | 493 | 541 |
| Telemark | 389 | 355 | 331 | 331 | 357 |
| Aust-Agder | 252 | 226 | 206 | 191 | 197 |
| Vest-Agder | 503 | 470 | 423 | 451 | 473 |
| Rogaland | 1 082 | 1 051 | 1 020 | 1 033 | 1 069 |
| Hordaland | 1 036 | 1 056 | 1 010 | 1 065 | 1 115 |
| Sogn og Fjordane | 252 | 224 | 249 | 232 | 226 |
| Møre og Romsdal | 627 | 613 | 574 | 595 | 602 |
| Sør-Trøndelag | 939 | 860 | 841 | 814 | . |
| Nord-Trøndelag | 293 | 288 | 283 | 276 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 1 075 |
| Nordland | 426 | 422 | 405 | 417 | 433 |
| Troms Romsa | 359 | 389 | 389 | 381 | 393 |
| Finnmark Finnmárku | 149 | 128 | 122 | 123 | 122 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. [2] Sjå Omgrep og definisjonar i delkapittel 3.4. Om statistikken.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.14. Sysselsette[1] i heile landet, alle næringar, etter fylke, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **2 649 990** | **2 587 703** | **2 591 902** | **2 625 550** | **2 681 955** |
| | | | | | |
| Østfold | 119 124 | 115 874 | 116 621 | 118 319 | 120 660 |
| Akershus | 266 227 | 263 581 | 266 759 | 270 338 | 279 344 |
| Oslo | 457 000 | 451 379 | 457 177 | 468 375 | 482 160 |
| Hedmark | 87 634 | 86 164 | 85 959 | 86 627 | 88 129 |
| Oppland | 87 873 | 86 785 | 86 942 | 86 968 | 88 942 |
| Buskerud | 126 645 | 123 368 | 124 591 | 125 938 | 127 520 |
| Vestfold | 107 228 | 104 524 | 105 034 | 106 931 | 108 812 |
| Telemark | 76 279 | 73 885 | 74 251 | 74 749 | 75 665 |
| Aust-Agder | 48 967 | 47 333 | 47 406 | 47 868 | 49 150 |
| Vest-Agder | 89 462 | 86 864 | 85 824 | 86 997 | 89 153 |
| Rogaland | 248 477 | 237 079 | 231 815 | 233 988 | 244 147 |
| Hordaland | 261 346 | 253 695 | 251 894 | 254 293 | 259 872 |
| Sogn og Fjordane | 55 003 | 53 768 | 54 143 | 54 488 | 55 039 |
| Møre og Romsdal | 131 842 | 127 702 | 126 817 | 127 059 | 129 240 |
| Sør-Trøndelag | 163 837 | 161 766 | 163 053 | 166 481 | . |
| Nord-Trøndelag | 62 848 | 61 741 | 62 056 | 62 622 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | 232 125 |
| Nordland | 117 217 | 113 940 | 114 973 | 116 020 | 117 280 |
| Troms Romsa | 83 125 | 82 565 | 83 454 | 84 533 | 86 436 |
| Finnmark Finnmárku | 37 914 | 36 596 | 36 869 | 37 139 | 37 836 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.15. Sysselsette[1] i heile landet, alle næringar, etter fylke og sektor, 15-74 år, registergrunna. Per 4. kvartal**

| | 2017 | | | 2018 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Alle sektorar | Offentleg forvaltning | Privat sektor og offentleg eigde føretak | Alle sektorar | Offentleg forvaltning | Privat sektor og offentleg eigde føretak |
| **I alt** | **2 625 550** | **834 452** | **1 791 107** | **2 681 955** | **849 620** | **1 832 335** |
| Østfold | 118 319 | 39 221 | 79 102 | 120 660 | 40 151 | 80 509 |
| Akershus | 270 338 | 77 213 | 193 125 | 279 344 | 79 754 | 199 590 |
| Oslo | 468 375 | 119 857 | 348 517 | 482 160 | 120 911 | 361 249 |
| Hedmark | 86 627 | 33 622 | 53 004 | 88 129 | 34 117 | 54 012 |
| Oppland | 86 968 | 30 773 | 56 195 | 88 942 | 31 529 | 57 413 |
| Buskerud | 125 938 | 37 255 | 88 684 | 127 520 | 37 473 | 90 047 |
| Vestfold | 106 931 | 34 617 | 72 314 | 108 812 | 34 972 | 73 840 |
| Telemark | 74 749 | 27 106 | 47 642 | 75 665 | 27 259 | 48 406 |
| Aust-Agder | 47 868 | 17 656 | 30 212 | 49 150 | 17 912 | 31 238 |
| Vest-Agder | 86 997 | 28 895 | 58 103 | 89 153 | 29 761 | 59 392 |
| Rogaland | 233 988 | 65 489 | 168 494 | 244 147 | 67 336 | 176 811 |
| Hordaland | 254 293 | 80 914 | 173 375 | 259 872 | 82 665 | 177 207 |
| Sogn og Fjordane | 54 488 | 19 997 | 34 493 | 55 039 | 20 117 | 34 922 |
| Møre og Romsdal | 127 059 | 41 494 | 85 567 | 129 240 | 42 524 | 86 716 |
| Sør-Trøndelag | 166 481 | 59 132 | 107 345 | . | . | . |
| Nord-Trøndelag | 62 622 | 22 857 | 39 763 | . | . | . |
| Trøndelag | . | . | . | 232 125 | 83 118 | 149 007 |
| Nordland | 116 020 | 45 980 | 70 042 | 117 280 | 46 421 | 70 859 |
| Troms Romsa | 84 533 | 36 451 | 48 089 | 86 436 | 36 953 | 49 483 |
| Finnmark Finnmárku | 37 139 | 15 533 | 21 613 | 37 836 | 15 601 | 22 235 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.16. Sysselsette[1] etter utvalde kulturområde og kjønn. Per 4. kvartal**

| | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Forlagsverksemd** | | | | | |
| Menn | 6 768 | 5 860 | 5 618 | 5 403 | 5 258 |
| Kvinner | 6 105 | 5 280 | 4 958 | 4 794 | 4 772 |
| **Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak** | | | | | |
| Menn | 3 535 | 3 564 | 3 688 | 3 843 | 4 113 |
| Kvinner | 2 082 | 2 130 | 2 145 | 2 299 | 2 362 |
| **Radio- og fjernsynskringkasting** | | | | | |
| Menn | 3 425 | 3 201 | 3 091 | 3 027 | 3 202 |
| Kvinner | 2 777 | 2 578 | 2 482 | 2 417 | 2 722 |
| **Arkitektverksemd** | | | | | |
| Menn | 3 279 | 3 207 | 3 204 | 3 351 | 3 527 |
| Kvinner | 2 714 | 2 686 | 2 772 | 2 926 | 3 192 |
| **Spesialisert designverksemd** | | | | | |
| Menn | 4 156 | 4 346 | 4 405 | 4 542 | 5 019 |
| Kvinner | 4 206 | 4 388 | 4 357 | 4 659 | 5 148 |
| **Kunstnarleg verksemd og underhaldningsverksemd** | | | | | |
| Menn | 8 918 | 7 961 | 7 754 | 8 017 | 9 626 |
| Kvinner | 7 396 | 6 523 | 6 318 | 6 591 | 7 768 |
| **Drift av bibliotek, arkiv, museum og anna kulturverksemd** | | | | | |
| Menn | 3 057 | 2 980 | 3 039 | 3 098 | 3 184 |
| Kvinner | 5 588 | 5 447 | 5 480 | 5 657 | 5 742 |
| **Andre næringskodar[2]** | | | | | |
| Menn | 6 651 | 6 586 | 6 217 | 6 391 | 6 695 |
| Kvinner | 8 138 | 8 155 | 7 989 | 8 046 | 8 258 |

[1] Omfattar både lønstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Der ein person er registrert med fleire jobbar, er hovudjobben vald. [2] Sjå Omgrep og definisjonar i delkapittel 3.4. Om statistikken.

Kjelde: Registergrunna sysselsetjingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 3.17. Registergrunna sysselsetjingsstatistikk. Ulike næringar innanfor kulturell og kreativ næring. Arbeidstakarar[1], etter innvandringsbakgrunn og kjønn. Per 4. kvartal 2018**

| | Næringsgruppe 59.1. Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon | | | Næringsgruppe 60. Radio- og fjernsynskringkasting | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Menn | Kvinner | I alt | Menn | Kvinner |
| **I alt** | **4 757** | **2 804** | **1 953** | **5 909** | **3 189** | **2 720** |
[1] Tala i figuren omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eit årsverk fast tilsette.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Talet på registrerte objekt og fotografi har auka jamt i heile det siste tiåret. Frå år til år kan noko av endringane førast attende til endringar i registreringspraksis. Generelt reknar vi med at det har skjedd ei kvalitetsheving av metodikk for registrering og teljing over tid. Lengre tidsseriar er difor betre eigna for å vurdere utviklinga i samlinga. Dei siste ti åra har talet på registrerte objekt og fotografi auka med over 14 millionar, frå 43 til 57,4 millionar, sjå figur 6.2 og tabell 6.1.

I 2018 er over 38 prosent av samlingane elektronisk registrert, medan 17 prosent er digitalisert, sjå tabell 6.1.

**Figur 6.2. Samlingar i norske museum[1]. I 1 000**




[1] Tala i figuren omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eit årsverk fast tilsette.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.2 viser dei kulturhistoriske bygningane og farkostane i musea. Musea forvaltar om lag 5 000 kulturhistoriske bygningar, og litt under 2 500 av desse var opne for publikum i 2018. Det siste året har samlingane auka med 8 kulturhistoriske bygningar, medan 45 færre bygningar har vore opne for publikum, ein liten nedgang på om lag 2 prosent frå året før. I tillegg til objekt og bygningar forvaltar musea òg farkostar. I 2018 hadde musea 1 973 farkostar, dei fleste av desse var farkostar på land.

I tillegg til desse samlingane, har musea òg store samlingar av private arkiv, sjå kapittel 8, tabellane 8.1 og 8.2.

## 6.2. Utstillingar og andre aktivitetar

*Talet på utstillingar i musea held fram med å minke*

Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til éin kategori – utstillingar, sjå delkapittel 6.6. I 2018 var det totalt 2 650 utstillingar i musea, 46 mindre enn i 2017. Av dei var 191 utstillingar, eller 7 prosent, eigenproduserte vandreutstillingar i drift, medan resten var ordinære utstillingar. Det samla talet på utstillingar har minka over fleire år. I 2018 er talet på utstillingar i dei norske musea det lågaste sidan 2004.

Figur 6.3 viser oversikt over talet på utstillingar frå 2004 til 2018. Nærare detaljar om dei ulike utstillingskategoriane fordelte på fylke er å finne i tabell 6.3.

**Figur 6.3. Utstillingar i norske museum**




[1] Avslutta tidsserie. Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til ein ny kategori kalla Utstillingar.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

*Andre aktivitetar i musea – stadig fleire opne møte*

Dei ulike musea har utstrekt tilbod om opne møte, foredrag, seminar og liknande. Tabell 6.4 viser at i 2018 vart omkring 7 100 slike arrangement haldne i musea, ein auke på 4 prosent frå året før. Det var om lag 1 700 konsertar og 287 ulike teateroppsetjingar med til saman om lag 4 900 framsyningar. Talet framsyningar har auka med 1 081, eller om lag 28 prosent frå året før.

## 6.3. Besøk

*Talet på museumsbesøk held seg stabilt*

Både i 2016 og 2017 var det registrert om lag 11 millionar besøk i dei norske musea. Samla vart det registrert 10,9 millionar besøk på musea i Noreg i 2018.

Talet på einskildbesøk til musea utgjorde 80 prosent av dei i alt 10,9 millionar museumsbesøka i 2018. Drygt halvparten av museumsbesøka, om lag 51 prosent, er i 2018 betalte besøk. Totalt var det om lag 2,2 millionar besøk i grupper i 2018. For meir informasjon sjå figur 6.4. og tabell 6.5.

**Figur 6.4. Besøk i norske museum[1]**




1 Talet på museum vil variera frå år til år. Til dømes kan nokre heilt nye einingar kome med, medan andre einingar av og til ikkje leverer til den årlege statistikken. Dette vil kunne påverk samanlikninga over tid.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

41 prosent av alle museumsbesøk var på musea i Oslo, med 4,5 millionar besøk. Musea i Trøndelag hadde 9 prosent av alle museumsbesøka. Musea på Svalbard og i Aust-Agder hadde lågast del av museumsbesøka i 2018 med høvesvis 63 000 besøkjande og 68 000 besøkjande, begge med ein prosentdel på 0,6 prosent.

Musea i Akershus hadde den største prosentvise auken i besøkstalet samanlikna med året før, ein auke på 42 prosent og 119 000 fleire vitjande. Musea i Hedmark og Hordaland fylke hadde ein auke på høvesvis 8 og 7 prosent fleire besøk i høve til året før. I 2018 har òg nokre av musea opplevd ein nedgang i talet på besøk. Musea i Nordland hadde 41 000, eller 8 prosent, færre besøkjande.

Kvar innbyggjar var i gjennomsnitt 2,1 gonger på besøk på eit museum i 2018. Gjennomsnittsbesøket per innbyggjar har vore stabilt sidan 2005. Utrekninga av gjennomsnitt per innbyggjar tek ikkje høgde for talet turistar som vitja musea. Seks fylke skil seg ut med høgare besøk per innbyggjar samanlikna med gjennomsnittet. Oslo hadde høgast gjennomsnitt med 6,6 museumsbesøk per innbyggjar. I den andre enden av skalaen finn ein Østfold med om lag 0,4 museumsbesøk per innbyggjar. Sjå figur 6.5. og tabell 6.5. for meir informasjon.

*Oslo hadde 52 prosent av alle besøk på kunstarenaer*

Tabell 6.7 gir oversyn over 61 kunstarenaer i museumslandskapet i 2018. Desse kunstarenaene fordeler seg utover i landet unnateke i Hedmark og Aust-Agder. Med kunstarenaer i museumsstatistikken meiner vi arenaer som i hovudsak formidlar kunst-, kunstindustri- og designhistorie. Det kan likevel vere nokre museum som har definert visuell kunst noko vidare.

Musea i Oslo har rapportert om vel 930 000 besøk på 13 slike arenaer. Dette utgjorde 52 prosent av dei 1,8 millionane som besøkte landets kunstarenaer i 2018.

**Figur 6.5. Museumsbesøk i alt per innbyggjar, etter fylke. 2018**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

## 6.4. Universell utforming

*Universell utforming – 87 prosent tilrettelagt*

Sidan 2010 har musea svara på spørsmål om universell utforming når det gjeld lokala og formidlinga. I 2018 svara 87 prosent at musea er lagt til rette for funksjonshemma, 77 prosent av musea hadde lagt formidlinga si til rette for funksjonshemma og 63 prosent av musea sine heimesider følgjer WAI-standarden. Dette er ein standard for universelt tilgjengelege nettstadar, sjå tabell 6.7.

## 6.5. Økonomi og drift

*Positivt driftsresultat for musea i 2018*

Det totale driftsresultatet for musea gjekk i pluss med 235 millionar kroner i 2018. Dette er 93 millionar meir enn i 2017, sjå tabell 6.8.

Dei totale driftsinntektene for musea i Noreg låg på 5,4 milliardar kroner i 2018. Dette er ein auke i driftsinntektene frå 2017 på 281 millionar kroner, eller om lag 5,5 prosent. Eigeninntektene til musea i 2018 var 1,6 milliardar kroner, ein auke frå året før på 89 millionar kroner, eller 6 prosent. Billettinntektene utgjorde 25 prosent av eigeninntektene, sponsorinntekter og gåver utgjorde høvesvis 4 og 13 prosent av eigeninntektene. Andre eigeninntekter enda på 27 prosent.

Dei offentlege tilskota, både dei ordinære driftstilskota og andre offentlege tilskot, utgjorde om lag 3,8 milliardar kroner, eller 70 prosent av driftsinntektene. Tabellen viser ein auke i dei offentlege løyvingane frå 2017 til 2018 på 130 millionar kroner, eller omlag 4 prosent. Tilskot frå staten, både ordinært driftstilskot og andre tilskot, utgjorde 2,8 milliardar i 2018, litt over halvparten av driftsinntektene og ein auke på 5 prosent frå 2017. Sjå tabell 6.8 og figur 6.6 for meir informasjon.

**Figur 6.6. Driftsinntekter, etter inntektstype. Prosent**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

Driftskostnadene for musea utgjorde 5,2 milliardar i 2018, ein oppgang på 3,7 prosent frå 2017. Løns- og pensjonskostnader utgjorde den største delen av driftskostnadene, med 64 prosent. Dette utgjer ein høgare del av dei totale driftskostnadene i høve til førre år. Talet på utgifter til løn og pensjon auka med 126 millionar frå 2017 til 2018, sjå tabell 6.8 og figur 6.7.

**Figur 6.7. Driftsutgifter, etter kostnadstype. Prosent**




Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

*4 056 lønte årsverk i 2018*

Det vart utført om lag 4 126 årsverk i musea i 2018, på nivå med året før. 4 056 årsverk var lønte i 2018, og dette utgjer 98 prosent av dei totale årsverka.

Kvinnedelen i dei lønte årsverka var 57 prosent i 2018, på same nivå som dei to føregåande åra. Frå 2006 har delen kvinnelege årsverk variert lite, mellom 52 og 56 prosent, sjå tabell 6.9.

Over halvparten av dei lønte årsverka var kunst- og kulturfagleg personale, med 55 prosent av dei tilsette[5]. Teknisk personale utgjorde 17 prosent, administrativt personale 20 prosent og dagleg leiar utgjorde 3 prosent av dei tilsette, sjå tabell 6.10.

*Talet på administrative einingar har gått ned*

Tal på norske museum har gått ned frå 188 i 2005 til 100 administrative einingar i 2018. Nedgangen har si hovudårsak i konsolideringsprosessar der museum slår seg saman og dannar større organisasjonar. I 2016 blei fem einingar tekne ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å ligge innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar. Dette påverkar kor samanliknbare tala i tidsseriane vil vere. I 2018 har talet på einingar gått ned med ytterlegare sju museum. Utover dette vil museumspopulasjonen variera noko frå år til år all den tid tala i statistikken berre omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde meir enn eit årsverk fast tilsette.

## 6.6. Om statistikken

Museum og samlingar er ein årleg statistikk som vert publisert av Statistisk sentralbyrå (SSB). Føremålet med museumsstatistikken er å gje ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gjev òg nødvendig informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. SSB har publisert statistikken årleg sidan 1983, unnateke av åra 1984 og 1990. Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum og frå statistikkrapporteringa i 2011, i samarbeid med Kulturrådet.

### Omfang og publisering

Det finst ikkje nokon eintydig definisjon for museum i Noreg. Til og med 2001-statistikken betydde dette at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i populasjonen (sjå elles ICOMs definisjon av eit museum: NOU 1996:7 Museum - mangfald, minne, møtestad, side 35). For konsoliderte museum med fleire avdelingar er det ei samla statistikkrapportering (eitt skjema). Frå og med statistikkåret 2002 består statistikken av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast løna årsverk i statistikkåret. Dette som eit ledd i å gjere populasjonen meir stabil.

Det har òg gått føre seg ein omfattande konsolideringsprosess i museumssektoren. Denne prosessen førte til at talet på administrative einingar som skulle rapportere, fall år for år i ein periode, men ein reknar likevel med at statistikken dekkjer dei same musea.

Ser ein bort frå konsolideringa, ser ein likevel at populasjonen varierer frå år til år ved at til dømes nokre heilt nye einingar kjem til, samstundes med at andre einingar av og til ikkje leverer til den årlege statistikken. Om dei musea som ikkje leverer er små eller store einingar vil sjølvsagd kunne påverka statistikken frå år til år.

I 2016 blei fem einingar tekne ut av museumspopulasjonen fordi verksemda deira ikkje lenger reknast å ligge innanfor det som er museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar

### Datakjelder og datainnsamling

Kulturrådet har ansvaret for å samle inn data frå dei einskilde museumseiningane. Fram til 2004 vart data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering,

[5] Ikkje alle musea rapporterer på type stilling.

kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk (frå 2017 via Altinn), og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Kulturrådet. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

## Omgrep og definisjonar

*Museum*

I hovudsak byggjer definisjonen av museum seg på International Council of Museums' (ICOM) definisjon:

> *«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.» (ICOM 2007).*

*Type museum*

Frå statistikkåret 2011 vert ikkje musea lenger delte inn i museumstypar. I statistikkane frå 2007 til 2010 vart musea delte inn i fem museumstypar: kunst- og kunstindustri, kulturhistorisk, naturhistorisk, blanda kultur- og naturhistorisk og blanda kunst- og kulturhistorisk. Denne inndelinga er ikkje lenger føremålstenleg på grunn av at fleire museum har slått seg saman og danna større organisasjonar.

*Besøk*

Med besøk meiner ein at ein person oppsøkjer museet for å sjå på og bruke museets utstillingar og formidlingstenester. Besøk på friluftsmuseum er personar som oppsøker museets område i opningstida for bruk av museets formidling på området. Besøk av personar som oppheld seg i museets lokale og friluftsområde i forbindelse med arrangement som ikkje aktivt kan knytast til museets formidling og verksemd, skal ikkje reknast med. For utstillingar i andre lokale som ikkje er museets eigne, reknast besøk av personar dersom det primære føremålet er å aktivt oppsøke utstillinga til museet. Dei som besøker museets stand på ei messe, skal ikkje reknast med. Personar som berre passerer objekt eller fotografi i eit offentleg lokale utan å oppsøkje utstillinga skal heller ikkje reknast med. Virtuelle besøk som til dømes internettutstillingar, reknast ikkje med.

Deltakarar i pedagogisk verksemd skal òg vera inkluderte i besøkstala.
Dersom museet ikkje skil mellom born og vaksne, einskildbesøk og gruppebesøk ved teljing, skal besøkstalet registrerast som *einskildbesøk vaksne*.

*Universell utforming – nedsett funksjonsevne*

Universell utforming er tilrettelegging av lokale eller formidling for alle besøkande. Å leggje til rette kan vere merking med blindeskrift, teiknspråk, teleslynge, heis, rullestolrampe, storskrift og lettlesen informasjon. For nettsider er det ein standard for universell utforming, WAI-standarden. Nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming vert av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon skildra som ein konflikt mellom føresetnadene individet har og krava som miljøet og samfunnet har til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe sjølvstendet og det sosiale tilværet til einskildmennesket.

*Andre omgrep*

Inntekter totalt inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

Løna årsverk i alt omfattar faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidarar.

Utgifter i alt inkluderer løn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

Gjenstandar og objekt kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi.

Utstillingar – Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til ein ny kategori kalla Utstillingar. Utstillingar kan vere basisutstilling eller temporær utstilling. *Basisutstilling* er fast utstilling som er ein del av det faste opplegget til museet når det gjeld formidling. Eit museum kan ha fleire basisutstillingar. Eit tun eller friluftsmuseum med fleire bygningar blir rekna som éi basisutstilling. *Temporær utstilling* er utstilling som er montert og som skal visast ei avgrensa tid. Visingstida kan variere frå nokre få dagar og inntil eit år.

Kulturhistoriske bygningar er bygningar som har kunnskaps- og kjeldeverdi ved at dei vitnar om lokal kunnskap, estetikk, tradisjonar, levesett, arkitektur og økonomiske føresetnader. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillingane til museet og formidling, men òg kulturhistorisk viktige bygningar som rommar utstillingar, skal ein telje her. Omgrepet «kulturhistoriske bygningar» bruker ein her både for bygningar som er freda eller blir vurderte som verneverdige.

Farkostar er ei nemning på opne båtar/fartøy/skip som er ein del av samlingane til museet. Farkostar omfattar både farkostar på vatn og på land og som er ein del av utstillingane til museet. Det er inga øvre eller nedre grense for storleiken på farkosten så lenge han kan bli kategorisert som båt/fartøy/skip (Statistikkskjema for norske museum og samlingar for året 2015).

## Feilkjelder og uvisse

Det kan oppstå feil ved utfylling av skjema i dei einskilde musea, og ved arbeidet hos SSB. Dei fleste slike feil blir funne og retta ved maskinelle og manuelle kontrollar. Nokre museum lar vere å svare på einskilde spørsmål i skjemaet.

## Samanlikningar

Fordi populasjonen ikkje har vore eintydig, og på grunn av svært varierande svarprosent frå år til år, har det vore vanskeleg å samanlikne aktiviteten over tid. Frå og med statistikkåret 2002 er populasjonen meir eintydig, og samanlikningar vil difor kunne gjerast frå og med 2002. Med avgrensinga av populasjonen er museumsstatistikken òg blitt enklare å samanlikne med statistikken til dei andre nordiske landa.

## Referansar

ICOM 2007. ICOMs statutter, artikkel 3, paragraf 1: http://norskicom.no/hva-er-icom/vedtekter/

Statistisk sentralbyrå: Museum og samlingar. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/museer

WAI-standarden: http://www.w3.org/WAI/

## Meir informasjon

Digitalt Museum: http://digitaltmuseum.no/

Kulturrådet: https://www.kulturradet.no/publikasjoner

Norges museumsforbund: https://museumsforbundet. no

**Tabell 6.1. Museum[1] og samlingar. Storleik på samlingane. I 1 000**

| | Gjenstandar/objekt | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Kunst-historiske | Arkeo-logiske | Kultur-historiske | Natur-historiske | Fotografi | Material som er elektronisk registrert. Prosent | Material som er digitalisert. Prosent |
| 2002 | 26 776 | 551 | - | 5 137 | 11 226 | 9 862 | - | . |
| 2003 | 26 925 | 560 | - | 4 884 | 11 284 | 10 197 | - | . |
| 2004 | 32 098 | 314 | - | 5 350 | 11 546 | 14 888 | - | . |
| 2005 | 34 297 | 471 | - | 6 141 | 11 640 | 16 046 | - | . |
| 2006 | 35 103 | 505 | - | 6 287 | 11 220 | 17 091 | 24,1 | . |
| 2007 | 38 378 | 453 | 4 658 | 3 469 | 11 856 | 17 942 | 22,7 | . |
| 2008 | 43 484 | 451 | 4 192 | 3 489 | 11 921 | 23 431 | 21,2 | . |
| 2009 | 42 732 | 453 | 4 280 | 3 543 | 11 542 | 22 914 | 19,6 | . |
| 2010 | 43 130 | 452 | 4 405 | 3 589 | 9 954 | 24 731 | 26,1 | . |
| 2011 | 48 665 | 643 | 4 612 | 3 590 | 10 139 | 29 682 | 26,1 | . |
| 2012 | 51 233 | 692 | 4 922 | 3 595 | 10 250 | 31 774 | 26,5 | . |
| 2013 | 50 766 | 716 | 5 176 | 3 606 | 10 294 | 30 975 | 27,2 | . |
| 2014 | 53 180 | 760 | 6 347 | 3 728 | 10 437 | 31 907 | 33,3 | . |
| 2015 | 55 697 | 767 | 6 706 | 3 780 | 10 559 | 33 886 | 34,0 | . |
| 2016 | 55 383 | 783 | 6 992 | 3 634 | 9 947 | 34 027 | 32,0 | 23,8 |
| 2017 | 56 498 | 799 | 7 260 | 3 555 | 9 912 | 34 972 | 35,6 | 23,3 |
| 2018 | 57 442 | 800 | 7 719 | 3 595 | 10 098 | 35 209 | 38,2 | 16,9 |
| | | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | | |
| Østfold | 1 121 | 5 | 0 | 111 | 1 | 1 004 | 17,0 | 3,1 |
| Akershus | 5 675 | 8 | 0 | 94 | 0 | 5 573 | 8,4 | 0,5 |
| Oslo | 16 502 | 599 | 2 290 | 828 | 5 936 | 6 848 | 44,1 | 19,8 |
| Hedmark | 5 184 | 2 | 10 | 208 | 2 | 4 964 | 11,8 | 1,5 |
| Oppland | 2 165 | 14 | 0 | 191 | 4 | 1 955 | 40,9 | 6,1 |
| Buskerud | 512 | 5 | 0 | 179 | 10 | 318 | 83,8 | 9,8 |
| Vestfold | 1 754 | 7 | 1 | 115 | 1 | 1 630 | 32,2 | 2,3 |
| Telemark | 3 436 | 10 | 1 | 135 | 1 | 3 290 | 8,6 | 2,3 |
| Aust-Agder | 193 | 0 | 1 | 90 | 12 | 90 | 63,0 | 15,5 |
| Vest-Agder | 266 | 3 | 0 | 57 | 0 | 206 | 14,9 | 4,4 |
| Rogaland | 3 130 | 16 | 1 369 | 302 | 25 | 1 419 | 61,0 | 47,2 |
| Hordaland | 5 171 | 53 | 1 886 | 342 | 2 138 | 752 | 58,1 | 4,6 |
| Sogn og Fjordane | 163 | 5 | 0 | 111 | 7 | 40 | 51,2 | 13,6 |
| Møre og Romsdal | 1 944 | 2 | 1 | 136 | 1 | 1 805 | 22,1 | 3,8 |
| Trøndelag | 6 213 | 40 | 1 795 | 292 | 1 383 | 2 704 | 55,0 | 50,6 |
| Nordland | 1 683 | 1 | 0 | 272 | 24 | 1 385 | 38,8 | 4,2 |
| Troms Romsa | 1 995 | 30 | 315 | 89 | 552 | 1 011 | 62,1 | 44,0 |
| Finnmark Finnmárku | 254 | 2 | 0 | 58 | 2 | 191 | 38,0 | 12,1 |
| | | | | | | | | |
| Svalbard | 81 | 0 | 49 | 5 | 0 | 26 | 99,7 | 13,5 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.2. Museum[1] og samlingar. Tal på kulturhistoriske bygningar og farkostar**

| | Einingar i alt | Kulturhistoriske bygningar | Opne kulturhistoriske bygningar | Flytande farkostar | Farkostar på land |
|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 175 | 4 894 | 2 942 | - | - |
| 2007 | 173 | 4 785 | 2 971 | - | - |
| 2008 | 166 | 4 782 | 2 918 | - | - |
| 2009 | 148 | 4 866 | 2 970 | - | - |
| 2010 | 137 | 4 974 | 2 862 | - | - |
| 2011 | 134 | 4 982 | 2 925 | - | - |
| 2012 | 128 | 5 019 | 2 877 | - | - |
| 2013 | 127 | 4 926 | 2 855 | 222 | 1 644 |
| 2014 | 118 | 4 915 | 2 824 | 219 | 1 681 |
| 2015 | 115 | 4 940 | 2 829 | 231 | 1 695 |
| 2016 | 107 | 5 014 | 2 443 | 198 | 1 757 |
| 2017 | 107 | 5 020 | 2 519 | 187 | 1 787 |
| 2018 | 100 | 5 028 | 2 474 | 209 | 1 764 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Østfold | 2 | 78 | 34 | 3 | 52 |
| Akershus | 3 | 223 | 114 | 30 | 106 |
| Oslo | 17 | 201 | 92 | 8 | 173 |
| Hedmark | 3 | 651 | 241 | 3 | 76 |
| Oppland | 8 | 582 | 283 | 10 | 46 |
| Buskerud | 4 | 404 | 236 | 3 | 1 |
| Vestfold | 2 | 28 | 22 | 3 | 18 |
| Telemark | 3 | 285 | 84 | 4 | 13 |
| Aust-Agder | 2 | 99 | 59 | 1 | 16 |
| Vest-Agder | 2 | 102 | 58 | 4 | 23 |
| Rogaland | 7 | 243 | 109 | 4 | 58 |
| Hordaland | 10 | 506 | 220 | 19 | 169 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 152 | 104 | 1 | 143 |
| Møre og Romsdal | 6 | 320 | 170 | 39 | 223 |
| Trøndelag | 8 | 435 | 184 | 29 | 193 |
| Nordland | 7 | 408 | 262 | 28 | 269 |
| Troms Romsa | 6 | 187 | 149 | 17 | 90 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 123 | 53 | 3 | 92 |
| | | | | | |
| Svalbard | 2 | 1 | 0 | 0 | 3 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde meir enn eit årsverk fast tilsette.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.3. Museum[1] og samlingar. Tal på utstillingar**

| | Einingar i alt | Utstillingar i alt | Basis-utstillingar | Temporære utstillingar | Eigenproduserte vandreutstillingar i drift |
|---|---|---|---|---|---|
| 2002 | 274 | 2 387 | 1 383 | 754 | 237 |
| 2003 | 263 | 2 420 | 1 377 | 795 | 248 |
| 2004 | 234 | 2 452 | 1 398 | 892 | 162 |
| 2005 | 188 | 2 658 | 1 434 | 1 028 | 196 |
| 2006 | 175 | 2 737 | 1 471 | 1 040 | 226 |
| 2007 | 173 | 2 858 | 1 559 | 1 073 | 226 |
| 2008 | 166 | 2 881 | 1 523 | 1 119 | 239 |
| 2009 | 148 | 2 964 | 1 541 | 1 139 | 284 |
| 2010 | 137 | 2 922 | 1 578 | 1 068 | 276 |
| 2011 | 134 | 2 939 | 1 605 | 1 061 | 273 |
| 2012 | 128 | 2 899 | 1 622 | 1 056 | 221 |
| 2013 | 127 | 2 896 | 1 598 | 1 066 | 232 |
| 2014 | 118 | 3 026 | 1 536 | 1 086 | 404 |
| 2015 | 115 | 2 844 | 1 563 | 1 026 | 255 |
| 2016 | 107 | 2 782 | 2 548 | - | 234 |
| 2017 | 107 | 2 696 | 2 504 | - | 192 |
| 2018 | 100 | 2 650 | 2 459 | - | 191 |

| | Einingar i alt | Utstillingar i alt | Utstillingar[2] | Eigenproduserte vandreutstillingar i drift |
|---|---|---|---|---|
| **2018** | | | | |
| Østfold | 2 | 24 | 20 | 4 |
| Akershus | 3 | 134 | 126 | 8 |
| Oslo | 17 | 315 | 291 | 24 |
| Hedmark | 3 | 98 | 90 | 8 |
| Oppland | 8 | 154 | 152 | 2 |
| Buskerud | 4 | 135 | 129 | 6 |
| Vestfold | 2 | 34 | 33 | 1 |
| Telemark | 3 | 98 | 98 | 0 |
| Aust-Agder | 2 | 59 | 59 | 0 |
| Vest-Agder | 2 | 71 | 68 | 3 |
| Rogaland | 7 | 191 | 184 | 7 |
| Hordaland | 10 | 249 | 239 | 10 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 55 | 54 | 1 |
| Møre og Romsdal | 6 | 185 | 144 | 41 |
| Trøndelag | 8 | 251 | 222 | 29 |
| Nordland | 7 | 305 | 290 | 15 |
| Troms Romsa | 6 | 142 | 119 | 23 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 136 | 128 | 8 |
| | | | | |
| Svalbard | 2 | 14 | 13 | 1 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eit årsverk fast tilsette. [2] Frå 2016 er basisutstillingar og temporære utstillingar slått saman til ny kategori, utstillingar.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.4. Museum[1] og samlingar. Tal på ulike aktivitetar i musea, etter type aktivitet og fylke**

| | Museums-einingar i alt | Tal på opne møte, foredrag, seminar o.l. | Tal på konsertar | Tal på oppsetjingar (skodespel, teater) | Tal på framføringar (skodespel, teater) |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 127 | 5 536 | 1 613 | 250 | 3 116 |
| 2014 | 118 | 5 910 | 1 653 | 300 | 1 940 |
| 2015 | 115 | 6 023 | 1 623 | 278 | 3 095 |
| 2016 | 107 | 6 278 | 1 654 | 274 | 4 639 |
| 2017 | 107 | 6 810 | 1 718 | 272 | 3 839 |
| 2018 | 100 | 7 097 | 1 684 | 287 | 4 920 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Østfold | 2 | 198 | 8 | 2 | 5 |
| Akershus | 3 | 249 | 66 | 17 | 63 |
| Oslo | 17 | 771 | 110 | 85 | 890 |
| Hedmark | 3 | 339 | 82 | 20 | 47 |
| Oppland | 8 | 516 | 77 | 15 | 2 630 |
| Buskerud | 4 | 279 | 69 | 4 | 26 |
| Vestfold | 2 | 131 | 6 | 5 | 27 |
| Telemark | 3 | 245 | 31 | 10 | 12 |
| Aust-Agder | 2 | 105 | 34 | 2 | 5 |
| Vest-Agder | 2 | 195 | 19 | 1 | 16 |
| Rogaland | 7 | 529 | 60 | 10 | 18 |
| Hordaland | 10 | 1 207 | 660 | 10 | 18 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 112 | 21 | 0 | 0 |
| Møre og Romsdal | 6 | 575 | 54 | 10 | 136 |
| Trøndelag | 8 | 509 | 223 | 59 | 548 |
| Nordland | 7 | 547 | 85 | 31 | 683 |
| Troms Romsa | 6 | 210 | 37 | 5 | 62 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 171 | 45 | 4 | 6 |
| | | | | | |
| Svalbard | 2 | 18 | 3 | 0 | 0 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eit årsverk fast tilsette.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.5. Museum[1] og samlingar. Tal på besøk**

| | Einingar i alt | Besøk: I alt | Besøk: Av desse som einskildbesøk | Betalte besøk | Besøk i alt per innbyggjar[2] |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | 1 000 | | |
| 2002 | 274 | 8 336 | 4 128 | 3 872 | 1,8 |
| 2003 | 263 | 8 523 | 4 592 | 4 119 | 1,9 |
| 2004 | 234 | 8 553 | 5 681 | 4 564 | 1,9 |
| 2005 | 188 | 9 061 | 6 344 | 4 732 | 2,0 |
| 2006 | 175 | 9 331 | 6 786 | 4 462 | 2,0 |
| 2007 | 173 | 10 194 | 7 409 | 5 387 | 2,2 |
| 2008 | 166 | 10 196 | 7 553 | 5 055 | 2,2 |
| 2009 | 148 | 10 184 | 7 633 | 4 870 | 2,1 |
| 2010 | 137 | 10 548 | 8 070 | 5 142 | 2,2 |
| 2011 | 134 | 10 574 | 7 925 | 5 703 | 2,1 |
| 2012 | 128 | 10 666 | 7 990 | 5 727 | 2,1 |
| 2013 | 127 | 10 945 | 8 207 | 5 369 | 2,2 |
| 2014 | 118 | 10 862 | 8 278 | 5 918 | 2,1 |
| 2015 | 115 | 11 315 | 8 878 | 5 870 | 2,2 |
| 2016[3] | 107 | 11 217 | 8 884 | 5 597 | 2,0 |
| 2017 | 107 | 11 301 | 8 892 | 5 870 | 2,1 |
| 2018 | 100 | 10 913 | 8 724 | 5 532 | 2,1 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Østfold | 2 | 107 | 90 | 36 | 0,4 |
| Akershus | 3 | 403 | 330 | 116 | 0,7 |
| Oslo | 17 | 4 477 | 3 809 | 2 267 | 6,6 |
| Hedmark | 3 | 247 | 195 | 133 | 1,3 |
| Oppland | 8 | 492 | 387 | 292 | 2,6 |
| Buskerud | 4 | 342 | 286 | 145 | 1,2 |
| Vestfold | 2 | 161 | 124 | 75 | 0,6 |
| Telemark | 3 | 179 | 140 | 110 | 1,0 |
| Aust-Agder | 2 | 68 | 54 | 23 | 0,6 |
| Vest-Agder | 2 | 167 | 110 | 72 | 0,9 |
| Rogaland | 7 | 745 | 530 | 341 | 1,6 |
| Hordaland | 10 | 884 | 675 | 512 | 1,7 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 146 | 128 | 24 | 1,3 |
| Møre og Romsdal | 6 | 390 | 220 | 198 | 1,5 |
| Trøndelag | 8 | 980 | 817 | 567 | 2,1 |
| Nordland | 7 | 478 | 355 | 316 | 2,0 |
| Troms Romsa | 6 | 394 | 288 | 145 | 2,4 |
| Finnmark Finnmárku | 6 | 190 | 145 | 106 | 2,5 |
| | | | | | |
| Svalbard | 2 | 63 | 40 | 53 | - |

[1] Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde over eit årsverk fast tilsette. [2] Frå og med 2010 er innbyggjartala grunna i middelfolkemengde og ikkje på tal per 1. januar. [3] Frå 2016 er fem museum tatt ut av museumspopulasjonen.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.6. Kunstarenaer[1], ulike typer besøk etter fylke i 2018**

| | Talet på kunstarenaer | Besøk i alt | Einskildbesøk | | Gruppebesøk | | Del av besøk med inngangs-pengar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Vaksne | Born og unge | Vaksne | Born og unge | |
| I alt | 61 | 1 790 012 | 1 445 079 | 134 123 | 91 744 | 119 066 | 51,7 |
| | | | | | | | |
| Østfold | 3 | 23 777 | 18 421 | 1 805 | 952 | 2 599 | 33,9 |
| Akershus | 2 | 102 994 | 81 289 | 21 348 | 87 | 270 | 55,4 |
| Oslo | 13 | 935 952 | 828 119 | 62 698 | 9 831 | 35 304 | 59,3 |
| Hedmark | - | - | - | - | - | - | - |
| Oppland | 1 | 28 399 | 21 645 | 3 078 | 645 | 3 031 | 68,8 |
| Buskerud | 5 | 62 018 | 47 896 | 4 054 | 2 130 | 7 938 | |
| Vestfold | 3 | 50 617 | 32 402 | 3 694 | 2 022 | 12 499 | 50,9 |
| Telemark | 5 | 17 095 | 7 322 | 1 669 | 6 876 | 1 228 | 55,0 |
| Aust-Agder | - | - | -- | - | - | - | - |
| Vest-Agder | 1 | 44 490 | 16 574 | 2 790 | 636 | 24 490 | 40,4 |
| Rogaland | 4 | 97 821 | 74 175 | 6 690 | 8744 | 8 212 | 28,2 |
| Hordaland | 5 | 183 025 | 146 689 | 16 796 | 14 022 | 5 518 | 39,3 |
| Sogn og Fjordane | 5 | 12 853 | 8 788 | 657 | 1 713 | 1 695 | 40,0 |
| Møre og Romsdal | 2 | 39 011 | 27 615 | 2 013 | 7 789 | 1 594 | 49,0 |
| Sør-Trøndelag | 2 | 48 469 | 35 129 | 2 935 | 2 360 | 8 045 | 75,5 |
| Nord-Trøndelag | 2 | 25 713 | 21 579 | 954 | 471 | 2 709 | 14,4 |
| Nordland | 1 | 15 254 | 5 634 | 196 | 9 023 | 401 | 92,8 |
| Troms Romsa | 3 | 32 643 | 29 989 | 85 | 470 | 2 099 | 2,5 |
| Finnmark Finnmárku | 2 | 14 918 | 11 516 | 770 | 1 228 | 1 404 | 58,8 |
| | | | | | | | |
| Svalbard | 2 | 54 963 | 30 297 | 1 891 | 22 745 | 30 | 9,8 |

[1] Gjeld museum som har svara at dei formidlar kunst-, kunstindustri- og designhistorie i 2018. Tala i tabellen omfattar dei opne musea.
Kjelde: Kulturrådet

**Tabell 6.7. Museum[1] som er lagde til rette for funksjonshemma**

| | Talet på museum | Er museets lokale lagt til rette for funksjonshemma? | | Er museets formidling lagt til rette for funksjonshemma? | | Følgjer museets heimesider WAI-standarden? | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Ja | Nei | Ja | Nei | Ja | Nei |
| 2010 | 137 | 102 | 35 | 76 | 61 | . | . |
| 2011 | 134 | 97 | 37 | 70 | 64 | . | . |
| 2012 | 128 | 94 | 34 | 82 | 46 | 55 | 73 |
| 2013 | 127 | 93 | 34 | 82 | 45 | 60 | 67 |
| 2014 | 118 | 88 | 30 | 80 | 38 | 46 | 72 |
| 2015 | 115 | 85 | 30 | 72 | 43 | 55 | 60 |
| 2016 | 107 | 81 | 26 | 65 | 42 | 51 | 56 |
| 2017 | 107 | 87 | 20 | 79 | 28 | 52 | 44 |
| 2018 | 100 | 87 | 13 | 77 | 23 | 63 | 34 |

[1] Tala i tabellen omfattar dei musea som var opne for publikum og hadde meir enn eit årsverk fast tilsette.
Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.8. Museum og samlingar. Driftsinntekter og driftskostnader. Millionar kroner**

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftsresultat | 110 | 73 | 156 | 172 | 142 | 235 |
| **Totale driftsinntekter** | **4 186** | **4 417** | **4 781** | **4 914** | **5 155** | **5 436** |
| Totale eigeninntekter | 1 147 | 1 278 | 1 403 | 1 346 | 1 536 | 1 625 |
| Billettinntekter | 269 | 323 | 331 | 351 | 397 | 399 |
| Varer og tenester | 380 | 295 | 313 | 331 | 547 | 512 |
| Sponsorinntekter | 118 | 132 | 67 | 55 | 48 | 62 |
| Gåver | - | - | 93 | 79 | 109 | 211 |
| Andre eigeninntekter | 381 | 529 | 600 | 531 | 435 | 441 |
| Totalt ordinært offentleg driftstilskot | 2 722 | 2 860 | 3 109 | 3 109 | 3 281 | 3 411 |
| Ordinært driftstilskot staten | 1 999 | 2 187 | 2 315 | 2 321 | 2 448 | 2 557 |
| Ordinært driftstilskot fylkeskommune | 325 | 340 | 368 | 373 | 381 | 489 |
| Ordinært driftstilskot kommune | 398 | 333 | 426 | 439 | 453 | 366 |
| Totalt andre offentlege tilskot | 317 | 279 | 269 | 435 | 337 | 400 |
| Andre offentlege tilskot, staten | 187 | 154 | 193 | 333 | 251 | 283 |
| Andre offentlege tilskot, fylke | 105 | 110 | 48 | 64 | 49 | 57 |
| Andre offentlege tilskot, kommune | 24,9 | 15,7 | 27,8 | 38,6 | 37 | 60 |
| **Totale driftskostnader** | **4 075** | **4 344** | **4 625** | **4 743** | **5 014** | **5 201** |
| Varer/ tenester | 360 | 379 | 353 | 367 | 387 | 422 |
| Løn | 2 020 | 2 154 | 2 229 | 2 236 | 2 364 | 2 464 |
| Pensjon | 185 | 203 | 247 | 220 | 236 | 262 |
| Avskrivingar | 72 | 77 | 85 | 98 | 100 | 102 |
| Drift lokale | 157 | 163 | 175 | 176 | 205 | 219 |
| Vedlikehald lokale | 162 | 143 | 183 | 242 | 239 | 205 |
| Husleige | 368 | 440 | 489 | 456 | 509 | 513 |
| Andre driftskostnader | 787 | 832 | 899 | 949 | 973 | 1 013 |
| - Offentlege refusjonar[1] | 36 | 46 | 35 | ..[1] | .. | .. |

[1] Offentlege refusjonar vert ikkje lenger trekte frå driftskostnadene.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.9. Årsverk ved museum og samlingar**

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk i alt | 3 768,1 | 3 842,0 | 3 840,8 | 3 934,2 | 3 977,8 | 3 972,7 | 4 064,8 | 4 052,8 | 4 213,1 | 4 150,9 | 4126,2 | 4 126,2 |
| Årsverk, lønt personale | 3 568,2 | 3 638,6 | 3 633,5 | 3 726,9 | 3 782,4 | 3 778,1 | 3 862,9 | 3 864,6 | 4 015,5 | 3 954,8 | 3 966,8 | 4 056,4 |
| Derav | | | | | | | | | | | | |
| Årsverk, faste stillingar | 2 656,6 | 2 674,9 | 2 715,6 | 2 792,3 | 2 844,0 | 2 868,1 | 2 952,4 | 2 998,7 | 3 085,5 | 3 069,2 | 3 109,6 | 3 169,0 |
| Friviljuge årsverk | 199,9 | 203,4 | 207,3 | 207,4 | 195,4 | 194,6 | 201,7 | 1188,2 | 197,8 | 196,1 | 203,1 | 70,2 |
| **Årsverk, lønt personale[1]** | | | | | | | | | | | | |
| Kvinner | 1 921,9 | 1 908,5 | 1 921,7 | 1 946,3 | 2 006,4 | 2 032,9 | 2 078,2 | 2 110,6 | 2 217,7 | 2 177,3 | 2 221,7 | 2 320,8 |
| Menn | 1 846,2 | 1 730,1 | 1 711,8 | 1 778,9 | 1 776,0 | 1 745,2 | 1 784,2 | 1 753,2 | 1 797,1 | 1 776,9 | 1 744,3 | 1 735,2 |

[1] Frå 2008 er friviljuge årsverk ikkje medrekna.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 6.10. Årsverk, etter type stilling[1]**

| | Dagleg leiar | Kunst- og kulturfagleg personale | Administrativt personale | Teknisk personale |
|---|---|---|---|---|
| 2012 | 153,7 | 1 960,6 | 709,9 | 914,7 |
| 2013 | 151,2 | 2 036,3 | 680,2 | 853,0 |
| 2014 | 148,9 | 2 033,2 | 734,8 | 804,3 |
| 2015 | 169,5 | 2 029,7 | 805,6 | 848,1 |
| 2016 | 139,7 | 2 113,3 | 787,2 | 749,2 |
| 2017 | 139,3 | 2 119,9 | 804,3 | 716,2 |
| 2018 | 137,3 | 2 251,0 | 829,2 | 705,6 |
| | | | | |
| **2018** | | | | |
| Østfold | 2,0 | 44,7 | 15,6 | 14,7 |
| Akershus | 3,0 | 67,2 | 32,1 | 32,6 |
| Oslo | 18,0 | 548,0 | 339,9 | 141,9 |
| Hedmark | 3,0 | 77,7 | 38,1 | 30,5 |
| Oppland | 7,0 | 88,8 | 27,7 | 52,3 |
| Buskerud | 4,0 | 52,1 | 25,2 | 30,2 |
| Vestfold | 9,0 | 46,2 | 14,0 | 9,08 |
| Telemark | 3,0 | 65,6 | 11,8 | 22,6 |
| Aust-Agder | 2,0 | 38,9 | 7,6 | 12,0 |
| Vest-Agder | 10,0 | 45,3 | 8,6 | 7,0 |
| Rogaland | 7,0 | 212,9 | 39,10 | 38,08 |
| Hordaland | 10,0 | 210,1 | 89,0 | 149,7 |
| Sogn og Fjordane | 9,0 | 21,10 | 11,6 | 14,1 |
| Møre og Romsdal | 6,0 | 76,0 | 19,4 | 11,1 |
| Trøndelag | 8,0 | 379,3 | 70,9 | 74,6 |
| Nordland | 7,0 | 106,9 | 36,0 | 44,3 |
| Troms Romsa | 6,0 | 108,3 | 20,0 | 9,2 |
| Finnmark Finnmárku | 6,0 | 60,1 | 20,7 | 9,7 |
| | | | | |
| Svalbard | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 |

[1] Ikkje alle musea rapporterer type stilling.

Kjelde: Museum og samlingar, Statistisk sentralbyrå.

# 7. Bibliotek

Biblioteka er i dag allsidige arenaer og har mange ulike tilbod og arrangement utover utlån av bøker. Nye tenester som er grunna i digitale system er ein viktig del av aktiviteten. Biblioteka, så vel folkebibliotek som fag- og forskingsbibliotek, fungerer òg som læringsarena og arena for kultur og andre arrangement. Sjølv om utlån har ein fallande kurve, så er det framleis dei som utgjer hovudaktiviteten i biblioteka.

## 7.1. Nokre resultat

*Framleis nedgang i utlån av bøker og andre medium*

Tal på førstegongslån av bøker frå folkebiblioteka i 2018 enda på 11,9 millionar bøker, ein marginal auke frå 2017. Det finst tal på førstegongslån frå 2014 og dei viser ein nedgang på 328 000 bøker i perioden fram til 2018. Totalt utlån, det vil seie førstegongslån og fornying, finst det tal på fram til 2016. Det medfører at tal i tabellar og figurar frå og med 2017 er førstegongslån, sjå tabell 7.1, og figur 7.1.

Totalt utlån av andre medium går ned i 2018. Til dømes gjekk utlån av film ned med 212 000 eksemplar og utlån av lydbøker gjekk ned med 177 000 eksemplar frå 2017 til 2018, sjå tabell 7.2. Tal for e-bøker er ikkje tatt med i årets publikasjon då overgang til nye system for nedlasting av e-bøker i mange bibliotek har ført til mangelfulle tal.

*To bøker per innbyggjar*

I 2018 vart gjennomsnittstal på utlån utrekna til 2,2 bøker per innbyggjar, det same som i 2017. Frå og med 2017 omfattar utlån berre førstegongslån. Utlån av bøker per innbyggjar har gått ned jamt og trutt sidan 1999. Då låg talet på 4 bøker i snitt, men inkluderte òg fornyingar, sjå tabell 7.1. Utlån av andre medium hadde ein liten topp i åra 2009 til 2011, men etter den tid har snitt-talet gått ned der òg.

## 7.2. Bibliotekbruk

*Fleire utlån av bøker for born i høve til vaksne*

Det er fleire utlån av bøker for born enn av bøker for vaksne, og i 2018 vart ein million fleire barnebøker enn bøker for vaksne lånt ut. Dette er ein trend som har halde seg dei siste fem åra, medan det i åra frå 1999 og til 2013 vart lånt ut fleire bøker for vaksne samanlikna med bøker for born. Troms og Sogn og Fjordane er dei fylka som har høgst del av utlån av bøker for born i 2018, medan Oppland og Østfold har høgst del av utlån av bøker for vaksne, sjå tabell 7.1.

*Meir skjønnlitteratur enn faglitteratur*

I løpet av dei siste femten åra har fordelinga vore omtrent den same mellom utlån av faglitteratur og utlån av skjønnlitteratur for born. Nær ni av ti førstegongslån av barnelitteratur i 2018 var skjønnlitteratur. Same fordeling var det året før. I 2014 og tidlegare var åtte av ti barnebøker innanfor skjønnlitterær sjanger. Bøker for vaksne har òg hatt fleire utlån av skjønnlitterære bøker i høve til faglitterære bøker, men ikkje like stor del som for born. Seks av ti førstegongslån av bøker for vaksne var skjønnlitteratur i 2018 og omlag same del har det vore dei siste ti åra, sjå tabell 7.1.

**Figur 7.1. Folkebibliotek. Utlån[1] av bøker etter type litteratur**




[1] Frå og med 2017 er tal på utlån i figuren berre førstegongslån og tal kan ikkje fullt ut samanliknast med tidlegare år.
Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

## Folkebibliotek

*Framleis auke i besøka i folkebiblioteka*

I 2018 var det 667 folkebibliotek i Noreg, ein reduksjon med sju bibliotek frå året før. Totalt blei dei norske folkebiblioteka besøkt nær 25 millionar gonger, noko som var ein vekst på 2 prosent frå 2017. I gjennomsnitt var det 4,7 besøk per innbyggjar i Noreg til folkebiblioteka, mot 4,6 i 2017, sjå tabell 7.3.

Dei fleste av fylka har hatt liten endring i besøkstala det siste året. Nokre har noko færre besøk i 2018 i høve til i 2017, medan andre har hatt ein auke. Størst auke har vore i Buskerud. Der var det 1,1 besøk meir per innbyggjar enn i 2017, frå 4,3 til 5,4. Svalbard har det høgste besøkstalet per innbyggjar med 17,4. På fastlandet er det Rogaland som ligg høgst med 6,5 besøk per innbyggjar. Færrast besøk til folkebiblioteka hadde Østfold og Møre og Romsdal, begge fylka med 3,2 besøk per innbyggjar.

**Figur 7.2. Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar, etter fylke. 2018**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

*Bokbestanden gjekk ned i folkebiblioteka*

Bokbestanden i dei 667 folkebiblioteka i 2018 var på 15,2 millionar bøker, ein nedgang på 3,2 prosent frå året før, sjå tabell 7.4. Sidan 2001 har bestanden vorte redusert med 5,5 millionar bøker. Når det gjeld bestanden av musikk har den gått ned kvart år sidan 2012 og ligg no på om lag 440 000. Bestanden av lydbøker og film har auka for kvart år dei siste åra, men i 2018 gjekk bestanden ned. Bestanden av lydbøker gjekk ned med 12 600 frå 2017, til 757 000, og film gjekk ned 4 000, til 842 000.

**Figur 7.3. Folkebibliotek. Bokbestand per 31. desember**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket. KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

*Stadig auke i arrangement*

Bokbestanden går ned i folkebiblioteka og dei fysiske besøka går opp. Ei årsak til auka i besøk er nok først og fremst at talet på arrangement går opp. Arrangementa kan vere både i regi av biblioteket eller i samarbeid med andre, samt andre aktørar som held opne arrangement. Dei ulike arrangementa kan til dømes vera kultur-arrangement, samtale- og debattarrangement og opplæring.

Over 24,8 millionar besøk vart talt opp i 2018 og det var om lag 60 000 arrangement i folkebiblioteka. I høve til året før var det ein auke på 499 000 besøk og nær 10 000 arrangement, sjå tabell 7.5. Tal på deltakarar enda på 1,5 millionar og det var ein auke på 213 000 deltakare, eller 16 prosent, samanlikna med 2017. I snitt var det 26 deltakare på kvart arrangement helde i folkebibliotek. I Østfold og Vest-Agder var det flest deltakare i gjennomsnitt per arrangement med høvesvis 38 og 38 deltakare.

*Folkebibliotek – 3 009 innbyggjarar per årsverk*

I 2018 var det 1 743 årsverk i folkebiblioteka, og det var 10 årsverk færre i høve til året før. Talet gjeld dei årsverka som utfører teneste i biblioteka (ikkje støtte-funksjonar/andre årsverk). I 2018 var det 3 042 innbyggjarar per årsverk, som var 33 fleire i høve til 2017. Løns- og medieutgiftene i folkebiblioteka per innbyggjar var 255 kroner i 2018, noko som var ein auke på 7 kroner samanlikna med året før.

## Fylkesbibliotek

*Utlån frå fylkesbiblioteka går noko opp*

I 2018 enda utlån frå fylkesbibliotek på 281 000, mot 272 300 i 2017. Talet er delt mellom 204 000 eksemplar i direkte utlån og 77 000 i fjernlån frå eigne og primærbiblioteka sine samlingar. Samla utlån har elles gått ned for kvart år sidan 2002 og berre på dei siste sju åra har utlånstalet vorte halvert. Talet på fjernlån gjekk ned med 15 400 einingar frå 2017 medan talet på direkte utlån gjekk opp med 24 000. Delen av utlån til mobile einingar utgjorde 61 prosent av dei direkte utlåna i 2018, sjå tabell 7.8.

Tabellen viser òg at fylkesbiblioteka hadde 151 millionar kroner i brutto driftsutgifter i 2018, om lag 6,7 millionar kroner meir samanlikna med året før. Rekneskapen viser at utgifter til bøker og anna materiell var på om lag 7,0 millionar kroner i 2018, ein liten oppgang på 0,6 millionar kroner frå året før.

## Fengselsbibliotek

*Nedgang i bestanden på fengselsbibliotek*

Det var 40 fengselsbibliotek i Noreg i 2018, eitt bibliotek mindre enn i 2017. Det var til saman 218 800 bøker og audiovisuelle einingar, noko som var ein nedgang på 2 000 einingar frå året før, sjå tabell 7.9. Talet på utlånte einingar enda på 469 900, ein nedgang på 48 700 einingar frå 2017. Tre av fire utlån var utlån av audiovisuelle medium.

## Fag- og forskingsbibliotek

*15,6 millionar bøker og tidsskrifter i fag- og forskingsbiblioteka*

Fag- og forskingsbiblioteka hadde 45 millionar fysiske einingar i 2018. Av desse var det 15,7 millionar bøker og periodika og som utgjorde 35 prosent av dei totale fysiske einingane, sjå tabell 7.10. Dei største samlingane av bøker og tidsskrifter finst på bibliotek ved universitet og høgskular. Desse biblioteka hadde 9,6 millionar, eller 61 prosent, av alle bøker og tidsskrifter til saman i 2018, sjå figur 7.4. Nasjonalbiblioteket hadde 3,8 millionar bøker og periodika, noko som svarar til 24 prosent av totalen.

**Figur 7.4. Fag- og forskingsbibliotek. Bøker og periodika, etter bibliotektype. 2018. Prosent**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

*1,4 millionar utlån*

Tabell 7.10 viser tal for bestand og noko av aktivitetane i fag- og forskingsbiblioteka. Talet på utlån i fysisk form, nærare bestemt effektuerte utlån (gjeld førstegongslån) frå biblioteka sine eigne samlingar enda på 1,4 millionar i 2018. I tillegg var det 274 000 effektuerte fjernlån til andre bibliotek. Brorparten av dei effektuerte utlåna var ved biblioteka ved universitet og høgskular, med 88 prosent av det samla talet for utlån.

*Stadig auke i talet på nedlastingar*

I tillegg til utlånsaktiviteten i fag- og forskingsbiblioteka viser statistikken òg noko av den digitale bruken ved desse biblioteka. Talet på nedlastingar har auka jamt dei siste åra og i 2018 vart det til saman lasta ned over 47 millionar dokument frå fag- og forskingsbiblioteka i Noreg. Det gjeld både nedlastingar frå fulltekstdatabasar og frå institusjonsarkiv. Ein fulltekstdatabase er ei samling av originaldokument der heile eller delar av dokumentet er elektronisk tilgjengeleg. Eit dokument kan mellom anna vere bøker, periodika, rapportar og artiklar i tidsskrifter. Institusjonsarkiv er eit ope tilgjengeleg arkiv for lagring av ein institusjon eller ei gruppe av institusjonar sine publikasjonar i elektronisk utgåve. Det kan omfatte doktoravhandlingar, studentoppgåver, ulike typar vitskapelege publikasjonar, forskingsrapportar med meir.

Det var totalt 2 071 tilsette ved fag- og forskingsbiblioteka i Noreg i 2018 og til saman vart det utført 1 584 årsverk. 94 prosent av årsverka var knytt til ein bibliotekfagleg stilling.

*Ei av fire kroner brukt på innkjøp av materiale til samlingane*

Fag- og forskingsbiblioteka brukte til saman 566 millionar kroner til innkjøp av materiale til samlingane i 2018. Dette utgjer 26 prosent av dei samla utgiftene som enda på 2,2 milliardar kroner, og det er 14 millionar mindre enn i 2017. Dei samla inntektene til fag- og forskingsbiblioteka enda på 2,2 milliardar kroner i 2018 og var ein nedgang på 48 millionar kroner i høve til 2017.

83 prosent av det totale beløpet som vart brukt til innkjøp av materiale gjekk til bibliotek ved universitet og høgskular. Spesialbibliotek og bibliotek ved helseinstitusjonar brukte 37 prosent av deira utgifter på innkjøp av materiale. Biblioteka ved universitet og høgskular brukte 33 prosent av utgifta på innkjøp av materiale til samlingane.

### Skulebibliotek

*Skulebiblioteka med stabil bokbestand*

Siste tilgjengelege tal for skulebibliotek for grunnskule og vidaregåande skule er frå 2017 då skulebibliotekstatistikken for 2018 ikkje er ferdig utarbeidd. Skulebiblioteka har hatt om lag same nivå på sin bokbestand dei siste tre åra og i 2017 var bokbestanden på til saman 14,4 millionar bøker. Talet gjeld bokbestandane i både grunnskular og vidaregåande skular.

For biblioteka i grunnskulen var det ein oppgang i bokbestanden frå 2016 til 2017 med 190 500 bøker. Det er ein liten nedgang i bestanden per elev, frå 22,9 til 22,1. Tilbodet av bøker til elevane har lege på om lag det same nivået dei siste tre åra før 2017, nær 23 bøker per elev, sjå tabell 7.11.

Bokbestanden i vidaregåande skule hadde ein auke på 15 000 bøker frå 2016 til 2017, medan tala per elev viser ein liten nedgang. Det var 16,9 bøker per elev i 2017 mot 17,1 året før. Samstundes auka talet på utlån per elev, frå 4,5 utlån i 2016 til 4,7 i 2017. Totalt utlån auka med fem prosent, der auka kjem frå utlån av audiovisuelle medium medan utlån av bøker gjekk ned, sjå tabell 7.12.

## 7.3. Pliktavlevering

*Færre pliktavleveringar, men talet er ikkje samanliknbart med tidlegare år*

Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg. I 2018 vart det registrert 574 millionar avleveringar av materiale til Nasjonalbiblioteket, sjå tabell 7.13. Norske vevdokument utgjer største delen av det pliktavleverte materialet, men talet for 2018 er ikkje samanliknbart med tidlegare år. Dette skyldast overgangen til ny innhaustingsplattform for internettressursar og ei stans i innhaustinga. I 2017 var det i underkant av 2,4 milliardar pliktavleverte vevdokument, medan det var 3,5 milliardar i 2016, ein nedgang på 32 prosent mellom desse to åra.

Talet på anna avlevert materiale gjekk opp i 2018. Held vi vevdokument utanfor var det samla talet på 280 000 pliktavleveringar, altså ein auke på om lag 12 100 samanlikna med 2017. Både bøker og e-bøker opplevde stigning med høvesvis 69 og 487 fleire avleverte eksemplar, men det var talet på filer for digitalt fjernsyn som auka mest i høve til året før, med 2 661 fleire avleveringar.

Talet på pliktavleverte filer til digital radio gjekk opp til 131 400 filer i 2018, 7 300 fleire enn i 2017.

## 7.4. Om statistikken

Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for innsamling av statistikk for dei ulike biblioteka: folkebiblioteka, fylkesbiblioteka, skulebiblioteka, fengselsbiblioteka og mobile einingar, samt frå fag- og forskingsbiblioteka. Statistikken for folkebibliotek er heimla i Lov om folkebibliotek (Lovdata 2019a). Statistikken for fag- og forskingsbibliotek viser verksemda til biblioteka, mellom anna om bok- og mediebestand, utlån, besøk og kostnader.

All statistikk om biblioteka si verksemd har vore ein del av kulturstatistikken i Statistisk sentralbyrå (SSB) sidan 1982.

### Omfang og publisering

*Folkebibliotek*

Alle folkebiblioteka er med i folkebibliotekstatistikken. For 2018 var det til saman 667 folkebibliotekavdelingar (hovudbibliotek og filialar til saman). Hovudbiblioteket i kommunen er rapporterande eining. Det hender frå år til år at nokre kommunar ikkje leverer statistikk, medan nokre kommunar leverer ufullstendig statistikk. Delar av folkebibliotekstatistikken vert publiserte på SSB sine Internettsider gjennom KOSTRA, førebelse tal 15. mars og endelege tal 15. juni (SSB 2019a).

*Skulebibliotek*

Skulebibliotekstatistikken omfattar bibliotek ved offentlege og private (offentleg godkjende) vidaregåande skular og bibliotek i grunnskulen. 2018-tala for skulebibliotek ved grunnskulen og den vidaregåande skulen er ikkje oppdaterte.

*Fag- og forskingsbibliotek*

Det einskilde bibliotek er kjelde for sine data og statistikken vert henta inn til Nasjonalbiblioteket ved hjelp av eit elektronisk skjema på internett. Ein har prøvd å lage statistikkskjemaet med tanke på at data skal vere tilgjengelege i dei bibliotekfaglege systema, til dømes BIBSYS og ALMA. Undersøkinga er meint å dekkje heile sektoren. 137 bibliotek har rapportert for 2018.

Fag- og forskingsbibliotek vert publisert som eigen statistikk i SSB (SSB 2019b).

### Datakjelder og datainnsamling

Det er Nasjonalbiblioteket som i det store og heile handsamar og kvalitetssikrar folkebibliotekstatistikken, medan SSB er engasjert i dette arbeidet når det gjeld statistikken for fag- og forskingsbiblioteka. SSB får ei elektronisk fil frå Nasjonalbiblioteket og går gjennom kvaliteten før data vert publiserte.

### Omgrep og definisjonar

*Besøk*

- *Folkebibliotekstatistikken* – Eit bibliotekbesøk vil seie at ein person går inn i lokala til folkebiblioteket for å nytte tilbodet til biblioteket. Rutinane til folkebiblioteka for registrering/teljing av besøk kan variere noko. Det er to måtar å telje besøk i folkebiblioteka på:

  a) Manuell teljing to veker i året (stikkprøveteljing). Frå denne teljinga utreknar ein det årlege talet på besøk etter ein gjeve formel forklart i rettleiinga.
  b) Mekanisk/automatisk teljing. Tala kan vere noko usikre og manuell teljing kan nyttast for å korrigere eventuelle feilkjelder. Ein reknar jamvel med at tala på besøk er truverdige.

- *Fag- og forskingsbibliotekstatistikken* – Eit besøk vert definert som ein person som kjem til biblioteket for å nytte samlingane eller tenestene (ISO 2.2.40). Talet på registrerte besøk er grunna i teljeapparat. Kvar bibliotekeining rapporterer registrerte besøk, sjå Rettleiing til statistikk om fag- og forskingsbibliotek under *Om statistikken* for Fag- og forskingsbibliotek (SSB 2019b).

*Andre omgrep*

- *Periodika* – Publikasjonar som vert gjeve ut med jamne eller ujamne mellomrom med same tittel. Dei einskilde einingane i seriane har eit nummer og/eller ein dato for utgjeving. Omfattar mellom anna tidsskrifter, nyhendebrev, aviser, vekeblad, årbøker, notat- og rapportseriar, samt nettsider.

- *Institusjonsarkiv* – Eit ope tilgjengeleg arkiv for lagring av ein institusjon eller ei gruppe av institusjonar sine publikasjonar i elektronisk utgåve. Det kan omfatte doktoravhandlingar, studentoppgåver, ulike typar vitskapelege publikasjonar, forskingsrapportar med meir.

*Utlån*

- *Folkebibliotekstatistikken* – Ein tel utlån av medium frå den faste bestanden ved avdelinga og frå sirkulasjons- eller depotsamlingar. Dette inkluderer utlån til andre bibliotek ved fjernlån. I bibliotek med fotomekanisk utlånssystem eller som ikkje fører ein spesifisert utlånsstatistikk, kan stadfesting av utlån til born/vaksne og på dei einskilde medium gjerast ved stikkprøveundersøkingar, sjå Rettleiing til statistikk om kulturtilbod under *Om statistikken* for Kulturtilbod (SSB 2019a).

- *Fag- og forskingsbibliotekstatistikken* – Lån frå eiga samling er utlån til einskildpersonar og institusjonar (ikkje bibliotek). Lån til andre avdelingar (hushaldslån) vert ikkje talde. Lokale kopiar vert heller ikkje talde. Det vert skilt mellom førstegongslån og fornying. Fjernlån er lån/kopi til eit anna bibliotek under anna administrativ eining, medan innlån er lån frå eit anna bibliotek under anna administrativ eining, sjå Rettleiing til statistikk om fag- og forskingsbibliotek under *Om statistikken* for Fag- og forskingsbibliotek (SSB 2019b).

## Pliktavlevering

Tal på pliktavlevering i dette kapittelet vert innhenta frå Nasjonalbiblioteket som er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg.

Pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket er regulert i eiga lov, Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument, pliktavleveringsloven (Lovdata 2019b). Alle dokumenta som er laga for spreiing ut over ein privat krins, er avleveringspliktige uavhengig av medietype. Formålet med lov om pliktavlevering er å tryggje avleveringa av dokument med allmenn tilgjengeleg informasjon til nasjonale samlingar, slik at det vert mogleg å ta vare på desse vitnemåla om norsk kultur og samfunnsliv og gjere dei tilgjengelege som kjeldemateriale for forsking og dokumentasjon (Nasjonalbiblioteket 2019).

Småtrykk i statistikken for det pliktavleverte materialet er den typen materiale som går inn i den såkalla Småtrykksamlinga. I denne samlinga vert dokumenta grupperte etter utgjevar, og dei einskilde dokumenta vert ikkje gitt ei bibliografisk forklaring. Småtrykk er reklametrykk, brosjyrar, katalogar, programmer, kalender og liknande publikasjonar.

*Avlevering av kringkasting*

Etter pliktavleveringslova skal Nasjonalbiblioteket ta imot alt Norsk rikskringkasting (NRK) sender, både rikssendingar og lokalsendingar. Nasjonalbiblioteket kan krevje avlevering frå andre kanalar som har konsesjon i Noreg. Førebels vert det kravd inn frå riksdekkjande sendingar, dvs. TV2, TVNorge, P4 og Radio Norge. Lokal-TV leverer inn fem veker i året; dei med vekenummer som endar på 0. Dokumenta skal avleverast utan vederlag. Nasjonalbiblioteket tek imot pliktavleverte opptak frå norske kringkastarar, arkiverer dei og gjer kopiar tilgjengelege for forsking og dokumentasjon innanfor rammene av pliktavleveringslova og dei opphavsrettslege reglane som gjeld til kvar tid.

### Referansar

Lovdata (2019a): LOV-1985-12-20-108: Lov om folkebibliotek (folkebibliotekloven). https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108

Lovdata (2019b): LOV-1989-06-09-32: Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova). https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-09-32?q=pliktavleveringsloven

Nasjonalbiblioteket: https://www.nb.no/

Statistisk sentralbyrå (2019a): Kulturtilbod. https://www.ssb.no/kultur_kostra

Statistisk sentralbyrå (2019b): Fag- og forskingsbibliotek. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/ffbibl

**Tabell 7.1. Folkebibliotek. Utlån av bøker, etter fylke**

| | Utlån (førstegongslån og fornying) i alt | Derav førstegongslån | Per innbyggjar[1] | Utlån bøker for vaksne | | | Utlån bøker for born | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | I alt | Fag-litteratur | Skjønn-litteratur | I alt | Fag-litteratur | Skjønn-litteratur |
| 1999 | 18 522 095 | .. | 4,2 | 10 875 116 | 5 220 853 | 5 654 263 | 7 646 979 | 1 439 765 | 6 207 214 |
| 2001 | 17 898 878 | .. | 4,0 | 10 686 812 | 4 987 725 | 5 699 087 | 7 212 066 | 1 343 978 | 5 868 088 |
| 2003 | 18 361 942 | .. | 4,0 | 10 766 452 | 4 977 985 | 5 788 467 | 7 595 490 | 1 435 071 | 6 160 419 |
| 2005 | 17 897 958 | .. | 3,9 | 10 065 467 | 4 617 521 | 5 447 946 | 7 832 491 | 1 394 038 | 6 438 453 |
| 2006 | 17 238 496 | .. | 3,7 | 9 637 697 | 4 254 801 | 5 382 896 | 7 600 799 | 1 317 497 | 6 283 302 |
| 2007 | 16 954 660 | .. | 3,6 | 9 410 966 | 4 059 449 | 5 351 517 | 7 543 694 | 1 271 162 | 6 272 532 |
| 2008 | 17 107 927 | .. | 3,6 | 9 387 638 | 4 002 438 | 5 385 200 | 7 720 289 | 1 278 465 | 6 441 824 |
| 2009 | 17 283 494 | .. | 3,6 | 9 451 331 | 3 945 724 | 5 505 607 | 7 832 163 | 1 273 357 | 6 558 806 |
| 2010 | 17 184 397 | .. | 3,5 | 9 190 205 | 3 786 090 | 5 404 115 | 7 994 192 | 1 275 745 | 6 718 447 |
| 2011 | 17 085 783 | .. | 3,4 | 8 941 477 | 3 651 508 | 5 289 969 | 8 144 306 | 1 270 437 | 6 873 869 |
| 2012 | 16 944 281 | .. | 3,4 | 8 724 891 | 3 471 590 | 5 253 301 | 8 219 390 | 1 293 586 | 6 925 804 |
| 2013 | 16 787 344 | .. | 3,3 | 8 460 890 | 3 408 396 | 5 052 494 | 8 326 454 | 1 281 385 | 7 045 069 |
| 2014 | 16 755 804 | 12 219 252 | 3,3 | 8 318 458 | 3 291 230 | 5 027 228 | 8 437 346 | 1 278 094 | 7 159 252 |
| 2015 | 16 796 801 | 12 195 366 | 3,3 | 8 146 831 | 3 199 911 | 4 946 920 | 8 649 970 | 1 254 250 | 7 395 720 |
| 2016 | 16 785 735 | 12 001 543 | 3,2 | 8 012 449 | 3 072 265 | 4 940 184 | 8 773 286 | 1 215 234 | 7 558 052 |
| 2017[2] | .. | 11 867 797 | 2,2 | 5 560 554 | 1 953 972 | 3 606 582 | 6 307 243 | 858 895 | 5 448 348 |
| 2018 | .. | 11 891 369 | 2,2 | 5 421 184 | 1 917 195 | 3 503 989 | 6 470 185 | 865 213 | 5 604 972 |
| | | | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | | | |
| Østfold | .. | 617 266 | 2,1 | 311 653 | 99 379 | 212 274 | 305 613 | 41 777 | 263 836 |
| Akershus | .. | 1 324 257 | 2,1 | 610 606 | 256 175 | 354 431 | 713 651 | 76 842 | 636 809 |
| Oslo | .. | 1 243 293 | 1,8 | 545 869 | 255 723 | 290 146 | 697 424 | 89 718 | 607 706 |
| Hedmark | .. | 497 056 | 2,5 | 246 770 | 89 288 | 157 482 | 250 286 | 39 221 | 211 065 |
| Oppland | .. | 498 613 | 2,6 | 267 600 | 93 334 | 174 266 | 231 013 | 32 197 | 198 816 |
| Buskerud | .. | 535 498 | 1,9 | 251 121 | 75 336 | 175 785 | 284 377 | 38 220 | 246 157 |
| Vestfold | .. | 697 471 | 2,8 | 339 226 | 115 348 | 223 878 | 358 245 | 45 787 | 312 458 |
| Telemark | .. | 410 732 | 2,4 | 199 557 | 61 874 | 137 683 | 211 175 | 27 462 | 183 713 |
| Aust-Agder | .. | 265 839 | 2,3 | 119 346 | 37 631 | 81 715 | 146 493 | 17 938 | 128 555 |
| Vest-Agder | .. | 535 573 | 2,9 | 239 294 | 77 113 | 162 181 | 296 279 | 36 068 | 260 211 |
| Rogaland | .. | 1 130 732 | 2,4 | 451 470 | 146 468 | 305 002 | 679 262 | 89 522 | 589 740 |
| Hordaland | .. | 1 111 700 | 2,1 | 497 559 | 187 056 | 310 503 | 614 141 | 89 528 | 524 613 |
| Sogn og Fjordane | .. | 310 628 | 2,8 | 119 113 | 34 677 | 84 436 | 191 515 | 27 261 | 164 254 |
| Møre og Romsdal | .. | 562 529 | 2,1 | 266 910 | 63 983 | 202 927 | 295 619 | 41 150 | 254 469 |
| Trøndelag | .. | 1 192 672 | 2,6 | 517 303 | 172 132 | 345 171 | 675 369 | 93 281 | 582 088 |
| Nordland | .. | 479 530 | 2,0 | 240 572 | 75 035 | 165 537 | 238 958 | 34 663 | 204 295 |
| Troms Romsa | .. | 356 581 | 2,1 | 139 127 | 57 299 | 81 828 | 217 454 | 35 663 | 181 791 |
| Finnmark Finnmárku | .. | 121 399 | 1,6 | 58 088 | 19 344 | 38 744 | 63 311 | 8 915 | 54 396 |

[1] Utlån per innbyggjar er rekna på tal frå fastlands-Noreg og ikkje med Svalbard. [2] Frå og med 2017 er tal på utlån berre førstegongslån. Tal for 2017 og 2018 kan difor ikkje fullt ut samanliknast med tidlegare år.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.2. Folkebibliotek. Utlån av andre medium[1] og nedlastingar e-bøker, etter fylke**

| | Lydbøker | Musikk | Film | Andre fysiske medium | Nedlastingar e-bøker, born og vaksne[2] |
|---|---|---|---|---|---|
| 2016 | 1 200 594 | 216 802 | 1 958 509 | 566 427 | 567 977 |
| 2017 | 1 058 634 | 175 915 | 1 701 217 | 552 120 | 642 294 |
| 2018 | 881 487 | 132 448 | 1 490 963 | 546 802 | .. |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Østfold | 45 549 | 2 206 | 96 565 | 35 548 | .. |
| Akershus | 113 298 | 11 017 | 167 825 | 62 003 | .. |
| Oslo | 67 046 | 37 013 | 166 189 | 19 204 | .. |
| Hedmark | 37 637 | 4 634 | 59 109 | 14 088 | .. |
| Oppland | 47 956 | 1 405 | 61 589 | 26 046 | .. |
| Buskerud | 48 310 | 3 809 | 62 481 | 24 965 | .. |
| Vestfold | 53 727 | 5 270 | 81 725 | 20 958 | .. |
| Telemark | 34 101 | 3 885 | 52 569 | 13 458 | .. |
| Aust-Agder | 23 082 | 1 319 | 32 120 | 24 353 | .. |
| Vest-Agder | 36 163 | 726 | 80 290 | 25 758 | .. |
| Rogaland | 74 523 | 12 397 | 168 930 | 56 461 | .. |
| Hordaland | 76 696 | 28 672 | 137 534 | 42 234 | .. |
| Sogn og Fjordane | 17 313 | 787 | 22 812 | 17 260 | .. |
| Møre og Romsdal | 43 598 | 1 516 | 53 262 | 37 453 | .. |
| Trøndelag | 86 187 | 12 310 | 146 960 | 65 668 | .. |
| Nordland | 43 055 | 2 358 | 62 280 | 22 506 | .. |
| Troms Romsa | 23 290 | 2 542 | 29 882 | 27 279 | .. |
| Finnmark Finnmárku | 9 956 | 582 | 8 841 | 11 560 | .. |

[1] Ikkje registrert ved alle biblioteka. [2] Tal for e-bøker er ikkje tatt med i årets tabell då overgang til nye system for nedlasting av e-bøker har ført til mangelfulle tal.
Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.3. Folkebibliotek. Besøk totalt og besøk per innbyggjar[1], etter fylke**

| | Besøk totalt | | | | | | Besøk per innbyggjar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| **Totalt** | **21 331 536** | **21 906 269** | **22 404 180** | **23 947 593** | **24 325 416** | **24 861 513** | **4,2** | **4,2** | **4,3** | **4,6** | **4,6** | **4,7** |
| | | | | | | | | | | | | |
| Østfold | 897 913 | 867 309 | 915 459 | 908 810 | 957 621 | 943 372 | 3,2 | 3,0 | 3,2 | 3,1 | 3,2 | 3,2 |
| Akershus | 2 296 153 | 2 445 606 | 2 409 518 | 2 416 390 | 2 507 501 | 2 364 995 | 4,0 | 4,2 | 4,1 | 4,0 | 4,1 | 3,8 |
| Oslo | 2 097 515 | 2 150 078 | 2 158 313 | 2 467 859 | 2 590 268 | 2 837 732 | 3,3 | 3,3 | 3,3 | 3,7 | 3,8 | 4,2 |
| Hedmark | 890 805 | 992 837 | 917 286 | 932 286 | 990 181 | 965 471 | 4,6 | 5,1 | 4,7 | 4,8 | 5,0 | 4,9 |
| Oppland | 872 635 | 873 710 | 861 777 | 854 807 | 863 554 | 752 576 | 4,6 | 4,6 | 4,6 | 4,5 | 4,5 | 4,0 |
| Buskerud | 1 090 912 | 1 067 667 | 1 083 494 | 1 487 419 | 1 223 478 | 1 537 920 | 4,0 | 3,9 | 3,9 | 5,3 | 4,3 | 5,4 |
| Vestfold | 1 107 220 | 1 101 494 | 1 005 789 | 1 048 801 | 1 086 549 | 1 055 087 | 4,6 | 4,5 | 4,5 | 4,7 | 4,8 | 4,7 |
| Telemark | 728 361 | 767 680 | 730 666 | 747 776 | 726 796 | 698 516 | 4,2 | 4,5 | 4,2 | 4,3 | 4,2 | 4,0 |
| Aust-Agder | 496 067 | 512 793 | 502 433 | 530 346 | 495 512 | 562 773 | 4,4 | 4,5 | 4,3 | 4,5 | 4,2 | 4,8 |
| Vest-Agder | 1 095 938 | 1 130 530 | 1 076 441 | 1 156 029 | 963 577 | 1 163 045 | 6,1 | 6,3 | 5,9 | 6,3 | 5,2 | 6,2 |
| Rogaland | 2 240 794 | 2 31 898 | 3 009 421 | 2 973 390 | 3 342 397 | 3 072 658 | 4,9 | 5,9 | 6,4 | 6,3 | 6,9 | 6,5 |
| Hordaland | 2 003 142 | 1 982 418 | 2 220 499 | 2 281 897 | 2 224 538 | 2 164 492 | 4,0 | 3,9 | 4,3 | 4,4 | 4,3 | 4,1 |
| Sogn og Fjordane | 519 236 | 494 529 | 463 066 | 515 907 | 518 790 | 556 474 | 4,8 | 4,5 | 4,2 | 4,7 | 4,7 | 5,1 |
| Møre og Romsdal | 831 322 | 820 431 | 806 746 | 802 634 | 833 581 | 850 007 | 3,2 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 3,1 | 3,2 |
| Sør-Trøndelag | 1 511 275 | 1 424 061 | 1 443 328 | 1 391 985 | 1 476 128 | . | 4,9 | 4,6 | 4,7 | 4,4 | 4,6 | . |
| Nord-Trøndelag | 650 169 | 587 064 | 653 286 | 1 173 002 | 1 066 907 | . | 4,8 | 4,3 | 4,8 | 8,5 | 7,7 | . |
| Trøndelag | . | . | . | . | . | 2 686 842 | . | . | . | . | . | 5,8 |
| Nordland | 788 127 | 782 964 | 1 014 346 | 1 036 748 | 1 275 412 | 1 499 373 | 3,3 | 3,2 | 4,2 | 4,3 | 5,2 | 6,2 |
| Troms Romsa | 905 969 | 896 498 | 872 438 | 943 200 | 910 538 | 893 536 | 5,6 | 5,5 | 5,3 | 5,7 | 5,5 | 5,3 |
| Finnmark Finnmárku | 307 983 | 276 702 | 259 874 | 278 307 | 272 088 | 256 644 | 4,1 | 3, | 3,4 | 3,7 | 3,6 | 3,4 |

[1] Kvart år er det nokre bibliotek som ikkje rapporterer tal på besøk.
Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.4. Folkebibliotek. Bøker og anna fysisk materiale, etter fylke**

| | Bibliotek i alt[1] | Bokbestand per 31.12. i alt | Aviser og tidsskrifter | Fonogram | | Film | Andre medium |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | Musikk | Lydbøker | | |
| 2001 | 974 | 20 642 273 | 42 093 | 330 268 | 285 627 | 240 526 | 478 852 |
| 2003 | 892 | 20 488 405 | 40 751 | 371 837 | 359 769 | 309 222 | 451 843 |
| 2005 | 832 | 20 060 340 | 36 158 | 447 621 | 448 245 | 407 827 | 478 966 |
| 2006 | 815 | 19 923 195 | 34 866 | 470 286 | 489 429 | 460 442 | 481 253 |
| 2007 | 807 | 19 738 178 | 34 447 | 508 922 | 536 492 | 500 752 | 469 114 |
| 2008 | 798 | 19 538 744 | 32 382 | 548 014 | 575 931 | 538 221 | 500 990 |
| 2009 | 784 | 19 266 727 | 32 402 | 594 101 | 603 236 | 576 088 | 511 416 |
| 2010 | 768 | 19 051 387 | 29 646 | 644 644 | 630 330 | 614 773 | 491 058 |
| 2011 | 744 | 18 618 559 | 29 619 | 675 697 | 654 793 | 659 061 | 504 353 |
| 2012 | 742 | 18 256 014 | 28 011 | 678 683 | 687 012 | 708 818 | 554 585 |
| 2013 | 715 | 17 721 712 | 27 784 | 650 328 | 712 412 | 760 002 | 544 580 |
| 2014 | 686 | 17 074 620 | 27 859 | 616 220 | 732 305 | 800 201 | 518 163 |
| 2015 | 676 | 16 595 136 | 37 723 | 568 101 | 751 352 | 828 335 | 493 770 |
| 2016 | 676 | 16 080 207 | 26 389 | 531 534 | 765 389 | 841 138 | 477 050 |
| 2017 | 674 | 15 659 466 | 19 906 | 483 173 | 769 775 | 846 400 | 486 327 |
| 2018 | 667 | 15 169 764 | 19 069 | 442 393 | 757 131 | 842 243 | 484 531 |
| | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | |
| Østfold | 22 | 606 776 | 869 | 9 230 | 32 612 | 38 512 | 12 563 |
| Akershus | 33 | 1 012 634 | 1 816 | 30 111 | 67 609 | 75 701 | 32 643 |
| Oslo | 20 | 941 277 | 960 | 53 506 | 27 047 | 47 955 | 22 097 |
| Hedmark | 28 | 795 109 | 1 277 | 22 029 | 35 298 | 36 778 | 50 431 |
| Oppland | 38 | 857 053 | 1 097 | 9 050 | 45 051 | 40 314 | 11 753 |
| Buskerud | 33 | 569 748 | 610 | 17 990 | 39 318 | 40 405 | 21 959 |
| Vestfold | 15 | 560 880 | 796 | 16 378 | 31 603 | 35 290 | 17 635 |
| Telemark | 27 | 748 163 | 697 | 24 495 | 34 885 | 42 650 | 25 656 |
| Aust-Agder | 19 | 372 984 | 572 | 3 721 | 18 383 | 18 845 | 6 964 |
| Vest-Agder | 32 | 592 584 | 740 | 5 560 | 31 224 | 37 187 | 15 267 |
| Rogaland | 48 | 1 265 416 | 1 299 | 67 804 | 65 215 | 86 466 | 60 472 |
| Hordaland | 60 | 1 251 840 | 1 652 | 69 151 | 61 358 | 70 658 | 70 732 |
| Sogn og Fjordane | 52 | 786 505 | 980 | 11 939 | 31 009 | 36 217 | 9 840 |
| Møre og Romsdal | 51 | 1 090 244 | 1 208 | 11 571 | 53 200 | 48 139 | 19 124 |
| Trøndelag | 68 | 1 503 155 | 1 630 | 45 685 | 90 043 | 81 481 | 49 134 |
| Nordland | 62 | 1 166 996 | 1 477 | 25 287 | 54 120 | 59 065 | 29 586 |
| Troms Romsa | 36 | 568 811 | 885 | 9 045 | 20 552 | 27 997 | 19 830 |
| Finnmark Finnmárku | 22 | 460 698 | 466 | 9 830 | 17 546 | 16 868 | 8 621 |
| | | | | | | | |
| Svalbard | 1 | 18 891 | 38 | 11 | 1 058 | 1 715 | 224 |

[1] Inkludert hovudbibliotek.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket. KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.5. Aktivitet i folkebibliotek. Besøk, arrangement og tal på deltakare på arrangement, etter fylke**

| | Fysiske besøk i folkebibliotek | Tal på arrangement | Tal på deltakare på arrangement |
|---|---|---|---|
| 2016 | 23 947 593 | 47 076 | 1 170 538 |
| 2017 | 24 325 416 | 49 835 | 1 326 173 |
| 2018 | 24 861 513 | 59 874 | 1 541 506 |
| | | | |
| **2018** | | | |
| Østfold | 943 372 | 1 729 | 58 903 |
| Akershus | 2 364 995 | 4 994 | 137 351 |
| Oslo | 2 837 732 | 9 193 | 210 768 |
| Hedmark | 965 471 | 2 700 | 67 065 |
| Oppland | 752 576 | 2 414 | 66 390 |
| Buskerud | 1 537 920 | 2 668 | 63 340 |
| Vestfold | 1 055 087 | 2 209 | 56 504 |
| Telemark | 698 516 | 1 280 | 28 373 |
| Aust-Agder | 562 773 | 1 871 | 43 738 |
| Vest-Agder | 1 163 045 | 1 438 | 54 180 |
| Rogaland | 3 072 658 | 5 106 | 169 301 |
| Hordaland | 2 164 492 | 5 550 | 123 636 |
| Sogn og Fjordane | 556 474 | 1 093 | 28 988 |
| Møre og Romsdal | 850 007 | 2 260 | 54 203 |
| Trøndelag | 2 686 842 | 7 201 | 197 042 |
| Nordland | 1 499 373 | 4 103 | 100 598 |
| Troms Romsa | 893 536 | 2 538 | 50 491 |
| Finnmark Finnmárku | 256 644 | 1 527 | 30 635 |

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.6. Folkebibliotek. Bøker for vaksne og born, etter fylke**

| | Bøker for vaksne | | | Bøker for born | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Faglitteratur | Skjønnlitteratur | I alt | Faglitteratur | Skjønnlitteratur |
| 1999 | 14 892 045 | 6 815 455 | 8 076 590 | 5 895 727 | 1 210 673 | 4 685 054 |
| 2001 | 14 694 512 | 6 849 363 | 7 845 149 | 5 947 761 | 1 248 998 | 4 698 763 |
| 2003 | 14 395 902 | 6 697 422 | 7 698 480 | 6 092 503 | 1 317 898 | 4 774 605 |
| 2005 | 13 935 928 | 6 537 282 | 7 398 646 | 6 124 412 | 1 339 501 | 4 784 911 |
| 2006 | 13 746 458 | 6 416 206 | 7 330 252 | 6 176 737 | 1 350 669 | 4 826 068 |
| 2007 | 13 531 279 | 6 299 185 | 7 232 094 | 6 206 899 | 1 353 134 | 4 853 765 |
| 2008 | 13 327 904 | 6 196 286 | 7 131 618 | 6 210 840 | 1 349 917 | 4 860 923 |
| 2009 | 13 009 085 | 6 084 397 | 6 924 688 | 6 257 642 | 1 368 108 | 4 889 534 |
| 2010 | 12 762 393 | 5 910 589 | 6 851 804 | 6 288 994 | 1 389 986 | 4 899 008 |
| 2011 | 12 353 439 | 5 738 075 | 6 615 364 | 6 265 120 | 1 388 711 | 4 876 409 |
| 2012 | 11 988 046 | 5 624 978 | 6 363 068 | 6 267 968 | 1 380 441 | 4 887 527 |
| 2013 | 11 445 884 | 5 367 714 | 6 078 170 | 6 275 828 | 1 358 231 | 4 917 597 |
| 2014 | 11 063 887 | 5 234 055 | 5 829 832 | 6 010 733 | 1 314 210 | 4 696 523 |
| 2015 | 10 604 934 | 4 979 582 | 5 625 352 | 5 990 202 | 1 297 712 | 4 692 490 |
| 2016 | 10 172 578 | 4 762 020 | 5 410 558 | 5 907 629 | 1 258 337 | 4 649 292 |
| 2017 | 9 807 110 | 4 569 261 | 5 237 849 | 5 833 924 | 1 217 366 | 4 616 558 |
| 2018 | 9 463 329 | 4 395 632 | 5 067 697 | 5 687 544 | 1 183 749 | 4 503 795 |
| | | | | | | |
| **2018** | | | | | | |
| Østfold | 385 153 | 182 841 | 202 312 | 221 623 | 44 842 | 176 781 |
| Akershus | 626 175 | 293 254 | 332 921 | 386 459 | 74 320 | 312 139 |
| Oslo | 537 561 | 321 555 | 216 006 | 403 716 | 84 982 | 318 734 |
| Hedmark | 534 415 | 253 535 | 280 880 | 260 694 | 59 646 | 201 048 |
| Oppland | 565 900 | 253 965 | 311 935 | 291 153 | 63 131 | 228 022 |
| Buskerud | 342 329 | 154 608 | 187 721 | 227 419 | 47 506 | 179 913 |
| Vestfold | 354 774 | 175 411 | 179 363 | 206 106 | 41 427 | 164 679 |
| Telemark | 505 555 | 238 832 | 266 723 | 242 608 | 51 049 | 191 559 |
| Aust-Agder | 236 167 | 101 881 | 134 286 | 136 817 | 28 571 | 108 246 |
| Vest-Agder | 349 018 | 153 929 | 195 089 | 243 566 | 45 761 | 197 805 |
| Rogaland | 731 129 | 352 544 | 378 585 | 534 287 | 113 914 | 420 373 |
| Hordaland | 756 432 | 364 390 | 392 042 | 495 408 | 105 836 | 389 572 |
| Sogn og Fjordane | 471 516 | 188 503 | 283 013 | 314 989 | 64 931 | 250 058 |
| Møre og Romsdal | 710 907 | 304 353 | 406 554 | 379 337 | 80 450 | 298 887 |
| Trøndelag | 935 805 | 328 576 | 516 891 | 567 350 | 116 140 | 451 210 |
| Nordland | 770 685 | 328 576 | 442 109 | 396 311 | 80 562 | 315 749 |
| Troms Romsa | 342 185 | 171 602 | 170 583 | 226 626 | 48 005 | 178 621 |
| Finnmark Finnmárku | 307 623 | 136 939 | 170 684 | 153 075 | 32 676 | 120 399 |

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.7. Folkebibliotek. Løns- og medieutgifter (1 000 kr), etter fylke**

| | Lønsutgifter | Medieutgifter |
|---|---|---|
| 2016 | 1 143 777 | 134 636 |
| 2017 | 1 171 126 | 136 838 |
| 2018 | 1 219 831 | 133 433 |
| | | |
| **2018** | | |
| Østfold | 62 371 | 6 621 |
| Akershus | 135 249 | 13 907 |
| Oslo | 156 765 | 10 351 |
| Hedmark | 51 411 | 5 889 |
| Oppland | 48 655 | 7 009 |
| Buskerud | 63 312 | 6 304 |
| Vestfold | 60 611 | 6 727 |
| Telemark | 45 639 | 5 032 |
| Aust-Agder | 29 231 | 3 236 |
| Vest-Agder | 45 982 | 5 727 |
| Rogaland | 113 837 | 13 089 |
| Hordaland | 112 685 | 12 484 |
| Sogn og Fjordane | 28 954 | 4 680 |
| Møre og Romsdal | 52 033 | 6 880 |
| Trøndelag | 94 002 | 11 347 |
| Nordland | 54 994 | 7 057 |
| Troms Romsa | 37 529 | 4 464 |
| Finnmark Finnmárku | 26 571 | 2 629 |

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 7.8. Fylkesbibliotek. Utlån og rekneskap**

| | Utlån | | | | Rekneskap | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Samla utlån (fjernlån og direkte utlån) | Fjernlån frå eigne og primær-biblioteka sine samlingar | Direkte utlån, totalt[1] | Derav utlån frå mobile einingar | Brutto driftsutgifter | Utgifter til bøker og anna materiell |
| | | | | | 1 000 kroner | |
| 2000 | 824 147 | 224 560 | - | 432 009 | 95 884 | 11 667 |
| 2001 | 808 578 | 220 743 | - | 430 857 | 101 510 | 12 335 |
| 2002 | 823 574 | 220 124 | - | 449 789 | 104 001 | 11 274 |
| 2003 | 821 513 | 208 193 | - | 471 764 | 112 094 | 10 391 |
| 2004 | 755 857 | 200 326 | - | 427 073 | 113 264 | 10 167 |
| 2005 | 707 471 | 195 042 | - | 366 328 | 111 429 | 9 823 |
| 2006 | 651 419 | 176 082 | - | 348 016 | 105 383 | 9 924 |
| 2007 | 638 897 | 175 932 | - | 343 484 | 121 793 | 10 456 |
| 2008 | 633 249 | 188 822 | - | 342 137 | 119 501 | 9 197 |
| 2009 | 603 752 | 177 549 | 426 203 | 305 305 | 126 918 | 8 988 |
| 2010 | 543 548 | 198 709 | 344 839 | 233 119 | 126 924 | 8 261 |
| 2011 | 502 468 | 188 529 | 313 939 | 215 585 | 134 590 | 7 952 |
| 2012 | 463 430 | 161 337 | 302 093 | 206 744 | 137 827 | 7 553 |
| 2013 | 448 738 | 165 203 | 283 535 | 184 874 | 143 743 | 9 975 |
| 2014 | 407 289 | 151 823 | 255 466 | 192 707 | 149 886 | 8 307 |
| 2015 | 333 536 | 128 240 | 205 296 | 134 840 | 140 867 | 5 928 |
| 2016 | 307 558 | 118 620 | 188 938 | 102 033 | 145 785 | 6 643 |
| 2017 | 272 278 | 92 452 | 179 826 | 101 912 | 144 809 | 6 342 |
| 2018 | 281 000 | 77 017 | 203 983 | 125 198 | 151 471 | 6 981 |
| | | | | | | |
| **2018** | | | | | | |
| Østfold | 5 806 | - | 5 806 | - | 6 175 | 59 |
| Akershus | 112 515 | 37 738 | 74 777 | 59 477 | 15 517 | 997 |
| Hedmark | - | - | - | - | 5 538 | 99 |
| Oppland | 11 720 | - | 11 720 | 11 720 | 7 490 | 78 |
| Buskerud | 11 831 | - | 11 831 | - | 8 399 | 214 |
| Vestfold | - | - | - | - | 6 901 | 60 |
| Telemark | - | - | - | - | 5 666 | 145 |
| Aust-Agder | - | - | - | - | 5 888 | 342 |
| Vest-Agder | - | - | - | - | 4 165 | 69 |
| Rogaland | - | - | - | - | 6 620 | 620 |
| Hordaland | 12 007 | - | 12 007 | 9 822 | 9 640 | 344 |
| Sogn og Fjordane | 10 321 | - | 10 321 | - | 7 332 | 56 |
| Møre og Romsdal | - | - | - | - | 11 137 | 10 |
| Trøndelag | 56 753 | 15 558 | 41 195 | 16 214 | 16 722 | 1 189 |
| Nordland | 33 757 | 18 802 | 14 955 | 9 709 | 14 107 | 1 218 |
| Troms Romsa | 22 918 | 4 069 | 18 849 | 18 256 | 12 707 | 1 352 |
| Finnmark Finnmárku | 3 372 | 850 | 2 522 | - | 7 466 | 126 |

[1] Inkluderer utlån av klassesett, depot-utlån, utlån frå mobile einingar, til institusjonar og fengsel.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 7.9. Fengselsbibliotek[1]. Bestand og utlån**

| | Fengsels-bibliotek, i alt | Bøker og AV-medium i alt | Utlån | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | I alt | Faglitteratur | Skjønnlitteratur | AV-medium | Per innsett |
| 2001 | 14 | 74 299 | 129 658 | 67 888 | 42 081 | 19 689 | 89,2 |
| 2002 | 15 | 76 998 | 136 630 | 66 355 | 50 931 | 19 344 | 86,4 |
| 2003 | 15 | 77 966 | 139 460 | 65 493 | 47 799 | 26 168 | 86,7 |
| 2004 | 15 | 80 466 | 158 573 | 72 985 | 49 477 | 36 111 | 100,1 |
| 2005 | 13 | 80 785 | 144 711 | 59 536 | 38 508 | 46 667 | 87,3 |
| 2006 | 15 | 88 128 | 141 895 | 61 441 | 34 476 | 45 978 | 77,4 |
| 2007 | 15 | 95 713 | 166 412 | 67 817 | 37 715 | 60 880 | 92,3 |
| 2008 | 22 | 117 323 | 200 301 | 60 551 | 40 370 | 99 380 | 86,4 |
| 2009 | 23 | 123 914 | 241 318 | 66 997 | 46 895 | 127 426 | 100,2 |
| 2010 | 27 | 141 020 | 256 583 | 60 132 | 50 351 | 146 100 | 97,8 |
| 2011 | 36 | 173 857 | 330 432 | 57 390 | 54 581 | 218 461 | 104,9 |
| 2012 | 40 | 190 918 | 365 745 | 67 277 | 50 889 | 247 579 | 111,6 |
| 2013 | 40 | 199 126 | 370 401 | 63 685 | 54 632 | 252 084 | 113,9 |
| 2014 | 40 | 196 174 | 407 077 | 59 546 | 52 941 | 294 590 | 121,2 |
| 2015 | 40 | 200 277 | 471 768 | 68 285 | 54 044 | 349 439 | 139,1 |
| 2016 | 41 | 199 309 | 519 993 | 72 653 | 52 943 | 388 937 | 155,4 |
| 2017 | 41 | 220 891 | 518 635 | 77 603 | 48 093 | 389 051 | 155,9 |
| 2018 | 40 | 218 853 | 469 953 | 73 742 | 42 419 | 353 792 | 148,3 |

[1] Nokre bibliotektenester grunna i heilt eller delvis på depot frå folkebiblioteket.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 7.10. Fag- og forskingsbibliotek. Hovudtabell. 2018[1]**

| | I alt | Nasjonal-biblioteket | Bibliotek ved universitet og høgskular[2] | Spesialbibliotek og bibliotek ved helseinstitusjonar |
|---|---|---|---|---|
| **Bibliotek i alt** | **137** | **1** | **32** | **104** |
| | | | | |
| **Samlingar** | | | | |
| Fysiske einingar | 45 496 060 | 32 617 095 | 10 035 992 | 2 842 973 |
| Bøker og periodika, talet på bind i alt | 15 664 722 | 3 800 442 | 9 612 302 | 2 251 978 |
| Derav | | | | |
| Brutto tilvekst | 764 116 | 630 621 | 107 286 | 26 209 |
| Manuskript | 16 068 098 | 16 000 000 | 8 679 | 59 419 |
| Musikaliar | 279 814 | 81 288 | 193 164 | 5 362 |
| AV-dokument | 4 336 689 | 4 116 507 | 198 464 | 21 718 |
| Anna bibliotekmateriale | 9 146 737 | 8 618 858 | 23 383 | 504 496 |
| **Løpande periodikatitlar** | | | | |
| Tidsskrifter, trykte | 18 135 | 3 861 | 8 440 | 5 834 |
| Aviser, trykte | 2 169 | 241 | 1 599 | 329 |
| **Utlån** | | | | |
| Effektuerte utlån, frå eiga samling | 1 381 471 | 69 725 | 1 215 926 | 95 820 |
| Effektuerte utlån, fjernlån | 273 896 | 159 233 | 107 257 | 7 406 |
| Fjernlån, fornying | .. | .. | .. | .. |
| Fornying frå eiga samling | .. | .. | .. | .. |
| **Innlån** | | | | |
| Utsende tingingar | 99 789 | 3 868 | 80 060 | 15 861 |
| Innlån[3] i alt, fysiske einingar | 100 016 | 8 190 | 76 141 | 15 685 |
| **Nedlastingar** | | | | |
| Nedlastingar frå fulltekstdatabasar | 22 192 357 | .. | 21 727 864 | 464 493 |
| Nedlastingar frå institusjonsarkiv | 24 963 928 | .. | 22 919 004 | 2 044 924 |
| **Personale** | | | | |
| Talet på tilsette i alt | 2 071 | 512 | 1 295 | 264 |
| Derav | | | | |
| ..Bibliotekfagleg stilling | 1 966 | 512 | 1 245 | 209 |
| ..Anna stilling | 104 | - | 50 | 54 |
| | | | | |
| Utførte årsverk i alt | 1 584 | 407 | 946 | 231 |
| Derav | | | | |
| Bibliotekfagleg stilling | 1 481 | 407 | 900 | 174 |
| Anna stilling | 103 | - | 46 | 57 |
| **Økonomi** | | | | |
| Utgifter, i alt (i 1 000 kr) | 2 192 626 | 531 964 | 1 413 526 | 247 136 |
| Derav | | | | |
| Innkjøp av materiale til samlingane | 566 034 | 6 205 | 467 600 | 92 229 |
| Inntekter, i alt (i 1 000 kr) | 2 079 308 | 526 402 | 1 385 159 | 167 747 |

[1] Frå 2017 til 2018 fekk fleire institusjonar endra type-tilhøyring. I same periode gjekk fire bibliotek permanent ut av populasjonen. I 2019 er det seks bibliotek som ikkje har levert tal til statistikken for 2018. Tala for 2018 vil dermed ikkje være direkte samanliknbare med føregåande år. [2] Medrekna bibliotek ved universitet, vitskapelege høgskular og andre høgskular. [3] Tal på fornying er ikkje inkludert.

Kjelde: Fag- og forskingsbibliotek, Statistisk Sentralbyrå.

**Tabell 7.11. Skulebibliotek. Grunnskular. Bokbestand og utlån, etter fylke[1,2]**

| | Bokbestand | |
|---|---|---|
| | I alt | Per elev |
| 2002 | 8 690 591 | 15,1 |
| 2004 | 8 997 164 | 17,3 |
| 2005 | 8 864 430 | 16,7 |
| 2006 | 9 497 960 | 17,5 |
| 2007 | 9 459 703 | 18,8 |
| 2008 | 9 918 321 | 19,4 |
| 2009 | 10 030 268 | 20,2 |
| 2010 | 10 094 757 | 20,1 |
| 2011 | 10 508 800 | 20,8 |
| 2012 | 10 754 900 | 21,7 |
| 2014 | 10 806 825 | 22,8 |
| 2015 | 11 130 334 | 22,6 |
| 2016 | 11 064 198 | 22,9 |
| 2017 | 11 254 698 | 22,1 |
| | | |
| **2017** | | |
| Østfold | 602 816 | 19,8 |
| Akershus | 1 495 094 | 20,6 |
| Oslo | 834 171 | 14,6 |
| Hedmark | 472 019 | 27,2 |
| Oppland | 417 612 | 25,2 |
| Buskerud | 379 181 | 18,8 |
| Vestfold | 671 449 | 26,2 |
| Telemark | 217 543 | 19,3 |
| Aust-Agder | 332 644 | 24,1 |
| Vest-Agder | 586 092 | 26,8 |
| Rogaland | 1 328 805 | 25,1 |
| Hordaland | 1 204 906 | 23,2 |
| Sogn og Fjordane | 191 838 | 20,9 |
| Møre og Romsdal | 530 156 | 19,1 |
| Trøndelag | 1 232 675 | 27,6 |
| Nordland | 322 533 | 21,6 |
| Troms Romsa | 325 761 | 31,0 |
| Finnmark Finnmárku | 109 403 | 22,1 |

[1] Tabellen femner skular som hadde eige skulebibliotek eller skulebibliotek i kombinasjon med folkebibliotek. [2] Tal for 2013 og 2018 er ikkje publiserte.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket

**Tabell 7.12. Skulebibliotek[1]. Vidaregåande skular. Bokbestand og utlån, etter fylke**

| | Bokbestand | | Utlån | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Per elev | I alt | Utlån bøker | Utlån AV-medium og anna | Per elev |
| 1999 | 2 193 001 | 13,7 | 655 217 | 615 342 | 42 125 | 4,1 |
| 2001 | 2 302 735 | 14,7 | 724 526 | 661 115 | 63 411 | 4,6 |
| 2002 | 2 447 234 | 15,3 | 723 673 | 650 895 | 72 778 | 4,5 |
| 2004 | 2 624 550 | 16,2 | 787 369 | 651 439 | 135 930 | 4,9 |
| 2005 | 2 653 179 | 16,1 | 794 472 | 641 155 | 151 317 | 4,8 |
| 2006 | 2 795 873 | 16,3 | 830 898 | 662 028 | 168 870 | 4,8 |
| 2007 | 2 931 060 | 16,5 | 929 734 | 688 762 | 240 972 | 5,2 |
| 2008 | 2 955 550 | 16,7 | 980 813 | 708 553 | 272 260 | 5,6 |
| 2009 | 3 169 403 | 17,5 | 1 120 715 | 765 853 | 354 862 | 6,2 |
| 2010 | 3 201 050 | 17,7 | 1 090 670 | 753 030 | 337 640 | 6,0 |
| 2011 | 3 382 351 | 17,9 | 1 088 385 | 807 763 | 280 622 | 5,8 |
| 2012 | 3 345 028 | 17,8 | 1 057 033 | 806 937 | 250 096 | 5,6 |
| 2013[2] | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| 2014 | 3 448 793 | 18,1 | 1 036 011 | 844 972 | 191 039 | 5,4 |
| 2015 | 3 230 235 | 17,3 | 1 036 011 | 701 609 | 162 089 | 4,6 |
| 2016 | 3 165 453 | 17,1 | 835 665 | 683 627 | 152 038 | 4,5 |
| 2017 | 3 180 246 | 16,9 | 875 545 | 675 221 | 200 324 | 4,7 |
| | | | | | | |
| **2017** | | | | | | |
| Østfold | 194 668 | 17,4 | 64 935 | 47 800 | 17 135 | 5,8 |
| Akershus | 404 920 | 16,6 | 125 120 | 98 541 | 26 579 | 5,1 |
| Oslo | 165 374 | 11,7 | 60 646 | 52 334 | 8 312 | 4,3 |
| Hedmark | 111 389 | 16,1 | 34 304 | 19 190 | 15 114 | 5,0 |
| Oppland | 88 472 | 12,0 | 21 681 | 17 483 | 4 198 | 2,9 |
| Buskerud | 126 762 | 14,8 | 45 235 | 40 637 | 4 598 | 5,3 |
| Vestfold | 158 057 | 16,6 | 44 625 | 39 134 | 5 491 | 4,7 |
| Telemark | 106 502 | 17,5 | 27 331 | 18 090 | 9 241 | 4,5 |
| Aust-Agder | 70 337 | 14,6 | 13 942 | 11 751 | 2 191 | 2,9 |
| Vest-Agder | 104 955 | 14,9 | 36 684 | 19 083 | 17 601 | 5,2 |
| Rogaland | 303 029 | 16,1 | 78 383 | 58 620 | 19 763 | 4,2 |
| Hordaland | 246 815 | 12,1 | 46 027 | 39 401 | 6 626 | 2,3 |
| Sogn og Fjordane | 64 264 | 14,6 | 5 643 | 5 159 | 484 | 1,3 |
| Møre og Romsdal | 159 785 | 17,8 | 34 970 | 26 207 | 8 763 | 3,9 |
| Sør-Trøndelag | 172 663 | 16,5 | 40 808 | 31 456 | 9 352 | 3,9 |
| Nord-Trøndelag | 98 034 | 14,4 | 39 602 | 34 423 | 5 179 | 5,8 |
| Nordland | 280 817 | 31,2 | 86 931 | 63 870 | 23 061 | 9,7 |
| Troms Romsa | 209 154 | 33,8 | 54 665 | 39 577 | 15 088 | 8,8 |
| Finnmark Finnmárku | 114 249 | 37,0 | 14 013 | 12 465 | 1 548 | 4,5 |

[1] Nokre skular har ikkje bibliotek og nokre skular har ikkje levert data. Svarprosenten ligg på om lag 90 prosent, men kan variere noko frå år til år. [2] Tal for 2013 og 2018 er ikkje publiserte.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 7.13. Pliktavlevering av materiale til Nasjonalbiblioteket**

| | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **964 633 802** | **5 213 805 757** | **7 696 276 940** | **3 453 263 279** | **2 363 267 720** | **573 743 792** |
| | | | | | | |
| Norske vevdokument[1] | 964 400 000 | 5 213 538 187 | 7 696 000 000 | 3 453 000 000 | 2 363 000 000 | 573 464 00 |
| Periodika, løpande | 10 480 | 10 053 | 10 053 | 8 283 | 7 957 | 7 213 |
| Bøker | 10 238 | 10 100 | 10 863 | 9 298 | 10 074 | 10 143 |
| Nettmonografiar, E-bøker | 2 048 | 4 688 | 2 911 | 3 192 | 4 114 | 4 601 |
| Videoar | 439 | 194 | 126 | 201 | 267 | 69 |
| Film | 253 | 238 | 186 | 169 | 167 | 206 |
| **Kombidokument** | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| Lydbøker | 347 | 334 | 206 | 277 | 335 | 234 |
| Småtrykk | 16 740 | 16 505 | 15 111 | 12 880 | 12 686 | 13 722 |
| Postkort | 1 006 | 1 413 | 495 | 64 | 214 | 842 |
| Plakatar | 1 418 | 1 836 | 1 263 | 1 064 | 1 070 | 839 |
| Kringkasta materiale | - | - | - | - | .. | .. |
| Digital radio, talet på filer | 87 490 | 120 679 | 133 079 | 129 917 | 124 090 | 131 385 |
| Digital fjernsyn, talet på filer | 101 009 | 98 935 | 99 995 | 95 827 | 104 540 | 107 201 |
| Notetrykk | 204 | 423 | 185 | 352 | 322 | 393 |
| Kart | 233 | 161 | 266 | 319 | 151 | 347 |
| Innspela musikk | 1 643 | 1 755 | 1 945 | 1 190 | 1 487 | 2 350 |
| Cd-Rom og diskettar | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| Aviser | 254 | 256 | 256 | 246 | 247 | 247 |

[1] På grunn av overgang til ny innhaustingsplattform for internettressursar i 2018 og ei stans i innhaustinga er ikkje dette talet samanliknbart med åra før.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

# 8. Arkiv

## 8.1. Ivaretaking

*Totalt 571 000 hyllemeter arkivmateriale*

Arkivstatistikken for 2018 omfattar 144 institusjonar som tek vare på historiske arkiv. Dei norske arkivinstitusjonane, bibliotek og museum tok vare på 571 083 hyllemeter med arkivmateriale. 91 prosent av dette vert teke vare på i arkivinstitusjonar. Arkivverket bevarte 47 prosent av den samla mengda arkiv. Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar bevarte 42 prosent, medan museum og bibliotek tok vare på 9 prosent av den samla mengda arkivmateriale i 2018. Attverande arkivmateriale vart oppbevart av andre arkivinstitusjonar, sjå tabell 8.1 og figur 8.1.

**Figur 8.1. Bestand i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum. 2018. Hyllemeter i prosent**




[1] Inkl. Stortingsarkivet. [2] Inkl. Nasjonalbiblioteket og mindre lokalhistoriske arkiv/samlingar.
Kjelde: Arkivverket.

## 8.2. Avlevering

I 2018 fekk dei arkivbevarande institusjonane samla sett avlevert 23 778 hyllemeter papirbasert arkivmateriale for bevaring. Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar stod for heile 75 prosent av tilveksten. Det var 417 606 hyllemeter, eller 73 prosent av papirbasert bestand i 2018, som var ordna. Tilveksten av ordna bestand var på 17 032 hyllemeter og utgjorde 72 prosent av den totale tilveksten.

*Arkiv frå verksemder, organisasjonar og einskildpersonar utgjer om lag 22 prosent*

Samla arkivmengde som er privatarkiv er på 125 498 hyllemeter, om lag 22 prosent av den totale bestanden. Tilveksten av privatarkiva utgjer 4 757 hyllemeter, eller om lag 20 prosent av den samla tilveksten for 2018 (Arkivverket 2019).

Det er i talet på einskildarkiv bevart om lag like mange privatarkiv som offentlege arkiv. Men mange av desse arkiva er svært små, og vi veit at mange bevarte arkiv berre utgjer delar av arkiv. Det er òg ei skeivfordeling i det som er bevart både geografisk og sektormessig. Privatarkiv vert bevart i til saman 136 bevaringsinstitusjonar – 28 arkivinstitusjonar, 65 museum, 10 fagbibliotek, 22 folkebibliotek og 11 lokalhistoriske samlingar. Mengda i institusjonane varierer frå 1 hyllemeter til 37 200 hyllemeter i Arkivverket (Arkivverket 2019). Målt i hyllemeter oppbevarer Arkivverket 30 prosent av privatarkivmaterialet,

kommunearkivinstitusjonane i overkant av 25 prosent og musea i overkant av 23 prosent, sjå figur 8.2.

**Figur 8.2. Privatarkivbestand i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum. 2018. Hyllemeter i prosent**




[1] Inkl. Stortingsarkivet. [2] Inkl. Nasjonalbiblioteket og mindre lokalhistoriske arkiv/samlingar.
Kjelde: Arkivverket.

Det er relativt få institusjonar som bevarer ein viss storleik av privatarkiv. Dei 25 største institusjonane bevarer 85 prosent av materialet, altså 106 670 hyllemeter av totalen på 125 498 hyllemeter per 2018. Dei største einskildinstitusjonane for privatarkiv er Arkivverket, Bergen byarkiv/ArkiVest og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark).

## 8.3. Publisering

Trass i at 78 prosent av einskildarkiva er registrert i fagsystemet Asta (de facto fagsystem for informasjon om arkiv i Noreg), er berre 53 prosent publiserte på Arkivportalen.no. Dette er ein auke frå 48 prosent i 2017. Arkivportalen.no er den nasjonale søkjetenesta for informasjon om einskildarkiv (metadata og opplysningar om innhaldet i arkiva) for alle typar arkivbrukarar. Arkivverket har publisert informasjon om 98 prosent av sine einskildarkiv, medan prosentdelen som i snitt er publisert, er 52 prosent for dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane og berre 20 prosent for musea og 11 prosent for biblioteka, sjå tabell 8.2.

## 8.4. Digitalt skapte arkiv

Dei siste 20-25 åra er dei fleste nye arkiva skapte digitalt. Svært få av desse er overførte til depot. I alt 2 680 uttrekk[6] er overførte frå offentleg sektor og 260 frå privat sektor til depot (Arkivverket 2019).

## 8.5. Digitalisering

I 2018 vart det oppbevart nær 43 millionar foto i arkiva, medrekna arkiv i museum og bibliotek, sjå tabell 8.3. 830 000 av desse var digitalt skapte (Arkivverket 2019). Fototala for *museum* i arkivstatistikken gjeld berre foto i privatarkiva som musea

[6] Eit "uttrekk" er ein arkivdel med informasjon som er overført frå eit opphavleg datasystem til ein struktur eigna for langtidslagring.

har ansvar for. Statistiske opplysningar om resten av fotosamlingane i musea kjem fram av tabell 7.2 til museumsstatistikken.

*84 millionar sider digitalisert papirbasert arkivmateriale*

Digitalisert papirbasert materiale gjeld digitalisering av mellom anna protokollar, folketeljingar, kyrkjebøker, saksmapper og teikningar. Det var registrert 84 millionar sider digitalisert papirbasert arkivmateriale i 2018, ein auke på 11 millionar frå 2017. 68 prosent av dette var registrert i Arkivverket, og 31 prosent i kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar, sjå tabell 8.3.

Institusjonane oppbevarte nær 2 millionar digitaliserte foto[7]. Musea og dei kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonane hadde flest digitaliserte foto. Institusjonane hadde 6 356 digitaliserte film- og videoopptak, samt 71 304 digitaliserte lydopptak. Musea hadde flest digitaliserte film- og videoopptak, samt flest digitaliserte lydopptak, sjå tabell 8.3.

## 8.6. Arkivbesøk

*24 100 besøkte lesesalane ved arkivinstitusjonane*

I 2018 vart det totalt registrert 24 100 lesesalbesøk på statlege, kommunale, fylkeskommunale og andre arkivinstitusjonar. Arkivverket hadde flest lesesalvitjingar med 14 800 besøkande på lesesal. Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar hadde nesten 7 700 lesesalvitjingar medan andre arkivinstitusjonar hadde 1 600 besøkande, sjå tabell 8.4.

Arkivinstitusjonane rapporterte ca. 2,3 millionar unike besøkande på nettstadene sine i 2018. Besøkande på Arkivverket sin nettstad (inkl. Digitalarkivet) stod for 44 prosent av talet på besøkande på nettstader, sjå tabell 8.4 og 8.5. Ein del kommunale og fylkeskommunale institusjonar har ikkje rapportert, kan hende fordi dei er del av større nettstader og har problem med å skilje ut sin del.

I arkivinstitusjonane var det 52 100 førespurnader om innsyn og bruk frå publikum i 2018, ein tydeleg auke frå 2017 med 9 900 fleire, sjå tabell 8.4. Av desse vart 21 100 førespurnadene retta til kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar, og 29 300 vart tekne imot av Arkivverket[8]. Det vart utført like over 700 årsverk ved arkivinstitusjonane i 2018, sjå tabell 8.4. Dessutan vart 35 og 50 arkivfaglege årsverk utførte i høvesvis bibliotek og museum (Arkivverket 2019).

*Digitalarkivet.no hadde 1 million unike besøkande og 5,9 millionar besøk*

Det er framleis høg interesse for digitalisert arkivmateriale. I 2018 vart det på Digitalarkivet.no registrert 1 millionar unike besøkande fordelte på 5,9 millionar besøk, og i overkant av 141 millionar nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder. Talet på søk (nedlastingar) frå Digitalarkivet var 39,7 millionar, sjå tabell 8.5.

## 8.7. Om statistikken

Arkivstatistikken omfattar 144 institusjonar som tek vare på historiske arkiv. 29 av desse er arkivfaglege institusjonar – organisasjonar som har som kjerneoppgåve å ta vare på og forvalte arkiv og gjere desse tilgjengelege for brukarane. 67 er museum og 48 er bibliotek (inkl. fag- og folkebibliotek (til dømes Nasjonalbiblioteket) og lokalhistoriske samlingar).

[7] Reduksjonen frå 2017 skyldast i hovudsak at Nasjonalbiblioteket ikkje har oppgitt tal for digitalisert arkivmateriale for 2018.

[8] Frå og med 2018 gjev Arkivverket opp totale tal på førespurnader – både førespurnader som går til Publikumsavdelinga (innsyn) og førespurnader som går til andre delar av etaten (til dømes førespurnader om rettleiing i dokumentasjonsforvaltning).

*Arkiv* Eit arkiv (einskildarkiv) er dokument som er resultat av verksemda til arkivskaparen. Dokumenta i arkivet er laga av, har kome inn til eller er samla av ein einskild arkivskapar som eit ledd i verksemda hans. Offentlege verksemder skaper offentlege arkiv, medan privatarkiv vert skapte av private verksemder, som til dømes ei bedrift, ein organisasjon (foreining, lag), ein person eller ein privat institusjon. Det er pålagd etter lova å bevare offentlege arkiv, medan privatarkiv er friviljug å ta vare på.

*Arkivmateriale* Eit arkiv kan omfatte ulike materialtypar og dokument i ulike format, til dømes papir, lydband, videoband, foto eller datauttrekk lagra på magnetband, CD eller på harddisk. Arkivet kan innehalde til dømes møtebøker, protokollar, inngåande og utgåande korrespondanse, rekneskap, medlemslister og manuskript. Papirbasert arkivbestand vert målt i hyllemeter. I tillegg kjem elektronisk materiale, som vert målt i uttrekk, som er ein eksport av det interne databaseinnhaldet i eit system til ein annan struktur som er meir eigna for langtidsbevaring i digitalt depot.

*Arkivinstitusjonar* Arkivverket omfattar Riksarkivet, åtte statsarkiv, Samisk arkiv og Norsk helse-arkiv. Fylkeskommunale og kommunale arkivinstitusjonar er by- og fylkesarkiv og interkommunale arkivinstitusjonar – i alt 23. Andre arkivinstitusjonar er til dømes Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Misjons- og diakoniarkivet, VID mfl. – i alt fem.

*Arkivbevarande institusjonar* Arkivinstitusjonar, museum og bibliotek.

*Arkivstatistikk* Alle tala for 2018 er innhenta frå Arkivverket. Tala for 2013 i tabell 8.1 er både frå Arkivverket og frå Kulturrådet (bibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum). I 2008 og 2009 vart tala henta frå arkivstatistikken i ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum som publiserte denne statistikken. Frå og med 2009 omfatta arkivstatistikken alle arkivbevarande institusjonar, både reine arkivfaglege institusjonar, bibliotek, museum og andre som tek vare på arkiv. Frå 2010 vart ansvaret for arkivstatistikken flytta til Kulturrådet. Frå 2013 var det Arkivverket som har ansvaret for det meste av arkivstatistikken, medan arkivstatistikken for bibliotek, fag- og forskingsbibliotek og museum framleis var tillagt Kulturrådet. Frå og med 2014 har all innsamlinga av arkivstatistikk vorte overført til Arkivverket.

## Referansar

Arkivverket (2015): Arkivstatistikk 2008-2015. https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tidligere-ar--publikasjoner-og-radata

Arkivverket (2016): Arkivstatistikk 2016. https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tall-fra-2016-abm

Arkivverket (2018): Arkivstatistikk 2017. https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tall-og-analyser-fra-2017

Arkivverket (2019): Arkivstatistikk 2018. https://www.arkivverket.no/arkivutvikling/tall-og-data-statistikk/arkivstatistikken-amb/tal-og-analyser-fra-2018

Digitalarkivet: https://www.digitalarkivet.no

**Tabell 8.1. Arkivbestand i arkivinstitusjonar, bibliotek og museum**

| | Arkiv-bevarande institusjonar i alt | Papir-basert bestand i hyllemeter | Tilvekst papirbasert bestand i hyllemeter | Ordna bestand | Tilvekst ordna bestand | Privatarkiv-bestand i hyllemeter | Privatarkiv ordna i hyllemeter | Elek-troniske arkiv[1] i alt | Elek-troniske arkiv, privatarkiv |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2008 | 130 | 374 179 | 13 261 | .. | .. | 73 173 | .. | .. | .. |
| 2009 | 135 | 392 620 | 19 857 | 277 500 | 6 150 | 80 961 | 48 285 | .. | .. |
| 2010 | 142 | 414 221 | 11 489 | 141 455 | 7 380 | 87 607 | 37 377 | .. | .. |
| 2011[2] | 213 | 451 875 | 10 321 | 255 874 | 5 167 | 95 172 | 40 769 | .. | .. |
| 2012 | 216 | 478 848 | 17 288 | 265 673 | 6 722 | 98 620 | 46 150 | .. | .. |
| 2013 | 208 | 493 175 | 20 568 | 348 420 | 12 215 | 102 704 | 55 980 | .. | .. |
| 2014 | 191 | 504 925 | 28 987 | 367 854 | 13 207 | 109 801 | 73 176 | 1 860 | 11 |
| 2015 | 143 | 508 650 | 19 438 | 344 759 | 14 488 | 110 507 | 73 882 | 2 174 | 30 |
| 2016 | 144 | 532 053 | 17 046 | 371 962 | 10 855 | 117 181 | 78 565 | 2 519 | 205 |
| 2017 | 146 | 551 460 | 18 435 | 400 141 | 14 368 | 121 725 | 80 903 | 2 683 | 237 |
| 2018 | 144 | 571 083 | 23 778 | 417 606 | 17 032 | 125 498 | 84 636 | 2 940 | 260 |
| | | | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | | | |
| Kommunale og fylkes-kommunale arkiv-institusjoner | 23 | 238 432 | 17 741 | 162 512 | 11 700 | 31 736 | 17 378 | 1 359 | 35 |
| Arkivverket | 1 | 268 879 | 1 187 | 209 218 | 218 | 37 180 | 26 744 | 1 397 | 41 |
| Andre arkivinstitusjonar | 5 | 13 970 | 2 294 | 12 707 | 2 773 | 12 000 | 10 938 | 7 | 7 |
| Bibliotek | 48 | 16 399 | 645 | 12 222 | 1 770 | 15 262 | 11 045 | 36 | 36 |
| Museum | 67 | 33 403 | 1 911 | 20 947 | 571 | 29 320 | 18 531 | 141 | 141 |

[1] Målt i talet på uttrekk. [2] Frå 2011 er arkivpopulasjonen utvida med bibliotek med arkivfunksjonar.

Kjelde: Kulturrådet og Arkivverket.

**Tabell 8.2. Tilgang til arkivmateriale**

| | Arkiv-bevarande institusjonar i alt | Tal på einskildarkiv | Tal på einskildarkiv frå privat sektor | Tal på publiserte arkiv[1] | Publiserte arkiv. Prosent |
|---|---|---|---|---|---|
| 2014 | 191 | 74 350 | 50 021 | 39 188 | 53 |
| 2015 | 143 | 95 206 | 52 713 | 45 173 | 47 |
| 2016 | 144 | 105 319 | 54 129 | 47 837 | 45 |
| 2017 | 146 | 106 877 | 55 770 | 51 139 | 48 |
| 2018 | 144 | 110 185 | 56 024 | 58 547 | 53 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar | 23 | 49 498 | 11 887 | 25 931 | 52 |
| Arkivverket | 1 | 25 474 | 10 571 | 24 888 | 98 |
| Andre arkivinstitusjonar | 5 | 2 858 | 2 828 | 2 185 | 77 |
| Bibliotek | 48 | 11 235 | 10 829 | 1 249 | 11 |
| Museum | 67 | 21 120 | 19 909 | 4 294 | 20 |

[1] Publisert på Arkivportalen.no.

Kjelde: Arkivverket.

**Tabell 8.3. Arkivbevarande institusjonar. Bestand og digitalisering av papirdokument og ulike medium**

| | Foto[1] | Film/ video-opptak[2,5] | Film/ video-berarar | Lyd-festingar/ opptak[2] | Lyd-berarar | Digitalisering[3] Papir[4] | Foto | Film/ video-opptak | Film/ video berarar | Lyd-opptak | Lyd-berarar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2008 | 8 206 428 | 18 841 | .. | 159 500 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2009 | 8 864 752 | 64 873 | .. | 250 150 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2010 | 13 324 156 | 177 235 | .. | 269 050 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2011 | 13 285 519 | 92 618 | .. | 319 646 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2012 | 13 788 937 | 147 703 | .. | 195 470 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2013 | 14 980 169 | 140 391 | .. | 342 761 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2014 | 19 688 693 | 62 430 | .. | 295 594 | .. | .. | .. | .. | | .. | |
| 2015 | 37 141 532 | 419 284 | .. | 520 549 | .. | 64 656 925 | 2 546 632 | 27 816 | | 130 562 | |
| 2016 | 39 645 710 | 76 036 | .. | 341 128 | .. | 57 040 194 | 1 941 469 | 13 441 | | 61 202 | |
| 2017 | 42 686 065 | 39 757 | 240 314 | 147 631 | 455 927 | 72 384 810 | 3 394 830 | 5 600 | 5 972 | 47 616 | 7 244 |
| 2018 | 42 771 424 | 24 724 | 249 639 | 108 850 | 282 169 | 83 942 094 | 1 966 086 | 6 356 | 1 197 | 71 304 | 4 870 |
| **2018** | | | | | | | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar | 7 886 666 | 11 856 | 2 687 | 25 663 | 4 747 | 25 679 210 | 549 300 | 931 | 223 | 20 349 | 783 |
| Arkivverket | 6 500 000 | 0 | 4 542 | 24 437 | 7 750 | 57 228 987 | 51 854 | 255 | 0 | 4 133 | 1 762 |
| Andre arkiv-institusjonar | 4 873 435 | 70 | 12 780 | 0 | 9 918 | 231 600 | 94 162 | 370 | 46 | 420 | 4 |
| Bibliotek | 11 666 278 | 1 622 | 209 781 | 2 324 | 226 852 | 127 079 | 458 072 | 167 | 621 | 218 | 101 |
| Museum | 11 845 045 | 11 176 | 19 849 | 56 426 | 32 902 | 675 218 | 812 698 | 4 633 | 307 | 46 184 | 2 220 |

[1] Musea leverer opplysningar om foto i eiga samling til museumsstatistikken. [2] Film, video og lyd vart talde i minutt eller timar frå 2009 til 2014. Arkivverket og seks andre institusjonar gav talet i fysiske einingar i 2013. I 2015 og 2016 er film, video og lyd talte i tal på opptak. For 2017 blei institusjonane bedt om å gje opp film, video og lyd i einingane opptak, fysiske einingar (berarar) og timar (eit samarbeid med sektoren om kartlegging av audiovisuelt arkivmateriale). Her visast tal som er innrapportert under einingane opptak og berarar. [3] For 2016 rapporterte ikkje Nasjonalbiblioteket digitalisert materiale. [4] Talde i talet på sider.
[5] For 2016 rapporterte ikkje Nasjonalbiblioteket talet på film-/videoopptak.

Kjelde: Arkivverket.

**Tabell 8.4. Arkivinstitusjonar. Besøk, formidling, årsverk og økonomital**

| | Arkiv-institusjonar i alt | Besøk lesesal[1] | Besøkande på nett-stader[2,6] | Unike brukarar på nett-stader | Føre-spurnader frå publikum[3] | Opne arrange-ment | Årsverk, totalt[4] | Drifts-inntekter[5,7] | Drifts-kostnader[5,7] |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2010 | 59 | 87 936 | 1 378 649 | … | 75 871 | 298 | 623 | 484 667 | 516 288 |
| 2011 | 68 | 77 768 | 1 894 284 | … | 77 030 | 271 | 700 | 530 152 | 557 343 |
| 2012 | 68 | 82 963 | 6 224 872 | … | 77 700 | 285 | 1 561 | 1 553 444 | 1 593 593 |
| 2013 | 69 | 87 916 | 8 969 716 | … | 83 536 | 349 | 1 601 | 1 619 272 | 1 737 207 |
| 2014 | 56 | 31 504 | 8 813 751 | … | 80 877 | 357 | 917 | 666 044 | 675 076 |
| 2015 | 49 | 32 030 | … | 2 903 073 | 97 966 | 356 | 686 | 736 533 | 688 183 |
| 2016 | 30 | 23 988 | 16 718 935 | 2 184 679 | 68 819 | 233 | 681 | 687 182 | 671 798 |
| 2017 | 30 | 25 027 | 17 656 522 | 2 502 583 | 42 236 | 477 | 699 | 729 642 237 | 682 160 331 |
| 2018 | 29 | 24 114 | 15 797 765 | 2 250 222 | 52 105 | 349 | 708 | 743 210 656 | 754 724 031 |
| **2018** | | | | | | | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale arkivinstitusjonar | 23 | 7 712 | 5 329 593 | 298 624 | 21 096 | 111 | 413 | 315 611 347 | 335 097 088 |
| Arkivverket | 1 | 14 769 | 7 550 000 | 1 340 000 | 29 295 | 165 | 252 | 400 484 000 | 393 617 000 |
| Andre arkivinstitusjonar | 5 | 1 633 | 2 918 172 | 611 598 | 1 714 | 73 | 43 | 27 115 309 | 26 009 943 |

[1] Besøkstala for 2010 og 2011 skil seg frå tala frå Kulturrådet sidan SSB har gjort imputeringar av manglande data. [2] Talet inkluderer talet på sidevisningar på nettstaden Digitalarkivet.no. [3] Skriftlege førespurnader som gjeld saker om innsyn i og bruk av arkiv. [4] Inkluderer faste og mellombelse stillingar. [5] Oppgjeve i heile 1 000. [6] Tala for 2012, 2013 og 2014 skil seg frå tala frå Kulturrådet sidan Arkivverket har retta opp i feil og manglar i datagrunnlaget. [7] I 2012 og 2013 inkluderer økonomitala ved ei forgløyming òg tal frå Statens Kartverk.

Kjelde: Kulturrådet og Arkivverket.

**Tabell 8.5. Digitalarkivet. Talet på brukarar, besøk, søk/nedlastingar. Millionar**

| | Tal på unike brukarar | Tal på besøk | Totalt tal på nedlasta sider frå databasar og skanna kjelder | Talet på søk (nedlastingar) frå Digitalarkivet[1] |
|---|---|---|---|---|
| 2000 | .. | .. | 24 | 23,7 |
| 2001 | .. | .. | 38 | 37,5 |
| 2002 | .. | .. | 39 | 38,8 |
| 2003 | .. | .. | 48 | 47,5 |
| 2004 | .. | .. | 51 | 50,8 |
| 2005 | .. | .. | 43 | 42,8 |
| 2006 | .. | .. | 80 | 45,0 |
| 2007 | .. | .. | 145 | 56,2 |
| 2008 | .. | .. | 179 | 72,9 |
| 2009 | .. | .. | 181 | 68,7 |
| 2010 | .. | .. | 180 | 68,9 |
| 2011 | .. | .. | 228 | 91,9 |
| 2012 | .. | .. | 196 | 62,4 |
| 2013 | .. | .. | 249 | 64,5 |
| 2014 | 1,1 | 5,3 | 171 | 53,5 |
| 2015 | 1,5 | 4,9 | 198 | 64,5 |
| 2016 | 1,3 | 5,4 | 154 | 49,2 |
| 2017 | 1,6 | 6,8 | 153 | 44,6 |
| 2018[2] | 1,0 | 5,9 | 141 | 39,7 |

[1] Talet på søk i transkriberte data, tek ikkje med skanna materiale. [2] Sommaren 2017 ble tenestene for Digitalarkivet samla på eit domene, noko som gjer at trafikken frå og med rapporteringsåret 2018 telles samla og meir einsarta. Dette gjer meir riktig tall av faktisk bruk enn tidlegare år då tenesta var spreidd på fleire domene.

Kjelde: Digitalarkivet.

# 9. Bøker

## 9.1. Utgjevingar

*8 300 ulike boktitlar*

I 2018 vart det totalt gjeve ut bøker med 8 300 ulike boktitlar. Av dette er det om lag 5 900 norske utgjevingar og 2 400 originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg. Av dei 8 300 utgjevne boktitlane er det om lag 7 700 som er klassifiserte etter emne. Ikkje klassifiserte publikasjonar er ikkje med i tala. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang.

Mellom dei bøkene som er klassifiserte etter emne som vist i figur 9.1, var dei litterære boktitlane i overveldande fleirtal dei siste tre åra. Litteratur omfattar både skjønnlitteratur og litteraturvitskaplege utgjevingar. Talet på utgjevne bøker under emne litteratur sank likevel med 3,5 prosent frå førre år. I 2018 var 3 200 av dei totalt 7 700 emneinndelte titlane innanfor kategorien litteratur. Dei største gruppene etter litteratur var samfunnsvitskap med om lag 1 200 titlar, og bruksretta vitskap med om lag 900 utgjevne klassifiserte bøker.

**Figur 9.1. Utgjevne bøker, etter emne**




Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

## 9.2. Språk

Når vi vurderer språk i bøker som er gjevne ut, tek vi ikkje med bøker som er publiserte i andre land, og som deretter vert importerte til Noreg som ferdige produkt. Difor vil talet på bøker som er tilgjengelege for kundar i bokhandelen vera høgare samanlikna med talet på publiserte bøker i Noreg. Fordelinga av språk vil vera annleis i handelen fordi det der vil vera fleire bøker på internasjonalt store språk, særskild vil engelske bøker vera direkte importerte. Språk fordelt på emne viser prioriteringar og vurderingar gjort av norske bokutgjevarar.

Tabell 9.4 viser at nær 6 500 av dei 8 100 emneinndelte boktitlane inneheldt tekst på bokmål, nær 500 inneheldt tekst på nynorsk og 900 inneheldt engelsk tekst. Ei bok kan vere på fleire språk slik at den difor ikkje er klassifisert etter eit språk. Difor er talet på utgjevne bøker klassifisert etter språk noko mindre i høve til det totale talet på utgjevne bøker.

*Meir enn 90 prosent av litteratur på bokmål*

Innanfor emnet litteratur inneheldt 2 900 av 3 200 bøker tekst på bokmål, det vil seia 91 prosent av alle bøkene som vart registrerte og utgjevne på dette emnet i

Noreg i 2018. Religion var den kategorien med størst del utgjevingar på bokmål. Tett fylgd av litteratur med 91 prosent, og der nest filosofi og historie og geografi begge med 82 prosent. Av kategoriane i tabell 9.4 har språk den høgste delen nynorsk med 17 prosent. Kategorien bruksretta vitskap og religion har den lågaste delen på nynorsk, begge med 3 prosent av dei utgjevne bøkene.

I kategorien bruksretta vitskap, er 35 prosent av bøkene på engelsk og dermed den kategorien med høgast del engelsk som utgjevarspråk. Det er òg i denne kategorien det totalt sett vert gjeve ut mest på engelsk, med over 300 bøker.

*Talet utgjevne bøker på samisk ned med 38 prosent*

Mellom dei registrerte bøkene i 2018 inneheldt 44 bøker samisk. Dette er 38 prosent av talet i 2017, då det vart gjeve ut 116 bøker med samisk

I 2018 var det uavhengig av språk 1 900 romanar og 920 barne- og ungdomsbøker mellom dei 3 300 skjønnlitterære boktitlane. I kategoriane drama og dikt var det høvesvis 60 og 190 titlar. Av dei skjønnlitterære boktitlane var 49 prosent norske, medan 51 prosent var utanlandske, sjå tabell 9.5.

Av dei registrerte boktitlane var det 2 400 omsette bøker i 2018, ein nedgang i høve til 2017 og det lågaste talet sidan 2015. Fleirtalet av titlane er omsette frå engelsk og utgjer 64 prosent. Talet på bøker omsette frå engelsk har halde seg jamt frå 2017. Nest størst var svensk, med 12 prosent av alle omsette bøker. Sjå tabell 9.6 for tal på omsette bøker etter originalspråk.

*Talet utgjevne titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur ned med 15 prosent*

Det vart utgjeve 1 300 titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur i 2018, ein nedgang på 15 prosent frå 2017 og det lågaste talet på utgjevne titlar sidan 2006. Drygt 900 titlar var skjønnlitteratur og nær 400 var faktabøker. Av alle fakta- og skjønnlitterære utgjevingar for born og ungdom inneheldt 1 100 bøker bokmål. Dette er mykje meir i høve til nynorsk og andre språk. Til samanlikning inneheldt 100 bøker nynorsk. Ei bok kan innehalde fleire språk, difor vil ikkje prosentdelane verte 100 prosent til saman dersom ein brukar prosent, sjå tabell 9.7.

## 9.3. Omsetnad

Tala for 2018 frå Den Norske Forleggerforening viser at den totale omsetnaden av bøker var på 5,2 milliardar kroner målt i utsalsprisar, sjå tabell 9.8. Dette er ein nedgang på 6 prosent frå 2017. Vi må heilt attende til 2004 for å finne lågare omsetnad. Medlemsforlaga i Den Norske Forleggerforening stod for 76 prosent av bokomsetnaden i Noreg med drygt 3,9 milliardar kroner. Dette var ein nedgang på om lag 8 prosent frå 2017, noko som er høgare i høve til den generelle nedgangen i omsetnaden av bøker, sjå figur 9.2 og tabell 9.8. Omsetnaden mellom medlemsforlaga vil variera noko i takt med inn- og utmeldingar i foreininga. I 2018 hadde både bokklubbar og bokimportørar ein nedgang i omsetnaden, medan andre forlag hadde ein svak auke frå 2017 til 2018. For bokklubbane har det vore ein fallande trend heilt sidan 2003.

Figur 9.2 viser korleis bokomsetnaden fordeler seg. Gruppa andre forlag var nest største på denne marknaden og stod for 12 prosent av omsetnaden i 2018. Frå 2017 til 2018 auka bokomsetnaden til utsalsprisarar for andre forlag, med 5 millionar kroner, tilsvarande nær 1 prosent.

**Figur 9.2. Bokomsetnad, etter distributør. 2018. Prosent**




Kjelde: Den Norske Forleggerforening.

I 2018 selde medlemsforlaga i Den Norske Forleggerforening drygt 20,2 millionar eksemplar, sjå tabell 9.9. Dette er ein forsiktig nedgang på 1 prosent samanlikna med 2017.

*Billegbøker er den bokgruppa med flest eksemplar i 2018*

Den største marknaden i talet på eksemplar innanfor bøker er billegbøker som selde over 3,9 millionar eksemplar, drygt 56 prosent fleire enn nummer to på lista. I 2018 har Lydbøker og andre digitale produkt teke over andreplassen med drygt 2,5 millionar selde eksemplar. Nummer tre på lista er norsk sakprosa for vaksne, som hadde eit sal på 2,2 millionar eksemplar i 2018, ein nedgang på 10 prosent frå 2017, sjå tabell 9.9.

*Talet på selde lydbøker og digitale produkt held fram med å vekse*

Trass i den generelle nedgangen av talet selde eksemplar fann vi at gruppa for lydbøker og andre digitale produkt held fram med ein markant prosentvis vekst på heile 39 prosent i 2018 samanlikna med året før. I gruppa for lydbøker og andre digitale produkt vert det i 2018 seld totalt 2,5 millionar eksemplar.

For omsetnaden i kroner viser alle tala brutto omsetnad og vert heretter omtala som omsetnad. Norsk skjønnlitteratur for born var ein av dei få gruppene med vekst i 2018. Med ein brutto omsetnad på drygt 244 millionar kroner er dette ein auke med 12 prosent frå året før. Sjølv om bokgruppa verk var ein av gruppene med lågast omsetnad, på totalt 2,3 millionar kroner, er det ein markant vekst i omsetnad førre år med heile 40 prosent. I marknaden for lydbøker og andre digitale produkt har det vore ein gradvis auke i omsetnad frå 2015 til 2018, sjå figur 9.3 og tabell 9.9. I det siste året har auka vore på 12 prosent, med ein total omsetnaden på 499 millionar kroner.

Heller ikkje marknaden for e-bøker er stor samanlikna med marknaden for dei andre gruppene, men omsetnaden av e-bøker for allmennmarknaden held fram med å auke i 2018. Med ein total omsetnad på 47 millionar kroner i 2018, har talet selde eksemplar auka med 13 prosent frå året før. Av tabell 9.9 kan vi sjå at talet på selde eksemplar av e-bøker for undervisnings- og profesjonsføremål fortsett i ein nedgåande trend i 2018 med ein nedgang på heile 40 prosent frå året før, ein total omsetnad på 1,4 millionar kroner. Omsetnaden av e-bøker for undervisnings- og profesjonsføremål har auka frå 1,2 til 1,4 millionar kroner i 2018, kor berekna pris per eksemplar har auka i same periode frå 266 til 430 kroner. Den aller største nedgangen i omsetning i 2018 finn vi i salet av sakprosa på originalspråket med 63 prosent frå året før.

Gjennomsnittleg utsalspris for bøker har gått noko ned frå 2017, og ligg på 180 kroner. Lågast prisnivå finn vi for lydbøker og omsette underhaldningsromanar. Desse ligg på høvesvis på 74 og 94 kroner.

**Figur 9.3. Bruttoomsetnad[1], fordelt på bokgruppe. I millionar kroner**




[1] Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.
Kjelde: Den Norske Forleggerforening.

## 9.4. Opphavspersonar

*Flest kvinnelege opphavspersonar til barnebøker*

Det var registrert 8 700 opphavspersonar til originale norske utgjevingar i 2018. Av dette var 47 prosent kvinner, ein svak auke frå året før. For barnebøker var kvinner i fleirtal i 2018, slik som året før. Av dei totalt 1 135 opphavspersonane til barnebøker, var 643 kvinner, noko som utgjorde 57 prosent, sjå tabell 9.10. Det har frå og med 2010 vore flest kvinnelege opphavspersonar til barnebøker, unnateke for i 2015.

Av emneinndelte bøker er kategoriane historie og geografi, og alminnelege skrifter dei kategoriane med lågast del kvinner, høvesvis 28 og 36 prosent. Innanfor kategorien språk finn ein 66 prosent kvinnelege opphavspersonar i 2018, sjå tabell 9.11.

## 9.5. Lesing

Tal frå Norsk mediebarometer 2018 viser at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 14 minutt på boklesing på fritida per dag. I 2018 las 24 prosent av befolkninga i alderen 9-79 ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag, sjå tabell 9.13.

*Kvinner mellom 67-79 år er dei som gjennomsnittleg brukar mest tid til boklesing*

Som tidlegare år er det i 2018 framleis fleire kvinner i høve til menn som las bøker på fritida og skilnaden veks. I tabell 9.13 kan vi sjå at det totalt i 2018 var 32 prosent kvinner og 16 prosent menn som las bøker på fritida. I tabell 9.12 kan vi sjå at dei som las gjennomsnittleg mest av alle i 2018 var kvinner i alderen 67-79 år, med 27 minutt. Mellom dei som les bøker er det menn i alderen 16-24 år som bruker gjennomsnittleg flest minutt til boklesing, med 96 minutt. Tala i tabell 9.13

viser at mellom dei med høgare utdanning las ein større del bøker samanlikna med dei med lågare utdanning. Til dømes las høvesvis 32 og 27 prosent av dei med kort og lang universitets- eller høgskuleutdanning bøker ein gjennomsnittsdag, mot 19 prosent av dei med vidaregåande utdanning, sjå tabell 9.13.

I 2018 valde flest boklesarar å lese ein roman eller novelle ein gjennomsnittsdag, heile 63 prosent. Dette er ein auke på 4 prosentpoeng frå 2017 og den høgaste delen sidan 2014. Av dei som las ein roman/novelle var 69 prosent kvinner. Dei færraste vel å lese skodespel eller dikt på en gjennomsnittsdag, berre 1 prosent. Sjå tabell 9.14 for meir informasjon om kva boklesarar vel å lese.

## 9.6. Om statistikken

*Nasjonalbiblioteket*

Statistikken frå Nasjonalbiblioteket viser talet på bøker som er gjeve ut i Noreg i eit år og registrert i nasjonalbibliografien. Rolla til Nasjonalbiblioteket inneber mellom anna administrering av pliktavleveringslova som seier at alle dokument som vert produserte i Noreg skal pliktavleverast. Bokstatistikken frå Nasjonalbiblioteket er utarbeidd for å kunne gje eit bilete av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte bøker.

I statistikken legg ein til grunn at alt som er gjeve ut året før er avlevert og registrert innan mai året etter. Produksjonen av statistikken skjer difor normalt i mai året etter teljeåret. Desse tala vert rekna som endelege sjølv om det kan hende at det kjem inn nokre få registreringar frå utgjevingar frå tidlegare år lenge etter året utgjevinga var.

Ein del bøker er ikkje klassifiserte fordi det kan finnast bøker som inneheld fleire ulike emne og/eller fleire språk. Difor vil totaltalet i tabellane variere noko alt etter kva tabellen er klassifisert etter, til dømes om klassifiseringa er etter emne eller språk.

*Frå Bibsys til Alma – skifte av biblioteksystem*

Noko av statistikken er teke ut frå Alma, og 2016 var det første heile året med nytt biblioteksystem etter at mange bibliotek i 2015 skifta system frå Bibsys til Alma. Problem i overgangsfasen førte til at statistikken for dei to siste månadene i 2015 er berekna. Ifølgje opplysningar frå Nasjonalbiblioteket er det sannsynleg at ikkje alle utgjevingane for 2015 er komne med. Tala for 2015 kan difor vere noko låge.

Frå og med 2010 skil ikkje statistikken mellom bøker og det som i tidlegare statistikk vart kalla småtrykk. Bøker som hadde under 49 sider vart før kalla småtrykk. Skulebøker for grunnskule og vidaregåande opplæring er frå og med 2010 inkluderte i statistikken.

*Den Norske Forleggerforening*

Statistikken frå Den Norske Forleggerforening angjev talet på bøker som er seld i Noreg i statistikkåret og kor stor omsetnaden av bøker har vore. Talet på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken. Foreininga byggjer tala for bokomsetnad på opplysningar henta inn frå medlemsforlag, bokklubbar og andre aktørar i bokmarknaden. Omsetnaden til forlag som ikkje er medlemmer av foreininga, byggjer dels på innrapporterte tal og dels på estimat. Forlaget Vigmostad og Bjørke har sidan 2017 ikkje rapportert inn tal til denne statistikken. Dette inneber eit skifte i tala frå og med 2017. Dette vil sjølvsagt ha fylgjer for tala som er lagt fram og i mange tilfelle kan det bli vanskeleg å samanlikne tala frå 2016 og tidlegare.

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som omhandlar boklesing og boklesarar, er henta frå Norsk mediebarometer 2018. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse

undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på omtrent 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike massemedium.

Kjennemerke som er nytta i tabellane 9.13 og 9.14, er yrkesstatus og utdanning.

*Yrkesstatus*
Grupperinga for yrke byggjer på Standard for yrkesklassifisering (SSB 2011).

| | |
|---|---|
| Yrkesgruppe 1-2: | Administrative leiarar og politikarar, akademiske yrke |
| Yrkesgruppe 3: | Yrke med kortare høgskule- og universitetsutdanning og teknikarar |
| Yrkesgruppe 4-5: | Kontor- og kundeserviceyrke, sals-, service- og omsorgsyrke |
| Yrkesgruppe 6-9: | Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, handverkarar o.l., prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.l., yrke utan krav til utdanning |
| Yrkesgruppe 0: | militære yrke og uoppgjevne: Desse blir koda om slik at meinige og uoppgjevne vert plasserte i yrkesgruppe 9, befal 1 i yrkesgruppe 3, og befal 2 i yrkesgruppe 1-2. |

*Utdanning*
Utdanning er gruppert etter Norsk standard for utdanningsgruppering (SSB 2019).

Vidaregåande opplæring:
Dette er nivået mellom grunnskule og universitet og høgskule. I standarden vert nivået «påbygging til vidaregåande utdanning» inkludert, noko som omfattar utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring, men som ikkje er godkjent som høgare utdanning.

Universitet og høgskule, kort:
Dette er universitets- og høgskuleutdanningar på lågare nivå og er i statistikken definert til å vere utdanningar som tek fire år eller mindre. Bachelorgrader kjem inn under denne kategorien.

Universitet og høgskule, lang:
Dette er universitets- og høgskuleutdanningar på høgare nivå og er utdanningar som tek meir enn fire år, til dømes mastergrader. Forskarutdanningar kjem òg inn under lang høgare utdanning.

*Endelege tal frå 2010*

Inntil 2009 var tala frå Nasjonalbiblioteket rekna som førebelse, og tala frå tidlegare år kunne dermed verte oppdaterte kvart år. Frå 2010 er tala frå Nasjonalbiblioteket endelege. Tala frå pliktavleveringa kan likevel vere litt ulike frå nasjonalbibliografien (Norbok). Ein grunn til dette kan vere at statistikken gjeld det året som bøkene vart gjevne ut, og dette fell ikkje alltid saman med når bøkene vart registrerte ved Nasjonalbiblioteket.

På grunn av restansar i registreringa av bøker i Norbok bakover i tid vil ikkje alle tala stemme med det som faktisk vart gjeve ut. Statistikken er oppdatert frå 2004 til i dag, men frå 2003 og bakover er det framleis materiale som ikkje er registrert.

## Referansar

Den Norske Forleggerforening (2019): Den norske bransjestatistikken. https://forleggerforeningen.no/bransjefakta/statistikk/

Lovdata. LOV 1989-06-09-32: Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova). https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1989-06-09-32

Nasjonalbiblioteket: http:/www.nb.no

Schiro, Emma Castillo (2019): Norsk mediebarometer 2018, Statistiske analyser 161, Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2018

Statistisk sentralbyrå (2011): Standard for yrkesklassifisering. https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/standard-for-yrkesklassifisering-styrk-08

Statistisk sentralbyrå (2019): Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS). https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/36

**Tabell 9.1. Norske bøker og originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg. Talet på titlar**

| | I alt | Derav førsteutgåver | Utgjevne på originalspråket | Omsette[1] |
|---|---|---|---|---|
| 2000 | 6 477 | 5 524 | 4 443 | 2 034 |
| 2001 | 6 377 | 5 462 | 4 340 | 2 037 |
| 2002 | 6 864 | 5 745 | 4 670 | 2 194 |
| 2003 | 7 446 | 6 306 | 5 160 | 2 286 |
| 2004 | 7 164 | 5 984 | 4 747 | 2 417 |
| 2005 | 8 431 | 7 032 | 5 696 | 2 735 |
| 2006 | 8 477 | 7 123 | 5 696 | 2 781 |
| 2007 | 8 442 | 7 038 | 5 814 | 2 628 |
| 2008 | 8 835 | 7 483 | 6 288 | 2 547 |
| 2009 | 7 919 | 6 606 | 5 361 | 2 558 |
| 2010[2] | … | … | … | … |
| 2011 | … | … | … | … |
| 2012 | … | … | … | … |
| 2013 | … | … | … | … |
| 2014 | … | … | … | … |
| 2015[3] | 8 423 | … | 6 203 | 2 220 |
| 2016 | 8 629 | … | 6 138 | 2 491 |
| 2017 | 8 755 | … | 6 207 | 2 548 |
| 2018 | 8 318 | … | 5 931 | 2 387 |

[1] Gjeld ikkje omsetjingar mellom norske språk (bokmål, nynorsk og samisk). [2] Tal for perioden 2010-2014 vil bli oppdatert i samband med neste års publikasjon.
[3] I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.2. Utgjevne bøker[1] klassifisert etter emne. Talet på titlar. 2018**

| | Klassifiserte bøker | Originalt norske utgjevingar | Originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgjevne i Noreg |
|---|---|---|---|
| **I alt** | **7 653** | **5 274** | **2 379** |
| Alminnelege skrifter | 79 | 72 | 5 |
| Filosofi | 167 | 119 | 48 |
| Religion | 278 | 198 | 80 |
| Samfunnsvitskap | 1 228 | 1 115 | 113 |
| Språk | 164 | 139 | 25 |
| Naturvitskap | 282 | 189 | 93 |
| Bruksretta vitskap | 913 | 768 | 145 |
| Kunst, rekreasjon | 833 | 591 | 242 |
| Litteratur[2] | 3 192 | 1 660 | 1 532 |
| Historie og geografi | 517 | 423 | 94 |

[1] Ikkje klassifiserte publikasjonar er ikkje med i tabellen. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. [2] Kategorien litteratur omfattar både skjønnlitteratur og litteraturvitskaplege utgjevingar.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.3. Andre typar utgjevingar. Talet på titlar**

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010[1] | 2011[2] | 2012 | 2013 | 2014 | 2015[3] | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **377** | **420** | **484** | **405** | **503** | **505** | **412** | **810** | **1 008** | **671** | **245** | **277** | **211** |
| Lydbøker | 335 | 370 | 439 | 389 | 438 | 443 | 335 | 298 | 324 | 256 | 241 | 275 | 204 |
| CD-ROM | 14 | 20 | 16 | 5 | 63 | 56 | 70 | 59 | 63 | 55 | - | - | 1 |
| Kombidokument[4] | 28 | 30 | 29 | 11 | 2 | 6 | 7 | 11 | 5 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Nettdokument og e-bøker | . | . | . | . | . | 48 | 195 | 442 | 616 | 359 | 3 | 1 | 5 |

[1] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [2] Frå 2011 er nettdokument og e-bøker for første gong rapportert inn, difor manglar tal frå tidlegare år. [3] I 2015 er tala for dei to siste månadane berekna. [4] Dokument som er på ein kombinasjon av ulike format.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.4. Utgjevne bøker klassifisert etter utgjevarspråk[1] og emne[2]**

| | I alt | Bokmål | Nynorsk | Samisk | Engelsk | Andre språk |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 6 477 | 5 323 | 452 | 19 | 592 | 91 |
| 2001 | 6 377 | 5 212 | 459 | 18 | 624 | 64 |
| 2002 | 6 864 | 5 471 | 480 | 20 | 830 | 63 |
| 2003 | 7 446 | 5 992 | 591 | 19 | 775 | 69 |
| 2004 | 7 164 | 5 869 | 383 | 19 | 813 | 80 |
| 2005 | 8 431 | 6 844 | 492 | 39 | 968 | 88 |
| 2006 | 8 477 | 6 844 | 498 | 44 | 1 010 | 81 |
| 2007 | 8 442 | 6 637 | 517 | 44 | 1 135 | 109 |
| 2008 | 8 835 | 6 864 | 511 | 33 | 1 320 | 107 |
| 2009 | 7 919 | 6 280 | 429 | 35 | 1 115 | 60 |
| 2010[3] | 8 906 | 6 637 | 598 | 59 | 1 389 | 223 |
| 2011 | 9 520 | 7 085 | 636 | 72 | 1 514 | 213 |
| 2012 | 9 399 | 6 851 | 639 | 45 | 1 674 | 190 |
| 2013 | 9 448 | 6 817 | 672 | 70 | 1 705 | 184 |
| 2014 | 9 679 | 7 180 | 654 | 71 | 1 608 | 166 |
| 2015[4] | 7 298 | 5 556 | 477 | 15 | 1 121 | 129 |
| 2016 | 8 068 | 5 865 | 649 | 63 | 1 323 | 168 |
| 2017 | 8 422 | 6 499 | 620 | 116 | 1 026 | 161 |
| 2018 | 8 115 | 6 494 | 490 | 44 | 898 | 189 |
| | | | | | | |
| **2018** | | | | | | |
| Alminnelege skrifter | 77 | 46 | 5 | 1 | 25 | 0 |
| Filosofi | 165 | 136 | 8 | 1 | 19 | 1 |
| Religion | 273 | 252 | 8 | 1 | 8 | 4 |
| Samfunnsvitskap | 1 180 | 928 | 64 | 6 | 159 | 23 |
| Språk | 151 | 58 | 25 | 7 | 19 | 42 |
| Naturvitskap | 279 | 167 | 14 | 7 | 88 | 3 |
| Bruksretta vitskap | 903 | 550 | 27 | 0 | 318 | 8 |
| Kunst, rekreasjon | 782 | 637 | 46 | 3 | 68 | 28 |
| Litteratur | 3 152 | 2 875 | 217 | 17 | 21 | 22 |
| Historie og geografi | 505 | 414 | 54 | 1 | 14 | 22 |

[1] Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk. [2] Bøker frå 2000 til 2009 er summen av bøker og småtrykk slik dei var talde opp i Kulturstatistikk 2009, revidert tidsserie i denne utgåva. [3] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [4] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.5. Norske og utanlandske skjønnlitterære bøker, etter genre/type. Talet på titlar**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt** | **3 143** | **3 442** | **3 317** | **3 436** | **3 625** | **3 012** | **2 988** | **3 198** | **3 312** |
| | | | | | | | | | |
| Dikt | 176 | 184 | 167 | 195 | 217 | 163 | 167 | 180 | 194 |
| Drama | 87 | 125 | 106 | 93 | 140 | 50 | 68 | 16 | 61 |
| Romanar | 1 863 | 2 061 | 1 979 | 2 092 | 2 054 | 1 807 | 1 770 | 1 920 | 1 904 |
| Born og ungdom | 881 | 963 | 912 | 932 | 1 048 | 877 | 924 | 920 | 916 |
| Anna | 136 | 109 | 153 | 124 | 166 | 115 | 59 | 162 | 237 |
| | | | | | | | | | |
| Norske | 1 472 | 1 641 | 1 587 | 1 651 | 1 896 | 1 458 | 1 434 | 1 458 | 1 622 |
| Utanlandske | 1 671 | 1 801 | 1 730 | 1 785 | 1 729 | 1 554 | 1 554 | 1 740 | 1 690 |

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.6. Omsette bøker, etter originalspråk. Talet på titlar**

| | I alt | Svensk | Dansk | Engelsk | Tysk | Fransk | Andre språk og uoppgjevne |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 2 034 | 168 | 99 | 1 471 | 83 | 58 | 155 |
| 2001 | 2 037 | 202 | 79 | 1 462 | 61 | 83 | 150 |
| 2002 | 2 194 | 264 | 124 | 1 439 | 83 | 92 | 192 |
| 2003 | 2 286 | 323 | 107 | 1 517 | 90 | 78 | 171 |
| 2004 | 2 417 | 302 | 120 | 1 586 | 86 | 83 | 240 |
| 2005 | 2 735 | 347 | 155 | 1 753 | 120 | 101 | 259 |
| 2006 | 2 781 | 350 | 131 | 1 768 | 103 | 113 | 316 |
| 2007 | 2 628 | 366 | 121 | 1 648 | 125 | 112 | 256 |
| 2008 | 2 547 | 358 | 98 | 1 627 | 100 | 99 | 265 |
| 2009 | 2 558 | 291 | 99 | 1 775 | 97 | 80 | 216 |
| 2010[1,2] | 2 562 | 315 | 131 | 1 635 | 99 | 95 | 287 |
| 2011[1,2] | 2 898 | 423 | 185 | 1 732 | 113 | 134 | 311 |
| 2012 | 2 812 | 337 | 180 | 1 738 | 108 | 116 | 333 |
| 2013 | 2 607 | 296 | 160 | 1 645 | 107 | 102 | 297 |
| 2014 | 2 632 | 314 | 134 | 1 701 | 87 | 93 | 303 |
| 2015[3] | 2 220 | 326 | 121 | 1 361 | 120 | 94 | 198 |
| 2016 | 2 491 | 307 | 90 | 1 318 | 64 | 90 | 622 |
| 2017 | 2 548 | 311 | 93 | 1 630 | 81 | 112 | 321 |
| 2018 | 2 398 | 282 | 101 | 1 532 | 89 | 113 | 281 |

[1] Ein mindre del av utgjevingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. [2] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [3] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.7. Barne- og ungdomslitteratur, etter genre og utgjevarspråk. Talet på titlar**

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Bøker[1] i alt** | **1 835** | **1 667** | **1 811** | **1 731** | **1 473** | **1 385** | **1 510** | **1 289** |
| Skjønnlitteratur | 963 | 912 | 932 | 1048 | 877 | 924 | 998 | 922 |
| Fakta | 872 | 755 | 879 | 683 | 596 | 461 | 512 | 367 |
| Bokmål | 1 545 | 1 420 | 1 455 | 1482 | 1 234 | 1 177 | 1 292 | 1 106 |
| Nynorsk | 220 | 183 | 335 | 220 | 218 | 155 | 131 | 109 |
| Samisk | 56 | 38 | 32 | 48 | 11 | 41 | 55 | 26 |
| Engelsk | 70 | 98 | 80 | 68 | 58 | 34 | 24 | 14 |
| Andre språk | 38 | 28 | 20 | 12 | 30 | 32 | 38 | 26 |

[1] Ei bok kan ha fleire språk, difor er ikkje bøker i alt summen av bøker på ulike språk, berre summen av bøker av ulike genre.
Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.8. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetnad til utsalsprisar. Millionar kroner**

| | I alt | Medlemsforlag | Andre forlag | Bokklubbar | Bokimportørar |
|---|---|---|---|---|---|
| 1990 | 3 062 | 1 970 | 439 | 469 | 184 |
| 1997 | 4 624 | 2 708 | 646 | 948 | 322 |
| 1998 | 4 906 | 2 862 | 655 | 1 039 | 350 |
| 1999 | 4 916 | 2 846 | 628 | 1 091 | 351 |
| 2000 | 4 682 | 2 639 | 567 | 1 115 | 361 |
| 2001[1] | 4 645 | 2 529 | 491 | 1 250 | 375 |
| 2002 | 4 984 | 2 787 | 550 | 1 274 | 373 |
| 2003[2] | 5 443 | 3 139 | 600 | 1 323 | 381 |
| 2004 | 5 152 | 3 240 | 407 | 1 149 | 356 |
| 2005 | 5 302 | 3 371 | 490 | 1 087 | 354 |
| 2006 | 5 653 | 3 821 | 501 | 987 | 344 |
| 2007 | 6 025 | 4 295 | 548 | 872 | 310 |
| 2008 | 5 823 | 4 248 | 551 | 696 | 328 |
| 2009[3] | 5 692 | 4 222 | 554 | 631 | 285 |
| 2010 | 5 607 | 4 179 | 615 | 577 | 236 |
| 2011 | 5 530 | 4 233 | 539 | 563 | 195 |
| 2012 | 5 345 | 4 047 | 546 | 543 | 209 |
| 2013 | 5 555 | 4 144 | 615 | 587 | 209 |
| 2014 | 5 560 | 4 292 | 546 | 518 | 204 |
| 2015 | 5 604 | 4 150 | 711 | 464 | 279 |
| 2016 | 5 625 | 4 272 | 658 | 431 | 264 |
| 2017[4, 5] | 5 500 | 4 233 | 617 | 411 | 239 |
| 2018 | 5 156 | 3 906 | 622 | 394 | 235 |

[1] Omsetnaden for 2001 er korrigert med den same multiplikatoren som er brukt i 2002. [2] Frå og med 2003 er omsetnaden av lydbøker inkludert i tala for omsetnaden. [3] Talet for bokimportørar er justert for dobbelregistrering på 158 millionar kroner i 2009. [4] Ein oppdatering av bransjestatistikken frå Den Norske Forleggerforening i november 2017 har førte til at einskilde tal for brutto omsetnad for 2016 har vorte endra etter publiseringa av Kulturstatistikk 2016. Dei oppdaterte tala for 2016 er retta i denne tabellen. [5] Frå og med 2017 rapportera ikkje Vigmostad og Bjørke inn tal til denne statistikken, slik som var tilfellet i 2015 og 2016. Dette vil ha fylgjer for samanlikning av tala i tabellen
Kjelde: Den Norske Forleggerforening.

**Tabell 9.9. Den Norske Forleggerforening. Omsetnad og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe**

| Bokgruppe | Talet på selde eksemplar (1 000) | | | Bruttoomsetnad[1] (1 000 kr) | | | Berekna pris per eksemplar | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2018 | Endring i prosent | 2017[2] | 2018 | Endring i prosent | 2017 | 2018 |
| **I alt** | **20 387** | **20 208** | **-1** | **4 128 175** | **3 948 175** | **-4** | **188** | **180** |
| Lærebøker grunnskulen | 2 176 | 1 799 | -17 | 461 342 | 385 826 | -16 | 212 | 214 |
| Lærebøker vidaregåande | 500 | 482 | -4 | 256 461 | 215 124 | -16 | 513 | 446 |
| Lærebøker i høgare utdanning | 713 | 695 | -3 | 364 192 | 357 039 | -2 | 511 | 514 |
| Fagbøker | 225 | 213 | -5 | 74 580 | 77 138 | 3 | 332 | 362 |
| Norsk sakprosa, vaksne | 2 392 | 2 161 | -10 | 551 373 | 525 812 | -5 | 231 | 243 |
| Omsett sakprosa, vaksne | 784 | 741 | -5 | 147 227 | 157 434 | 7 | 188 | 212 |
| Norsk sakprosa, born | 171 | 142 | -17 | 30 179 | 27 663 | -8 | 177 | 195 |
| Omsett sakprosa, born | 585 | 458 | -22 | 61 940 | 48 726 | -21 | 106 | 107 |
| Norsk skjønnlitteratur, vaksne | 1 132 | 1 171 | 3 | 325 828 | 316 764 | -3 | 288 | 270 |
| Omsett skjønnlitteratur, vaksne | 1 005 | 773 | -23 | 223 040 | 162 024 | -27 | 222 | 210 |
| Norsk skjønnlitteratur, born | 1 402 | 1 415 | 1 | 218 751 | 244 203 | 12 | 156 | 173 |
| Omsett skjønnlitteratur, born | 1 368 | 1 220 | -11 | 192 236 | 168 749 | -12 | 140 | 138 |
| Billegbøker | 3 665 | 3 912 | 7 | 504 871 | 494 292 | -2 | 138 | 126 |
| Verk | 4 | 5,6 | 38 | 1 664 | 2 327 | 40 | 397 | 417 |
| Kommisjonsbøker, lover | 101 | 53 | -48 | 16 869 | 13 063 | -23 | 167 | 244 |
| Lydbøker og andre digitale produkt | 1 804 | 2 511 | 39 | 443 312 | 498 655 | 12 | 83 | 74 |
| E-bøker for allmennmarknaden | 371 | 418 | 13 | 45 243 | 46 973 | 4 | 122 | 112 |
| E-bøker for undervisnings- og profesjonsføremål | 5 | 3 | -40 | 1 219 | 1 390 | 14 | 266 | 430 |
| Norske serieromanar | 1 608 | 1 579 | -2 | 160 003 | 161 100 | 1 | 99 | 102 |
| Omsette underhaldningsromanar | 347 | 438 | 26 | 43 367 | 41 217 | -5 | 125 | 94 |
| Skjønnlitteratur på originalspråket | 29 | 17 | -41 | 4 471 | 3 183 | -29 | 153 | 182 |
| Sakprosa på originalspråket | 0 | 0 | 0 | 8 | 3 | -63 | 191 | 132 |

[1] Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden. [2] Frå og med 2017 rapportera ikkje Vigmostad og Bjørke inn tal til denne statistikken, slik som var tilfellet i 2015 og 2016. Dette vil ha fylgjer for samanlikning av tala i tabellen

Kjelde: Den Norske Forleggerforening.

**Tabell 9.10. Titlar med norske opphavspersonar[1] av originale norske utgjevingar[2] fordelte på menn og kvinner**

| | 2009 | 2010[3] | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015[4] | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Talet på titlar i alt** | **4 116** | **..** | **..** | **..** | **8 650** | **8 676** | **6 193** | **5 768** | **5 901** | **5 913** |
| Opphavspersonar i alt | 5 306 | 7 177 | 8 049 | 8 009 | 11 023 | 11 186 | 7 492 | 8 375 | 9 097 | 8 720 |
| Menn | 3 284 | 4 378 | 4 790 | 4 711 | 6 321 | 6 453 | 4 223 | 4 693 | 5 063 | 4 606 |
| Kvinner | 2 022 | 2 799 | 3 259 | 3 298 | 4 702 | 4 733 | 3 269 | 3 682 | 4 034 | 4 114 |
| Derav | | | | | | | | | | |
| Barnebøker, titlar totalt[5] | 456 | .. | .. | .. | 870 | 696 | 570 | 651 | 684 | 575 |
| Opphavspersonar i alt | 738 | 1 038 | 1 086 | 953 | 1 538 | 1 224 | 976 | 1 266 | 1 349 | 1 135 |
| Menn | 391 | 495 | 496 | 442 | 688 | 583 | 497 | 520 | 592 | 492 |
| Kvinner | 347 | 543 | 590 | 511 | 850 | 641 | 479 | 746 | 757 | 643 |

[1] Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar (av poesi) og andre medarbeidarar som har hatt eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken. [2] Utan omsyn til språk. [3] I perioden 2010-2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [4] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna. [5] Talet på titlar var ikkje med i systemet før 2013.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.11. Norske opphavspersonar[1] av emneinndelte originale norske utgjevingar[2] fordelte på menn og kvinner**

| | Totalt | Menn | Kvinner |
|---|---|---|---|
| 2009 | 5 306 | 3 284 | 2 022 |
| 2010[3] | 7 177 | 4 378 | 2 799 |
| 2011 | 8 049 | 4 790 | 3 259 |
| 2012 | 8 009 | 4 711 | 3 298 |
| 2013 | 8 396 | 4 888 | 3 508 |
| 2014 | 8 555 | 4 922 | 3 633 |
| 2015[4] | 6 053 | 3 433 | 2 620 |
| 2016 | 7 162 | 4 019 | 3 143 |
| 2017 | 8 040 | 4 489 | 3 551 |
| 2018 | 7 857 | 4 161 | 3 696 |
| | | | |
| **2018** | | | |
| Alminnelege skrifter | 88 | 56 | 32 |
| Filosofi | 168 | 80 | 88 |
| Religion | 307 | 193 | 114 |
| Samfunnsvitskap | 1 557 | 861 | 696 |
| Språk | 378 | 130 | 248 |
| Naturvitskap | 286 | 180 | 106 |
| Bruksretta vitskap | 1 092 | 561 | 531 |
| Kunst, rekreasjon | 1 133 | 595 | 538 |
| Litteratur | 2 134 | 990 | 1 144 |
| Historie og geografi | 714 | 515 | 199 |

[1] Opphavspersonar er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar og andre medarbeidarar som medverkar med eit større ansvar for verket. For verk der både menn og kvinner er opphavspersonar, tel kvar person med i statistikken. [2] Utan omsyn til språk. [3] Frå 2010 til og med oktober 2015 er datagrunnlaget produsert frå BIBSYS-databasen. [4] I 2015 er tala for dei to siste månadene berekna.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

**Tabell 9.12. Gjennomsnittleg tid i minutt brukt til boklesing for alle og for dei som les, fordelt på alder og kjønn**

| | Gjennomsnitt mellom alle | | | | | | Gjennomsnitt mellom dei som les bøker | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2017 | 2018 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2017 | 2018 |
| **Menn** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 9 | 15 | 15 | 12 | 17 | 11 | 35 | 45 | 45 | 38 | 47 | 32 |
| 16-24 år | 13 | 10 | 17 | 8 | 7 | 9 | 72 | : | 124 | 70 | 51 | 96 |
| 25-44 år | 12 | 12 | 9 | 6 | 10 | 5 | 61 | 71 | 58 | 57 | 59 | 52 |
| 45-66 år | 7 | 9 | 8 | 8 | 12 | 9 | 43 | 45 | 54 | 49 | 64 | 60 |
| 67-79 år | 13 | 15 | 19 | 20 | 18 | 16 | 61 | 92 | 76 | 84 | 70 | 60 |
| **Kvinner** | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 13 | 20 | 18 | 15 | 11 | 15 | 37 | 49 | 40 | 45 | 36 | 42 |
| 16-24 år | 16 | 21 | 18 | 17 | 14 | 14 | 69 | 83 | 83 | 77 | 87 | 72 |
| 25-44 år | 19 | 19 | 16 | 18 | 18 | 15 | 61 | 65 | 66 | 66 | 73 | 58 |
| 45-66 år | 18 | 19 | 21 | 28 | 20 | 25 | 61 | 64 | 63 | 78 | 60 | 68 |
| 67-79 år | 20 | 31 | 26 | 38 | 27 | 27 | 68 | 78 | 66 | 77 | 66 | 64 |

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 9.13. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel**

| | Prosent | | | | | | | Minutt brukt til lesing av bøker | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2017 | 2018 | 2008 | 2010 | 2012 | 2014 | 2016 | 2017 | 2018 |
| **Alle personar** | **23** | **24** | **25** | **25** | **25** | **25** | **24** | **13** | **14** | **16** | **15** | **16** | **15** | **14** |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 18 | 19 | 19 | 18 | 16 | 20 | 16 | 10 | 10 | 11 | 12 | 9 | 12 | 9 |
| Kvinner | 28 | 30 | 32 | 31 | 34 | 29 | 32 | 17 | 18 | 21 | 19 | 24 | 19 | 20 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 27 | 31 | 37 | 40 | 33 | 35 | 34 | 11 | 11 | 17 | 16 | 14 | 14 | 13 |
| 16-24 år | 15 | 20 | 17 | 18 | 16 | 15 | 14 | 10 | 14 | 15 | 18 | 12 | 10 | 11 |
| 25-44 år | 24 | 25 | 23 | 20 | 19 | 20 | 18 | 13 | 15 | 15 | 13 | 12 | 14 | 10 |
| 45-66 år | 24 | 22 | 26 | 24 | 26 | 26 | 26 | 16 | 12 | 15 | 14 | 18 | 16 | 17 |
| 67-79 år | 22 | 26 | 30 | 33 | 39 | 34 | 36 | 13 | 17 | 24 | 22 | 30 | 23 | 22 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | 12 | 21 | 17 | 20 | 20 | 19 | 15 | 8 | 14 | 14 | 12 | 17 | 14 | 11 |
| Vidaregåande opplæring | 17 | 18 | 20 | 18 | 21 | 20 | 19 | 11 | 11 | 14 | 13 | 15 | 13 | 12 |
| Universitet/høgskule, kort | 34 | 29 | 29 | 27 | 29 | 28 | 32 | 19 | 16 | 19 | 17 | 19 | 17 | 19 |
| Universitet/høgskule, lang | 35 | 34 | 37 | 34 | 30 | 34 | 27 | 21 | 21 | 22 | 22 | 20 | 23 | 18 |
| **Yrkesstatus[1] 16-79 år** | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 28 | 33 | 28 | 29 | 27 | 25 | 27 | 15 | 17 | 15 | 19 | 18 | 14 | 16 |
| Yrkesgruppe 3 | 30 | 26 | 28 | 26 | 18 | 20 | 19 | 17 | 13 | 20 | 16 | 9 | 14 | 9 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 25 | 22 | 23 | 23 | 23 | 23 | 19 | 17 | 14 | 18 | 18 | 16 | 15 | 11 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 10 | 10 | 11 | 9 | 12 | 14 | 7 | 6 | 5 | 5 | 5 | 7 | 8 | 4 |
| Elevar og studentar | 16 | 24 | 19 | 22 | 19 | 21 | 17 | 12 | 20 | 16 | 17 | 15 | 14 | 15 |
| Trygda og pensjonistar | 21 | 24 | 29 | 30 | 38 | 28 | 34 | 13 | 17 | 22 | 20 | 31 | 19 | 24 |
| Heimearbeidande | : | 25 | 21 | 17 | 11 | : | : | : | 20 | 13 | 11 | 5 | : | : |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 28 | 31 | 30 | 28 | 28 | 29 | 24 | 17 | 18 | 20 | 20 | 17 | 20 | 14 |
| Austlandet elles | 21 | 23 | 25 | 23 | 24 | 26 | 24 | 13 | 13 | 15 | 14 | 18 | 16 | 15 |
| Agder og Rogaland | 23 | 20 | 23 | 19 | 21 | 23 | 24 | 12 | 10 | 14 | 11 | 13 | 14 | 14 |
| Vestlandet | 22 | 26 | 25 | 28 | 25 | 25 | 21 | 14 | 16 | 15 | 16 | 17 | 14 | 12 |
| Trøndelag | 21 | 22 | 22 | 25 | 22 | 18 | 27 | 11 | 15 | 15 | 17 | 10 | 9 | 16 |
| Nord-Noreg | 20 | 17 | 23 | 23 | 26 | 20 | 25 | 10 | 8 | 20 | 14 | 20 | 11 | 16 |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå delkapittel 9.6.
Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 9.14. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. Prosent**

| | Roman/ novelle | Biografi/ memoarar | Samfunn/ politikk/ kunst/ historie | Natur/ teknikk/ friluft | Religiøs litteratur | Skodespel/ dikt | Barne-/ ungdoms-litteratur | Anna |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2000 | 59 | 7 | 8 | 4 | 3 | 2 | .. | 17 |
| 2001 | 64 | 7 | 8 | 2 | 4 | 1 | 8 | 5 |
| 2002 | 64 | 3 | 6 | 3 | 5 | 1 | 10 | 8 |
| 2003 | 63 | 7 | 6 | 4 | 3 | 1 | 8 | 9 |
| 2004 | 54 | 8 | 7 | 3 | 4 | 0 | 11 | 13 |
| 2005 | 67 | 3 | 6 | 3 | 4 | 0 | 8 | 8 |
| 2006 | 69 | 6 | 7 | 3 | 2 | 0 | 8 | 4 |
| 2007 | 67 | 6 | 5 | 3 | 3 | 0 | 8 | 8 |
| 2008 | 64 | 5 | 6 | 2 | 1 | 0 | 10 | 11 |
| 2009 | 64 | 6 | 7 | 4 | 3 | 0 | 9 | 7 |
| 2010 | 71 | 4 | 6 | 2 | 1 | 1 | 9 | 7 |
| 2011 | 72 | 4 | 6 | 1 | 2 | 0 | 7 | 8 |
| 2012 | 62 | 5 | 7 | 3 | 1 | 1 | 11 | 9 |
| 2013 | 62 | 5 | 6 | 4 | 3 | 0 | 10 | 9 |
| 2014 | 63 | 4 | 4 | 3 | 1 | 1 | 15 | 9 |
| 2015 | 62 | 4 | 6 | 3 | 1 | 1 | 14 | 10 |
| 2016 | 61 | 4 | 7 | 2 | 2 | 1 | 11 | 11 |
| 2017 | 59 | 3 | 9 | 4 | 2 | 1 | 12 | 9 |
| 2018 | 63 | 3 | 7 | 4 | 2 | 1 | 12 | 8 |
| | | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | | |
| Menn | 51 | 5 | 10 | 6 | 3 | 0 | 15 | 10 |
| Kvinner | 69 | 3 | 5 | 3 | 1 | 1 | 11 | 7 |
| **Alder** | | | | | | | | |
| 9-15 år | 25 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 70 | 1 |
| 16-24 år | 46 | 7 | 15 | 5 | 5 | 0 | 2 | 20 |
| 25-44 år | 55 | 6 | 8 | 10 | 4 | 0 | 7 | 10 |
| 45-66 år | 81 | 2 | 6 | 2 | 0 | 1 | 0 | 7 |
| 67-79 år | 78 | 2 | 8 | 3 | 2 | 0 | 0 | 7 |
| **Utdanning** | | | | | | | | |
| Grunnskule | 59 | 4 | 5 | 2 | 4 | 0 | 2 | 24 |
| Vidaregåande opplæring | 77 | 2 | 3 | 5 | 2 | 0 | 1 | 9 |
| Universitet/høgskule, kort | 71 | 4 | 9 | 5 | 2 | 1 | 3 | 5 |
| Universitet/høgskule, lang | 59 | 8 | 19 | 4 | 0 | 0 | 2 | 8 |
| **Landsdel** | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 53 | 6 | 10 | 8 | 1 | 0 | 13 | 7 |
| Austlandet elles | 72 | 3 | 3 | 2 | 0 | 0 | 10 | 0 |
| Agder og Rogaland | 62 | 4 | 10 | 3 | 6 | 0 | 7 | 8 |
| Vestlandet | 55 | 2 | 7 | 3 | 2 | 1 | 22 | 8 |
| Trøndelag | 72 | 2 | 2 | 4 | 0 | 3 | 9 | 7 |
| Nord-Noreg | 66 | 0 | 9 | 0 | 4 | 0 | 13 | 8 |

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

# 10. Aviser, vekepresse og fagpresse

## 10.1. Aviser

Med «avis» i denne statistikken meiner vi alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål, ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha under 50 prosent annonsar (Høst 2004).

*Talet på aviser stabilt*

Ved utgangen av 2018 kom det ut 223 aviser i Noreg, og talet på aviser har halde seg nokolunde stabilt dei siste åra, sjå tabell 10.1. Sidan 2003 har talet på aviser variert mellom 221 og 230.

*90 prosent av avisene har eigne nyhende på internett*

Ved utgangen av 2003 hadde 156 aviser eigne nyhende på internett. Dette utgjorde 71 prosent av alle aviser. I 2008 hadde 86 prosent av avisene nyhende på internett, og denne delen heldt seg relativt stabil i perioden etter dette. Ved utgangen av 2018 hadde 90 prosent, eller 201, av alle avisene eigne nyhende på nett, sjå tabell 10.1.

Dei siste åra har avisene òg starta å ta betaling for nyhenda på nett. I 2018 hadde 183 aviser innført ei betalingsordning, det vil seia at 91 prosent av avisene som hadde eigne nettnyhende, hadde innført ei betalingsordning.

*Netto opplag på 2,3 millionar eksemplar*

Innføringa av nytt regelverk for rapportering av opplag (sjå delkapittel 10.5), gjer det ikkje lenger mogleg å samanlikne tal på opplag med tidlegare år. I 2018 var avisenes netto opplag på 2 321 000 eksemplar. Det største netto totalopplaget med 686 000 eksemplar hadde lokale dagsaviser nr. 1 og 2. Storbyaviser nr. 1 og 2, som bl.a. omfattar Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavangerbladet, samt lokale fådagarsaviser følgde etter med høvesvis 519 000 og 515 000 eksemplar. Nasjonale fådagarsaviser hadde det minste netto totalopplaget med et opplag på 104 000 eksemplar, sjå tabell 10.2 og figur 10.1.

**Figur 10.1. Netto totalopplag for grupper av aviser. 2018. I 1 000**




Kjelder: Høst, Sigurd (2019), Papiraviser og betalte nettaviser 2018, Høgskulen i Volda, Landslaget for lokalaviser (LLA), Mediebedriftenes Landsforening (MBL), medienorge.

Figur 10.2 viser opplaget til dei åtte største avisene i Noreg.

**Figur 10.2. Netto totalopplag for dei største avisene. 2018. I 1 000**




Kjelder: Høst, Sigurd (2019), Papiraviser og betalte nettaviser 2018, Høgskulen i Volda, Landslaget for lokalaviser (LLA), Mediebedriftenes Landsforening (MBL), medienorge.

*158 dagsaviser fekk produksjonstilskot*

I 2018 var produksjonstilskotet på 313 millionar kroner som fordelte seg på 158 aviser, ein auke på ei avis i høve til 2017, sjå tabell 10.3. Medietilsynet forvaltar produksjonstilskotet som, i tillegg til fritaket for meirverdiavgift, er statens viktigaste verkemiddel for å oppretthalde mangfaldet i avisutgjevingar, både geografisk og når det gjeld innhald og verdiforankring, jf. Kulturdepartementet (2017). Mediestøtta omfattar fleire ulike tilskot, sjå delkapittel 10.5.

## 10.2. Vekepresse

*Vekepressa – nedgangen i opplagstal held fram*

Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasina kjem ikkje ut kvar veke. Tala som vert presenterte, er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer. Tabell 10.4 viser ei oversikt over opplagstal og talet på magasin for vekepressa for åra 2017 og 2018. For alle bedriftene som er medlem i Mediebedriftenes Landsforening (MBL), noko som gjeld dei fleste magasina, var det samla gjennomsnittlege opplaget per nummer på 1,5 millionar eksemplar i 2018. Dette er ein nedgang på 8 prosent samanlikna med 2017 då det samla opplaget var på nær 1,7 millionar.

Blad om bustad og interiør utgjorde den største gruppa med sine 13 blad og eit gjennomsnittleg opplag per utgjeving på 307 000 eksemplar. Kategorien Kvinne låg på en andreplass i talet på blad med totalt 11, men utgjorde den største gruppa i talet på opplag per utgjeving med 523 000 i 2018.

Frå 2017 til 2018 har det vore nedgang i det totale opplagstalet i alle kategoriar unnateke Reise. Sjølv om kategoriane Bustad og interiør og Kvinne låg på toppen i talet på blad og opplag per utgjeving, finn vi her den kraftigaste nedgangen i talet på eksemplar, med høvesvis 30 000 og 36 000. Kategorien Foreldre hadde ein nedgang på heile 22 prosent frå 2017 til 2018, eller 4 700 eksemplar. Dette svarar til 1 030 opplag per utgjeving, sjå tabell 10.4.

## 10.3. Fagpresse

*Fagpressa – stabile opplagstal*

Fagpressa har samla sett hatt ei relativt stabil utvikling i opplagstala dei siste åra samanlikna med aviser og mange andre magasin, sjølv om det er store skilnader innbyrdes. Totalopplaget for medlemsblada i Fagpressen var på 4,2 millionar eksemplar i 2018, ein auke på 4 prosent frå året før, sjå tabell 10.5. Auka kjem

hovudsakleg av innmeldinga av fleire medlemmer. Talet på periodikum har variert lite dei siste åra, og låg på 180 i 2018 mot 175 i 2017.

Figur 10.3 viser korleis det samla opplaget fordelar seg per kategori for medlemsblada i Fagpressen i 2018. Kultur og fritid var den største kategorien med 1 027 000 eksemplar, tett følgt av Industri, teknikk og handverk som den nest største med et opplag på 1 011 000 eksemplar. Tenesteyting, økonomi mv. var den minste kategorien med eit opplag på 32 500 eksemplar.

Medlemsblada er berre førte opp i ein kategori, og det er medlemsblada sjølve som vel den kategorien dei høyrer til. I 2018 var det fleire medlemmer som endra sin primærkategori, noko som førte til endringar i talet per kategori.

**Figur 10.3. Fagpresse. Opplag per utgjeving, etter gruppe[1]. 2018. I 1 000**




[1] Omfattar berre medlemmer av Fagpressen og grupperinga er utarbeidd av denne foreininga. Medlemsblad med kontrollerte opplag.
Kjelde: Fagpressen.

## 10.4. Lesing av aviser

*30 prosent les papiravis på ein gjennomsnittsdag*

Vi har vist at opplagstala for papiraviser har gått ned. Tal frå Norsk mediebarometer 2018 viser at det er stadig færre som les papiraviser, og minutt brukt til lesing av aviser på papir går ned. Likevel var det avis som var det mest lesne trykte mediet. I 2018 las 30 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år ei papiravis på ein gjennomsnittsdag, og i gjennomsnitt brukte kvar person 11 minutt per dag til avislesing på papir. Ti år tidlegare, i 2008, las 68 prosent av befolkninga avis ein gjennomsnittsdag, og ein tidlegare utgåve av Mediebarometeret viser at kvar person brukte i gjennomsnitt 29 minutt, sjå figur 10.4 og tabellane 10.6 og 10.7.

Både menn og kvinner brukte 11 minuttar ein gjennomsnittsdag på å lese papiraviser. Tabell 10.7 viser at delen som las papiraviser, både menn og kvinner, har gått jamt nedover sidan 2015. I 2018 var det 30 prosent av mennene og 31 prosent av kvinnene som las papiraviser. Lesing av papiraviser skjer oftare i eldre aldersgrupper enn i yngre. Medan 8 prosent av dei i alderen 9-15 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2018, var delen 67 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen som les papiravis dagleg har gått ned for alle aldersgrupper i 2018 samanlikna med dei tre siste åra, unnateke aldersgruppa 45-66 år der delen har heldt seg stabil.

*51 prosent las nettavis ein gjennomsnittsdag*

Delen av befolkninga som las aviser på internett aukar jamt, men har gått ned 1 prosentpoeng frå 2017 til 2018, sjå figur 10.4. I 2016 nådde denne delen toppen med 56 prosent, medan 51 prosent av befolkninga las aviser på internett på ein gjennomsnittsdag i 2018. Til samanlikning las berre 10 prosent aviser på Internett i 2001. 78 prosent las papiravis det same året, medan i 2018 var denne delen gått ned til 30 prosent. Det var framleis ein større del menn enn kvinner som las nettaviser ein gjennomsnittsdag i 2018, 54 prosent for menn og 48 prosent for kvinner, sjå tabell 10.8.

**Figur 10.4. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

Det er i utgangspunktet færre som les vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift sett i høve til aviser. Nedgangen i delen som les avis ein gjennomsnittsdag har vore på 2 prosentpoeng frå 2017 til 2018, medan det var ingen endring for dei andre kategoriane. På ein gjennomsnittsdag i 2018 var det 5 prosent som las vekeblad, og 6 prosent las tidsskrift. Noko særmerkt kan det vere at delen som les teikneserieblad har halde seg relativt stabil på 3 prosent i perioden 2015 til 2018, sjå tabell 10.8.

## 10.5. Om statistikken

*Avisene*

Opplysningane om aviser er henta frå rapporten «Papiraviser og betalte nettaviser 2018» av Sigurd Høst og nettsidene til medienorge som i tillegg har Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og Landslaget for lokalaviser (LLA) som kjelder.

*Opplag*

I 2014 blei opplagstala endra for å fange opp sal av digitale avisutgåver. Frå 2018 vert det innført nytt regelverk for rapportering av opplag, og dei største endringane frå tidlegare regelverk er:

- Rapporteringa vil frå 2018 skje to gongar i året.
- Abonnementsopplaget vert telt ut frå gjennomsnittleg tal på selde abonnement, uavhengig av pris.
- For bedriftssal vert det no sett krav om ein prosentvis del av talet på faktiske og moglege nedlastingar.
- Ein eigen sats på frieksemplar for E-avis vert fjerna og digitale produkt vert jamstilt med papir.

Innføringa av det nye regelverket gjer det ikkje lenger mogleg å samanlikne opplagstal frå og med 2018 med tidlegare år.

*Mediestøtte*

Mediestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå måla på medieområdet og består av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot til nyhende- og aktualitetsmedium
- Medieforsking og etterutdanning
- Tilskot til lokale lyd- og biletmedium
- Tilskot til samiske aviser
- Distribusjonstilskot til avisene i Finnmark
- Innovasjons- og utviklingsstøtte

Medietilsynet er staten sin forvaltningsorgan på medieområdet og forvaltar dei statlege verkemidla på Kulturdepartementet sine ansvarsområde. I tillegg til Kulturdepartementets tilskotsordningar får nyhende- og aktualitetsmedium indirekte mediestøtte ved å vere fritekne frå meirverdiavgift.

*Vekepressa*

Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasina som er medlemmer. Innanfor MBL er det danna ei eiga gruppering som tek vare på spesifikke oppgåver i bransjen. MBLs gruppering for vekepresse og magasin har som føremål å behandle spørsmål av felles interesse for medlemmene i grupperinga, og som ikkje blir behandla av MBL sentralt. Grupperinga er interessert i at medlemmene får rammevilkår som gir lønsame bedrifter og sikrar arbeidsplassar.

*Fagpressa*

Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Fagpressen. Fagpressen, tidlegare kalla Den Norske Fagpresses Forening, er Noregs eldste presseorganisasjon og vart stifta i 1898. «Fagpressen» er ein interesseorganisasjon for fag- og interessetidsskrift i Noreg. Foreininga sikrar interesser til fagblad, tidsskrift og magasin på trykk og nett. Kategoriane som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidde av Fagpressen, men medlemsblada vel sjølve primærnøkkel for kor dei høyrer heime. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad.

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som omhandlar lesing av aviser og blad, er henta frå Norsk mediebarometer 2018. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på omtrent 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike massemedium.

Det er nytta kjennemerke yrkesstatus og utdanning i tabellane 10.6 og 10.7. Sjå delkapittel 9.6 for definisjonar av desse kjennemerka.

## Referansar

Fagpressen: http://www.fagpressen.no

Høst, Sigurd (2004): Hva er en avis? Avisbegrepet fra Hellerudkomiteen til Se og Hør, Rapport nr. 3/2004, Institutt for journalistikk

Høst, Sigurd (2019): Papiraviser og betalte nettaviser 2018. Statistikk og kommentarer, Rapport nr. 90/2019, Høgskulen i Volda/Møreforsking. http://medienorge.uib.no/files/Eksterne_pub/Avis%C3%A5ret-2018.pdf

Kulturdepartementet (2017): For budsjettåret 2018 - Utgiftskapitler: 300-342 Inntektskapitler: 3300-3342 og 5568 (Prop. 1 S KUD 2017-2018). https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-kud-20172018/id2574640/

Medienorge: http://www.medienorge.uib.no/statistikk/

Medietilsynet: Årsrapport 2018. https://medietilsynet.no/globalassets/dokumenter/rapporter/2019/2018-medietilsynets-arsrapport.pdf

Schiro, Emma Castillo (2019): Norsk mediebarometer 2018, Statistiske analyser 161, Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2018

## Meir informasjon

Aviskatalogen: http://www.aviskatalogen.no/

Landslaget for Lokalaviser: https://lla.no/

Mediebedriftenes Landsforening (MBL): http://www.mediebedriftene.no

**Tabell 10.1. Aviser med tilbod på internett[1] ved utgangen av året eller januar året etter, for einskilde utvalde år**

| | 2003 | 2005 | 2008 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Aviser i alt** | **221** | **224** | **227** | **225** | **227** | **226** | **229** | **230** | **228** | **227** | **223** | **223** |
| Oppdaterte nyhende, dagsavis[2] | 23 | 38 | 69 | 63 | 58 | 50 | 62 | 64 | 66 | 66 | - | - |
| Oppdaterte nyhende, fådagarsavis[3] | 16 | 36 | 79 | 48 | 30 | 34 | 46 | 66 | 90 | 101 | - | - |
| Vanleg nettavis[4] | 66 | 44 | 22 | 39 | 56 | 47 | 43 | 26 | 16 | 11 | - | - |
| Smal nettavis, notisavis | 51 | 63 | 25 | 44 | 46 | 46 | 35 | 31 | 19 | 17 | 12 | 12 |
| Eigne nyhende i alt | 156 | 181 | 195 | 194 | 194 | 191 | 186 | 191 | 197 | 201 | 197 | 201 |
| Oppdaterte smakebitar, les meir | - | - | - | - | 4 | 6 | 7 | 7 | 6 | 3 | 7 | 4 |
| Eiga heimeside | 24 | 24 | 21 | 20 | 19 | 20 | 21 | 21 | 15 | 12 | 12 | 9 |
| Anna | 5 | 2 | 1 | 4 | 5 | 4 | 9 | 11 | 10 | 10 | 8 | 5 |
| Eigne opplegg i alt | 185 | 207 | 218 | 218 | 222 | 221 | 223 | 226 | 222 | 220 | 218 | 219 |
| Nettside med betalingsordning | - | - | - | - | 5 | .. | 27 | 55 | 125 | 151 | 175 | 183 |

[1] Oversikta gjeld dei betalte (papir-)avisene på internett. Gratisaviser og reine nettaviser er ikkje med. [2] Krav til oppdatering for dagsaviser er strengare frå 2003 og framover. [3] Krav til oppdatering for fådagarsaviser er strengare frå 2008, og praktiseringa er innskjerpa frå 2010. [4] Minst fire eigne nyhendesaker er presenterte som meir enn ein kort notis.

Kjelde: Høst, Sigurd (2019), Papiraviser og betalte nettaviser 2018, Høgskulen i Volda.

**Tabell 10.2. Talet på aviser og opplag[1] for ulike typar aviser, i 1 000 eksemplar**

| | 2012 | | 2013 | | 2014[2] | | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018[3] | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag | Aviser | Opplag |
| **Aviser i alt** | **227** | **2 422** | **229** | **2 230** | **230** | **2 151** | **228** | **2 041** | **227** | **2 018** | **223** | **2 026** | **223** | **2 321** |
| Laussalsaviser | 2 | 277 | 2 | 244 | 2 | 212 | 2 | 184 | 2 | 172 | 2 | 155 | 2 | 324 |
| Storbyaviser[4] | 4 | 435 | 4 | 414 | 4 | 418 | 4 | 399 | 4 | 396 | 4 | 414 | 4 | 473 |
| Nr.2-aviser i store byar | 3 | 50 | 3 | 47 | 2 | 37 | 3 | 39 | 3 | 39 | 3 | 39 | 3 | 46 |
| Rikspreidde meinings-berande aviser[5] | 8 | 176 | 8 | 173 | 8 | 171 | 8 | 169 | 8 | 170 | 8 | 172 | 8 | 173 |
| Leiande lokale dagsaviser | 54 | 757 | 53 | 712 | 54 | 685 | 53 | 637 | 52 | 629 | 49 | 625 | 47 | 659 |
| Lokale dagsaviser, nr. 2 | 2 | 28 | 2 | 26 | 2 | 25 | 2 | 24 | 2 | 24 | 2 | 25 | 2 | 27 |
| Lokale 2-3 dagarsaviser | 84 | 382 | 84 | 380 | 84 | 368 | 77 | 341 | 77 | 339 | 76 | 343 | 75 | 360 |
| Lokale vekeaviser | 60 | 129 | 64 | 134 | 65 | 134 | 71 | 147 | 71 | 148 | 71 | 149 | 74 | 155 |
| Nasjonale fådagarsaviser | 9 | 92 | 9 | 99 | 9 | 101 | 8 | 100 | 8 | 102 | 8 | 104 | 8 | 104 |

[1] Gjeld berre trykte aviser og deira nettutgåver, og omfattar berre publikasjonar med minst ein utgåve per veke, og som vert rekna som avis i samsvar med avisdefinisjonen til Sigurd Høst (Høst 004). Einskilde medlemmer av MBL og LLA vil difor ikkje vera rekna med i oversikta. [2] Reglane for berekning av opplag vart forandra frå og med 2014 slik at tala frå 2014 er samla nettoopplag (papiropplag pluss digitale abonnement og kjøp av digitale utgåver). [3] Frå 2018 vert det innført nytt regelverk for rapportering av opplag, sjå delkapittel 10.5. Tala frå og med 2018 er difor ikkje direkte samanliknbare med tidlegare år. [4] Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. Nye opplagsreglar for 2014 har gjeve ein ekstraordinær auke for Aftenposten. [5] VG+ er inkludert i VGs totaltopplag frå og med 2018. Dagens Næringsliv har ikkje ønskt å få målt opplaget i 2016, 2017 og 2017, og opplag er anslått for desse åra.

Kjelder: Høst, Sigurd (2019), Papiraviser og betalte nettaviser 2018, Høgskulen i Volda, Landslaget for lokalaviser (LLA), Mediebedriftenes Landsforening (MBL), medienorge.

**Tabell 10.3. Dagsaviser som fekk produksjonstilskot**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Aviser i alt** | **138** | **140** | **138** | **141** | **147** | **149** | **155** | **157** | **158** |
| Nr. 2-aviser, ekskl. riksspreidde aviser[1] | 24 | 25 | 24 | 25 | 23 | 19 | 23 | 27 | 28 |
| Riksspreidde meiningsberande aviser | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Nr. 1 og aleineaviser | 59 | 59 | 58 | 58 | 65 | 65 | 61 | 64 | 63 |
| Vekeaviser, ekskl. nr. 2-aviser | 50 | 51 | 51 | 53 | 54 | 58 | 62 | 61 | 62 |
| Riksspreidde ukeaviser[2] | . | . | . | . | . | . | 4 | 4 | 4 |
| Tilskotsbeløp i alt (1 000 kr) | 272 915 | 281 355 | 287 568 | 307 789 | 308 246 | 303 246 | 313 046 | 312 866 | 313 000 |

[1] Inkluderer sju vekeaviser som er nr. 2-aviser på utgivarstaden. [2] Morgenbladet, Korsets Seier, Dag og Tid og Norge i Dag fekk produksjonstilskot for første gong i 2016. Tidlegare fekk desse avisene tilskot frå Kulturrådet.

Kjelde: Medietilsynet..

**Tabell 10.4. Vekepresse[1]. Talet på blad og magasin og opplag per utgjeving, etter gruppe**

| | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|
| Gruppe | Talet på blad/magasin | Opplag per utgjeving | Talet på blad/magasin | Opplag per utgjeving |
| **I alt** | **57** | **1 683 898** | **58** | **1 544 004** |
| Aktualitet, TV | 5 | 231 285 | 5 | 215 320 |
| Bil, båt, jakt og friluft | 8 | 134 237 | 8 | 122 775 |
| Bustad, interiør | 12 | 336 801 | 13 | 307 327 |
| Foreldre | 2 | 21 128 | 1 | 16 436 |
| Innsikt, økonomi | 6 | 163 610 | 7 | 147 917 |
| Kvinne | 11 | 558 422 | 11 | 522 584 |
| Mann | 1 | 41 893 | 1 | 37 068 |
| Helse, livsstil, mat | 4 | 77 611 | 5 | 63 953 |
| PC, lyd og bilete | 4 | 20 502 | 3 | 19 276 |
| Sport, reise | 1 | 8 103 | 1 | 9 133 |
| Teikneserie, ung | 3 | 90 306 | 3 | 82 215 |

[1] Omfattar vekepresse som er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening.
Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

**Tabell 10.5. Fagpresse. Talet på periodika[1] og opplag per utgjeving, etter gruppe[2]**

| | 2014 | | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gruppe | Periodika | Opplag | Periodika | Opplag | Periodika | Opplag | Periodika | Opplag | Periodika | Opplag |
| **I alt[3]** | **188** | **4 249 892** | **184** | **3 840 676** | **180** | **3 844 479** | **175** | **4 082 556** | **180** | **4 241 169** |
| Landbruk og fiske | 12 | 174 742 | 11 | 165 411 | 11 | 161 254 | 12 | 163 326 | 12 | 161 098 |
| Industri, teknikk og handverk | 30 | 838 513 | 34 | 914 553 | 30 | 965 155 | 30 | 890 816 | 30 | 1 010 744 |
| Bygg og anlegg | 12 | 346 667 | 13 | 349 987 | 13 | 343 373 | 12 | 341 630 | 12 | 340 992 |
| Varehandel, hotell og storkjøkken | 10 | 114 516 | 11 | 123 815 | 11 | 128 773 | 10 | 119 365 | 11 | 120 922 |
| Transport og samferdsel[4] | 6 | 449 429 | 3 | 18 839 | 5 | 45 943 | 3 | 433 047 | 2 | 403 595 |
| Tenesteyting, økonomi mv. | 15 | 298 108 | 12 | 242 621 | 9 | 204 946 | 6 | 138 261 | 1 | 32 522 |
| Offentleg verksemd, undervisning, forsking mv. | 30 | 545 908 | 30 | 574 711 | 31 | 593 600 | 31 | 567 137 | 36 | 669 452 |
| Helse-, sosial- og veterinærtenester | 39 | 479 969 | 39 | 489 271 | 41 | 471 705 | 37 | 466 597 | 38 | 474 540 |
| Kultur og fritid | 34 | 1 002 040 | 31 | 961 468 | 29 | 929 730 | 34 | 962 377 | 38 | 1 027 304 |

[1] Omfattar berre medlemmer av Fagpressen. [2] Grupperinga er utarbeidd av Fagpressen. [3] Medlemsblad med kontrollerte opplag. [4] Motor innmeldt med 400 000 i opplag i 2017.
Kjelde: Fagpressen

**Tabell 10.6. Minutt brukt til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag**

| | Avis | | | | Vekeblad | | | | Teikneserieblad | | | | Tidsskrift | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| Alle personar | 16 | 14 | 11 | 11 | 2 | 2 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 2 | 2 | 1 | 2 |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 17 | 14 | 12 | 11 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | 1 | 2 | 3 | 2 | 2 | 2 |
| Kvinner | 15 | 14 | 11 | 11 | 4 | 3 | 2 | 3 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 2 | 1 | 1 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 3 | 3 | 3 | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 16-24 år | 4 | 4 | 2 | 2 | 0 | 1 | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 2 | 1 | 1 | 1 | 0 |
| 25-44 år | 9 | 7 | 6 | 5 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 2 | 3 | 1 | 1 |
| 45-66 år | 24 | 20 | 13 | 14 | 3 | 2 | 1 | 2 | 0 | 1 | 0 | 0 | 3 | 3 | 2 | 3 |
| 67-79 år | 44 | 38 | 37 | 37 | 7 | 6 | 4 | 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 6 | 4 | 3 | 3 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | 11 | 9 | 8 | 6 | 3 | 1 | 1 | 3 | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 | 2 | 0 | 0 |
| Vidaregåande skule | 19 | 20 | 14 | 14 | 3 | 3 | 2 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 | 2 | 2 | 2 |
| Universitet/høgskule, kort | 21 | 14 | 13 | 13 | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 3 | 3 | 2 | 1 |
| Universitet/høgskule, lang | 24 | 20 | 16 | 14 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 4 | 4 | 2 | 3 |
| **Yrkesstatus (16-79 år)**[1] | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 20 | 14 | 11 | 12 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 3 | 3 | 2 | 2 |
| Yrkesgruppe 3 | 16 | 14 | 9 | 8 | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 | 3 | 3 | 1 | 1 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 11 | 12 | 8 | 6 | 3 | 3 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 0 | 0 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 10 | 15 | 7 | 6 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 2 | 2 | 1 | 2 |
| Elevar/studentar | 5 | 2 | 1 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 | 1 | 0 | 1 | 1 | 2 | 1 | 0 |
| Trygda/pensjonistar | 37 | 34 | 29 | 30 | 5 | 6 | 3 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 | 3 | 3 | 3 |
| Heimearbeidande | 8 | 0 | : | : | 6 | 2 | : | : | 1 | 1 | : | : | 3 | 0 | : | : |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene sjå delkapittel 9.6.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 10.7. Personar som les avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. Prosent**

| | Avis | | | | Vekeblad | | | | Teikneserieblad | | | | Tidsskrift | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| Alle personar | 42 | 39 | 32 | 30 | 7 | 5 | 5 | 5 | 3 | 3 | 3 | 3 | 8 | 8 | 6 | 6 |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 41 | 37 | 31 | 30 | 2 | 2 | 2 | 2 | 4 | 5 | 3 | 4 | 9 | 8 | 7 | 7 |
| Kvinner | 42 | 40 | 34 | 31 | 11 | 8 | 8 | 8 | 3 | 2 | 3 | 1 | 6 | 7 | 5 | 5 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 7 | 8 | 10 | 8 | 3 | 1 | 1 | 0 | 11 | 13 | 16 | 12 | 1 | 1 | 1 | 0 |
| 16-24 år | 23 | 15 | 12 | 11 | 1 | 2 | 4 | 0 | 4 | 2 | 1 | 3 | 3 | 4 | 5 | 2 |
| 25-44 år | 35 | 28 | 24 | 20 | 4 | 3 | 3 | 2 | 3 | 4 | 2 | 2 | 8 | 8 | 5 | 5 |
| 45-66 år | 62 | 56 | 42 | 42 | 9 | 6 | 5 | 7 | 1 | 2 | 1 | 1 | 11 | 10 | 7 | 9 |
| 67-79 år | 71 | 73 | 72 | 67 | 17 | 14 | 13 | 16 | 0 | 0 | 1 | 1 | 10 | 11 | 9 | 10 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | 33 | 29 | 26 | 17 | 8 | 4 | 5 | 7 | 1 | 2 | 2 | 2 | 6 | 4 | 3 | 2 |
| Vidaregåande skule | 50 | 48 | 38 | 37 | 8 | 7 | 7 | 7 | 2 | 1 | 2 | 1 | 7 | 6 | 8 | 7 |
| Universitet/høgskule, kort | 52 | 44 | 38 | 37 | 6 | 5 | 4 | 4 | 3 | 4 | 1 | 2 | 11 | 12 | 7 | 7 |
| Universitet/høgskule, lang | 55 | 50 | 39 | 43 | 5 | 4 | 5 | 3 | 3 | 3 | 2 | 3 | 13 | 15 | 8 | 13 |
| **Yrkesstatus (16-79 år)** [1] | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 53 | 47 | 36 | 39 | 6 | 4 | 4 | 3 | 3 | 3 | 1 | 2 | 11 | 11 | 9 | 9 |
| Yrkesgruppe 3 | 47 | 41 | 33 | 29 | 5 | 3 | 2 | 3 | 2 | 3 | 2 | 0 | 12 | 8 | 7 | 7 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 39 | 36 | 30 | 24 | 9 | 4 | 6 | 6 | 2 | 2 | 1 | 0 | 4 | 6 | 3 | 1 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 40 | 34 | 29 | 23 | 4 | 4 | 3 | 3 | 3 | 2 | 2 | 0 | 7 | 6 | 3 | 4 |
| Elevar/studentar | 26 | 11 | 8 | 12 | 0 | 1 | 5 | 1 | 6 | 3 | 2 | 2 | 3 | 5 | 6 | 3 |
| Trygda/pensjonistar | 64 | 67 | 60 | 55 | 15 | 14 | 12 | 14 | 1 | 0 | 1 | 2 | 9 | 11 | 8 | 9 |
| Heimearbeidande | 26 | 3 | : | : | 10 | 4 | : | : | 3 | 5 | : | : | 4 | 0 | : | |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene sjå delkapittel 9.6.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 10.8. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag, alder, menn og kvinner. Prosent**

| | Trykt avis | Nettavis | Anten trykt avis eller nettavis | Berre trykt avis | Berre nettavis | Både trykt avis og nettavis |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2001 | 78 | 10 | 79 | 69 | 2 | 9 |
| 2002 | 77 | 12 | 79 | 67 | 2 | 10 |
| 2003 | 77 | 17 | 80 | 63 | 4 | 14 |
| 2004 | 75 | 19 | 79 | 60 | 4 | 15 |
| 2005 | 74 | 27 | 81 | 54 | 7 | 20 |
| 2006 | 74 | 31 | 82 | 51 | 8 | 23 |
| 2007 | 72 | 34 | 81 | 47 | 8 | 25 |
| 2008 | 68 | 35 | 77 | 42 | 9 | 26 |
| 2009 | 65 | 40 | 78 | 38 | 13 | 27 |
| 2010 | 64 | 43 | 80 | 37 | 16 | 27 |
| 2011 | 63 | 48 | 79 | 32 | 16 | 32 |
| 2012 | 55 | 49 | 77 | 28 | 22 | 27 |
| 2013 | 51 | 52 | 76 | 24 | 25 | 27 |
| 2014 | 49 | 54 | 75 | 21 | 26 | 27 |
| 2015 | 42 | 51 | 72 | 20 | 30 | 21 |
| 2016 | 39 | 56 | 73 | 17 | 34 | 22 |
| 2017 | 32 | 52 | 68 | 16 | 36 | 16 |
| 2018 | 30 | 51 | 64 | 11 | 20 | 31 |
| | | | | | | |
| **2018** | | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | | |
| Menn | 30 | 54 | 66 | 11 | 23 | 33 |
| Kvinner | 31 | 48 | 63 | 11 | 17 | 28 |
| **Alder** | | | | | | |
| 9-15 år | 8 | 14 | 20 | 1 | 3 | 5 |
| 16-24 år | 11 | 45 | 49 | 2 | 13 | 15 |
| 25-44 år | 20 | 60 | 66 | 5 | 24 | 29 |
| 45-66 år | 42 | 61 | 78 | 14 | 24 | 38 |
| 67-79 år | 67 | 43 | 82 | 37 | 21 | 57 |

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

# 11. Film og kino

## 11.1. Nokre resultat

*Noregs mest brukte kulturtilbod*

Kinoverksemdene har vore i endring gjennom fleire år. Digitaliseringa av kinoane er gjennomført, samstundes som det har skjedd ein kjededanning av kinoane sine eigarskap. Kino er Noregs mest brukte kulturtilbod utanfor heimen. 76 prosent av befolkninga gjekk ein eller fleire gonger på kino i 2018, ifølgje Statistisk sentralbyrås (SSB) mediebarometer. Kinobesøket har i mange år vore ganske stabilt, og tala frå 2018 stadfestar denne trenden, sjå tabell 11.5.

## 11.2. Kinobesøk og framsyningar

*Oppgang i kinobesøket i 2018*

I 2018 var det om lag 12,1 millionar selde kinobillettar i Noreg. Det er ein oppgang på litt over 355 000 kinobesøk frå året før. Kor mange som går på kino varierer frå år til år, og 2016 var eit år med rekordhøge 13,1 millionar vitjande på kino. Besøkstala for bygdekinoane syner den same utviklinga. Etter eit særleg godt år i 2016 med 154 000 selde kinobillettar gjekk besøkstalet ned til normalen i 2017, med 123 000 kinosjåarar. I 2018 steig besøkstalet til 133 000, ein oppgang på 8,3 prosent frå året før, sjå tabell 11.1.

Dei nasjonale tala i 2018 svarar til 2,3 kinobesøk i snitt per innbyggjar (Film & Kino årbok 2018). Billettinntektene på kinoane var på om lag 1,38 milliardar kroner i 2018, sjå tabell 11.2.

**Figur 11.1. Kinobesøk. Samla besøk, utanlandske og norske filmar. Millionar besøk**




Kjelde: Film & Kino.

*Stor oppgang for norsk film*

Oppgangen i kinobesøk ligg på 3 prosent totalt. Dei norske filmane hadde i 2018 ein oppgang i besøk på 43,5 prosent, medan dei utanlandske filmane hadde 5,9 prosent færre vitjingar i høve til året før.

*25 prosent marknadsdel for norsk film*

Tal for 2018 viser at dei norske filmane hadde omlag 3 millionar kinosjåarar og at dei norske filmane stod for 25,1 prosent marknadsdel av det totale kinobesøket. Dette er ifølgje Film & kino den høgste marknadsdelen som er registrert for norske filmar. Talet på dei som har sett norske filmar på kino har gått opp med nær 1 million kinobesøk frå 2017, då norsk film fekk 2,1 millionar besøk, medan det i toppåret 2016 var 3,1 millionar besøk. Trass i eit noko høgare besøkstal i 2016 enn

i 2018 var marknadsdelen likevel lågare dette året, med 23,9 prosent (Film & Kino årbok 2018).

Amerikansk film stod for 61 prosent av kinobesøket i 2018, ein nedgang på 9,6 prosent frå fjoråret. Eit betre år for norsk film kan ha gjeve ein lågare marknadsdel til amerikansk film.

*Tre av fem på topp var norske*

Blant dei fem filmane som topper besøksstatistikken for 2018 finn vi tre norske og to amerikanske filmar. «Mamma Mia! Here we go again!» er den mest sette filmen på kino i 2018, med om lag 708 000 selde billettar. Nummer to på besøksstatistikken er den norske filmen «Skjelvet» som vart sett av 589 620 personar. Vidare hadde norske «Den 12. mann» 426 000 besøk, sjølv om den kom i 2017. Med besøket frå 2017 er filmen sett av over 640 000. På fjerde plass kom «Månelyst i Flåklypa» med 423 000 besøk og på femte plass kom «Mission: Impossible – Fallout», med 389 000 besøk. I årboka til Film & Kino for 2018 kan du sjå heile lista med dei tretti mest sette filmane.

Kinobesøket for dei fem mest sette filmane i 2018 er 21 prosent av det samla besøket for heile året. Det er ein auke på 6 prosent sidan 2017, som var eit særskilt svakt år for toppfilmane. Auka i 2018 kan i hovudsak tilskrivast populariteten til dei norske filmane.

*Svak nedgang i talet på langfilmpremierar – framleis amerikansk dominans*

250 nye langfilmar hadde premiere på norske kinoar i 2018. Dette er fire filmar færre enn fjoråret, men framleis eit høgt tal samanlikna med tala for dei siste ti åra. 33 av filmane var norske, to filmar færre enn året før. Det var 106 amerikanske langfilmpremierar, 4 fleire enn i 2017. Det har vore ein liten nedgang i kor mange europeiske filmar som vart vist på kino, frå 88 i 2017 til 83 i 2018. Samstundes vart 26 filmar ifrå land utanfor Europa og USA vist på kino, noko som er det nest høgaste talet i den siste tiårs-perioden. Berre i fjor var talet høgare, då var det 28 filmar frå land utanfor Europa. 10 av dei ikkje-europeiske filmane kom frå India, sjå tabell 11.3.

*Fleire framsyningar og færre ser kvar*

I 2018 var det i alt 398 000 framsyningar på norske kinoar, 20 000 fleire i høve til året før. Film og Kino forklarar auka med opninga av Nye Odeon i Oslo, samt ny kino i Ålesund og Vega Scene i Oslo. Det har samstundes vore ein nedgang over fleire år i kor mange som ser kvar framsyning. Til dømes var det i 2001 i snitt 51 personar som såg kvar visning, medan det i 2006 var 40 personar, og 30 i 2018. Det var 76 780 framsyningar av norske filmar i 2018, ein auke på om lag 15 000 frå 2017. Tabell 11.2 syner meir informasjon om kinobesøk.

Besøkstala for 3D-film på kino har gått ned dei siste åra. 25 prosent såg 3D-filmar i toppåret 2011, og i 2015 var talet gått ned til 15 prosent. I 2018 stod 3D-film for 6 prosent av kinobesøka, noko som er ei nedgang på 3 prosentpoeng frå 2017. 3D-filmar stod for om lag 8 prosent av alle billettinntektene mot 11 prosent i 2017. I alt 174 kinoar har 301 salar som kan vise 3D i Noreg, 12 salar meir i høve til førre året. I tillegg har alle dei mobile einingane til Bygdekinoen 3D (Film og Kino årbok 2018).

*Fleire eldre går på kino*

76 prosent av befolkninga var i 2018 ein eller fleire gonger på kino dei siste 12 månadene, det er ein liten auke frå 2017 då delen var 75 prosent. Dette viser tal frå Norsk mediebarometer 2018, sjå tabell 11.5. Publikummet etter alder har endra seg noko. Dei yngre går framleis mest på kino. Bland dei mellom 9-15 og 16-24 år var høvesvis 92 og 91 prosent på kino i løpet dei siste 12 månadene. Dei siste åra har fleire og fleire eldre byrja å gå på kino. I 2015 var 27 prosent av aldersgruppa 67-79 år på kino, medan det var 44 prosent i 2018, sjå tabell 11.5.

Aldersgruppa 16-24 år var dei som gjekk oftast på kino i 2018, med 5 kinobesøk i snitt. I 2004 var talet 8 kinobesøk i snitt for denne aldersgruppa. At dei unge går mindre hyppig på kino no i høve til tidlegare, kan ha å gjere med at dei har interesse av kultur i digital form, på mobil eller anna bruk.

**Figur 11.2. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter alder. 2018. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

*Kvinner og menn går like ofte på kino*

I 2016 var delen kvinner og menn som besøker kino heilt identisk, medan i 2017 gjekk fleire kvinner i høve til menn på kino. I 2018 er talet identisk att, med 76 prosent menn og 76 prosent kvinner som hadde sett film på kino dei siste 12 månadene.

**Figur 11.3. Personar som har vore på kino dei siste 12 månadene, etter menn og kvinner. Prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

I dei større byene var det 81 prosent som gjekk på kino og i område med spreidd busetnad gjekk 66 prosent på kino dei siste 12 månadene, sjå tabell 11.5.

Det er variasjonar i delen som går på kino, og kor ofte, mellom landsdelane. Av befolkninga i Oslo og Akershus var det 78 prosent som gjekk på kino dei siste 12 månadene, medan det på Austlandet elles var 72 prosent. I Trøndelag gjekk 85 prosent på kino, medan i Nord-Noreg og Vestlandet er tala høvesvis 73 prosent og 74 prosent. I Agder og Rogaland hadde 77 prosent vore på kino dei siste 12 månadene, sjå tabell 11.5.

*Elevar og studentar går meir på kino*

Elevar og studentar, samt personar i yrke som krev akademisk, eller anna fagleg utdanning, er dei ivrigaste kinogjengarane samanlikna med andre grupper. Bland elevar og studentar har 89 prosent vore på kino dei siste tolv månadene. God hushaldsøkonomi og høg utdanning heng òg positivt saman med kinobesøk, sjå tabell 11.5.

## 11.3. Kinodrift

*Norske kinoar er i ein kjededanningsprosess*

I 2017 var all dei 443 kinosalane i Noreg digitale, eit tal som steig til 470 i 2018. Samstundes med digitaliseringa har det vore ei endring i organiseringa av kinodrift. Over halvparten av kinoverksemda i Noreg er organisert i eit form for samarbeid, og kinoverksemda ber preg av kjededanning. Det vil seie at mange kinoar som før var sjølvstendige, no inngår i ei større eining.

10 millionar av kinobesøka er på kinoar i ulike kjeder. Det utgjer 83 prosent av alle kinobesøka i Noreg i 2018, mot 87 prosent i 2017. Det er viktig å poengtere at det som kan sjå ut som ein nedgang frå 2017 til 2018 skyldast at Kinoforbundet (eit samarbeid mellom mindre kinoar) ikkje er med i oversikten til Film og Kino i årboka for 2018. Dei uavhengige kinoane har nær 17 prosent av besøka, det vil seie om lag 2 millionar, sjå figur 11.4.

**Figur 11.4. Kinobesøk[1]. Del besøk på kinokjeder og kinoar utanfor kjeder. Prosent**




[1] Tala for 2018 er ikkje direkte samanliknbare med tidlegare år sidan Kinoforbundet ikkje er med i Film & kino si årbok for 2018.
Kjelde: Film & Kino.

*Kommunale og private kinoar*

Norske kinoar kan vere kommunalt eigde, privat eigde eller ha delt eigarskap mellom kommunar og private. Kommunane kan eige kinoar aleine eller i felles eige med andre kommunar. Ved overgang til felles eige med private, vert kinoen registrert som kommunal dersom kommunen har minst 51 prosent eigardel.

Frå 2012 har de kommunalt eigde kinoane gått frå å ha 83 prosent av kinobesøket, til 55 prosent i 2018. Nesten ein fjerdedel av marknaden vart flytta frå kommunalt til privat eigarskap då Nordisk Film kjøpte Oslo Kino og kinoane i Norsk Kinodrift i 2013. Talet på kommunale kinoar har gått ned frå 143 kinoar i 2017 til 140 i 2018. Det er no 61 privateigde kinoar og desse har 45 prosent av kinobesøket.

*Fleire kinobygg – fleire salar*

Over lengre tid har det vorte færre kinobygg. Totalt var det 227 kinobygg i 2006, medan det var 202 i 2016. I 2018 har talet gått opp til 208 kinobygg. I 2018 var det i alt 470 kinosalar, 27 fleire enn i 2017, som fordelte seg på 291 kommunale og 179 ikkje-kommunale kinosalar. Det var til saman 81 407 sitjeplassar i kinoane.

*Færre framsyningsstader for bygdekinoen, men fleire besøkande*

Bygdekinoane, som er eit tilbod til dei mindre kommunane utan kino, fekk 1 prosent av kinobesøka. Bygdekinoen har òg vorte digital. Etter rekordåret 2016 med meir enn 154 000 besøkande gjekk talet ned til 122 891 i 2017. I 2018 gjekk talet opp att til 133 113 besøkande, sjå tabellane 11.1 og 11.2. Framsyningsstadene til bygdekinoen er både visningsstader for bygdekinobilen og kinosalar. Dei har gått ned frå 189 framsyningsstader i 2017 til 179 i 2018, og har 12 biler med utstyr som kan vise film.

## 11.4. Produksjon og forvaltning av film

*Høgare produksjonstilskot frå Norsk filminstitutt*

Norsk filminstitutt (NFI) fordelte til saman om lag 649 millionar kroner i 2018. Av dette gjekk 447 millionar kroner til utvikling, produksjon, lansering og etterhandstilskot til kinofilm, kortfilm, dokumentar, dramaseriar og dataspel. Det er noko meir i høve til året før, då dei fordelte 437 millionar til same føremål (Norsk filminstitutt årsrapport 2018).

Av dei 447 millionar kroner som vart innvilga i 2018, gjekk om lag 292 millionar kroner til formatet spelefilm. 16 millionar kroner gjekk til kortfilm og om lag 55 millionar gjekk til dokumentar. Dramaseriar fekk 60 millionar og dataspel vart tildelt 24 millionar. Om vi ser på perioden mellom 2015 og 2018 under eitt, så er fordelinga av midlane i hovudsak lik som i 2018 og såleis kan 2018 kallast eit normalår. Det er små endringar frå 2017 (Norsk filminstitutt årsrapport 2018).

Fordeling av tilskot til ulike typar ordningar er vist i tabell 11.4. Det kan vere noko avvik i totalt innvilga midlar og attgjeving av tilskot i tabellen, det kjem hovudsakleg av at nokre mindre ordningar ikkje alltid har vore inkluderte i tabellen, og at nokre innvilga midlar vert utbetalte i ratar over tid.

*23 prosent av NFIs produksjonstilskot til barnefilm*

27 millionar, eller 23 prosent, av NFIs produksjonstilskot gjekk til barnefilm i 2018. Dette er den nest lågaste prosentdelen sidan 2013, då tilskotet var på 10 prosent. Det høgaste var i 2015 med 43 prosent. Barnefilmar fekk òg tildelt 58 millionar i etterhandstilskot i løpet av 2018, noko som betyr at 43 prosent av etterhandstilskota dette året gjekk til barnefilmar. Sjå Årsrapporten til NFI for 2018 for meir informasjon.

*Auka statleg støtte til regionale filmtiltak*

Regionale filmsenter og filmfond er etablerte av kommunar, fylkeskommunar og filmorganisasjonar for å byggje opp filmmiljøa i eigne regionar. 7 ulike filmsenter får statleg støtte. Til samen fekk dei 56 millionar i 2018, om lag ein million meir enn i 2017.

I tillegg låg tilskotet til regionale filmfond på totalt 21 millionar kroner i 2018, fordelt på tre konsoliderte filmfond. Dei statlege overføringane til regionale filmfond har vore på 10,5 millionar i heile perioden 2008-2013, men auka til 10,9 millionar i 2014 og 11,2 millionar i 2015. I 2016 auka løyvinga med 8,8 millionar kroner meir til den nye tilskotsordninga for regionale filmfond. Sjå tabell 11.6 for andre tilskotsdetaljar.

## 11.5. Om statistikken

*Film & Kino*

Film & Kino er ein bransje- og medlemsorganisasjon for kommunale og private kinoar. Film & Kino vart stifta i 1917 under namnet Kommunale Kinematografers Landsforbund. Film & Kino driv òg Bygdekinoen, som er ein omreisande kino. Bygdekinoen vart oppretta i 1950. Den viser digitale filmar og tilbyr òg filmar i 3D.

*Norsk filminstitutt*

Norsk filminstitutt (NFI) er eit forvaltningsorgan som staten har for filmpolitikken, og som fungerer som rådgivar for staten i filmpolitiske spørsmål. NFI er underlagt Kulturdepartementet og forvaltar dei statlege verkemidla til utvikling, produksjon, lansering og formidling. NFI forvaltar midla i filmfondet som vert løyvde over statsbudsjettet. NFI forvaltar tilskotsordningar for spelefilm, kortfilm, dokumentarfilm, dramaseriar, og spel på ulike plattformer. NFI forvaltar òg insentivordninga og gjev tilskot til samproduksjonar med andre land. NFI legg til rette for deltaking på internasjonale festivalar, internasjonale finansieringsfora, salsmesser og marknader – og arrangerer kurs, seminar og kompetansehevande tiltak for den audiovisuelle bransjen. NFI drifter òg Cinemateket i Oslo. I tillegg har NFI ansvaret for regionale filmtiltak for born og unge samstundes som utbetaling og oversyn av tilskot til regionale filmsenter og regionale filmfond er delegert til NFI.

*Omfang og samanlikningar*

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken vert publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettsidene, www.kino.no. Nokre tal for kinoane vert elles publiserte i KOSTRA. Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid.

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som omhandlar besøk på kino, er henta frå Norsk mediebarometer 2018. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av befolkninga på omtrent 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike massemedium.

Det er nytta kjennemerke yrkesstatus og utdanning i tabell 11.5. Sjå delkapittel 9.6 for definisjon.

### Referansar

Film & Kino: Årbok 2018. Eldre årbøker blir òg nytta for å fylle tidsseriar. https://www.kino.no/incoming/article1294921.ece

Norsk filminstitutt: Årsrapport 2018. https://www.nfi.no/statistikk/statistikk-analyse-og-rapporter

Schiro, Emma Castillo (2019): Norsk mediebarometer 2018, Statistiske analyser 161, Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2018

### Meir informasjon

Bygdekinoen: http://www.bygdekinoen.no/

Film & Kino: http://www.kino.no

Filmklubbar der film, TV og spelprodusentar er medlemmer: http://www.produsentforeningen.no/

Medietilsynet: http://www.medietilsynet.no

Norsk filminstitutt: http://www.nfi.no

**Tabell 11.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke**

| | Besøk i alt | Besøk | |
|---|---|---|---|
| | | Ved bygdekinoar | Per innbyggjar |
| 2001 | 12 477 164 | 148 993 | 2,8 |
| 2002 | 12 041 422 | 130 637 | 2,7 |
| 2003 | 13 049 067 | 133 891 | 2,9 |
| 2004 | 11 966 254 | 145 791 | 2,6 |
| 2005 | 11 314 081 | 134 524 | 2,4 |
| 2006 | 12 012 493 | 148 058 | 2,6 |
| 2007 | 10 815 700 | 127 683 | 2,3 |
| 2008 | 11 869 449 | 129 816 | 2,5 |
| 2009 | 12 701 912 | 139 081 | 2,6 |
| 2010 | 11 020 954 | 120 079 | 2,3 |
| 2011 | 11 655 050 | 126 232 | 2,4 |
| 2012 | 12 124 008 | 115 908 | 2,4 |
| 2013 | 11 802 662 | 112 254 | 2,3 |
| 2014 | 11 085 134 | 123 648 | 2,2 |
| 2015 | 12 037 874 | 122 844 | 2,3 |
| 2016 | 13 125 068 | 154 150 | 2,5 |
| 2017 | 11 766 786 | 122 891 | 2,2 |
| 2018 | 12 122 109 | 133 113 | 2,3 |
| **2018** | | | |
| Østfold | 600 549 | 1 805 | 2,0 |
| Akershus | 1 237 856 | 9 322 | 2,0 |
| Oslo | 2 295 514 | 220 | 3,4 |
| Hedmark | 332 848 | 9 136 | 1,6 |
| Oppland | 332 341 | 11 268 | 1,7 |
| Buskerud | 557 918 | 4 374 | 2,0 |
| Vestfold | 526 918 | 0 | 2,1 |
| Telemark | 333 214 | 8 001 | 1,9 |
| Aust-Agder | 183 714 | 8 925 | 1,5 |
| Vest-Agder | 443 532 | 1 507 | 2,4 |
| Rogaland | 1 136 443 | 3 546 | 2,4 |
| Hordaland | 1 280 303 | 18 408 | 2,4 |
| Sogn og Fjordane | 183 633 | 8 265 | 1,6 |
| Møre og Romsdal | 503 737 | 12 540 | 1,8 |
| Trøndelag | 1 155 030 | 12 493 | 2,5 |
| Nordland | 392 758 | 15 037 | 1,6 |
| Troms Romsa | 480 627 | 5 031 | 2,8 |
| Finnmark Finnmárku | 139 058 | 3 235 | 1,8 |
| Svalbard[1] | . | . | . |

[1] Personar busette på Svalbard er som regel registrert busette i ein norsk kommune og talet på besøk per innbyggjar er difor ikkje berekna.

Kjelde: Film & Kino.

**Tabell 11.2. Verksemda ved kinoane, etter eigarform**

| | Kino-bygg i alt | Kino-salar/ fram-synings-stader[1] | Salar med digital-Kino[2] | Sitje-plassar | Framsyningar | | Besøk | | | | Billettinntekter | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | I alt | Derav norske | I alt | Derav besøk på norske filmar | Besøk på norske filmar | Besøk per fram-syning | I alt | Derav norske filmar |
| | | | | | | | 1 000 personar | | Prosent | | Millionar kroner | |
| 2001 | 243 | 596 | - | 84 610 | 244 353 | 27 277 | 12 477 | 1 865 | 14,9 | 51,1 | 689,9 | 99,9 |
| 2002 | 249 | 600 | - | 85 913 | 250 062 | 22 899 | 12 041 | 897 | 7,4 | 48,2 | 706,6 | 47,7 |
| 2003 | 242 | 603 | - | 83 990 | 258 727 | 41 374 | 13 049 | 2 378 | 18,2 | 50,4 | 815,3 | 133,8 |
| 2004 | 240 | 625 | - | 85 047 | 267 269 | 34 629 | 11 967 | 1 777 | 14,8 | 44,8 | 782,1 | 107,1 |
| 2005 | 232 | 656 | - | 84 457 | 292 014 | 37 548 | 11 314 | 1 380 | 12,2 | 38,7 | 783,6 | 98,3 |
| 2006 | 227 | 649 | - | 82 630 | 303 251 | 47 365 | 12 013 | 1 928 | 16,0 | 39,6 | 852,0 | 130,1 |
| 2007 | 219 | 651 | - | 79 677 | 297 188 | 52 246 | 10 816 | 1 779 | 16,4 | 36,4 | 791,2 | 115,5 |
| 2008 | 218 | 661 | 49 | 79 177 | 307 249 | 56 722 | 11 870 | 2 657 | 22,4 | 38,6 | 917,7 | 202,5 |
| 2009 | 212 | 652 | 65 | 78 716 | 307 962 | 57 377 | 12 702 | 2 613 | 20,6 | 41,2 | 1 042,1 | 195,3 |
| 2010 | 210 | 651 | 250 | 79 238 | 316 073 | 68 021 | 11 021 | 2 564 | 23,3 | 34,9 | 954,0 | 198,2 |
| 2011 | 206 | 630 | 415 | 78 921 | 343 611 | 77 676 | 11 655 | 2 857 | 24,5 | 33,9 | 1 039,7 | 234,8 |
| 2012 | 196 | 583 | 415 | 76 195 | 346 009 | 50 674 | 12 124 | 2 164 | 17,8 | 35,0 | 1 110,1 | 184,5 |
| 2013 | 200 | 599 | 422 | 76 699 | 344 022 | 69 160 | 11 803 | 2 690 | 22,8 | 34,3 | 1 095,2 | 222,1 |
| 2014 | 199 | 596 | 424 | 76 975 | 354 122 | 75 986 | 11 085 | 2 708 | 24,4 | 31,3 | 1 082,1 | 232,3 |
| 2015 | 201 | 609 | 434 | 77 560 | 352 937 | 53 947 | 12 037 | 2 465 | 20,5 | 34,1 | 1 231,4 | 231,3 |
| 2016 | 202 | 617 | 439 | 78 414 | 370 711 | 67 102 | 13 125 | 3 143 | 23,9 | 35,4 | 1 375,2 | 310,8 |
| 2017 | 204 | 632 | 443 | 78 541 | 378 294 | 61 594 | 11 767 | 2 125 | 18,1 | 31,1 | 1 260,9 | 202,8 |
| 2018 | 208 | 649 | 470 | 81 407 | 398 434 | 76 780 | 12 122 | 3 048 | 25,1 | 30,4 | 1 376,0 | 326,6 |
| | | | | | | | | | | | | |
| Kommunale kinoar i alt | 142 | 291 | 291 | 52 906 | 218 929 | 41 757 | 6 689 | 1 749 | 26,1 | 30,6 | 738,3 | 179,9 |
| Ikkje-kommunale kinoar i alt | 66 | 179 | 179 | 28 501 | 175 397 | 33 382 | 5 433 | 1 234 | 22,7 | 31,0 | 624,7 | 140,2 |
| Bygdekinoar | - | 179 | - | - | 4 108 | 1 641 | 133 | 65 | 48,9 | 32,4 | 13,0 | 6,4 |

[1] Framsyningsstader er kombinasjonen av kinosalar og visningsstader for bygdekinoen. [2] Gjeld berre kommunale og private kinoar.
Kjelde: Film & Kino.

**Tabell 11.3. Langfilmpremierar, etter produksjonsland**

| Produksjonsland | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **I alt[1]** | **206** | **196** | **201** | **199** | **211** | **232** | **254** | **250** |
| USA | 98 | 90 | 111 | 90 | 109 | 116 | 102 | 106 |
| Noreg | 33 | 25 | 26 | 36 | 26 | 27 | 35 | 33 |
| Frankrike | 11 | 18 | 13 | 19 | 19 | 17 | 19 | 17 |
| Storbritannia | 16 | 15 | 13 | 14 | 10 | 13 | 21 | 15 |
| Sverige | 4 | 8 | 8 | 7 | 7 | 8 | 9 | 4 |
| Danmark | 6 | 5 | 3 | 5 | 4 | 6 | 6 | 7 |
| Tyskland | 2 | 5 | 8 | 1 | 5 | 6 | 3 | 5 |
| India | - | 1 | - | 3 | 6 | 9 | 10 | 9 |
| Italia | 2 | 1 | 1 | 4 | 4 | 6 | 2 | 6 |
| Belgia | 3 | 4 | 1 | 2 | - | 1 | 8 | 6 |
| Finland | 2 | - | - | - | - | - | 4 | 1 |
| Canada | 2 | 2 | 2 | 5 | 2 | - | 3 | 2 |
| Japan | 2 | 1 | 1 | 3 | 3 | 4 | 3 | 3 |
| Australia | 4 | 2 | - | 1 | 3 | 1 | 1 | 7 |
| Spania | 3 | 1 | 3 | - | - | 4 | 1 | 1 |
| Sør-Korea | 3 | 1 | - | - | - | 1 | 3 | - |
| Argentina | 2 | 2 | - | 1 | 1 | - | 2 | - |
| Island | - | 3 | 1 | 1 | 1 | 3 | | 3 |
| Nederland | - | - | 3 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Chile | - | - | 1 | 1 | - | 1 | 2 | - |
| Russland | 1 | 2 | - | - | 1 | - | 2 | 1 |
| Andre land | 12 | 10 | 6 | 5 | 9 | 8 | 17 | 23 |

[1] Det totale talet på filmar i 2018. Filmar er lista ein gong, ikkje fleire, dersom det har vore samarbeid om ein produksjon.
Kjelde: Film & Kino.

**Tabell 11.4. Norsk filminstitutt. Tilskot til audiovisuell produksjon, tal på filmar, type tilskotsordning og beløp. 1 000 kroner**

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Kortfilmar[1]** | | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 16 | 11 | 6 | 6 | 9 | 9 | 4 | 5 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 1 345 | 1 820 | 460 | 1 598 | 2 008 | 1 892 | 404 | 1 186 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 21 | 23 | 28 | 25 | 28 | 27 | 29 | 26 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 18 065 | 16 085 | 24 185 | 16 630 | 17 592 | 19 398 | 18 556 | 14 137 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 12 | 27 | 16 | 27 | 34 | 33 | 27 | 25 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 363 | 572 | 441 | 796 | 1 157 | 912 | 865 | 893 |
| **Kinofilmar[2], fiksjon og dokumentar** | | | | | | | | |
| Talet på filmpremierar | 33 | 23 | 24 | 34 | 23 | 25 | 35 | 33 |
| Etterhandstilskot, talet på utbetalinger[3] | 46 | 34 | 47 | 51 | 41 | 53 | 48 | 37 |
| Etterhandstilskot, samla utbetaling. Kroner | 118 552 | 105 378 | 112 183 | 153 634 | 107 132 | 126 804 | 130 255 | 138 209 |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 50 | 68 | 88 | 65 | 68 | 83 | 65 | 61 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 10 016 | 15 278 | 21 549 | 11 709 | 14 856 | 20 673 | 15 402 | 17 187 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 22 | 29 | 22 | 24 | 30 | 26 | 26 | 24 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 135 661 | 146 292 | 132 630 | 161 612 | 154 329 | 146 093 | 124 644 | 128 674 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 33 | 63 | 63 | 66 | 55 | 50 | 66 | 51 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 38 765 | 32 296 | 38 091 | 36 494 | 38 166 | 33 729 | 31 477 | 32 188 |
| **TV-produksjonar, enkeltståande** | | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 34 | 33 | 38 | 49 | 56 | 47 | 41 | 43 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 6 872 | 5 895 | 7 290 | 12 088 | 14 667 | 10 132 | 10 670 | 12 571 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 20 | 28 | 21 | 24 | 19 | 22 | 20 | 22 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 17 215 | 21 712 | 19 885 | 28 836 | 13 555 | 18 466 | 17 593 | 14 945 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 11 | 33 | 28 | 35 | 37 | 31 | 28 | 13 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 458 | 1 754 | 1 809 | 1 705 | 1 692 | 1 713 | 1 918 | 1 110 |
| **Dokumentarseriar for TV[4,5]** | | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 1 | - | 2 | - | 2 | - | 4 | 5 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 150 | - | 500 | - | 300 | - | 825 | 1 250 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 5 | - | 5 | 1 | 1 | 2 | 2 | - |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 4 415 | - | 3 444 | 725 | 700 | 450 | 700 | - |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | - | - | 2 | - | 5 | 2 | 2 | 2 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | - | - | 127 | - | 138 | 65 | 20 | 396 |
| **Drama-seriar** | | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 20 | 13 | 13 | 14 | 18 | 17 | 34 | 42 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 3 392 | 2 675 | 6 125 | 3 930 | 5 450 | 4 700 | 9 035 | 14 745 |
| Produksjonstilskot, talet på prosjekt | 7 | 8 | 8 | 3 | 11 | 7 | 9 | 10 |
| Produksjonstilskot, samla tilskot. Kroner | 25 800 | 29 100 | 41 250 | 6 500 | 50 250 | 33 300 | 46 600 | 44 600 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 4 | 6 | 7 | 11 | 10 | 9 | 7 | 10 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 150 | 383 | 212 | 293 | 272 | 1 596 | 479 | 830 |
| **Dataspel** | | | | | | | | |
| Utviklingstilskot, talet på prosjekt | 20 | 23 | 31 | 30 | 29 | 30 | 23 | 27 |
| Utviklingstilskot, samla tilskot. Kroner | 10 000 | 15 000 | 20 696 | 20 335 | 20 080 | 20 276 | 19 020 | 19 875 |
| Lanseringstilskot, talet på prosjekt | 4 | 5 | 25 | 21 | 32 | 42 | 30 | 21 |
| Lanseringstilskot, samla tilskot. Kroner | 2 145 | 527 | 3 174 | 2 955 | 3 392 | 4 350 | 2 617 | 3 870 |

[1] Fullførte kortfilmar har sjeldan "premiere". Spelefilm/kinofilm har minimum visingstid 72 minutt. [2] Tala inkluderer òg kortfilmar med kinodistribusjon, kinodokument og minoritets-/samproduksjonar med utlandet. [3] Etterhandstilskot kan komme i fleire utbetalingar til same film. [4] Etterhandstilskot er ein form for produksjonstilskot, men som blir gjeve på etterskot. [5] Ingen tilskot til dokumentarseriar for TV 2012. Men tilskot til dokumentar går òg over TV-produksjonar, enkeltståande, slik at dokumentarar har fått tilskot i 2012, berre ikkje seriar.

Kjelde: Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

**Tabell 11.5. Besøk på kino, etter menn og kvinner, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. Prosent og gjennomsnitt**

| | Prosent | | | | | | | | | Besøk i gjennomsnitt | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2010 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2008 | 2010 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
| Prosentdel, alle | 70 | 70 | 67 | 73 | 69 | 71 | 72 | 75 | 76 | 3,6 | 3,5 | 3,0 | 3,4 | 3,1 | 2,9 | 2,8 | 3,0 | 3,0 |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Menn | 70 | 66 | 67 | 71 | 68 | 71 | 72 | 73 | 76 | 3,7 | 3,3 | 3,1 | 3,4 | 3,5 | 3,0 | 2,8 | 3,0 | 3,1 |
| Kvinner | 71 | 73 | 66 | 74 | 70 | 71 | 72 | 78 | 76 | 3,5 | 3,7 | 2,9 | 3,3 | 2,8 | 2,8 | 2,7 | 3,1 | 2,8 |
| **Alder** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 88 | 88 | 86 | 91 | 93 | 89 | 89 | 93 | 92 | 4,5 | 4,3 | 3,8 | 4,1 | 4,0 | 3,9 | 3,5 | 4,1 | 3,6 |
| 16-24 år | 92 | 90 | 91 | 94 | 91 | 95 | 90 | 93 | 91 | 6,5 | 6,6 | 5,7 | 6,1 | 6,4 | 5,2 | 4,3 | 5,0 | 4,8 |
| 25-44 år | 78 | 82 | 74 | 81 | 79 | 80 | 81 | 85 | 84 | 4,2 | 4,3 | 3,5 | 3,6 | 3,4 | 3,1 | 3,3 | 3,7 | 3,4 |
| 45-66 år | 58 | 56 | 55 | 60 | 53 | 58 | 62 | 64 | 68 | 2,3 | 1,7 | 1,9 | 2,4 | 1,6 | 1,9 | 2,1 | 1,8 | 2,1 |
| 67-79 år | 39 | 30 | 32 | 41 | 31 | 27 | 40 | 40 | 44 | 1,3 | 1,0 | 0,9 | 1,3 | 1,0 | 0,7 | 1,2 | 1,1 | 1,2 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | 53 | 49 | 52 | 61 | 58 | 61 | 66 | 70 | 72 | 2,7 | 2,7 | 2,6 | 2,9 | 4,0 | 2,9 | 2,9 | 3,1 | 3,1 |
| Vidaregåande skule | 63 | 62 | 62 | 65 | 61 | 62 | 63 | 66 | 69 | 3,2 | 3,0 | 2,7 | 3,0 | 2,6 | 2,4 | 2,2 | 2,4 | 2,5 |
| Universitet/høgskule, kort | 76 | 80 | 72 | 81 | 75 | 79 | 78 | 80 | 80 | 4,5 | 4,2 | 3,3 | 3,4 | 3,1 | 3,0 | 3,0 | 3,3 | 3,1 |
| Universitet/høgskule, lang | 90 | 82 | 74 | 79 | 78 | 82 | 81 | 83 | 83 | 4,4 | 4,0 | 3,4 | 4,4 | 3,2 | 3,2 | 3,2 | 3,6 | 2,8 |
| **Yrkesstatus (16-79 år)[1]** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Yrkesgruppe 1-2 | 81 | 82 | 75 | 82 | 78 | 83 | 80 | 81 | 84 | 4,1 | 4,1 | 2,9 | 3,8 | 3,1 | 3,1 | 3,2 | 3,1 | 3,1 |
| Yrkesgruppe 3 | 80 | 78 | 75 | 82 | 79 | 72 | 82 | 83 | 80 | 4,5 | 3,6 | 3,7 | 3,6 | 3,3 | 3,1 | 2,6 | 3,6 | 3,1 |
| Yrkesgruppe 4-5 | 68 | 71 | 75 | 73 | 70 | 73 | 72 | 81 | 81 | 3,9 | 3,8 | 3,5 | 3,6 | 3,8 | 3,1 | 3,0 | 3,2 | 3,2 |
| Yrkesgruppe 6-9 | 66 | 59 | 62 | 66 | 65 | 66 | 66 | 71 | 68 | 3,4 | 2,6 | 2,9 | 2,9 | 3,1 | 2,3 | 2,4 | 3,0 | 2,5 |
| Elevar og studentar | 93 | 94 | 91 | 91 | 93 | 92 | 92 | 95 | 89 | 6,4 | 6,6 | 5,4 | 5,3 | 5,5 | 5,1 | 4,5 | 5,0 | 4,5 |
| Trygda og pensjonistar | 38 | 32 | 33 | 40 | 30 | 29 | 43 | 41 | 44 | 1,1 | 1,1 | 1,0 | 1,6 | 0,8 | 0,7 | 1,4 | 1,1 | 1,1 |
| Heimearbeidande | : | 75 | 59 | 63 | 59 | 79 | 54 | : | : | : | 2,7 | 1,9 | 3,7 | 2,2 | 2,9 | 1,4 | : | : |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 79 | 78 | 71 | 81 | 80 | 81 | 76 | 82 | 78 | 4,3 | 4,2 | 3,8 | 4,0 | 3,9 | 3,7 | 3,4 | 3,5 | 3,3 |
| Austlandet elles | 67 | 65 | 63 | 67 | 63 | 68 | 68 | 70 | 72 | 3,5 | 3,0 | 2,6 | 3,2 | 2,5 | 2,6 | 2,4 | 2,6 | 2,9 |
| Agder og Rogaland | 74 | 70 | 71 | 73 | 69 | 70 | 76 | 74 | 77 | 3,9 | 3,6 | 3,3 | 3,2 | 2,9 | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 2,7 |
| Vestlandet | 63 | 70 | 65 | 70 | 68 | 65 | 71 | 73 | 74 | 2,8 | 3,5 | 2,8 | 3,2 | 2,9 | 2,5 | 2,5 | 3,1 | 2,5 |
| Trøndelag | 72 | 68 | 67 | 75 | 69 | 72 | 71 | 81 | 85 | 3,5 | 4,2 | 2,7 | 3,4 | 3,3 | 2,9 | 2,5 | 3,1 | 3,3 |
| Nord-Noreg | 69 | 63 | 62 | 70 | 61 | 65 | 64 | 73 | 73 | 3,8 | 2,3 | 2,8 | 2,9 | 3,9 | 2,3 | 2,6 | 3,3 | 3,1 |

[1] For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå delkapittel 9.6.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 11.6. Statlege tilskot til regionale filmsenter og filmfond. 1 000 kroner**

| | 2008[1] | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Filmsenter** | | | | | | | | | | | |
| **I alt** | **16 796** | **26 796** | **26 796** | **31 796** | **41 243** | **42 951** | **46 081** | **47 601** | **49 671** | **54 620** | **55 776** |
| Nordnorsk filmsenter[2] | 6 217 | 8 217 | 8 217 | 8 217 | 8 217 | 8 200 | 8 200 | 8 236 | 9 446 | 9 627 | 9 322 |
| Vestnorsk filmsenter | 4 479 | 6 479 | 6 479 | 7 229 | 8 267 | 8 200 | 8 596 | 9 970 | 10 250 | 10 668 | 10 792 |
| Midtnorsk filmsenter | 2 500 | 4 000 | 4 000 | 4 750 | 4 750 | 5 000 | 5 000 | 5 430 | 5 977 | 5 669 | 5 938 |
| Østnorsk filmsenter | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 3 872 | 4 000 | 4 000 | 3 698 | 4 352 | 4 351 | 4 194 |
| Filmkraft Rogaland filmsenter | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 3 500 | 4 757 | 4 700 | 4 700 | 4 589 | 5 030 | 6 223 | 7 460 |
| Sørnorsk filmsenter | 1 000 | 2 000 | 2 000 | 3 000 | 4 517 | 4 500 | 4 500 | 4 134 | 4 985 | 4 827 | 4 702 |
| Viken filmsenter[3] | - | - | - | - | 4 100 | 5 300 | 7 927 | 8 282 | 9 631 | 13 255 | 13 368 |
| Mediefabrikken i Akershus[4] | 600 | 600 | 600 | 600 | - | - | - | - | - | - | - |
| Internasjonalt samisk filmsenter (ISF) | - | 1 500 | 1 500 | 2 500 | 2 763 | 3 051 | 3 158 | 3 262 | - | - | - |
| **Filmfond[5]** | | | | | | | | | | | |
| **I alt** | **10 500** | **10 500** | **10 500** | **10 500** | **10 500** | **10 500** | **10 867** | **11 226** | **20 001** | **20 229** | **20 775** |
| Film3 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 588 | 2 673 | . | 6 250 | 6 155 |
| FUZZ | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 588 | 3 175 | . | . | - |
| Filminvest Midt-Noreg[6] | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 035 | 1 569 | . | . | - |
| Filmkraft Invest | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 068 | 2 136 | . | . | - |
| FilmCamp | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 1 600 | 2 588 | 1 673 | . | . | - |
| Ikkje fordelt | - | - | 5 000 | 4 011 | - | 900 | - | - | . | . | - |
| Filminvest as | . | . | . | . | . | . | . | . | 5 544 | . | - |
| Mediefondet Zefyr | . | . | . | . | . | . | . | . | 9 570 | 9 255 | 9 988 |
| Filmfond Nord | . | . | . | . | . | . | . | . | 4 887 | 4 794 | 4 632 |

[1] Tilskotet for 2008 vart gjeve i post 72. [2] Nordnorsk filmsenter fekk som einaste regionale filmverksemd støtte til drift fram til 2009, fordi filmsenteret hadde status som knutepunktinstitusjon. [3] Viken filmsenter vart etablert 2011 og skal dekke fylka Vestfold, Buskerud, Østfold og Akershus. [4] Tilskotet for 2008 vart gjeve i post 78. Akershus vert dekt av Viken filmsenter. [5] Filmfonda er endra frå 2016 då dei vart konsolidert frå fem til tre nye store filmfond. [6] Filminvest Midt-Norge het Midtnorsk Invest til 2013.

Kjelde: Kulturdepartementet og Norsk filmfond/Norsk filminstitutt.

**Tabell 11.7. Avgiftsinntekt til Norsk kino- og filmfond og Medietilsynet. Fondsavgift fordelt på kino og video. 1 000 kroner**

| | | Fondsavgift | |
|---|---|---|---|
| | I alt | Kino | Video |
| 2000[1] | 37 042 | 16 519 | 20 523 |
| 2001 | 40 613 | 16 113 | 24 499 |
| 2002 | 46 615 | 17 591 | 29 023 |
| 2003 | 56 094 | 18 681 | 37 413 |
| 2004 | 72 191 | 20 938 | 51 254 |
| 2005 | 80 374 | 17 985 | 62 389 |
| 2006 | 85 466 | 19 787 | 65 679 |
| 2007 | 95 100 | 19 486 | 75 613 |
| 2008 | 89 613 | 19 491 | 70 122 |
| 2009 | 89 872 | 23 008 | 66 865 |
| 2010 | 81 595 | 22 669 | 58 925 |
| 2011 | 78 179 | 24 124 | 54 055 |
| 2012 | 71 867 | 24 123 | 47 745 |
| 2013 | 57 742 | 24 185 | 33 556 |
| 2014 | 48 161 | 26 052 | 22 109 |
| 2015 | 43 226 | 26 765 | 16 461 |
| 2016 | 34 127 | 21 625 | 12 502 |
| 2017 | 38 427 | 29 761 | 8 666 |
| 2018 | 36 753 | 29 723 | 7 030 |

[1] Frå år 2000 er avgifta for kinoframsyningar 2,5 prosent av brutto omsetning billettar, medan avgifta for video er på 3,50 kroner per selde eining. Dette ifølgje NOU 2001:5 Kino i en ny tid. Video til utleige har berre avgift ein gong.

Kjelde: Norsk Filmfond/Norsk Filminstitutt og Medietilsynet.

# 12. Lyd, video og allmennkringkasting

## 12.1. Nokre resultat

I dette kapittelet vert det presentert tal for diverse lyd- og videomedium, samt radio og TV, med fokus på dei radio- og TV-kanalane med status som allmenn-kringkastar. Internett vert nemnd i samband med lesing av aviser i kapittel 10, men vert òg omtala i dette kapittelet fordi internett vert brukt til lyd- og bilete medium, til dømes for å strøyme filmar og høyre på nettradio. Dette kapittelet dekker rikskringkasta fjernsyn og radio særskild.

*Nye plattformer påverkar medietilbod og mediebruk*

Nye strøymetenester, nye radio- og TV kanalar, samt nye plattformer og ny teknologi, gjev større variasjon i medietilbodet. I dei siste åra har mediebruken difor verte meir fordelt over ulike medium og fleire plattformer samstundes som mediebruken blir meir nettbasert.

Mediebruken i befolkninga er i stadig endring i takt med innføring av nye plattformer og medietilbod. Sidan 2010 har delen av befolkninga som bruker fjernsyn i ein gjennomsnittsdag gått ned, medan delen som bruker videomedium har gått opp. Samstundes har forskjellen i delen av befolkninga som bruker radio og dei som bruker lydmedium (CD-spelar, strøymd lydfil osv.) verte viska bort i løpet av dei siste åra, sjå figur 1.

**Figur 12.1. Personar som har brukt ulike massemedium ein gjennomsnittsdag. Prosent**




[1] Frå og med 2012 er betalte strøymetenester som Netflix omfatta av videomedium.
Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

Ei viktig forklaring på denne utviklinga er auka tilgang og høgare omfang av medietilbod over internett, blant anna gjennom strøymetenester. Medverkande årsaker til nedgangen i delen av befolkninga som bruker radio dei to siste åra, kan vere innføring av DAB-radio og auka konkurranse frå andre lydmedium.

## 12.2. Bruk av lyd- og videomedium

*Framleis vekst i strøymde internettfiler*

I statistikken for lydmedium inngår både gamle og nye plattformer: Strøymde lydfiler over internett, lydfiler lasta ned frå internett, vinylplater, CD- og MP3-spelarar. Tal frå mediebruksundersøkingar dei siste åra visar at medan bruken av strøymde lyd- og videofiler over internett har auka frå år til år, har bruken av andre

plattformer anten gått ned eller i beste fall har heldt seg stabil på eit lågt nivå, sjå tabellar 12.1 og 12.2.

Den langsiktige trenden for lydmedium har vore fallande sidan 2000, men gjekk opp att i 2017 og held seg på nesten same nivå i 2018. I år 2000 var det 50 prosent som lytta på lydmedium ein gjennomsnittsdag. Som ein kan sjå i figur 12.1 har lydmedium auka til 50 prosent att i 2017 og 51 prosent i 2018.

Når det gjeld ulike avspelingssystem for å lytte, er det i tillegg til smarttelefon, mest strøyming frå nettet. På ein gjennomsnittsdag i 2018 hadde åtte av ti lytta til lydfiler på smarttelefon og sju av ti lytta til strøymde nettfiler. Ein gjennomsnittsdag i 2018 var det 77 prosent menn og 84 prosent kvinner blant dei som brukte lydmedium som lytta til lydfiler på smarttelefon. Smarttelefon som lydmedium var mest populær i aldersgruppa 16-24 år samanlikna med andre aldersgrupper, sjå tabell 12.2.

*Fleire strøymde betalt nettfil*

Bruken av videomedium held seg uendra frå 2017 til 2018. I ein gjennomsnittsdag i 2018 såg 37 prosent av befolkninga videomedium. I 2008 var det 12 prosent som såg videomedium. Delen brukarar som strøymde betalt nettfil gjekk opp med 4 prosentpoeng frå 58 prosent i 2017 til 62 prosent i 2018, sjå tabell 12.2 og figur 12.2. Denne delen var på berre 11 prosent i 2012, men så høg som 70 prosent i 2016.

**Figur 12.2. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag. 2018. Prosent**




[1] Omfattar program som er vist same dag.
Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

Tala i statistikken for videomedium gjeld både DVD/Blu-ray, harddiskopptakarar og filmfiler, anten lasta ned frå internett eller strøymde via internett og betalte for. Dei betalte strøymetenestene, som til dømes Netflix, vart inkluderte i videomedium frå og med 2012. Sidan den gongen har bruken av strøymde betalte nettfiler auka mogelegvis på kostnad av tradisjonelle medium som t.d. DVD og harddisk-opptakarar.

Ein gjennomsnittsdag i 2018 var det 65 prosent kvinner og 59 prosent menn av dei som brukar videomedium som såg på strøymde betalte nettfiler. I aldersgruppa 16-24 år finn vi flest brukarar av strøymde nettfiler, der 77 prosent har strøymt betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag. I dei andre aldersgruppene er det òg mange

brukarar. Lågast del finn vi i aldersgruppa 67-79 år der 43 prosent har brukt strøymde betalte nettfiler ein gjennomsnittsdag.

*Halvparten strøymde arkivprogram*

Halvparten av dei som brukar videomedium hadde strøymt arkivprogram ein gjennomsnittsdag i 2018. Arkivprogram kan til dømes vere program som ligg ute på NRK TV sine nettsider (NRK Nett-TV). Frå 2017 inkluderer tala for strøymde arkivprogram òg innhald som ikkje berre har vore vist på lineær TV same dag.

## 12.3. Allmennkringkastarane: Radio og fjernsyn

*NRK, einaste allmennkringkastar i 2018*

Medietilsynet fører tilsyn med allmennkringkastarane i Noreg. For første gang sidan starten av 1990-åra var det i 2018 berre NRK som var allmennkringkastar i Noreg. I løpet av 2017 sløkte det riksdekkande FM-nettet for radio. Dei kommersielle radiokanalane P4 og Radio Norge har dermed ikkje lenger allmennkring-kastingsforpliktingar. Den tidlegare avtalen til TV2 om kommersiell allmennkringkasting på TV gjekk ut i 2007, men staten har no inngått ei ny avtale med TV2. Avtalen gjeld frå 1. januar 2019 (Medietilsynet 2019).

NRK, som einaste allmennkringkastar i Noreg i 2018, har fått nokre nye krav. Det gjeld blant anna sjølvstendig ansvar for mediemangfaldet nasjonalt og regionalt, tilbodet skal i hovudsak vere av redaksjonell karakter, og beredskapsansvaret er tatt inn i oppdraget (Medietilsynet 2019).

Det å regulere og setje rammevilkåra for allmennkringkasting ligg i stor utstrekning til dei nasjonale styresmaktene i dei einskilde landa. Samtidig er det vedteke reglar og standard på europeisk nivå som gjev eit overordna rammeverk for dei måla og funksjonane som allmennkringkastarane skal ta vare på, og for å sikre like konkurransevilkår. EU anerkjenner den viktige funksjonen som allmennkringkastarane har, noko som vert spegla av EU sitt regelverk (Medietilsynet, 2018).

## 12.4. Radio

Som nemnd ovanfor, var 2017 det siste året med allmennkringkastingskrav til kommersielle radioaktørar. Ingen kommersielle radiokanalar hadde konsesjon som allmennkringkastar i Noreg i 2018. NRK, som den einaste allmennkringkastar i 2018, hadde fleire radiokanalar som har rapportert programstatistikk til Medietilsynet.

Dei tre NRK-kanalane NRK P1, NRK P2 og NRK P3 sende radio i om lag 26 300 timar. NRK har fleire radiokanalar i tillegg til dei tre kanalane som inngår i statistikken, og formidlar difor vesentleg fleire timar med radioinnhald i høve til det tabellane viser. Tematisk og sjangermessig er òg bredda større enn det som kjem fram i tabellane.

*NRK P3 spelte musikk i åtte av ti timer*

Programtypen som hadde størst del av sendetida i NRK P1 i 2018, var underhaldning, med 40 prosent av sendetida. Musikkprogramma hadde 26 prosent av sendetida, og regionale sendingar hadde 15 prosent.

Delen av sendetida på NRK P2 som vart brukt på samfunnsspørsmål har auka dei fleste åra sidan 2010, og i 2018 var samfunnsspørsmål den største delen av sendeflata med 29 prosent. Musikk hadde nest største sendeflata med 26 prosent i 2018. Delen med sending om kunst, kultur og media auka med heile 6 prosentpoeng frå det siste året og utgjorde 26 prosent av sendetida i 2018.

NRK P3 spelte musikk i over 6 900 timar i 2018, noko som utgjorde så mykje som 79 prosent av sendetida i kanalen. Den andre store kategorien var underhaldning med over 1 500 timar, tilsvarande 17 prosent av sendetida.

*Lågare del lyttar på radio*

I *Norsk mediebarometer 2018* kan vi sjå ein nedgang i delen radiolyttarar gjennom heile 1990- og 2000-åra, frå 71 prosent i 1991 til 53 prosent i 2009. Etter mange år med nedgang, auka delen radiolyttarar for første gang i 2010. Lyttardelen nådde sin topp i 2014 då 64 prosent av befolkninga hadde lytta på radio ein gjennomsnittsdag. Denne oppgangen varte ikkje lenge. Lyttardelen gjekk ned igjen i åra som kom. I 2018 var delen på 50 prosent, 14 prosentpoeng lågare i høve til 2014. Nedgangen det siste året, frå 2017 til 2018, var på 4 prosentpoeng. Det kan ha ein samanheng med auka konkurranse frå andre lydmedium (strøyming av musikk, podcast, lydbøker), omlegginga til DAB radio i 2017 eller andre årsaker. Sjå radio.no for meir informasjon om omlegginga til DAB Radio i Noreg.

Figur 12.3 viser kor stor del av befolkninga som lytta til ulike radiokanalar og DAB-radio i 2018. DAB-radio er ingen radiokanal, men takast med her sidan undersøkinga vart gjort året etter det var fylkesvis omlegging frå FM-nettet til DAB.

**Figur 12.3. Radiolytting for personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. 2018. Lyttardelar i prosent**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

Det er NRK P1 og P4 som flest høyrar på ein gjennomsnittsdag, med høvesvis 14 og 10 prosent. NRK P1 er kanalen med størst lyttardel, men hadde ein nedgang i lyttardel på 5 prosentpoeng frå året før, medan P4 hadde mista 3 prosentpoeng av lyttardelen. Dei relativt nye radiokanalane NRK P1+ og NRK P13 har enno ikkje så mange lyttarar. Høvesvis 3 og 1 prosent av befolkninga har høyrt på desse kanalane ein gjennomsnittsdag i 2018, same nivå som året før (Norsk mediebarometer 2018). Menn høyrde noko meir på radio i 2018 i høve til kvinner, 77 minutt på ein gjennomsnittsdag, medan kvinner høyrde 59 minutt, sjå figur 12.4 og tabell 12.10.

**Figur 12.4. Tid brukt til radiolytting og fjernsynssjåing ein gjennomsnittsdag. Minutt**




Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

## 12.5. Fjernsyn

*TV-Digitaliseringa*

For ti år sidan vart utspillinga på bakkenettet gjort digital frå analog, og reknast som den første digitaliseringa av TV i Noreg. Fleire fekk tilgang til eit større utval av kanalar over det digitale nettet (NRKs Årsrapport 2017). TV-digitaliseringa inneber at meir og meir av TV-bruken vert strøyma over internett. Tradisjonell lineær TV-sjåing har hatt ein nedgang frå 85 prosent frå byrjinga av 2000-talet til 60 prosent på ein gjennomsnittsdag i 2018, jamfør figur 12.1.

Delen TV-sjåarar har minka dei siste åra. Frå 2010 til 2017 gjekk delen ned frå 82 til 62 prosent. I 2018 var delen som såg på TV ein gjennomsnittsdag 60 prosent. Kvar nordmann såg i gjennomsnitt 98 minutt på lineær fjernsyn, mot 104 minutt i 2017. Det er heile 54 minutt mindre i høve til i 2010. Mange av programma som er tilgjengelege på TV, er òg tilgjengelege digitalt på nett og på strøyme-TV. Ein lågare del TV-sjåarar tyder difor ikkje åleine på lågare interesse for program og TV-seriar. Det viser derimot ei noka lågare nytting av lineær TV som plattform.

*Flest timar med drama på TV-kanalane til NRK*

NRK sende om lag 22 800 timar TV i 2018. På dei ulike kanalane er programtilbodet noko ulikt. NRK Super sender berre barneprogram og desse vert klassifiserte i ulike kategoriar. NRK har òg eit kontinuerleg oppdatert tilbod på nett (nrk.no/tv).

Tal frå *Allmennkringkastarrapporten* (Medietilsynet 2019) viser at på NRK1, NRK2 og NRK3 til saman utgjorde drama den største delen av programtilbodet, med 25 prosent. NRK3 med 51 prosent hadde ein mykje høgare del drama enn NRK1 og NRK2 på høvesvis 30 og 9 prosent. Nyhende utgjorde 15 prosent av sendetida for desse tre kanalane samla sett. NRK2 hadde den største delen av nyhende på 26 prosent.

For NRK Super utgjorde animasjon 55 prosent, drama 19 prosent, underhaldning 16 prosent, dokumentarar 4 prosent, undervisning 2 prosent og samisk innhald 2 prosent av sendetida (Medietilsynet 2019).

I 2018 hadde NRK1 8 090 riksdekkjande sendetimar. Av dei inneheld 30 prosent drama og 16 prosent fritid/hobby/livsstil. Nyhende utgjorde 10 prosent av NRK1 sine sendingar i 2018. Delen underhaldning utgjorde 11 prosent av programtilbodet på NRK1.

Av NRK2 sine 7 040 sendetimar vart det derimot sendt meir nyhende og generell fakta/samfunn. Sendetimane inneheld 26 prosent nyhende og 19 prosent generell fakta/samfunn. Den største programtypen i NRK2 forutan dei to nemnde, var natur og vitskap. NRK2 brukte minst tid av alle kanalane på underhaldningsprogram, med berre 7 prosent.

NRK3 og NRK Super delte sendetida i 2018 med høvesvis 2 880 og 4 830 timar. Drama var den største kategorien med 51 prosent av sendetida på NRK3 medan kunst- og kulturprogram låg på 1 prosent, sjå tabell 12.6 for tal på programtypar.

*Flest ser på NRK1 og TV2*

Når det gjeld vanleg lineær TV som Statistisk sentralbyrå (SSB) har statistikk for, har NRK1 og TV2 i heile perioden hatt den største sjåardelen med høvesvis 29 og 26 prosent, men delen av befolkninga som ser på desse to kanalane ein gjennomsnittsdag har gått ned jamt og trutt sidan 2005. I 2018 gjekk sjåardelen til NRK1 ned med 3 prosentpoeng og TV2 gjekk ned med 2 prosentpoeng frå året før.

4 prosent av befolkninga såg på NRK2 ein gjennomsnittsdag i 2018, noko som er halvparten av delen i 2005 då det var 8 prosent. Det er dei små kanalane, dei med minst sjåardel, som har hatt den mest stabile sjåardelen. TV2 Nyhendekanalen har til dømes den same sjåardelen i 2018 som i 2007. Sjå figur 12.5 og tabell 12.13 for alle kanalane vi har tal for.

**Figur 12.5. Fjernsynssjåing for personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag. Sjåardelar i prosent**




[1] Gjeld frå september 2007.
Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

Mediebruksundersøkingane har vist at om det er kvinner eller menn som brukar mest tid på å sjå på fjernsyn, varierer frå år til år. I 2018 brukte kvinner 99 minutt til fjernsynssjåing på ein gjennomsnittsdag, medan menn brukte eit minutt mindre, sjå tabell 12.12.

*Seks av ti ser på fjernsyn ein gjennomsnittsdag*

Seks av ti personar i befolkninga såg på fjernsyn ein gjennomsnittsdag i 2018. Det var nær like mange menn som kvinner som såg på fjernsyn i 2017, men i 2018 var det større del kvinner enn menn, 63 mot 58 prosent, sjå figur 12.4 og tabell 12.11.

På ein gjennomsnittsdag i 2018 var det flest i den eldste aldersgruppa, 67-79 år, som såg på fjernsyn, 86 prosent. Dette kan delvis forklarast med at yngre aldersgrupper ofte ser TV-programmer på anna vis enn på lineær TV. I tillegg kan det tenkjast at dei i eldre aldersgrupper mogelegvis har betre tid samanlikna med

mange i yngre aldersgrupper. Aldersgruppa 16-24 år hadde lågast del, 40 prosent, som såg fjernsyn.

Ser vi på talet på minutt brukt til TV-sjåing, er det ein klar tendens til at mengda TV-sjåing aukar med alderen, frå 60 minutt i den yngste aldersgruppa til 181 minutt i den eldste aldersgruppa.

## 12.6. Kringkastingskrav

*NRK Fjernsyn viser 25 prosent nynorsk*

Sidan NRK er ein allmennkringkastar, har NRK eit særskilt krav på seg når det gjeld bruken av målformer i radio- og TV-kanalane sine. Kravet i NRKs vedtekter er at minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. Nynorskdelen på TV og radio inkluderer all normert nynorsk, samt halvparten av dialektdelen. På nrk.no representerer delen berre publiserte artiklar på normert nynorsk. NRK1 og NRK P1 inkluderer distriktssendingane (Medietilsynet 2019).

I 2018 auka NRK nynorskdelen totalt sett med to prosentpoeng, frå 22 til 24 prosent. Den største auken var i NRK1 frå 20 til 29 prosent, men òg NRK2 auka frå 24 til 26 prosent. NRK Super og NRK3 hadde i 2018 ein nynorskdel på respektive 26 og 22 prosent, ein nedgang på eitt og to prosentpoeng frå 2017.

I NRK P1 auka nynorskdelen frå 29 prosent i 2017 til 30 prosent i 2018. I NRK P3 auka nynorskdelen òg, frå 22 prosent i 2017 til 24 prosent i 2018. Nynorskdelen i NRK P2 var uendra frå 2017 til 2018 med 18 prosent. Det same var delen nynorsk på nrk.no med 16 prosent.

Det er gjennomsnittet av nynorskdelane i dei ulike kanalane per plattform som gir grunnlag for å ta stilling til om NRK oppfyller kravet til at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk. I 2018 var delen nynorsk på dei ulike plattformene i gjennomsnitt 25,8 prosent på TV, 24 prosent på radio og – som nemnd overfor - 16 prosent på nett (Medietilsynet 2019).

**Figur 12.6. Prosentdel nynorsk[1] i programtilbodet på NRKs TV- og radiokanalar**




[1] Delen nynorsk på TV og radio inkluderer all normert nynorsk, og halvparten av dialektdelen. Kanalar som er allmennkringkastarar.
Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

Kanalane har òg ein del som går inn under kategorien dialekt. Når NRK rapporterer nynorskdel til Medietilsynet inkluderer tala all normert nynorsk samt halvparten av

dialektdelen. I 2018 var 29 prosent av sendetida på radio og 14 prosent av sendetida på TV på dialekt, sjå tabell 12.7.

*NRK oppfyller konsesjonskravet for norsk musikk*

NRK har frå 2018 auka kravet om at 35 prosent av musikken som spelast i NRK P1, P2 og P3 skal vere norsk, til 40 prosent. I 2018 var delen norsk musikk for dei tre kanalane i gjennomsnitt 48 prosent. NRK P1 hadde ein norsk musikkdel på 49 prosent, ein auke på tre prosentpoeng frå 2017. Den største auken var i NRK P2, frå 35 prosent i 2017 til 50 prosent i 2018. Ifølgje Medietilsynet var årsaka til det den styrkte norske musikkprofilen i faste sendingar og nokre endringar i programtilbodet på kveldstid (Medietilsynet 2019).

## 12.7. Om statistikken

Tala som er presenterte i figurane og tabellane er delvis henta frå aktørane sjølve, delvis frå Allmennkringkasterregnskapet 2018 (NRK 2019) og Allmennkringkastingsrapporten 2018 (Medietilsynet 2019). I den sistnemnte rapporten evaluerer Medietilsynet programtilbodet til allmennkringkastarane.

*Allmennkringkasting*

Nokre av dei sentrale prinsippa som ligg til grunn for allmennkringkastinga er:

- Sendingane skal kunne takast inn av heile befolkninga.
- Sendingane skal innehalde ein variert programmeny med program for så vel breie som smale lyttar- og sjåargrupper, under dette born og unge, den samiske befolkningsgruppa, etniske og andre minoritetar.
- Det skal vere daglege nyhendesendingar og solid, jamleg orientering om viktige samfunns- og kulturspørsmål, nasjonalt og internasjonalt.
- Allmennkringkastingsprogramma skal medverka til å styrkje norsk språk, identitet og kultur.
- Allmennkringkastingskanalane skal ha redaksjonelt sjølvstende.

I 2018 var NRK den einaste allmennkringskaster.

*Medietilsynet*

Etter kringkastingslova § 2-13 er Medietilsynet pålagt å utarbeide ein årleg allmennkringkastingsrapport: «Medietilsynet skal utarbeide en årlig rapport om kringkasteres oppfyllelse av allmennkringkastingsforpliktelser. Medietilsynet kan ikke instrueres av Kongen eller departementet ved utarbeidelsen av slik allmennkringkastingsrapport». Medietilsynet har dermed som oppdrag å føre tilsyn med i kva grad allmennkringkastarane oppfyller allmennkringkastingspliktene sine. Tilsynet tek utgangspunkt i mellom anna allmennkringkastingsrekneskapane til dei respektive aktørane.

Medietilsynet fører òg tilsyn med andre område innanfor kringkasting, til dømes reklame og sponsing, vern av born og unge, med meir. Dei har styresmakt når det gjeld konsesjonar og registreringar for lokalkringkasting og annan type kringkasting.

I tillegg har Medietilsynet ei rolle når det gjeld å innhente og systematisere informasjon om eigartilhøve i media, for å medverka til å skape meir oversikt, merksemd og kunnskap om eigarforholda i norske media med heimel i lov om å vere open om eigarskap i media. Medietilsynet er òg klageinstans for fjernsynslisenssaker.

*Mediebruksundersøkingane*

Tala som omhandlar bruken av radio og fjernsyn, samt lyd- og videomedia, er henta frå Norsk mediebarometer 2018. Norsk mediebarometer er ein publikasjon som er basert på Statistisk sentralbyrå sine årlege undersøkingar om bruk av massemedium. I desse undersøkingane svarar eit representativt utval av

befolkninga på omtrent 1 800 personar i alderen 9-79 år på spørsmål om bruk av ulike massemedium.

Det er nytta kjennemerke yrkesstatus og utdanning i tabellane 12.1, 12.2, 12.9, 12.10, 12.11 og 12.12. Sjå delkapittel 9.6 for definisjonar av desse kjennemerka.

## Referansar

Medietilsynet (2019): Allmennkringkastingsrapporten 2018. http://www.medietilsynet.no/globalassets/publikasjoner/allmennkringkasting/Allmennkringkastingsrapporten2018.pdf

NRK (2019): NRK Årsrapport 2018. https://www.nrk.no/aarsrapport/2018/

Schiro, Emma Castillo (2019): Norsk mediebarometer 2018, Statistiske analyser 161, Statistisk sentralbyrå. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/norsk-mediebarometer-2018

## Meir informasjon

Medienorge: http://www.medienorge.uib.no

Radio.no: https://radio.no/

**Tabell 12.1. Delen brukarar av videomedium som har sett på ulike typar opptak ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel. 2007-2018. Prosent**

| | DVD/ Bluray | Harddisk-opptakar | Nedlasta nettfil | Strøymd betalt nettfil[1] | Strøymde arkivprogram[2] |
|---|---|---|---|---|---|
| 2007 | 76 | 17 | .. | .. | .. |
| 2008 | 56 | 18 | .. | .. | .. |
| 2009 | 52 | 23 | 42 | .. | .. |
| 2010 | 58 | 31 | 23 | .. | .. |
| 2011 | 46 | 38 | 29 | .. | .. |
| 2012 | 49 | 30 | 25 | 11 | .. |
| 2013 | 23 | 34 | 19 | 42 | .. |
| 2014 | 19 | 21 | 11 | 60 | .. |
| 2015 | 16 | 19 | 13 | 65 | .. |
| 2016 | 6 | 11 | 9 | 70 | 27 |
| 2017 | 6 | 18 | 14 | 58 | 52 |
| 2018 | 6 | 15 | 15 | 62 | 50 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | |
| Menn | 5 | 15 | 15 | 59 | 52 |
| Kvinner | 7 | 15 | 15 | 65 | 47 |
| **Alder** | | | | | |
| 9-15 år | 10 | 12 | 35 | 55 | 43 |
| 16-24 år | | | | | |
| 25-44 år | 6 | 4 | 9 | 77 | 53 |
| 45-66 år | 4 | 14 | 13 | 64 | 56 |
| 67-79 år | 7 | 23 | 11 | 50 | 44 |
| **Utdanning** | | | | | |
| Grunnskule | 9 | 13 | 10 | 64 | 46 |
| Vidaregåande skule | 4 | 16 | 14 | 60 | 48 |
| Universitet/høgskule, kort | 5 | 17 | 10 | 66 | 55 |
| Universitet/høgskule, lang | 2 | 15 | 9 | 58 | 64 |
| **Landsdel** | | | | | |
| Oslo/Akershus | 5 | 15 | 17 | 66 | 46 |
| Austlandet elles | 4 | 16 | 13 | 58 | 50 |
| Agder og Rogaland | 9 | 17 | 13 | 67 | 51 |

[1] Inkluderer Netflix. [2] Omfattar program som er vist same dag. Frå 2017 inkluderer dette òg program som ikkje vart vist på fjernsyn same dag.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 12.2. Delen lyttarar som har lytta til ulike avspelingssystem ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning og landsdel i 2018. Prosent**

| | CD-spelar | Plate-spelar | MP3-spelar | Lydfil på PC | Lydfil på smart-telefon | Lydfil på nettbrett | Nedlasta nettfil | Strøymd nettfil | Lydbok | Podkast |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2007 | 64 | 4 | 35 | 40 | . | . | . | . | . | . |
| 2008 | 65 | 4 | 37 | 44 | . | . | 18 | . | 4 | . |
| 2009 | 56 | 3 | 42 | 43 | . | . | 43 | . | 5 | . |
| 2010 | 52 | 2 | 51 | 48 | . | . | 59 | . | 5 | . |
| 2011 | 47 | 2 | 53 | 50 | . | . | 51 | 35 | 4 | . |
| 2012 | 36 | 2 | 46 | 40 | 38 | 10 | 43 | 48 | 5 | . |
| 2013 | 34 | 1 | 43 | 38 | 50 | 14 | 42 | 55 | 5 | . |
| 2014 | 28 | 2 | 36 | 35 | 56 | 15 | 35 | 60 | 5 | . |
| 2015 | 22 | 2 | 24 | 26 | 71 | 13 | 31 | 68 | 5 | . |
| 2016 | 12 | 4 | 22 | 27 | 75 | 18 | 37 | 70 | 4 | 6 |
| 2017 | 11 | 3 | 5 | 16 | 76 | 8 | 31 | 70 | 6 | 13 |
| 2018 | 8 | 2 | 5 | 13 | 80 | 6 | 29 | 71 | 5 | 16 |
| | | | | | | | | | | |
| **2018** | | | | | | | | | | |
| **Kjønn** | | | | | | | | | | |
| Menn | 7 | 2 | 6 | 15 | 77 | 6 | 31 | 73 | 3 | 15 |
| Kvinner | 8 | 1 | 5 | 12 | 84 | 6 | 27 | 69 | 8 | 17 |
| **Alder** | | | | | | | | | | |
| 9-15 år | 2 | 0 | 2 | 11 | 84 | 12 | 32 | 77 | 4 | 5 |
| 16-24 år | 2 | 1 | 4 | 20 | 91 | 3 | 36 | 84 | 3 | 14 |
| 25-44 år | 6 | 1 | 7 | 11 | 83 | 6 | 25 | 73 | 5 | 23 |
| 45-66 år | 13 | 2 | 6 | 12 | 70 | 7 | 31 | 58 | 7 | 10 |
| 67-79 år | 46 | 6 | 7 | 13 | 29 | 8 | 21 | 24 | 13 | 6 |
| **Utdanning** | | | | | | | | | | |
| Grunnskule | 6 | 2 | 8 | 17 | 86 | 4 | 36 | 74 | 4 | 13 |
| Vidaregåande skule | 10 | 1 | 4 | 14 | 76 | 4 | 26 | 70 | 5 | 12 |
| Universitet/høgskule, kort | 10 | 2 | 7 | 10 | 80 | 6 | 28 | 68 | 6 | 24 |
| Universitet/høgskule, lang | 7 | 2 | 7 | 12 | 76 | 12 | 28 | 66 | 10 | 27 |
| **Landsdel** | | | | | | | | | | |
| Oslo og Akershus | 4 | 2 | 7 | 14 | 81 | 7 | 28 | 75 | 6 | 20 |
| Austlandet elles | | | | | | | | | | |
| Agder og Rogaland | 10 | 0 | 4 | 15 | 81 | 5 | 25 | 68 | 5 | 14 |
| Vestlandet | 12 | 1 | 4 | 10 | 79 | 8 | 35 | 67 | 6 | 14 |
| Trøndelag | 8 | 2 | 9 | 17 | 77 | 6 | 34 | 72 | 5 | 15 |
| Nord-Noreg | 8 | 3 | 0 | 15 | 81 | 4 | 26 | 66 | 2 | 14 |

Kjelde: Norsk mediebarometer 2018, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 12.3. NRK P1[1]. Sendetid, etter programtype**

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Timar | Pro-sent | Timar | Pro-sent | Timar | Pro-sent | Timar | Pro-sent | Timar | Pro-sent | Timar | Pro-sent | Timar | Pro-sent |
| **I alt** | **8 738** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** |
| Drama | 90 | 1 | 75 | 1 | 70 | 1 | 80 | 1 | 71 | 1 | 2 | 0 | - | - |
| Musikk | 2 327 | 27 | 2 215 | 25 | 1 942 | 22 | 1 897 | 22 | 1 766 | 20 | 2 244 | 26 | 2 268 | 26 |
| Kunst, kultur og media | - | - | - | - | - | - | - | - | 1 | 0 | - | - | - | - |
| Underhaldning | 2 664 | 30 | 2 739 | 31 | 3 126 | 36 | 3 256 | 37 | 3 123 | 36 | 3 492 | 40 | 3 478 | 40 |
| Heim, fritid og hobby | 9 | 0 | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Vitskap | 81 | 1 | 89 | 1 | 88 | 1 | 96 | 1 | 102 | 1 | 95 | 1 | - | - |
| Religion og livsfilosofi | 163 | 2 | 171 | 2 | 184 | 2 | 168 | 2 | 238 | 3 | 246 | 3 | 310 | 4 |
| Samfunnsspørsmål | 887 | 10 | 898 | 10 | 873 | 10 | 869 | 10 | 863 | 10 | 412 | 5 | 381 | 4 |
| Nyhende | 742 | 8 | 710 | 8 | 730 | 8 | 684 | 8 | 708 | 8 | 727 | 8 | 672 | 8 |
| Portrett | - | - | 120 | 1 | 65 | 1 | 46 | 1 | 69 | 1 | - | - | - | - |
| Barneprogram | 163 | 2 | 146 | 2 | - | - | - | - | 2 | 0 | - | - | - | - |
| Regionale sendingar | 1 325 | 15 | 1 339 | 15 | 1 328 | 15 | 1 404 | 16 | 1 264 | 14 | 1 271 | 15 | 1 306 | 15 |
| Sport | 250 | 3 | 251 | 3 | 314 | 4 | 254 | 3 | 371 | 4 | 271 | 3 | 226 | 3 |
| Andre program | 37 | 0 | 5 | 0 | 70 | 1 | 6 | 0 | 182 | 1 | - | - | 119 | 1 |

[1] Talet på timar heile døgnet. 24 timar i 365 dagar gjev 8 760 timar.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS og Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2018.

**Tabell 12.4. NRK P2. Sendetid etter programtype**

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent |
| **I alt** | **7 620** | **100** | **8 759** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 755** | **100** | **8 760** | **100** | **8 762** | **100** |
| Drama | 196 | 3 | 200 | 2 | 224 | 3 | 219 | 3 | 177 | 2 | 234 | 3 | 245 | 3 |
| Musikk | 2 456 | 32 | 3 519 | 40 | 3 520 | 40 | 3 334 | 38 | 3 123 | 36 | 3 055 | 35 | 1 527 | 17 |
| Kunst, kultur, media | 2 056 | 27 | 2 078 | 24 | 1 661 | 19 | 1 932 | 22 | 2 001 | 23 | 1 704 | 20 | 2 233 | 26 |
| Underhaldning | 73 | 1 | 22 | 0 | 77 | 1 | 59 | 1 | 38 | 0 | 57 | 0,7 | - | - |
| Heim, fritid og hobby | - | - | - | - | - | - | - | - | 11 | 0 | 0 | 0 | - | - |
| Vitskap | 169 | 2 | 189 | 2 | 192 | 2 | 160 | 2 | 172 | 2 | 223 | 2 | 222 | 3 |
| Religion og livsfilosofi | 97 | 1 | 97 | 1 | 101 | 1 | 99 | 1 | 91 | 1 | 309 | 4 | 533 | 6 |
| Samfunnsspørsmål | 1 724 | 23 | 1 710 | 20 | 1 957 | 22 | 2 090 | 24 | 2 136 | 24 | 2 181 | 25 | 2 548 | 29 |
| Nyhende | 631 | 8 | 623 | 7 | 621 | 7 | 631 | 7 | 632 | 7 | 709 | 9 | 1087 | 12 |
| Portrett | 0 | - | 77 | 1 | 125 | 1 | 107 | 1 | 62 | 1 | 173 | 2 | 199 | 2 |
| Regionale sendingar inkl. Sàmi Radio | 122 | 2 | 121 | 1 | 101 | 1 | 108 | 1 | 92 | 1 | 22 | 0,3 | - | - |
| Andre program | 96 | 1 | 123 | 1 | 181 | 2 | 21 | 0 | 220 | 2 | 52 | 0,6 | 168 | 2 |

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS og Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2018.

**Tabell 12.5. NRK P3. Sendetid[1], etter programtype**

| | 2012 | | 2013 | | 2014 | | 2015 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent |
| **I alt** | **8 646** | **100** | **8 760** | **100** | **8 758** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 760** | **100** | **8 759** | **100** |
| Musikk | 5 047 | 58 | 5 505 | 63 | 5 776 | 66 | 5 930 | 68 | 5 636 | 64 | 6 116 | 70 | 6 920 | 79 |
| Kunst, kultur, media | 202 | 2 | 195 | 2 | 203 | 2 | 201 | 2 | 195 | 2 | 179 | 2 | 88 | 1 |
| Nyhende | 183 | 2 | 178 | 2 | 147 | 2 | 142 | 2 | 135 | 2 | 134 | 1,5 | 118 | 1 |
| Underhaldning | 2 590 | 30 | 2 321 | 27 | 2 161 | 25 | 2 051 | 23 | 2 155 | 25 | 1 697 | 20 | 1 511 | 17 |
| Aktualitet og samfunn | 521 | 6 | 542 | 6 | 349 | 4 | 318 | 4 | 316 | 4 | 504 | 6 | 102 | 1 |
| Sport | 4 | 0 | - | - | - | - | - | - | 37 | 0 | - | - | - | - |
| Andre program | 103 | 1 | 19 | 0 | 122 | 1 | 118 | 1 | 269 | 3 | 102 | 1 | 20 | 0 |

[1] P3 går i samsending med P1 om natta.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS og Medietilsynet, Allmennkringkastingsrapporten 2018.

**Tabell 12.6. NRK. Sendetid[1], etter fjernsynskanal og programtype. 2018**

| | NRK1 | | NRK2 | | NRK3 | | NRK Super[2] | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent | Timar | Prosent |
| **Riksprogram i alt** | **8 090** | **100** | **7 040** | **100** | **2 880** | **100** | **4 830** | **100** |
| | | | | | | | | |
| Barneprogram | - | - | - | - | - | - | 4 830 | 100 |
| Drama | 2 446 | 30 | 623 | 9 | 1 480 | 51 | - | - |
| Fritid/hobby/livsstil | 1 287 | 16 | 621 | 9 | 300 | 10 | - | - |
| Sport | 1 020 | 13 | 441 | 6 | 74 | 3 | - | - |
| Underhaldning | 921 | 11 | 510 | 7 | 320 | 11 | - | - |
| Nyhende | 824 | 10 | 1 814 | 26 | 39 | 1 | - | - |
| Generell fakta/samfunn | 718 | 9 | 1 337 | 19 | 486 | 17 | - | - |
| Natur og vitskap | 419 | 5 | 892 | 13 | 119 | 4 | - | - |
| Musikk | 220 | 3 | 531 | 8 | 38 | 1 | - | - |
| Kunst og kultur | 206 | 3 | 226 | 3 | 20 | 1 | - | - |
| Religion/filosofi | 29 | 0 | 45 | 1 | 4 | 0 | - | - |

[1] Dei regionale sendingane er ikkje med i sendetida. [2] Alle program på NRK Super er barneprogram. Denne oversikta er grunna i prosentoverslag frå NRK sin årsrapport.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

**Tabell 12.7. Norsk rikskringkasting. Sendetid i radio og fjernsyn, etter målform. Prosent**

| | Radio | | | | Fjernsyn | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Bokmål | Nynorsk | Dialekt | I alt | Bokmål | Nynorsk | Dialekt |
| 2003 | 100 | 62 | 8 | 30 | 100 | 77 | 13 | 10 |
| 2004[1] | 100 | 55 | 3 | 42 | 100 | 63 | 6 | 32 |
| 2005 | 100 | 56 | 4 | 42 | 100 | 74 | 7 | 23 |
| 2006 | 100 | 57 | 5 | 38 | 100 | 71 | 8 | 22 |
| 2007 | 100 | 61 | 4 | 35 | 100 | 69 | 7 | 24 |
| 2008 | 100 | 63 | 6 | 31 | 100 | 76 | 7 | 18 |
| 2009 | 100 | 56 | 4 | 39 | 100 | 72 | 9 | 19 |
| 2010 | 100 | 62 | 5 | 33 | 100 | 75 | 9 | 16 |
| 2011 | 100 | 60 | 5 | 34 | 100 | 69 | 12 | 19 |
| 2012 | 100 | 59 | 6 | 35 | 100 | 73 | 15 | 12 |
| 2013 | 100 | 58 | 7 | 35 | 100 | 70 | 17 | 13 |
| 2014 | 100 | 66 | 9 | 25 | 100 | 71 | 16 | 13 |
| 2015 | 100 | 61 | 8 | 31 | 100 | 67 | 19 | 14 |
| 2016 | 100 | 63 | 8 | 30 | 100 | 67 | 16 | 17 |
| 2017 | 100 | 60 | 6 | 34 | 100 | 69 | 15 | 23 |
| 2018 | 100 | 63 | 8 | 29 | 100 | 67 | 20 | 14 |

[1] Ved overgangen til 2004 gjennomførte NRK følgjande praksis: Ein stilte strengare krav til kva som vart rekna som bokmål og kva som vart rekna som nynorsk. Dersom det som skulle registrerast ikkje var tydeleg nok, vart det plassert i dialektkategorien.

Kjelde: Norsk rikskringkasting AS.

**Tabell 12.8. Lyttar- og sjåardelar for ulike radio- og fjernsynskanalar ein gjennomsnittsdag. Prosent**

| | 1998 | 2000 | 2002 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Radio** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| NRK P1 | 29 | 27 | 26 | 29 | 26 | 24 | 25 | 26 | 23 | 23 | 24 | 26 | 25 | 23 | 20 | 20 | 19 | 14 |
| NRK P1+ | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 2 | 2 | 2 | 3 | 3 |
| NRK P2 | 5 | 4 | 5 | 4 | 4 | 4 | 3 | 5 | 4 | 4 | 6 | 5 | 7 | 6 | 5 | 7 | 5 | 5 |
| NRK P3 | 8 | 8 | 6 | 5 | 5 | 6 | 5 | 7 | 6 | 7 | 7 | 9 | 10 | 12 | 11 | 10 | 7 | 6 |
| NRK P13 | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Radio P4 | 19 | 19 | 21 | 16 | 17 | 17 | 16 | 13 | 17 | 18 | 15 | 16 | 15 | 19 | 16 | 18 | 13 | 10 |
| Radio Norge | . | . | . | 6 | 5 | 5 | 5 | 3 | 8 | 8 | 8 | 8 | 9 | 11 | 9 | 10 | 7 | 4 |
| Lokalradio | 12 | 11 | 14 | 11 | 9 | 10 | 11 | 8 | 7 | 8 | 6 | 6 | 6 | 5 | 5 | 5 | 6 | 8 |
| Andre kanalar | 1 | 2 | 3 | 2 | 3 | 3 | 3 | 6 | 3 | 4 | 5 | 4 | 4 | 5 | 5 | 6 | 8 | 10 |
| DAB-radio | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 13 | 13 | 19 | 24 | 25 | 33 | 38 |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| **Fjernsyn** | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| NRK1 | 53 | 50 | 52 | 53 | 51 | 47 | 47 | 44 | 43 | 44 | 45 | 40 | 40 | 35 | 35 | 34 | 32 | 29 |
| NRK2 | 8 | 9 | 7 | 8 | 8 | 5 | 5 | 5 | 6 | 7 | 7 | 5 | 7 | 6 | 6 | 7 | 4 | 4 |
| NRK3 Super | . | . | . | . | . | . | 21 | 2 | 4 | 5 | 6 | 4 | 5 | 4 | 3 | 4 | 2 | 3 |
| TV2 | 50 | 51 | 56 | 52 | 50 | 51 | 49 | 44 | 41 | 40 | 40 | 37 | 36 | 38 | 28 | 31 | 28 | 26 |
| TV2 Nyhetskanalen | . | . | . | . | . | . | 2 | 3 | 3 | 3 | 3 | 3 | 2 | 3 | 4 | 2 | 3 | 2 |
| TVNorge | 16 | 15 | 18 | 18 | 19 | 18 | 19 | 16 | 13 | 13 | 14 | 12 | 13 | 14 | 11 | 12 | 9 | 11 |
| TV3 | 12 | 14 | 13 | 14 | 13 | 11 | 12 | 11 | 11 | 12 | 11 | 8 | 8 | 6 | 4 | 6 | 3 | 3 |
| Svensk TV3 | 2 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| Lokal TV4 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 0 | 1 | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. | .. |
| TV2 Zebra | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 2 | 2 | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| TVN Fem | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 2 | 1 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Viasat 4 | . | . | . | . | . | . | . | . | . | 6 | 4 | 4 | 1 | 1 | 2 | 1 | 1 | 2 |
| Andre kanalar | 9 | 10 | 12 | 12 | 13 | 15 | 17 | 22 | 23 | 18 | 20 | 18 | 18 | 16 | 14 | 16 | 18 | 17 |

| 2009 | 945,5 | 1 210,1 | 28,0 | 703,1 | 2 605,6 |
| 2010 | 801,8 | 1 796,3 | 30,5 | 357,4 | 3 077,9 |
| 2011 | 823,9 | 1 837,1 | 29,9 | 315,2 | 2 809,4 |
| 2012 | 937,4 | 1 926,6 | 30,5 | 357,8 | 2 536,4 |
| 2013 | 944,8 | 2 137,0 | 31,4 | 243,5 | 2 428,3 |
| 2014 | 876,0 | 2 373,3 | 31,3 | 246,3 | 2 591,1 |
| 2015 | 936,7 | 2 434,7 | 31,9 | 222,7 | 2 621,0 |
| 2016 | 941,5 | 2 773,3 | 32,9 | 285,0 | 3 035,0 |
| 2017 | 1 100,6 | 3 700,3 | 39,5 | 209,6 | 3 700,0 |
| 2017 | 1 100,6 | 3 700,3 | 39,5 | 209,6 | 3 700,0 |
| 2018 | 1 123,1 | 3 167,1 | 33,2 | 333,9 | 4 032,2 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Østfold | 40,2 | 129,1 | 31,1 | 0,4 | 115,1 |
| Akershus | 95,6 | 451,8 | 39,2 | 4,0 | 425,9 |
| Oslo | 77,6 | 570,8 | 32,5 | 1,3 | 646,8 |
| Hedmark | 32,3 | 109,8 | 30,7 | 1,6 | 62,3 |
| Oppland | 60,6 | 74,4 | 31,5 | 2,2 | 79,1 |
| Buskerud | 115,3 | 111,9 | 35,8 | 14,8 | 77,2 |
| Vestfold | 46,9 | 96,2 | 30,8 | 16,4 | 94,7 |
| Telemark | 43,4 | 83,3 | 27,5 | 62,6 | 39,5 |
| Aust-Agder | 19,2 | 70,2 | 31,6 | 8,2 | 89,7 |
| Vest-Agder | 37,3 | 115,1 | 29,9 | 32,4 | 86,5 |
| Rogaland | 147,4 | 313,8 | 34,7 | 21,4 | 385,9 |
| Hordaland | 109,2 | 305,4 | 33,9 | 24,3 | 345,0 |
| Sogn og Fjordane | 16,7 | 61,7 | 31,5 | 13,0 | 98,9 |
| Møre og Romsdal | 44,1 | 126,7 | 32,5 | 6,6 | 310,8 |
| Trøndelag | 148,1 | 248,9 | 34,0 | 36,9 | 567,2 |
| Nordland | 36,5 | 132,0 | 27,5 | 5,9 | 155,1 |
| Troms Romsa | 37,3 | 78,7 | 30,0 | 81,6 | 362,7 |
| Finnmark Finnmárku | 15,5 | 87,2 | 39,7 | 0,4 | 89,8 |

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 13.7. Friluftsområde for rekreasjon og friluftsliv i tettstad etter tilgjengelege område og år[1]**

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|
| Rekreasjons- og friluftslivsområder tilrettelagt etter prinsipp om universell utforming. Einingar. | 2 214 | 2 209 | 2 180 | 2 276 |
| Samla lengde skiløyper planlagt maskinpreparert, gitt normale snøforhold. Kilometer. | 29 977 | 24 664 | 27 979 | 30 519 |
| Samla lengde av turvegar, turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk. Kilometer. | 44 439 | 39 426 | 42 502 | 46 685 |

[1] Tala viser totalen av det som er rapportert, inkludert område med kommunalt driftsansvar.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

# 14. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja

I fleire år har medlemstalet, døypte og konfirmerte i Den norske kyrkja gått ned, samstundes som talet på medlemmer i trus- og livssyn utanom Den norske kyrkja har auka. I 2016 var det endringar i høve mellom kyrkje og stat. Endringar i medlemstal og andre aktivitetar vert omtala i dette kapittelet.

## 14.1. Nokre resultat

*12 prosent i trus- og livssynssamfunna*

Statistikken over medlemmer i trus- og livssynssamfunn viser at det per 1. januar 2018 var 655 000 medlemmer i trus- og livssynssamfunn som er utanom Den norske kyrkja og som får statstilskot (SSB 7. desember 2018). Dette inneber at 12,3 prosent av befolkninga var medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja i 2018. Samanlikna med 2017 var det 36 000 fleire medlemmer i desse trus- og livssynssamfunna i 2018. 6,7 prosent av befolkninga var medlemmer i kristne trussamfunn utanom Den norske kyrkja, 3,1 prosent av befolkninga var medlemmer av islamske trussamfunn og 1,8 prosent i livssynssamfunn, sjå figur 14.1 og tabell 14.1.

**Figur 14.1. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn som mottek offentleg stønad og er utanom Den norske kyrkja, etter religion/livssyn**




[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. [2] Omfattar bahài, hinduisme, jødedom, sikhisme og andre trusretningar. To samfunn er ikkje representerte i statistikken i 2012, eit under jødedom og eit under sikhisme.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

*Framleis flest medlemmer i kristne trussamfunn*

Av alle trus- og livssynssamfunna utanom Den norske kyrkja som får statstilskot, har framleis dei kristne trussamfunna flest medlemmer med 355 000 personar. Desse utgjorde 54 prosent av alle medlemmer utanom Den norske kyrkja per 1. januar 2018. Frå 2017 til 2018 har det vore ein auke på 16 000 medlemmer i kristne samfunn, sjå tabell 14.1. 44,3 prosent i dei kristne trussamfunna utanom Den norske kyrkja høyrde til den Romersk-katolske kyrkja, sjå tabell 14.3.

Den Finlandska evangelisk-Lutherska församling, Den islandske Evangeliske Lutherske kyrkjelyd i Noreg og Svenska Margaretaförsamlinga hadde til saman 17 300 registrerte medlemmer i 2018. Dette er ein auke på nesten 5 400, eller 46 prosent, frå i fjor då mengde registrerte medlemmer låg på berre 11 800. I 2016 var det registrert 32 600 medlemmer, sjå tabell 14.3.

*Islamske trussamfunn held fram å vekse*

Islam er den nest største religionen i Noreg, målt i talet på medlemmer i islamske trussamfunn. 25,5 prosent av alle medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja er medlemmer i islamske trussamfunn. Per 1. januar 2018 var det 167 000 muslimar som er medlemmer i eit islamsk samfunn i Noreg. Desse utgjer 3,1 prosent av befolkninga i Noreg. Talet på muslimar i 2018 inneber ein auke på 14 000 medlemmer mellom 2017 og 2018. Dette utgjer heile 9 prosent. Sidan 2010 har oppgangen vore 69 prosent, eller 68 000 medlemmer.

Medlemstalet i nokre av dei andre religionane har halde seg på om lag det same nivået gjennom fleire år. Buddhisme utgjorde 3,1 prosent, medan hinduisme og sikhisme stod for høvesvis 1,6 og 0,6 prosent av medlemstala utanom Den norske kyrkja i 2018. Livssynssamfunn hadde 95 000 medlemmer i 2018, eller 14,5 prosent, av medlemstala utanom Den norske kyrkja, sjå tabell 14.1.

**Figur 14.2. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, etter fylke. 2018. Prosent**




[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

*Geografisk skilnad*

Talet på medlemmer i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja fordeler seg ulikt mellom fylka. Høgast del var det i Oslo der 21,8 prosent, eller 148 300 personar, av befolkninga var medlemmer i eit anna trus- eller livssynssamfunn

utanom Den norske kyrkja. Lågast del var det i Sogn og Fjordane med 5,8 prosent av befolkninga, sjå figur 14.2 og tabell 14.2.
I Oslo var 9,2 prosent av befolkninga medlemmer i eit islamsk trussamfunn, 8,2 prosent medlemmer i eit kristent samfunn utanom Den norske kyrkja og 2,8 prosent medlemmer i eit livssynssamfunn. Til samanlikning var ein prosent av befolkninga i Møre og Romsdal medlem i eit islamsk samfunn og 3,5 prosent av befolkninga i Sogn og Fjordane medlem i kristne samfunn utanom Den norske kyrkja. Aust- og Vest-Agder er dei fylka som har høgast del i kristne trussamfunn utanom Den norske kyrkja, høvesvis 10,7 og 12,5 prosent, sjå tabell 14.2.

*Den norske kyrkja – 70 prosent medlem*

I 2018 var 70 prosent av Noregs befolkning medlemmer i Den norske kyrkja, sjå tabell 14.2. Totalt var det 3 725 000 medlemmer per 31. desember 2018. Sett i høve til befolkninga i dei ulike fylka, har delen medlemmer gått ned i alle fylka, det vil seia at talet på medlemmer i Den norske kyrkja går ned i høve til befolkninga. Det same gjeld dei absolutte tala som viser ein nedgang i alle fylka, sjå tabell 14.2.

I 2018 melde 11 900 personar seg ut av kyrkja mot 15 500 i 2017 og heile 41 000 i 2016. Årsaka til det høge talet på utmelde i 2016 er at det dette året vart oppretta ei digital løysing for å melde seg ut av Den norske kyrkja. Dei to siste åra har mengde utmelde stabilisert seg på eit nivå tilsvarande 2014 og 2015. Det var 2 100 personar som melde seg inn i Den norske kyrkja i 2018, noko som representerer ca. 350 færre innmelde i høve til i 2017, sjå tabell 14.4.

*Lågare dåpstal*

28 600 personar vart døypte i Den norske kyrkja i 2018 mot 30 300 året før. Dette er ein nedgang på 1 700 personar eller 6 prosent.

Talet på døypte vart i 2016 endra til å omfatte totaltal på døypte rapportert gjennom kyrkjeboka, ikkje som tidlegare gjennom årsstatistikken som viste utførde dåpshandlingar i soknet. Sjølv om talet ikkje direkte kan samanliknast med tidlegare år på grunn av endra definisjon, kan vi konstatere at talet på døypte går nedover.

Som ein indikator kan vi sjå at frå 2005 til 2018 gjekk talet på dåpshandlingar ned med 14 400, tilsvarande 33,5 prosent, sjå figur 14.3.

**Figur 14.3. Den norske kyrkja. Talet på døypte[1] og konfirmerte**




[1] Endra definisjon på døypte i 2016.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Prosentdelen døypte i høve til talet på fødde var i 2018 på 52 prosent. Frå 2005 har prosentdelen døypte i høve til talet på fødde gått ned frå 76 prosent (SSB 14. juni 2019), sjå figur 14.4.

**Figur 14.4. Den norske kyrkja. Døypte[1] og konfirmerte. Prosent**




[1] Døypte i prosent av talet på fødde: Dåpstala frå og med 2016 viser totalt tal døypte i soknet og kan ikkje samanliknast med tidlegare indikator.
Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dåpstala går jamt nedover i alle bispedøme.

*Færre kyrkjelege konfirmasjonar*

35 200 unge valde kyrkjeleg konfirmasjon i Den norske kyrkja i 2018. Det er ein nedgang på 270 konfirmasjonar samanlikna med 2017. Det var nedgang i konfirmasjonar i alle bispedøma unnateke frå Oslo som hadde ein svak auke. I 2005 var talet på konfirmerte 42 100. Det har dermed ikkje gått ned i same grad som dåpstala.

Ein lågare del av 15-åringane konfirmerte seg kyrkjeleg i 2018 i høve til i 2005. I 2018 var konfirmasjonsprosenten 56 på landsbasis, medan 66 prosent av 15-åringane konfirmerte seg kyrkjeleg i 2005, sjå figurane 14.3 og 14.4. Tala for konfirmasjonsprosenten er henta frå statistikken om Den norske kyrkje (SSB 26. juni 2019).

Ifølgje tabell 14.4 vart 44 000 personar døypte i 2003. 15 år seinare, i 2018, er desse i konfirmasjonsalder. Som nemnd over vart 35 200 personar konfirmerte i 2018. Med atterhald om at desse personane ikkje er heilt dei same som i 2003, viser tala at 80 prosent av dei som vart døypte i 2003 valde kyrkjeleg konfirmasjon i 2018. Tilsvarande tal var 44 100 døypte i 2002 og 80,5 prosent av desse vart konfirmerte i 2017.

*Færre deltek på gudsteneste*

I 2018 var det totalt 5,3 millionar personar til stades på dei 60 400 gudstenestene i Den norske kyrkja. Dei seks siste åra har deltakarar på gudstenestene vore under 6 millionar. Både talet på gudstenester og deltakarar på gudstenestene har gått ned dei siste åra. Frå 2017 til 2018 var det om lag 137 000, eller 2,5 prosent, færre deltakarar på gudstenestene. Deltakinga på gudstenestene søndagar og helgedagar hadde ein nedgang på 2,8 prosent. Totalt var 4,1 millionar personar til stades på dei 45 100 gudstenestene som vert haldne på søndagar og helgedagar, ein nedgang på 119 000 deltakarer, sjå tabell 14.5.

I 2005 var det totale besøket på gudstenestene 6,7 millionar fordelt på 70 000 gudstenester. Gudstenestedeltakinga har gått ned kvart år sidan 2005, unnateke frå i 2011. Samanlikna med 2005 representerer 2018-tala ein nedgang på nesten 1,4 million deltakarar. I og med at òg talet på gudstenester er redusert kvart år i same tidsrom, har deltaking per gudsteneste hatt ein nedgang frå 103 i 2005 til 90 deltakarar per gudsteneste i 2018.

Figur 14.5 gjev eit bilete på talet på deltakarar per gudsteneste på sundagar og helgedagar i gjennomsnitt i dei ulike bispedøma.

**Figur 14.5. Den norske kyrkja. Talet på deltakarar per gudsteneste sundagar og helgedagar i gjennomsnitt, etter bispedøme**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*35 700 gravferder*

KOSTRA-tala for Den norske kyrkja viser òg kor mange gravferder som vert gjennomførte kvart år. Det vart rapportert 35 700 kyrkjelege gravferder i 2018, ein svak nedgang frå det føregåande året, sjå tabell 14.4. Dette svarer til om lag 87 prosent av talet på dei som døydde i 2018, og det er ein svak nedgang frå dei tre føregåande åra. I 2011 hadde til dømes 92 prosent av talet på dei som døydde kyrkjeleg gravferd. Fleire detaljar om kyrkjelege handlingar finn ein i tabell 14.4 og i statistikkbanken (SSB 14. juni 2019).

*Færre vigslar*

I 2018 var det 7 000 par som vart vigde i Den norske kyrkja viser tal frå kyrkjelydane/sokna. Dette utgjorde 34 prosent av alle inngåtte ekteskap. Det er ein liten nedgang i dei absolutte tala samanlikna med 2017.

Befolkningstala i høve til folkeregisteropplysningane (SSB 3. mai 2019) viser ein vigselsdel på 36 prosent i Den norske kyrkja. Desse tala er noko høgare då handlingar utanfor sokna (til dømes vigslar ved institusjonar, feltprestkorpset og anna som har eiga kyrkjebok¬føring) er tekne med. Vigslar utførte i utlandet er òg rekna med i desse tala.

*Færre sysselsette i Den norske kyrkja*

KOSTRA-tala knytte til verksemda i sokn og fellesråd er jamvel oppdaterte med sysselsetjingstal etter a-ordninga, sjå delkapittel 14.2. Om statistikken. 2018-tala viser at 71 årsverk var lønte av sokna og 4 216 årsverk var lønte av fellesråda. 1 327 årsverk, presteskapet, var lønte av bispedøma. Talet på sysselsette ligg nokolunde på same nivå som i fjor, sjå tabell 14.6.

*Statlege og kommunale utgifter til Den norske kyrkja og trus- og livssynssamfunn*

2018 er det siste rapporteringsåret Den norske kyrkja høyrer til Kulturdepartementet. Frå 1. mai 2019 er ansvaret for Den norske kyrkja og andre tros- og livssynssamfunn overført til Barne- og familiedepartementet. For kyrkjebygg og gravplassar er det kommunane som har finansieringsansvaret.

Utgiftene til Den norske kyrkja og kyrkjebygg og gravplassar består av tilskot til Den norske kyrkja på 2 172 millionar kroner pluss utgifter til kyrkjebygg og gravplassar på 138 millionar, til saman 2 310 millionar, sjå tabell 14.7.

Tilskot til trussamfunn m.m. utgjorde 359 millionar kroner, sjå kapittel 1, tabell 1.1.1 og tabell 14.7.

Kommunane sine utgifter til Den norske kyrkja og andre religiøse føremål for 2018 finn ein i tabell 14.8 som er grunna i KOSTRA-rapporteringa. Totalt var netto driftsutgifter i kommunane til Den norske kyrkja (rekneskapsfunksjon 390 Den norske kyrkja og rekneskapsfunksjon 393 Gravplassar og krematorium) på nær 3,2 milliardar kroner til saman. Dette svarer til 1,1 prosent av totale netto driftsutgifter i kommunane. Fordi det er få kommunar som har forvaltningsansvaret for gravplassar og krematorium, må ein sjå desse to funksjonane under eitt.

Til funksjon 392, tilskot til trus- og livssynssamfunn, var netto driftsutgifter 411 millionar kroner i 2018, ein auke på 14 prosent frå 2017. I 2009 var driftsutgifter i kommunane til andre trus- og livssynssamfunn på 176 millionar kroner, så fram til 2018 har det for driftsutgifter i kommunane til andre trus- og livssynssamfunn vært meir enn ei dobling av utgiftene til kommunane.

*4,6 milliardar kroner i driftsinntekter for kyrkjelege fellesråd*

I 2018 forvalta dei kyrkjelege fellesråda driftsinntekter på 4,7 milliardar kroner mot om lag 4,6 milliardar i 2017. Det var 131 millionar kroner meir i høve til 2017, noko som gjev ein oppgang på 3 prosent. Driftsutgiftene i dei kyrkjelege fellesråda gjekk òg opp med 149 millionar kroner frå 2017 til 2018. Dei var på rundt 4,6 milliardar kroner i 2018.

## 14.2. Om statistikken

*Trus- og livssynssamfunn*

Hovudføremålet med statistikken om trus- og livssynssamfunn er å synleggjere talet på medlemmer i dei trussamfunna og livssynssamfunna utanom Den norske kyrkja som søkjer om statsstøtte. Statistikken over trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja byggjer på oppgåver frå fylkesmennene, over dei samfunna som har fått statstilskot. Frå 2005 vert medlemslistene til trus- og livssynssamfunna som søkjer om statstilskot via fylkesmennene, sende til Brønnøysundregistra (BR) for kontroll. Medlemslistene vert kontrollerte for dobbeltmedlemskap mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna. Statistisk sentralbyrå (SSB) får oppgåve over talet på medlemmer frå BR.

Alle trus- og livssynssamfunna som er godkjende hos fylkesmannen, og som får statstilskot for rapporterte tal på medlemmer i samfunnet, er med i statistikken. Eininga i statistikken er det einskilde samfunn. Nokre nye samfunn kjem til i statistikken kvart år, medan andre samfunn som har vore med tidlegare/andre år, ikkje alltid er representerte året etter. Statistikken inneheld ikkje opplysningar om talet på kyrkjelydar.

*Den norske kyrkja – årsstatistikk*

Frå og med statistikkåret 2005 skjer rapporteringa av årsstatistikk for Den norske kyrkja på elektronisk skjema til SSB. Innsamlinga av statistikken var til og med 2011 eit samarbeid mellom SSB og ansvarleg departement. Frå 2012 er ansvaret for kyrkjestatistikken overført til Kyrkjerådet. Føremålet med statistikken er å gi informasjon om verksemda i kyrkjelydane.

Statistikken omfattar alle dei geografiske sokna i Den norske kyrkja, unnateke av Svalbard. Statistikken for 2018 inneheld 1 188 sokn. Kvart år har det vorte noko færre einingar i populasjonen. Dette kjem av samanslåingar av sokn, anten som forsøksordning eller permanent samanslåing. Det vert samla opplysningar om kyrkjelege handlingar[9], gudstenester, opplæring og diakoni, barnehage- og skulekontakt, kyrkjemusikk og kulturarbeid, friviljug arbeid og ofringar. Frå 2016 vert opplysningar om innmelde, utmelde og døypte innhenta direkte frå Kyrkjerådet. Frå 2016 er det ein ny definisjon for talet på døypte; tidlegare dåpstal omfatta utførte dåpshandlingar i soknet aggregert til kommunenivå og vidare til bispedømmenivå og landstal, medan nytt dåpstal omfattar døypte i soknet aggregert opp. Delen døypte av talet på fødde på nasjonalt nivå er noko lågare i 2016 i høve til kva det ville vore etter gammal definisjon.

I hovudsak skal årsstatistikken rapporterast om verksemder som er i soknet og som presten, soknerådet og dei tilsette har ansvaret for. Aktivitetar som andre kristelege organisasjonar driv, er ikkje med i denne statistikken.

*Fellesråda*

Dei kommunale løyvingane til kyrkja vert i hovudsak forvalta av dei kyrkjelege fellesråda, sjå tabell 14.9. Rekneskapsstatistikk for dei kyrkjelege fellesråda vart for første gong henta inn for rekneskapsåret 1997. Heimel for denne statistikken er kyrkjelova av 7. juni 1996, og forskrift om økonomiforvaltninga for kyrkjelege fellesråd og kyrkjelydar av 25. september 2003. I 2004 gjekk fellesråda og sokna over til å føre rekneskapane etter ny kontoplan. Statistikken vert publisert årleg på nasjonalt nivå. I tabell 14.9 følgjer oversikt over utgifter og inntekter for fellesråda fordelte på ulike føremål.

*a-ordninga*

Frå og med 2015-årgangen har all registergrunna personellstatistikk a-ordninga som datakjelde i staden for Aa-registeret (SSB 2015). Sysselsette og årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellesråd og bispedøme er henta frå KOSTRA-kyrkje, Statistikkbanktabell 04693 (www.ssb.no/tabell/04693).

*Rekneskapsfunksjonar – kommunar*

I KOSTRA-rapporteringa av rekneskapane til kommunane omfattar kyrkje og andre religiøse føremål desse rekneskapsfunksjonane:

- 390 Den norske kyrkja
- 392 Tilskot til trus- og livssynssamfunn
- 393 Gravplassar og krematorium

For rekneskapsomgrep nytta i KOSTRA, sjå delkapittel 1.5. Omgrep og definisjonar.

[9] Talet på kyrkjelege vigslar i denne statistikken avvik noko frå talet på kyrkjelege vigslar som byggjer på folkeregisteropplysningar i Befolkningsstatistikken til Statistisk sentralbyrå, ekteskap og skilsmisser.

## Referansar

Statistisk sentralbyrå (2015): A-ordningen – én datakilde for tre etater. http://www.ssb.no/omssb/om-oss/nyheter-om-ssb/a-ordningen-en-datakilde-for-tre-etater

Statistisk sentralbyrå (7. desember 2018): Trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/trosamf/aar

Statistisk sentralbyrå (3. mai 2019): Ekteskap og skilsmisser. http://www.ssb.no/ekteskap/

Statistisk sentralbyrå (14. juni 2019): Den norske kirke. http://www.ssb.no/kirke_kostra

Statistisk sentralbyrå (26. juni 2019): Kyrkjelege fellesråd, rekneskap. https://www.ssb.no/offentlig-sektor/statistikker/kirkeregn/aar

## Meir informasjon

Barne- og familiedepartementet (BFD): https://www.regjeringen.no/no/tema/tro-og-livssyn/tros-og-livssynssamfunn/id2000112/

Den norske kyrkja: http://www.kirken.no

Statistisk sentralbyrå: Levekårsundersøkingane. http://www.ssb.no/emner/07/02/10/orgakt

**Tabell 14.1. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, etter religion/livssyn. 1. januar. Absolutte tal og prosent**

| | 2010 | | 2012 | | 2014 | | 2016 | | 2017 | | 2018 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle | Absolutte tal | Prosent av alle |
| **Medlemmer, i alt** | **449 875** | **100,0** | **510 684** | **100,0** | **587 286** | **100,0** | **622 042** | **100,0** | **619 222** | **100,0** | **655 236** | **100,0** |
| Baha'i | 1 012 | 0,2 | 1 088 | 0,2 | 1 127 | 0,2 | 1 149 | 0,2 | 1 146 | 0,2 | 1 115 | 0,2 |
| Buddhisme | 13 376 | 3 | 15 426 | 3 | 17 087 | 2,9 | 18 817 | 3 | 17 351 | 2,8 | 20 077 | 3,1 |
| Hinduisme | 5 175 | 1,2 | 5 690 | 1,1 | 7 382 | 1,3 | 8 882 | 1,4 | 8 965 | 1,4 | 10 427 | 1,6 |
| Islam | 98 953 | 22 | 112 236 | 22 | 132 135 | 22,5 | 148 189 | 23,8 | 153 067 | 24,7 | 166 861 | 25,5 |
| Jødedom | 818 | 0,2 | 2 153 | 0 | 781 | 0,1 | 770 | 0,1 | 769 | 0,1 | 789 | 0,1 |
| Kristendom | 245 664 | 54,6 | 289 018 | 56,6 | 337 316 | 57,4 | 349 083 | 56,1 | 339 492 | 54,8 | 355 070 | 54,2 |
| Sikhisme[2] | 1 037 | 0,2 | 1 133 | 0,2 | 3 363 | 0,6 | 3 545 | 0,6 | 3 654 | 0,6 | 3 704 | 0,6 |
| Livssynssamfunn | 82 890 | 18,4 | 84 722 | 16,6 | 86 444 | 14,7 | 89 758 | 14,4 | 92 919 | 15,0 | 95 030 | 14,5 |
| Andre trus- og livssynssamfunn | 950 | 0,2 | 1 218 | 0,2 | 1 651 | 0,3 | 1 849 | 0,3 | 1 859 | 0,3 | 2 163 | 0,3 |

[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. [2] Eit samfunn er ikkje representert i statistikken for 2010 og 2012.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.2. Medlemmer[1] i trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, etter religion/livssyn og medlemmer i Dnk, etter fylke**

| | Medlemmer utanom Den norske kyrkja | Buddhisme | Islam | Kristendom | Annan religion[2] | Livssyns-samfunn | Medlemmer[3] i Den norske kyrkja per 31.12. | Befolkninga i Noreg totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2006 | 383 510 | 9 934 | 72 023 | 216 141 | 8 141 | 77 271 | 3 871 006 | 4 681 134 |
| 2007 | 403 909 | 10 753 | 79 068 | 225 507 | 8 859 | 79 722 | 3 873 847 | 4 737 171 |
| 2008 | 411 790 | 11 038 | 83 684 | 226 969 | 9 440 | 80 659 | 3 874 823 | 4 799 252 |
| 2009 | 431 287 | 12 252 | 92 744 | 234 772 | 10 395 | 81 124 | 3 848 841 | 4 858 199 |
| 2010 | 449 875 | 13 376 | 98 953 | 245 664 | 8 992 | 82 890 | 3 835 477 | 4 920 305 |
| 2011 | 484 534 | 14 580 | 106 735 | 266 834 | 11 904 | 84 481 | 3 851 145 | 4 985 870 |
| 2012 | 510 684 | 15 426 | 112 236 | 289 018 | 9 282 | 84 722 | 3 848 295 | 5 051 275 |
| 2013 | 549 400 | 16 001 | 120 882 | 312 925 | 13 531 | 86 061 | 3 843 721 | 5 109 056 |
| 2014 | 587 286 | 17 087 | 132 135 | 337 316 | 14 304 | 86 444 | 3 835 973 | 5 165 802 |
| 2015 | 558 977 | 17 977 | 141 027 | 296 521 | 15 236 | 88 216 | 3 799 366 | 5 213 985 |
| 2016 | 622 042 | 18 817 | 148 189 | 349 083 | 16 195 | 89 758 | 3 758 070 | 5 258 317 |
| 2017 | 619 222 | 17 351 | 153 067 | 339 492 | 16 393 | 92 919 | 3 740 920 | 5 295 619 |
| 2018 | 655 236 | 20 077 | 166 861 | 355 070 | 18 198 | 95 030 | 3 724 857 | 5 328 212 |
| **2018** | | | | | | | | |
| Østfold | 43 914 | 1 549 | 12 895 | 24 285 | 508 | 4 677 | 205 226 | 297 520 |
| Akershus | 86 324 | 3 055 | 21 333 | 44 313 | 3 637 | 13 986 | 407 037 | 624 055 |
| Oslo | 148 274 | 3 909 | 62 462 | 56 009 | 6 638 | 19 256 | 331 375 | 681 071 |
| Hedmark | 15 164 | 525 | 3 003 | 8 319 | 184 | 3 133 | 156 081 | 197 406 |
| Oppland | 13 011 | 463 | 2 999 | 6 803 | 151 | 2 595 | 152 616 | 189 545 |
| Buskerud | 40 337 | 1 127 | 12 592 | 19 937 | 1 843 | 4 838 | 192 901 | 283 148 |
| Vestfold | 31 248 | 968 | 5 544 | 18 975 | 623 | 5 138 | 176 010 | 251 078 |
| Telemark | 23 671 | 511 | 4 429 | 15 725 | 132 | 2 874 | 123 661 | 173 318 |
| Aust-Agder | 16 524 | 386 | 1 856 | 12 573 | 79 | 1 630 | 82 792 | 117 655 |
| Vest-Agder | 31 444 | 985 | 4 267 | 23 454 | 161 | 2 577 | 124 018 | 187 589 |
| Rogaland | 58 087 | 1 880 | 11 127 | 36 820 | 1 271 | 6 989 | 335 566 | 475 654 |
| Hordaland | 52 178 | 1 557 | 7 460 | 33 975 | 1 194 | 7 992 | 387 007 | 524 495 |
| Sogn og Fjordane | 6 374 | 128 | 1 256 | 3 882 | 98 | 1 010 | 90 655 | 109 774 |
| Møre og Romsdal | 20 782 | 787 | 2 641 | 14 059 | 536 | 2 759 | 211 786 | 267 420 |
| Trøndelag | 34 857 | 1 457 | 6 818 | 16 880 | 799 | 8 903 | 355 905 | 462 032 |
| Nordland | 15 745 | 347 | 2 714 | 9 241 | 134 | 3 309 | 195 910 | 243 385 |
| Troms Romsa | 11 011 | 281 | 2 022 | 6 125 | 123 | 2 460 | 130 074 | 167 202 |
| Finnmark Finnmárku | 5 194 | 118 | 957 | 3 274 | 62 | 783 | 58 562 | 75 865 |
| Uoppgjevne/busett i utlandet[4] | 1 097 | 44 | 486 | 421 | 25 | 121 | 7 675 | - |

[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for. [2] Omfattar baha'i, hinduisme, jødedom, sikhisme og andre trusretningar. [3] Omfattar medlemmer og tilhøyrige. [4] Inkluderer ikkje medlemmer i Den norske kyrkja busette i utlandet.
Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.3. Medlemmer[1] i kristne trussamfunn utanom Den norske kyrkja. Per 1. januar**

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kristne trussamfunn | 234 772 | 245 664 | 266 834 | 289 018 | 312 925 | 337 316 | 296 521 | 349 083 | 339 492 | 355 070 |
| | | | | | | | | | | |
| Adventistsamfunnet | 5 086 | 5 136 | 5 066 | 4 884 | 4 841 | 4 806 | 4 785 | 4 778 | 4 695 | 4 648 |
| Dei frie evangeliske forsamlingar | 3 434 | 3 492 | 3 395 | 3 137 | 3 443 | 3 258 | 3 230 | 3 318 | 3 169 | 3 264 |
| Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja i Noreg | 19 262 | 19 503 | 19 614 | 19 507 | 19 552 | 19 557 | 19 499 | 18 908 | 19 469 | 19 215 |
| Den Finlandska evangelisk-lutherska församling | 4 237 | 4 169 | 4 146 | 4 193 | 3 440 | 4 348 | 4 355 | 4 117 | 1 290 | 2 187 |
| Den Islandske Evangeliske Lutherske menighet i Noreg | 2 735 | 5 422 | 5 946 | 5 983 | 6 634 | 6 740 | 6 516 | 6 830 | 1 066 | 2 740 |
| Den kristelige menighet | 6 779 | 6 879 | 7 110 | 7 319 | 7 259 | 7 750 | 7 997 | 8 177 | 8 417 | 8 235 |
| Den ortodokse kyrkja | 7 664 | 8 492 | 9 894 | 11 205 | 12 959 | 14 765 | 17 476 | 20 202 | 21 993 | 25 843 |
| Den romersk-katolske kyrkja | 57 348 | 66 972 | 83 018 | 102 286 | 121 130 | 140 109 | 95 655 | 144 856 | 152 022 | 157 220 |
| Det Evangelisk-Lutherske kyrkjesamfunn | 3 232 | 3 213 | 3 213 | 3 209 | 3 209 | 3 189 | 3 158 | 3 177 | 3 172 | 3 176 |
| Det norske Baptistsamfunn | 9 382 | 9 749 | 9 922 | 9 999 | 10 213 | 10 283 | 10 296 | 10 367 | 10 510 | 10 711 |
| Det Norske Misjonsforbund | 8 497 | 8 729 | 9 091 | 9 336 | 9 589 | 10 136 | 10 406 | 10 598 | 10 843 | 10 959 |
| Jehovas vitner i Noreg | 14 976 | 11 640 | 11 739 | 11 903 | 12 049 | 12 130 | 12 304 | 12 413 | 12 479 | 12 566 |
| Kristensamfundet | 2 474 | 2 578 | 2 585 | 2 567 | 2 544 | 2 540 | 2 527 | 2 550 | 2 483 | 2 481 |
| Kristne senter | 3 290 | 3 266 | 3 252 | 3 157 | 3 172 | 3 145 | 3 136 | 3 001 | 2 965 | 2 938 |
| Metodistkyrkja i Noreg | 10 974 | 11 082 | 11 055 | 10 761 | 10 715 | 10 684 | 10 566 | 10 531 | 10 432 | 10 320 |
| Pinserøysla | 39 590 | 39 923 | 39 599 | 39 108 | 39 412 | 39 398 | 39 149 | 39 431 | 39 263 | 40 056 |
| Svenska Margareta-församlingen i Oslo | 15 574 | 14 626 | 17 376 | 19 950 | 20 901 | 21 573 | 22 006 | 21 689 | 9 483 | 12 332 |
| Andre kristne trussamfunn | 20 238 | 20 793 | 20 813 | 20 514 | 21 863 | 22 905 | 23 460 | 24 140 | 25 741 | 26 179 |

[1] Omfattar berre medlemmer det vert motteke offentleg stønad for.

Kjelde: Trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.4. Den norske kyrkja. Kyrkjelege handlingar[1], etter bispedøme**

| | Talet på personar | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Døypte[2] | Konfirmerte | Vigslar | Gravferder | Innmelde | Utmelde |
| 1996 | 50 067 | 39 122 | 13 837 | 41 352 | 1 071 | 5 000 |
| 1997 | 50 294 | 39 083 | 14 049 | 42 417 | 1 392 | 4 955 |
| 1998 | 48 462 | 37 870 | 13 189 | 42 002 | 871 | 4 831 |
| 1999 | 48 049 | 37 408 | 12 744 | 42 436 | 943 | 4 416 |
| 2000 | 48 023 | 37 330 | 14 041 | 41 369 | 843 | 4 519 |
| 2001 | 46 135 | 37 427 | 12 091 | 41 313 | 1 239 | 3 866 |
| 2002 | 44 136 | 38 250 | 12 690 | 41 531 | 854 | 3 759 |
| 2003 | 43 916 | 40 183 | 11 440 | 40 115 | 856 | 3 603 |
| 2004 | 44 008 | 41 600 | 10 710 | 38 491 | 877 | 4 475 |
| 2005 | 43 016 | 42 110 | 10 189 | 37 683 | 1 178 | 6 038 |
| 2006 | 43 255 | 42 587 | 9 594 | 37 897 | 1 132 | 8 134 |
| 2007 | 42 916 | 42 472 | 10 358 | 38 805 | 956 | 8 312 |
| 2008 | 42 599 | 41 655 | 10 536 | 38 832 | 955 | 7 036 |
| 2009 | 41 920 | 41 885 | 10 009 | 38 290 | 1 788 | 10 792 |
| 2010 | 41 100 | 41 981 | 9 549 | 38 290 | 1 101 | 6 570 |
| 2011 | 39 958 | 42 556 | 8 598 | 37 906 | 1 755 | 7 047 |
| 2012 | 38 357 | 41 186 | 8 898 | 37 673 | 1 161 | 5 258 |
| 2013 | 36 572 | 40 054 | 8 221 | 37 243 | 1 063 | 5 464 |
| 2014 | 35 051 | 40 253 | 8 006 | 36 430 | 1 047 | 11 003 |
| 2015 | 34 116 | 39 527 | 7 834 | 36 797 | 1 938 | 15 486 |
| 2016 | 32 561 | 37 420 | 7 535 | 36 150 | 3 147 | 41 024 |
| 2017 | 30 331 | 35 519 | 7 331 | 35 998 | 2 443 | 15 424 |
| 2018 | 28 597 | 35 248 | 7 048 | 35 683 | 2 096 | 11 877 |
| | | | | | | |
| **2018** | | | | | | |
| Oslo | 3 419 | 2 907 | 618 | 3 749 | 383 | 2 030 |
| Borg | 3 294 | 4 575 | 903 | 4 575 | 265 | 1 381 |
| Hamar | 2 156 | 2 956 | 652 | 3 810 | 108 | 713 |
| Tunsberg | 2 404 | 3 091 | 751 | 3 722 | 212 | 1 150 |
| Agder og Telemark | 2 526 | 3 162 | 748 | 3 505 | 290 | 1 234 |
| Stavanger | 3 095 | 3 728 | 733 | 2 702 | 208 | 1 252 |
| Bjørgvin | 4 107 | 5 220 | 847 | 4 259 | 218 | 1 515 |
| Møre | 1 755 | 2 477 | 404 | 2 126 | 86 | 527 |
| Nidaros | 2 910 | 3 480 | 658 | 3 142 | 171 | 1 117 |
| Sør-Hålogaland | 1 465 | 1 861 | 357 | 2 240 | 82 | 502 |
| Nord-Hålogaland | 1 466 | 1 791 | 377 | 1 853 | 73 | 456 |

[1] Statistikken omfattar ikkje kyrkjelege handlingar i utlandet eller ved institusjonar (sjukehus, fengsel), kyrkje for høyrselsskadde, feltprestkorpset o.a. som har eiga kyrkjebokføring. [2] Frå 2016 endra definisjon på døypte.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.5. Den norske kyrkja. Gudstenester og deltakarar på gudstenester, etter bispedøme**

| | Gudstenester | | Deltakarar | | Talet på deltakarar per gudsteneste søndagar/ helgedagar i snitt |
|---|---|---|---|---|---|
| | I alt | Derav gudstenester på søndagar/ helgedagar | I alt | Derav deltakarar på gudstenester søndagar/ helgedagar | |
| 1996 | 73 149 | 52 476 | 7 234 642 | 5 471 186 | 104,3 |
| 1997 | 72 659 | 53 707 | 7 182 081 | 5 392 558 | 100,4 |
| 1998 | 72 094 | 52 948 | 7 080 758 | 5 479 949 | 103,5 |
| 1999 | 71 235 | 52 246 | 6 869 729 | 5 298 655 | 101,4 |
| 2000 | 71 300 | 51 729 | 6 928 579 | 5 318 513 | 102,8 |
| 2001 | 70 630 | 51 529 | 6 678 321 | 5 169 015 | 100,3 |
| 2002 | 69 949 | 50 904 | 6 709 633 | 5 156 170 | 101,3 |
| 2003 | 69 896 | 50 559 | 6 742 174 | 5 185 894 | 102,6 |
| 2004 | 69 643 | 50 415 | 6 769 080 | 5 211 881 | 103,4 |
| 2005 | 70 070 | 52 045 | 6 716 051 | 5 389 181 | 103,5 |
| 2006 | 69 050 | 52 049 | 6 582 921 | 5 291 092 | 101,7 |
| 2007 | 67 562 | 51 429 | 6 432 108 | 5 177 754 | 95,2 |
| 2008 | 67 455 | 50 948 | 6 330 752 | 5 069 341 | 99,5 |
| 2009 | 66 803 | 49 926 | 6 224 424 | 4 968 006 | 99,5 |
| 2010 | 65 652 | 49 684 | 6 100 985 | 4 896 115 | 98,5 |
| 2011 | 65 580 | 49 002 | 6 265 261 | 4 985 031 | 101,7 |
| 2012 | 64 852 | 48 579 | 6 017 018 | 4 771 622 | 92,8 |
| 2013 | 64 048 | 48 302 | 5 952 894 | 4 723 224 | 97,8 |
| 2014 | 63 022 | 47 601 | 5 892 110 | 4 668 388 | 98,1 |
| 2015 | 61 908 | 46 574 | 5 770 032 | 4 563 916 | 98,0 |
| 2016 | 62 509 | 46 418 | 5 685 138 | 4 418 539 | 95,2 |
| 2017 | 61 000 | 45 500 | 5 454 826 | 4 194 793 | 92,2 |
| 2018 | 60 396 | 45 122 | 5 318 193 | 4 076 209 | 90,3 |
| | | | | | |
| **2018** | | | | | |
| Oslo | 5 620 | 3 657 | 557 905 | 388 831 | 106,3 |
| Borg | 6 543 | 4 750 | 579 233 | 424 303 | 89,3 |
| Hamar | 5 685 | 4 551 | 395 772 | 313 335 | 68,8 |
| Tunsberg | 5 466 | 4 175 | 449 459 | 350 540 | 84,0 |
| Agder og Telemark | 6 393 | 5 118 | 601 988 | 487 408 | 95,2 |
| Stavanger | 5 381 | 4 062 | 642 558 | 505 682 | 124,5 |
| Bjørgvin | 8 374 | 6 418 | 734 832 | 583 734 | 91,0 |
| Møre | 3 714 | 2 951 | 366 697 | 283 798 | 96,2 |
| Nidaros | 5 652 | 3 934 | 457 189 | 341 922 | 86,9 |
| Sør-Hålogaland | 3 576 | 2 698 | 255 971 | 194 324 | 72,0 |
| Nord-Hålogaland | 3 992 | 2 808 | 276 589 | 202 332 | 72,1 |

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.6. Sysselsette og årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellesråd og bispedøme**

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sysselsette i årsverk lønte av sokn, kyrkjelege fellesråd og bispedøme, totalt | 5 700 | 5 491 | 5 601 | 6 180 | 5 711 | 5 657 | 5 614 |
| - av sokn | 72 | 56 | 61 | 90 | 74 | 78 | 71 |
| - av kyrkjelege fellesråd | 4 258 | 4 083 | 4 156 | 4 666 | 4 297 | 4 259 | 4 216 |
| - av bispedømma (presteskap) | 1 370 | 1 352 | 1 384 | 1 424 | 1 340 | 1 320 | 1 327 |
| | | | | | | | |
| Talet på sysselsette | | | | | | | |
| - i sokn | 170 | 139 | 163 | 236 | 246 | 230 | 247 |
| - i kyrkjelege fellesråd[1] | 6 114 | 5 943 | 6 017 | 7 688 | 7 195 | 6 949 | 7 223 |
| - i bispedømma (presteskap) | 1 448 | 1 433 | 1 493 | 1 497 | 1 458 | 1 460 | 1 590 |

[1] Tala for sysselsette i fellesråda 2015 omfattar sysselsette i samband med kyrkjevalet 2015.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.7. Utgifter til Den norske kyrkja og tilskot til trussamfunn m.m. Rekneskapstal. Løyvingar. Millionar kroner og prosent**

| | Den norske kyrkja | Prosent av departementet sine utgifter | Tilskot til trussamfunn m.m. | Prosent av departementet sine utgifter |
|---|---|---|---|---|
| 2005 | 1 206,3 | 19,9 | 118,0 | 1,8 |
| 2006 | 1 293,7 | 19,0 | 120,1 | 1,8 |
| 2007 | 1 352,9 | 18,5 | 146,7 | 2,0 |
| 2008 | 1 434,1 | 18,1 | 156,4 | 2,0 |
| 2009 | 1 611,5 | 17,7 | 178,1 | 2,0 |
| 2010 | 1 524,8 | 19,8 | 185,3 | 2,3 |
| 2011 | 1 672,0 | 18,9 | 215,3 | 2,5 |
| 2012 | 1 656,3 | 18,3 | 221,2 | 2,5 |
| 2013 | 1 714,1 | . | 245,8 | 2,5 |
| 2014 | 1 913,4 | 15,4 | 283,9 | 2,3 |
| 2015 | 2 050,3 | 16,0 | 282,9 | 2,2 |
| 2016 | 2 040,9 | 15,3 | 307,8 | 2,5 |
| 2017 | 2 487,7 | 18,2 | 336,2 | 2,5 |
| 2018 | 2 310,0 | 16,4 | 359,3 | 2,5 |

Kjelde: Kulturdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

**Tabell 14.8. Netto drifts- og investeringsutgifter for kommunar til Den norske kyrkja, andre religiøse føremål og kyrkjegardar, gravlundar, krematorium**

| | Funksjon 390 Den norske kyrkja og funksjon 393 kyrkjegardar, gravlundar, krematorium | | | Funksjon 392 Tilskot til trus- og livssynssamfunn | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Totalt til Den norske kyrkja og gravplassar og krematorium | Netto driftsutgifter til Den norske kyrkja og gravplassar og krematorium prosent av totale driftsutgifter | Investerings-utgifter til Den norske kyrkja og gravplassar og krematorium | Netto driftsutgifter | Netto driftsutgifter i prosent av totale driftsutgifter | Investerings-utgifter |
| | Mill. kr | Prosent | 1 000 kr | 1 000 kr | Prosent | 1 000 kr |
| 2009 | 2 239,6 | 1,2 | 869 589 | 175 958 | 0,1 | 1 226 |
| 2010[1] | 2 324,4 | 1,2 | 813 100 | 210 600 | 0,1 | 1 600 |
| 2011 | 2 455,7 | 1,1 | 804 342 | 220 612 | 0,1 | 11 358 |
| 2012 | 2 572,5 | 1,0 | 793 827 | 244 407 | 0,1 | 6 100 |
| 2013 | 2 664,1 | 1,0 | 889 600 | 292 902 | 0,1 | 3 800 |
| 2014 | 2 784,7 | 1,0 | 915 872 | 312 627 | 0,1 | 282 |
| 2015[2] | 2 876,2 | 1,1 | 830 122 | 296 965 | 0,1 | 1 750 |
| 2016[2] | 2 951,8 | 1,1 | 983 054 | 335 252 | 0,1 | 268 |
| 2017[2] | 3 040,9 | 1,1 | 958 561 | 361 791 | 0,1 | 181 |
| 2018 | 3 190,6 | 1,1 | 998 470 | 410 744 | 0,1 | 1 180 |
| **2018** | | | | | | |
| Østfold | 164,2 | 1,1 | 39 193 | 20 976 | 0,1 | 0 |
| Akershus | 301,7 | 1,0 | 97 226 | 47 078 | 0,1 | 0 |
| Oslo | 225,7 | 0,7 | 49 768 | 87 224 | 0,2 | 11 |
| Hedmark | 124,2 | 1,1 | 20 764 | 7 599 | 0,1 | 0 |
| Oppland | 132,4 | 1,2 | 15 576 | 6 951 | 0,1 | 0 |
| Buskerud | 169,2 | 1,2 | 24 596 | 25 644 | 0,2 | 0 |
| Vestfold | 149,0 | 1,2 | 82 430 | 16 122 | 0,1 | 0 |
| Telemark | 122,9 | 1,3 | 40 858 | 14 885 | 0,1 | 0 |
| Aust-Agder | 85,4 | 1,4 | 18 837 | 13 154 | 0,2 | 0 |
| Vest-Agder | 117,6 | 1,3 | 71 797 | 35 643 | 0,3 | 0 |
| Rogaland | 303,7 | 1,2 | 123 015 | 39 850 | 0,1 | 0 |
| Hordaland | 345,4 | 1,2 | 137 124 | 36 809 | 0,1 | 1 144 |
| Sogn og Fjordane | 97,3 | 1,3 | 21 939 | 4 771 | 0,1 | 0 |
| Møre og Romsdall | 193,8 | 1,2 | 27 436 | 12 645 | 0,1 | 0 |
| Trøndelag | 297,0 | 1,2 | 165 918 | 19 881 | 0,1 | 0 |
| Nordland | 191,5 | 1,2 | 30 286 | 10 992 | 0,1 | 25 |
| Troms Romsa | 105,1 | 1,0 | 14 717 | 7 257 | 0,1 | 0 |
| Finnmark Finnmárku | 64,7 | 1,2 | 16 990 | 3 263 | 0,1 | 0 |

[1] Estimat alle kommunar. [2] Oppdaterte tal, tidlegare var ikkje interkommunale selskap medrekna.

Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

**Tabell 14.9. Kyrkjelege fellesråd, rekneskapsstatistikk[1]. Inntekter og utgifter**

| | 2016 | | | | | 2017 | | | | | 2018 | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Drifts-inn-tekter i alt | Drifts-ut-gifter | Investe-rings-utgifter | Drifts-ut-gifter | Investe-rings-utgifter | Drifts-inn-tekter i alt | Drifts-ut-gifter | Investe-rings-utgifter | Drifts-ut-gifter | Investe-rings-utgifter | Drifts-inn-tekter i alt | Drifts-ut-gifter | Investe-rings-utgifter | Drifts-ut-gifter | Investe-rings-utgifter |
| | Mill. kr | | | Prosent | | Mill. kr | | | Prosent | | Mill. kr | | | Prosent | |
| **Driftsinntekter i alt** | **4 405** | **.** | **.** | **.** | **.** | **4 557** | **.** | **.** | **.** | **.** | **4 688** | **.** | **.** | **.** | **.** |
| Utgifter i alt | . | 4 275 | 1 005 | 100 | 100 | . | 4 413 | 1 202 | 100 | 100 | . | 4 562 | 1 080 | 100 | 100 |
| Kyrkjeleg administrasjon | . | 1 180 | 20 | 28 | 2 | . | 1 246 | 38 | 28 | 3 | . | 1 281 | 25 | 28 | 2 |
| Kyrkjer | . | 1 478 | 631 | 35 | 63 | . | 1 518 | 705 | 34 | 59 | . | 1 561 | 670 | 34 | 62 |
| Gravstader | . | 771 | 334 | 18 | 33 | . | 808 | 431 | 18 | 36 | . | 836 | 378 | 18 | 35 |
| Anna kyrkjeleg verksemd | . | 780 | 19 | 18 | 2 | . | 769 | 23 | 17 | 2 | . | 797 | 8 | 17 | 1 |
| Barnehagar | . | 67 | 2 | 2 | 0 | . | 72 | 4 | 2 | 0 | . | 87 | 0 | 2 | 0 |

[1] Fellesråd med manglande rapportering er det estimert verdiar. [2] Omfattar fellesråda som har ansvar for barnehagar.

Kjelde: Kyrkjelege fellesråd, rekneskap, Statistisk sentralbyrå.

# 15. Kultur for born og unge

## 15.1. Kulturskular

*99 200 elevar på kulturskular*

Talet på elevar på kommunale kulturskular nådde toppen i 2011. Sidan har talet på elevar gått ned frå år til år, men auka noko frå 2017 til 2018. I 2018 var det i alt over 99 200 elevar, det vil seia 427 fleire elevar i høve til året før. Samanlikna med 2017 hadde Oslo størst oppgang med 8,0 prosent fleire elevar, medan det var størst nedgang i Finnmark med 7,1 prosent færre elevar, sjå tabell 15.1 og figur 15.1.

**Figur 15.1. Elevar i kommunale kulturskular, etter fylke**




Kjelde: KOSTRA, Statistisk sentralbyrå.

I 2018 var 13 prosent av alle born mellom 6 og 15 år elevar på kulturskular. Denne delen varierte i kvart fylke. Møre og Romsdal hadde den største delen med 21 prosent. Dernest hadde Sogn og Fjordane og Trøndelag høvesvis 20 og 19 prosent av alle unge i alderen 6-15 på kulturskular. Østfold hadde den minste delen med 6,5 prosent, sjå tabell 15.1.

Utviklinga i elevtala på kommunale kulturskular dei tre siste åra viser ein oppgang i sju av dei atten fylka. Hordaland hadde den største oppgangen med over 400 fleire elevar i 2018 samanlikna med 2016. Dernest finn vi Hedmark og Oslo med høvesvis 301 og 287 fleire elevar på kulturskular i 2018 enn i 2016. Rogaland hadde med 476 færre kulturskuleelevar størst nedgang i denne perioden.

Som tidlegare år utgjorde elevar under grunnskulealder 5 prosent av alle elevane på kulturskular i 2018, medan 86 prosent var i grunnskulealder og 9 prosent var over grunnskulealder. Det var fleire jenter i høve til gutar i alle aldersgruppene. Mellom elevane i grunnskulealder var kvar tredje gut, det vil seia 30 100 gutar mot 55 400 jenter, i kommunale kulturskular. Samstundes har talet på gutar i grunnskulealder auka med nær 1 300, medan talet på jenter gjekk ned med drygt 200 frå 2017 til 2018, sjå tabell 15.3.

*Talet på elevplassar auka*

Talet på elevplassar auka med 1 545 frå 2017 til 2018, sjå tabell 15.2. I alt var det 122 000 elevplassar på kommunale kulturskular i 2018. Vi gjer merksam på at ein elev i kulturskulen kan ha fleire plassar.

*Populær musikkundervisning*

Som førre året var det flest deltakarar i musikkundervisning. I skuleåret 2018/19 vart det òg gjennomført musikkundervisning i to av tre elevplassar i kulturskulane. I alle fylka fekk dei fleste musikkundervisning. Tre av fire elevplassar på kulturskular i Aust-Agder, Sogn og Fjordane og Nordland var i 2018 i musikk.

Etter musikkundervisning var det flest elevplassar i dans. Desse elevplassane utgjorde 18 prosent av alle elevplassane i kulturskular. Troms, Møre og Romsdal og Finnmark hadde høgast del elevplassar i dans med høvesvis 31, 29 og 24 prosent. I Vestfold var berre to prosent av elevplassane i danseundervisning i 2018 slik som det òg var tilfelle i tidlegare år.

## 15.2. Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) skal sikre at alle born og unge i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa får oppleve profesjonell kunst og kultur i skulen. Det er Kulturtanken som koordinerer, forvaltar, kvalitetssikrar og utviklar DKS på nasjonalt nivå, og tilskot delast ut til kommunar og fylkeskommunar som organiserer tilboda til born og unge. Meir om organiseringa av DKS er omtalt i delkapittel 15.3.

*47 000 arrangement i grunnskulen og 3 400 i den vidaregåande skulen*

Samla i grunnskulen var det 46 879 einskildarrangement i 2018, som er ein nedgang på fem prosent mot året før. Dei fleste arrangementa var innanfor musikk, kulturarv og visuell kunst. Totalt deltok meir enn 2,4 millionar elevar på arrangementa som gjev eit snitt på 51 elevar per arrangement, sjå tabell 15.4.

I 2018 var det 3 430 einskildarrangement for elevar i den vidaregåande skulen. Dette er noko færre enn året før då det var 4 043 arrangement. I alt deltok 286 000 elevar på dei ulike arrangementa i 2018 mot 327 300 deltakarar i 2017. Det var scenekunst og film som var dei to områda med flest deltakarar, medan scenekunst og litteratur hadde flest einskildarrangement. Samstundes var det musikk som var den sjangeren med flest deltakarar per arrangement, med 176, sjå tabell 15.5. For vidaregåande skule er det berre fylkeskommunale tilbod.

*Inntekter og utgifter*

53 prosent av dei totale inntektene på 521 millionar kroner i DKS kom frå spelemidlane, medan eigne midlar sto for 37 prosent, sjå tabell 15.8. Av dei innrapporterte utgiftene på 441 millionar kroner gjekk 53 prosent til honorar og godtgjering til utøvarar i 2018.

Spelemidlane vert fordelt til fylkeskommunar og direktekommunar. Fordelinga i 2018 viser at fylkeskommunane fekk tildelt til saman 256 millionar kroner eller 90 prosent av midlane, medan dei resterande midlane vert fordelt mellom dei tolv direktekommunane, sjå tabellane 15.9 og 15.10, samt delkapittel 15.3 om forklaring på direktekommunar.

*Skulekonsertsmidlane på 11 millionar kroner*

I tillegg til spelemidlar bidreg òg fylkeskommunar, kommunar og direktekommunar med eigne midlar i form av årsverk, andre tenester og tilskot frå eiget budsjett. Skulekonsertmidlane utgjorde 10,8 millionar kroner og vert overført til fylkeskommunane sist gong i 2018. Auken i tildelte spelemidlar i åra 2014-2018 må sjåast i samanheng med den gradvise avviklinga av skulekonsertmidlane, sjå tabell 15.11.

*Tre av fire utøvarar innanfor visuell kunst er kvinner*

Kjønnsfordelinga blant dei utøvande kunstnarane i DKS blir òg stadfesta, sjå tabellane 15.12 og 15.13. Tala viser kjønnsfordeling og grad av eksponering per engasjement. Eksponering vil seie at talet på engasjement gonges med talet på arrangement på kvar turné. Den største skilnaden mellom kjønna på utøvarane i 2018 viste seg å vera innanfor sjangrane visuell kunst og musikk. Det var 74

prosent kvinner og 26 prosent menn som var utøvande innanfor visuell kunst, medan musikkutøvarane var fordelt på 39 prosent kvinner og 61 prosent menn.

## 15.3. Om statistikken

*Kulturskular*

Dei kommunale kulturskulane er eit tenestetilbod innanfor kultursektoren som er fastsett ved lov. Kommunar som ikkje har eigen kulturskule, tek del i interkommunale kulturskular eller samarbeider med andre kommunar. Aktiviteten til kulturskulane vert rapportert gjennom GSI (Grunnskolens Informasjonssystem), og tala vert publisererte på www.ssb.no via KOSTRA.

*Kulturtanken - Den kulturelle skulesekken Norge*

